

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 19.05.2015
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 12.05.2015

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 88/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 89/15	Protokoll frå førre møte
PS 90/15	Delegerte saker
PS 91/15	Referatsaker
PS 92/15	Vurdering av mogelege organisatoriske endringar.
PS 93/15	Budsjettkontroll per 31.03.2015
PS 94/15	Offentleg ettersyn. Detaljreguleringsplan for gnr. 37, bnr.222 mfl.
PS 95/15	Detaljreguleringsplan indre Moltumyr gnr. 60 bnr. 32 m.fl - oppstart av planarbeid
PS 96/15	Indre Moltumyr bustadfelt - Avtalar om makebyte for offentlig tilkomstveg
PS 97/15	Detaljreguleringsplan for Myklebustvatnet vest II - Slutthandsaming
PS 98/15	Detaljreguleringsplan for FV 654 Indre Herøy kyrkje - Stokksundbrua. Sluttbehandling.
PS 99/15	Reguleringsendring for deler av Trolldalen - Slutthandsaming
PS 100/15	Innfartsveg Fosnavåg. Grunnavtale mellom Herøy kommune og eigarar av gnr 37, bnr 506.
PS 101/15	Risiko- og sårbarheitsanalyse , heilskapleg analyse 2015
PS 102/15	Busetting av flyktningar 2014-2016
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 6/15	Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad om endring
	Referatsaker
RS 25/15	Årsrapport og -rekneskap 2014 for Stiftinga Sunnmøre Museum
RS 26/15	Møtebok frå ordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS

PS 88/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 89/15 Protokoll frå førre møte

PS 90/15 Delegererte saker

PS 91/15 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/632
		Arkiv:	031

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
92/15	Formannskapet	19.05.2015

VURDERING AV MOGELEGE ORGANISATORISKE ENDRINGAR VED ANLEGG- OG DRIFTSAVDELINGA, EIGEDOMSAVDELINGA OG UTVIKLINGSAVDELINGA.

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet tek til vitande planane om organisatoriske endringar ved anlegg- og driftsavdelinga, eigedomsavdelinga og utviklingsavdelinga.

Formannskapet godkjenner at vakante stillingar (3) knytt til anlegg- og driftsavdelinga, og utviklingsavdelinga kan lysast ut slik det går fram av saka.

Særutskrift:

Nito

AFAG

Juristforbundet

Fagforbundet

Delta

Personalavdelinga

Økonomiavdelinga

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Kortreferat 29 april
- 2 Presentasjon 29 april

Saksopplysningar:

Rådmannen har bede avdelingane om å gå i dialog med siktemål å sjå på mogelege organisatoriske endringar og koordineringsgevinstar. Det er ført samtalar mellom rådmann og dei ulike avdelingane og mellom avdelingane på leiarnivå.

Bakgrunnen for samtalan er ført fram på bakgrunn av K-sak 20/15 der det vert vist til:

Pkt 5:

Kommunestyret sluttar seg til at det vert sett i gang vurdering av organisatoriske endringar slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

Når det gjeld organisatoriske forhold, har det gjennom årsplansamtalane kome fram at det behov for å sjå nærare på fylgjande forhold:

- *Vurdere å flytte prosjektleiarane for bygg frå anlegg- og driftsavdelinga til eigedomsavdelinga.*
- *Betre koordinering mellom utviklingsavdelinga og anleggs- og driftsavdelinga.*
- *Vurdere organiseringa av flyktingtenesta*
- *Vurdere organiseringa av rus/psykiatri.*

Vurdering av organisatoriske forhold må sjølvstake i samråd med dei tilsette og dei tilsette sine organisasjonar.

Det er gjennomført fleire interne møter og i vedlegg til saka ligg der eit kortreferat saman med ein presentasjon som oppsummerer framdrifta fram til dagens dato.

Vurdering:

Kommunane står overfor store omstillingar. Forventninga til modernisering, fornying og innovasjon i tenesteytinga krev endring i arbeidsmåtar og tenesteutøving. Dette er nødvendig sett frå eit effektiviseringsperspektiv, men også ut frå eit perspektiv om at kampen om kompetanse og arbeidskraft vil bli hard i tida som kjem. Attraktive arbeidsgivarar vil måtte tilby faglege interessante og kompetente arbeidsmiljø. Mykje av omstillingsarbeidet vil vere knytt til meir effektiv utnytting av dei samla ressursane kommunane rår over. Digitalisering og bruk av teknologi i tenesteytinga vil vere sentrale verktøy i å utvikle nye og smartare arbeidsmåtar. Innovasjon gjennom FOU-prosjekt i kommunesektoren må til.

Involverte avdelingar arbeidar saman om ei rekkje oppgåver i dag og møter til dels dei same utfordringane i kvardagen. Å legge grunnlag for avdelingar som er

attraktive, har høg kompetanse, gode fagmiljø og god gjennomføringsevne vil vere avgjerande for å møte dei framtidige krav om modernisering, fornying og innovasjon i tenesteytinga.

Leiarane ved avdelingane har sett nærare på korleis ein kan i møtekomme kommunestyret si bestilling i K-sak 20/15. Ein har overfor rådmannen vurdert det som tenleg at ein utgreier ei samanslåing av AD og UTV til ei ny avdeling på vilkår og at prosjektleiarar bygg vert overført frå AD til EIG.

Alle avdelingar opplever i dag stort press på forventingar om oppgåver som skal løysast, men møter samstundes utfordringar med omsyn til personell ressursar som vert reduserte.

AD har i dag ei vakant stilling og har ein arbeidstaker som går av med pensjon til sommaren. I UTV er det pr. dato ein tilsett med langtidspermisjon og ein arbeidstakar som går av med pensjon til sommaren. Samla sett har dermed avdelingane 3 vakante stillingar frå juli månad. Ein reduksjon på tre tilsette medfører eit særleg press på dei tilsette ved avdelingane. Ei klar negativ følgje med å halde vakante stillingar ledig er at prosjekt som ein ønskjer realisert må «skubbast» ut i tid då ein rett og slett ikkje har kapasitet til å ta unna. Dette har vore særleg synleg ved AD der ledige heimlar har vore satt på vent som ei følgje av dei generelle innsparingskrava i organisasjonen.

Dei to avdelingane (AD og UTV) har tilsaman 22 tilsette og 30 deltidstilsette der 7 av dei tilsette har sitt oppmøtestad utanfor rådhuset.

Ein klar føresetnad for omorganisering frå leiarane ved AD og UTV er at vakante stillingar ved dei to avdelingane vert lyst ut for å sikre ei effektiv, god og kompetent avdeling som oppfyller dei forventningane som politisk styre legg til grunn i vedtekne budsjett, årsplanar og årshjul. Saman med utgreiing om å slå saman dei to avdelingane må det og gjerast vurderingar knytt til framtidig hamneforvaltning og ressursbruk knytt til denne funksjonen.

I samtalane som er førte rår leiarane for AD, UTV og eigedomsavdelinga (EIG) rådmannen til å overføre prosjektleiarar bygg frå AD til EIG. Desse utfører i dag i hovudsak oppgåver knytt til EIG og ein vurderer dette som ei betre løysing ressursmessig for organisasjonen og som kan gi klare synergieffekter med omsyn til ein bestiller og utfører modell.

Rådmannen vurderer det som positivt at ein ser på ei ny organisering av avdelingane med siktemål på å få enno betre ressursutnytting på viktige lokalsamfunnsmessige områder.

Ein ser klart at det kan vere gevinstar å hente på planlegging og utbygging med omsyn til å få meir effektive planprosessar der ein unngår unødvendige tidstap og dermed legg til rette for at utbyggingane skjer raskare. Ein ser og ein del klare gevinstar knytt mot byggesak og driftsmessige vurderingar knytt til avløp og vegspørsmål som igjen bidreg til at kundar og innbyggjarar får redusert sakshandsamingstid. At prosjektleiarar for bygg vert overført til eigedom vil medføre auka byggkompetanse på eigedomsavdelinga. Ein ser og at dette vil bidra til at ein får meir «straumlinjeforma» prosessar frå byggeprosjektet er i emning til det er overlevert til eigedomsavdelinga for framtidig drift og vedlikehald.

Rådmannen vil vise til at kommunen er inne i ei ekspansiv periode der ressursar knytt til oppfølging og framdrift på viktige områder og prosjekter vil vere avgjerande for at lokalsamfunnet skal utvikle seg i rett retning. At den nye avdelinga (AD og UTV) får tilsetje i vakante stillingar vil etter rådmannen si vurdering vere avgjerande for at avdelinga skal framstå som handlingskraftig og effektiv framover.

Frå rådmannen si side er det vidare viktig at prosessen følgjer dei krav og retningsliner som slike organisasjonsendringar krev. Aktuelle organisasjonar som er involvert er Fagforbundet, Delta, Nito, Juristforbundet og AFAG.

Konklusjon:

Rådmannen ber om at leiarane ved AD og UTV saman med tilsette, organisasjonar og personalavdelinga arbeider vidare med planane med siktemål å slå saman avdelingane. Ein ber om at vakante stillingar vert tatt med i vurderingar i den framtidige organisasjonsstrukturen og at dette vert sett saman med organisering av hamneforvaltning i kommunen i ein heilskap.

Proessen med å overføre prosjektleiarar bygg frå AD til EIG vert sett igong og vert køyrt parallelt med prosessen med å slå saman AD og UTV.

Arbeidet skal gjennomførast så snart som råd og utgreiing om ny organisering med tilhøyrande vakante stillingar skal leggast fram for rådmannen for endeleg godkjenning.

Fosnavåg, 04.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

NOTAT

Til: Rådmannen

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr
2015/632

Arkivkode
031

Dato
04.05.2015

ORGANISATORISKE ENDRINGAR- ANLEGG OG DRIFTSAVDELINGA /UTVIKLINGSAVDELINGA - KORTREFERAT FRÅ MØTE 29 APRIL.

Rådmannen har bede avdelingane Anlegg og driftsavdelinga og Utviklingsavdelinga om å gå i dialog med siktemål å sjå på moglege koordineringsgevinstar. Det er ført samtalar mellom rådmann og AD, rådmann og UTV og mellom avdelingane på leiarnivå.

Bakgrunnen for samtalanen er ført fram på bakgrunn av K-sak 20/15 der det vert vist til:

Pkt 6:

Kommunestyret sluttar seg til at det vert sett i gang vurdering av organisatoriske endringar i samsvar slik at det går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

Når det gjeld organisatoriske forhold, har det gjennom årsplansamtalane kome fram at det behov for å sjå nærare på fylgjande forhold:

- *Vurdere å flytte prosjektleiarane for bygg frå anlegg- og driftsavdelinga til eigedomsavdelinga.*
- *Betre koordinering mellom utviklingsavdelinga og anleggs- og driftsavdelinga.*
- *Vurdere organiseringa av flyktingtenesta*
- *Vurdere organiseringa av rus/psykiatri.*

Vurdering av organisatoriske forholda må sjølvstgått skje i samråd med dei tilsette og dei tilsette sine organisasjonar.

Den 16 april vart det gjennomført eit første møte mellom avdelingane og rådmannen. I møtet vart det kort orientert om bakgrunn for vedtaket og leiarane sine

første tankar om vedtaket og prosessen vidare. Ein vart samde om at leiarane skulle møtast 24 april der ein skulle ta prosessen vidare. I møte den 24 april vart det utarbeidd ei første skisse og det vart ført samtalar om vegen vidare basert på det rådmannen framførte i møte den 16 april.

Konklusjonane er gjengitt i presentasjonen som ligg vedlagt og vart lagt fram for rådmannen 27 april og seinare i møte med tilsette, organisasjonar, hovudverneombud og personalavdelinga den 29 april.

På fellesmøte 29 april vart ein samde om at informasjon vert sendt ut til tilsette, organisasjonar, hovudverneombud og andre pr. epost. Med omsyn til dei som er tilsett i deltidsstillingar i brannvernet vil Tore Langvatn sørge for å distribuere dette vidare.

Aktuelle organisasjonar er : Fagforbundet, Delta, Nito, Juristforbundet og AFAG.

Leiarane for avdelingane vil legge fram ei sak for formannskapet den 19 mai der den vidare prosessen vert fastlagt.

Dersom formannskapet samtykkjer at ein går vidare med saka vert det kalla inn til eit første møte 20 mai kl 10 på Jarl Martin Møller sitt kontor. Der møter organisasjonane hovudverneombud og personalleiar.

Med helsing

Jarl Martin Møller

Vedlegg : Presentasjon frå møte den 29 april.



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÁG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Organisatoriske endringar

Anlegg- og driftsavdeling

Eigedomsavdelinga

Utviklingsavdelinga

Bakgrunn

Pålagde analyser 1. halvår 2015:

Saknr	Oppgave	Ansvar	Frist
K-sak 14/15	Kvifor ligg kommunen høgt på helse?	IMT	01.06.2015.
K-sak 14/15	Kvifor ligg kommunen høgt på kultur?	EG	01.06.2015.
K-sak 14/15	Kvifor ligg kommunen høgt på kyrkje?	MSL	01.06.2015.
K-sak 14/15	Kritisk vurdering av tenestenivået i dag i forhold til kva som er forsvarlege tenester	Alle i rådmannen si leiargruppe	01.06.2015.
K-sak 14/15	Analysere den administrative organiseringa og bruk av administrative ressursar.	Rådmannen organiserer prosess.	01.06.2015.
K-sak 14/15	Analysere inntekspotensialet, inklusive gebyr og brukarbetaling.	Alle i rådmannen si leiargruppe	01.06.2015.
K-sak 14/15	Analysere inntekspotensialet ved innføring av eigedomsskatt.	Økonomileiar	01.06.2015.
K-sak 20/15	Budsjettrundskriv	Økonomileiar	Fsk 14.04.2015
K-sak 20/15	Prioritering av byggeprosjekt	Eigedomsleiar	15.05.2015
K-sak 20/15	Prioritering av anleggsprosjekt	AD- leiar	15.05.2015
K-sak 20/15	Prioritering av statlege og fylkeskommunale prosjekt.	UTV-leiar	15.05.2015
K-sak 20/15	Omdisponering av løyvde midlar til grunnkjøp.	AD-leiar	15.05.2015
K-sak 20/15	Organisatoriske endringar: <ul style="list-style-type: none">- Prosjektleiarar bygg- Koordinering AD og UTV- Flyktningtenesta- Rus/psykiatri	Rådmannen organiserer prosess.	15.05.2015



PLAN

Berit
Ole Magne
Aleksander
Hallvard

BYGG

Eivind
Marie

OPPMÅLING

Atle
Agita (P)

GIS

Agita (P)

EIGEDOM

Aleksander

Jon Rune

Jarl Martin

Servicetorget

Dina

Susann

Teknisk drift

Fred
Jan Reidar
50% vakant

Utbygging
infrastruktur

Lene
50% vakant

Uteseksjon

Nils, formann
Kjetil Bakken
Frode Bakken
Stig Berge
Øystein

Brann/Feiing

Tore, beredskap/forebyggande
John N, forebyggande

Prosjekt Bygg

Roger
Rolf Henning
Trond

PLAN

Berit
Ole Magne
Aleksander
Hallvard

BYGG

Eivind
Marie

OPPMÅLING

Atle
Agita (P)

GIS

Agita (P)

EIGEDOM

Aleksander

Jon Rune

Jarl Martin

Servicetorget

Dina

Susann

Teknisk drift

Fred
Jan Reidar
50% vakant

Utbygging
infrastruktur

Lene
50% vakant

Uteseksjon

Nils, formann
Kjetil Bakken
Frode Bakken
Stig Berge
Øystein

Brann/Feiing

Tore, beredskap/forebyggande
John N, forebyggande

Prosjektleder Bygg

Roger
Rolf Henning
Trond



Eigedomsavdelinga

Arbeidsområde
Utviklingsavdelinga og Anlegg og driftsavdelinga



Leing
JMM/JRV

Byggesak og teknisk drift

Plan og utbygging

Kart og oppmåling

Brann/Feiing

Eigedom

Uteseksjon

Netto driftsbudsjett ca 25mill kr
Brutto driftsbudsjett ca 43mill kr

22 ansatte
30 deltidtilsette
7 lokalisert utanfor rådhuset

Personalansvar 52

Målkart

27/4 – Presentasjon Rådmann

29/4 – Presentasjon avdelinger

19/5 – Formannskapet, sak om organisering*

*Når sak er godkjent av rådmannen vert den distribuert til tilsette og organisasjonar

20/5 – Møte 1, start (Organisasjon, leiing) kl 10, Jarls kontor



Snarast mulig prosess

Involvering av arbeidstakarorganisasjonar og tilsette under heile prosessen

Spørsmål ?



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2012/1014
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
93/15	Formannskapet	19.05.2015

BUDSJETTKONTROLL PER 31.03.2015

Tilråding frå rådmannen:

- Budsjettkontrollen per 31.03.2015 blir tatt til vitande.

Særutskrift:

- Avdelingane, her
- Vest kontroll (Kontrollutvalet), her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Herøy kommune har eit veldig stramt budsjett for 2015. Dei budsjetterte inntektene er strekt så langt råd er og i tillegg er kostnadane på mange områder budsjettert lavt. I tillegg har ein balansert budsjettet med vakansar, stillingsstopp etc på 8,75 mill kr.

Per 31.03.2015 legg ein opp til ei enklare form for budsjettkontroll enn det som har vore vanleg tidlegare. Vi kjem tilbake med den ordinære budsjettkontrollen per 30.04.2015 som også skal handsamast i kommunestyret.

Nær alle avdelingane har gitt tilbakemelding/utført budsjettkontroll per 31.03.2015. Unntaka er NAV (sosial og flyktning) og Egedomsavdelinga. Sistnemnde avdeling har hatt meirforbruk dei siste 2 rekneskapsåra så det er viktig at denne avdelinga leverer sin budsjettkontroll til rett tid seinare i år.

Avdelingane sine tilbakemeldingar

Ingen av stabs- og støtteavdelingane rapporterer om negative avvik så langt i år.

Barnehageavdelinga rapporterer om ein mindreforbruk så langt i år, men her er det ein del usikre faktorar som gjer at dette nok blir endra. Bl.a. har ein ikkje tatt omsyn til 2015 tala når ein har betalt ut tilskotta til dei private barnehagane.

Grunnskuleavdelinga melder om at lønskostnadane så langt i år ligg litt over nivået for same periode i 2014 (prosentsatsen) og at ein må følge med denne utviklinga framover. Elles ser det ut til at avdelinga er i rute.

I avdelinga for Barn, Familie og Helse er også det meste normalt når det gjeld pengebruken. Også dette året er det utgifter knytt til barnevernet som er det mest usikre. Korleis dette vil utvikle seg ut over året er vanskeleg å seie på det noverande tidspunkt.

Pleie- og omsorgsavdelinga melder om omlag same forbruket på lønskostnadane i år som i same periode i 2014. Sjukefråveret aukar og det vert rapportert om aukande utfordringar med nye oppgåver og meir samansette pasientar. Bl.a. ser ein at samhandlingsreforma no har slått til for fullt i og med at kommunen no må ta hand om meir teknisk krevjande pasientar. Sjukeheimane har for tida fullt belegg og dette samt tilgong på kvalifisert personell vil vere avgjerande for budsjettbalansen framover.

Bu- og habiliteringsavdelinga er i rute. Det same gjeld for Kulturavdelinga.

Også Utviklingsavdeling og Anleggs- og driftsavdelinga er i rute, men seier samstundes at ting kan endre seg framover.

NAV og Eigesomsavdelinga har som nemnt ikkje rapportert.

I 2014 var det manglande skatte- og finansinntekter som gjorde at kommunen fekk eit meirforbruk.

Også i 2015 blir dette ei utfordring. Tussa AS sitt resultat er lavare enn forventa. Det gjer at kommunen får lavare aksjeutbytte enn berekna (om lag 1,1 mill kr).

Samla skatteinntekter for 1 kvartal 2015 utgjer 77,3 mill kr og er om lag 3,0 mill høgare enn i same periode i 2014. Likevel er dei faktiske inntektene om lag 7,3 mill lavare enn budsjetterte inntekter. Det ein omsyn til ei auke i rammetilskotet som følge av lavare skatteinntekter enn budsjettert ligg det an til mindreinntekter på om lag 3,5 – 4,0 mill kr så langt i året. Held utviklinga fram vil det bli eit stort og alvorleg avvik for kommunen sin del.

I budsjettet har vi pint ned både rente- og avdragskostnadane. Spesielt for sistnemnde post kan kostnadane bli høgare enn budsjettert når minsteavdragsprinsippet skal leggest til grunn ved årsskiftet.

Pensjonskostnadane kan også vise seg å bli større enn budsjettert. Lav finansavkastning vil føre til høgare premie.

Til sist må vi nemne at ein hittil ikkje har utført budsjettkorrigeringar knytt til stillingsvakansar. Fordeler ein totale budsjetterte innsparingar ut over året burde vi ha spart inn i overkant av 2,5 mill kr på det noverande tidspunkt. Så mykje vakansar har vi ikkje hatt så også her ligg det an til ein budsjettsprekk.

Føreset ein at dei negative trendane stoppar etter 3 mnd ligg det an til meirkostnadar/mindreinntekter på dette ansvarsområdet på i alle fall 5,0 mill kr og kanskje opp i mot 7,0 mill kr. For å klare å gå i balanse på dette området for 2015 må ein såleis få tilsvarende auka inntekter/reduerte kostnadar resten av 2015.

Utgifts- og inntektsartar

Når det gjeld utgifts- og inntektsartane ligg vi om lag på det budsjetterte når det gjeld lønn og refusjon sjukepengar. For dei andre utgiftsartane kjem kostnadane ulikt frå år til år og dette er ikkje fanga opp av vår periodisering. Salsinntektene er høgare enn budsjettert, noko som sjølv sagt er bra. Dei andre inntektsartane vil kunne komme inn i rekneskapet på ulike tidspunkt frå år til år.

Vurdering og konklusjon:

Avdelingane ser ut til å kunne levere ein rekneskap om lag som budsjettert i 2015. Utfordringane i 2015 vil vere dei same som i 2014. Skatt/ramme, aksjeutbytte, pensjon og innsparing ved å la stillingar stå vakante kan gjere at vi også i 2015 får eit meirforbrukt i høve til budsjett.

Fosnavåg, 06.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2014/1485
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
94/15	Formannskapet	19.05.2015

OFFENTLEG ETTERSYN. DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 37, BNR.222 MFL. EGGESBØ

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, å leggje framlegg til detaljreguleringsplan for gnr. 37, bnr. 222 mfl., ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Særutskrift:

- Plot Arkitekter as, Storledbakken 5, 6003 ÅLESUND, www.plot-arkitekter.no
- Barstadklær as ved Egil Giørtz, Eggesbøvegen 6, 6092 FOSNAVÅG

Vedlegg, prenta:

1. Reguleringsplankart, datert 29.4.2015.
2. Reguleringsføresegner, 29.4.2015.
3. Planomtale, datert 29.5.2015.
4. Vurdering av innspel/merknader, datert 14.4.2015.
5. Innspel frå Mørenett as, datert 28.10.2014.
6. Innspel frå Statens vegvesen, datert 11.11.2014.
7. Innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 18.11.2014.
8. Innspel frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 21.11.2014.

Vedlegg, ikkje prenta:

1. Innspel frå Norges vassdrags- og energidirektorat, datert 24.10.2014.
2. Innspel frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 20.11.2014.

Bakgrunn:

Plot arkitekter as søkte på vegne av Barstadklær AS om oppstart av reguleringsplanarbeid for eit mindre område på Eggesbø september 2014. Søknaden vart handsama i formannskapet 14.10.2014, sak 162/14.


Planarbeidet vart kunngjort igongsett medio oktober 2014. I samband med varsel om oppstart kom det inn 6 innspel til planarbeidet.

Utgangspunktet for planarbeidet har vore å leggje til rette for ei utviding av eksisterande Kiwi-butikk. Målet med reguleringsplanarbeidet har vore å få utvida regulert byggjeareal inn på regulert parkeringsareal, samt å leggje til rette for opparbeiding av fortau langs Eggesbøvegen i samsvar med nyleg vedtekne reguleringsplan på nabotomta.

Saksopplysningar:

Planstatus:

Reguleringsplan for «Kvithaug Smyra», Eggesbønes frå 2000 er gjeldande plan i området i dag. I planen er arealet avsett til forretning/kontor og parkering. Det vart gjort ei endring av planen i 2012 (reguleringsendring for gnr. 27, bnr. 384 mfl. «Herøysenteret».



"Reguleringsendring 27/384 m.fl. (Herøysenteret)" markert med svart. Planområdet i raudt.

I gjeldande reguleringsplan er 1000 m² av planområdet sett av til forretning/kontor og om lag 4200 m² til parkering og vegføre mål.

Eksisterande bygg innanfor området husar i dag Kiwi-butikk i 1. etasje, og bustader i 2. og 3. etasje.

Planforslaget:

Planområdet omfattar om lag 5,2 daa.

Byggjeareala i planforslaget er lagt ut til bustad/forretning (BOF) og forretning/kontor (F/K). I tillegg er det vist parkering (P), køyreveg (KV), fortau (F1) og kombinert infrastruktur (KST).

Bebyggelse og anlegg

Bustad/forretning (BOF)

Forslaget inneber ei tilpassing til eksisterande situasjon, som er bustad og forretning. Maksimum tillaten BYA er sett til 100 %. Maksimum tillaten byggjehøgde 13 meter.

Forretning/kontor (F/K)

Planforslaget legg til rette for at Kiwi skal utvide bygningsmassen med om lag 200 m² mot søraust. Tilbygget til Kiwi skal i hovudsak nyttast til lager, medan eksisterande butikkflate vert salsareal. Det er lagt til rette for kontor i 2. og 3. etasje. Maksimum tillaten byggjehøgde er sett til 100 % og maksimum tillaten byggjehøgde er 13 meter.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Parkering (P)

Konsulent har lagt til grunn at planen skal tilfredsstille Herøy kommune si parkeringsvedtekt når det gjeld parkeringsplassar i området.

Det er sett av 44 plassar til BOF området og 27 parkeringsplassar knytt til FK området. Ein del av desse plassane ligg på fellesareal utanfor planområdet.

Innanfor planområdet er det sett av 3 plassar til rørslehemma. Tek ein med arealet søraust for planområdet, er det totalt sett av 8 plassar til rørslehemma. Parkeringsplassane har kort veg til inngangane på bygga.



Illustrasjon som viser planlagt situasjon i planområdet, og omkringliggende område.
Parkering for rørslehemma markert med mørkegrå, nytt opparbeida område med parkering utanfor planen i raudt. Tilbygget til KIWI i oransje.

Eksisterande køyreveg (Eggesbøvegen) inngår delvis i planen. Vegen er regulert som kommunal/offentleg veg.

Fortau (F)

Langs Eggesbøvegen er det lagt til rette for fortau, som heng saman med fortauet i nyleg vedtekne plan for Eggesbøjorda. Fortauet har ei breidde på 2.7 meter.

Kombinert infrastruktur (KST)

Området sett av til kombinert infrastruktur i planen skal nyttast i samband med varelevering. All varelevering til området skal skje frå søraust.

Annan veggrunn

Mellom fortauet og parkeringsarealet (delar av strekninga) er det regulert inn eit smalt belte til annan veggrunn. Området skal ta opp høgdeskilnaden mellom fortau og parkeringsareal. Arealet er 1 meter breitt. Det skal setjast opp mur.

Innspel til planarbeidet ved oppstart:

Plankonsulent har vurdert og kommentert innspela til planarbeidet. Nedanfor følgjer ei oppsummering av innspela og plankonsulent sin kommentar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 21.11.2014 varslar at dei vurderer å reise motsegn til reguleringsplan som legg opp til utviding av areal for detaljhandel. Dei viser til at samla forretningsareal for Myklebust/Eggesbønes allereie overstig 3000 m² som eg grensa for detaljhandel i område utanfor sentrum i byar og tettstader.

Kommentar:

Plankonsulent viser til at fylkesmannen trekte motsegna dei hadde mot planen for Eggesbøjorda, etter brev frå kommunen. Plankonsulent meiner med bakgrunn i ovannemnde at planlagde utviding på gnr. 37, bnr. 222 må kunne godkjennast. Konsulent meiner forslaget som no ligg føre ikkje inneber ei auke i tal forretningar, men berre ei tilpassing til konkurransesituasjonen for ein etablert butikk.

Konsulent viser også til at ei utviding av Kiwi er i tråd med Herøy kommune sin samfunnsdel, der det står at kommunen ser det som ei utfordring å gje plass til daglegvarekjeder i Fosnavåg sentrum, ettersom det er mangel på tilgjengeleg areal og funksjonelle bygg. Konsulent konkluderer med at det er naturleg å ta i bruk Eggesbø som eit avlastningsområde for plasskrevjande handel.

Møre og Romsdal fylkeskommune (FK), datert 18.11.2014

Fylkeskommunen gjer merksam på at strid med RPB for kjøpesenter utløyser krav om konsekvensutgreiing. FK meiner detaljreguleringa av gnr. 37, bnr. 222 må sjåast i samanheng med den nyleg vedtekne planen for Eggesbøjorda, som åleine inneheld 3000 m² detaljhandel. Sidan den vart vedteken først meiner FK at planen for 37/222 kjem til å utløyse motstrid i området.

Kommentar:

Plankonsulent viser til at kommunen vurderte om det er trong for konsekvensutgreiing i samband med oppstartsmøtet. Kommunen konkluderte med at planen ikkje utløyser konsekvensutgreiing i høve til PBL § 4-2. Det vert elles vist til kommentar til fylkesmannen sitt innspel ovanfor.

Statens vegvesen, datert 11.11.2014 føreset at reguleringa av gnr. 37, bnr. 222 vert sett i samanheng med og tilpassa regulering av kryssløysinga mellom fv 654 og Eggesbøvegen.

Kommentar:

Det er lagt til rette for fortau langs Eggesbøvegen, som ei vidareføring av planen for Eggesbøjorda og planen for fv 654.

Mørenett, datert 28.10.2014, informerer om at dei har fleire kablar, både høg- og lågspent i området. Det må takast omsyn til kablane og om nokon av dei må flyttast/leggjast om, må utbyggjar bere kostnadene.

Kommentar:

Kablane kjem ikkje i konflikt med planlagd utbygging.

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 20.11.2014 og NVE, datert 24.10.2014 har ingen kommentar ved oppstart.

Vurdering og konklusjon:

Planmaterialet som ligg føre, er etter rådmannen si vurdering gjennomarbeidd og i henhold til kommunen sine krav.

Tiltaket vart tidleg i planprosessen vurdert etter «Forskrift om konsekvensutgreiing» etter plan- og bygningslova, og det vart konkludert med at det ikkje er krav om utarbeiding av KU.

Naturmangfald

Det er ikkje registrert konflikt i høve til naturmangfald.

Barn og unge

Det er lagt til rette for fortau langs Eggesbøvegen. Planen legg ikkje til rette for nye bustader.

ROS

Det er gjennomført ei generell ROS-analyse.

Fylkesmannen har varsla at han vurderer å reise motsegn til reguleringsplan som legg opp til utviding av areal for detaljhandel. Fylkesmannen reiste motsegn til reguleringsplan for Eggesbøjorda i samband med offentleg ettersyn. Etter brev frå Herøy kommune trekte fylkesmannen motsegna. Planlagde utviding på gnr. 37, bnr. 222 inneber ikkje noko auke i tal forretningar, men ei tilpassing til konkurranse-situasjonen for ein etablert butikk. Det vert elles vist til at skisserte utviding, er i tråd med kommunen sin samfunnsdel. I samfunnsdelen går det fram at det på grunn av mangel på tilgjengelege areal og funksjonelle bygg, ser kommunen det som ei utfordring å gje plass til daglegvarekjeder i Fosnavåg sentrum. Kommunen ser det som viktig å leggje forholda til rette for at eksisterande daglegvarebutikk fortsatt kan drive funksjonelt i området.

Konklusjon:

Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, til at forslag til detaljplan for gnr. 37, bnr.222 vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Fosnavåg, 30.04.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide



TEKNIFORKLARING

PLAN- OG BYGNINGSLOVA (PBL) § 12, AREALFORMÅL, OG HENSYNSOMER I REGULERINGSPLAN

- BEBYGGELSE OG ANLEGG**
- BEBYGGELSE (0800)
 - BOLF/PARKERING (0801)
 - FORRETNINGS/ANDRE (0802)
- SAFØRSELSSANLEGG OG TENNISK- INFRASTRUKTUR**
- PARKERING (0800)
 - KØREVEI (0801)
 - FORTAU (0802)
 - IKKEMERTE INFRASTRUKTUR (0800)
 - ANNE VESRUM (0801)
- SKRINGSOMER**
- FRESKISKE
- LINE- OG PUNKTSYMBOL**
- REGULERINGSKANT
 - PLANLAGT BEBYGGELSE
 - REGULERINGSKANT
 - REGULERINGSKANT
 - GRENSE FOR SKRINGSOMER
- SKRINGSOMER**
- Eksisterende 1 meter / 5 meter
- KARTGRUNNLAG**
- Digital kart 1:1000
- N

Herøy kommune. Detaljregulering m. bestemmelser for:
37/222 og delar av 37/384.

Saksbehandling etter PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Revisjon	dato	gjort	av
1	29.04.2015	14.29	01

Dato: 29.04.2015
Utarbeidet av: **PILO arkitekter as**
Vedlegg: 01

FØRESEGNER

DETALJREGULERING FOR 37/222 MED FLEIRE PÅ EGGESBØ

Føresegner datert 29.04.2015.

Plankart datert 29.04.2015.

1 AREALBRUK

1.1 Arealbruk

Det regulerte området på planen er vist med plangrense. Arealet innanfor denne grensa er regulert etter § 12-3 i plan- og bygningslova, som detaljregulering.

Planen viser følgjande arealformål:

Bebyggelse og anlegg (pbl §12-5 nr.1)

- Bolig og forretning (sosikode 1811)
- Forretning og kontor (sosikode 1810)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12-5 nr.2)

- Parkering (sosikode 2080)
- Kjøreveg (sosikode 2011)
- Fortau (sosikode 2012)
- Kombinert infrastruktur (sosikode 2800)
- Annan veggrunn (sosikode 2018)

2 BEBYGGELSE OG ANLEGG

2.1 Bolig og forretning

2.1.1 Arealbruk

Innanfor området BOF kan det etablerast kombinerte bygg for forretning og bolig. Forretning skal fortrinnsvis etablerast i 1. etasje, medan bustader kan etablerast i 2 og 3 etasje. Lager kan etablerast som del av forretningsdelen, men skal ikkje vere vendt mot hovudinngangen til bygget.

2.1.2 Høgde og utnyttingsgrad

Maksimal byggehøgde er sett til 13 meter. Mindre tekniske konstruksjonar på tak kan vere høgare. Byggehøgder skal målast etter teknisk forskrift §6-2. Høgde målast frå møne eller gesims langs fasaden loddrett ned til ferdig planert terrengs gjennomsnittsnivå langs bygningen.

Maksimal utnyttingsgrad er sett til BYA=100%

Ved berekning av utnyttingsgrad skal "Rettleiar for utnytting, H2300, Grad av utnytting", nyttast.

2.1.3 Byggegrenser

Byggegrenser for BOF-området er vist på plankartet, og er like formålsgrensene. Nye bygningar/tilbygg skal plasserast innanfor desse grensene.

2.2 Forretning og kontor

2.2.1 Arealbruk

Innanfor området BOF kan det etablerast kombinerte bygg for forretning og kontor. Forretning skal fortrinnsvis etablerast i 1. etasje, medan kontor kan etablerast i 2 og 3 etasje. Lager kan etablerast som del av forretningsdelen, men skal ikkje vere vendt mot hovudinngangen til bygget.

2.2.2 Høgde og utnyttingsgrad

Maksimal byggehøgde er sett til 13 meter. Mindre tekniske konstruksjonar på tak kan vere høgare. Byggehøgder skal målast etter teknisk forskrift §6-2. Høgde målast frå møne eller gesims langs fasaden loddrett ned til ferdig planert terrengs gjennomsnittsnivå langs bygningen.

Maksimal utnyttingsgrad er sett til BYA=100%

Ved berekning av utnyttingsgrad skal "Rettleiar for utnytting, H2300, Grad av utnytting", nyttast.

2.2.3 Byggegrenser

Byggegrenser for FK-området er vist på plankartet, og er like formålsgrensene. Nye bygningar/tilbygg skal plasserast innanfor desse grensene.

3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

3.1 Parkering

Det skal vere minimum 1 parkeringsplass per 50 m² forretningsareal (brutto areal BRA) i planen. I tillegg skal det vere areal for inn- og utkøyring og naudsynt lasteareal for vare- og lastebilar.

Det skal minst vere 2 parkeringsplassar som er tilrettelagde for rørslehemma.

For nye bustadar (leiligheiter) innanfor BOF-området skal det setjast av minst 1 parkeringsplass per bustad, og 0,5 parkeringsplass per bustad til gjesteparkering. Dersom samla antal bustadar overstig 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 bil frå og med den 11. bustaden.

Parkeringsplassar skal ha fast dekke, belysning og vere fysisk oppmerka.

3.2 Kjøreveg

Vegen o_KV skal opparbeidast som vist på plankartet og er ein offentleg kjøreveg open for allmen ferdsel.

Avkøyrsla f_KV skal opparbeidast som vist på plankartet og er ein privat kjøreveg open for allmen ferdsel.

Ved opparbeiding av vegane skal det førast fram infrastruktur i grunnen i samråd med Anleggs- og driftavdelinga. Det skal setjast opp gatelys der dette er naudsynt. Eventuelle grøfter og fyllingar skal beplantast og få ei estetisk god utforming.

3.3 Fortau

Fortauet o_F1 skal opparbeidast som vist på plankartet, og samstundes med opparbeiding av tilhøyrande kjøreveg.

Fortauet er offentleg areal, skal opparbeidast etter kommunal standard og vere ope for fri ferdsel.

3.4 Kombinert infrastruktur

Arealet KST er sett av til kombinert infrastruktur og skal ha fast dekke og belysning. Det skal nyttast til varelevering.

3.5 Annan veggrunn

Arealet tek opp høgdeskilnaden mellom fortau (o_F1) og parkering (P)/kombinert infrastruktur(KST).

4 REKKEFØLGJEKRAV

4.1 Rekkefølge for infrastruktur

Kjøreveg (o_KV og f_K) og fortau (o_F1) skal opparbeidast før det vert gjeve bruksløyve for nye tiltak.

All varelevering til planområdet skal skje frå tilkomsten i søraust. Tilkkomsten frå søraust skal etablerast før utviding av butikken innanfor F/K området kan finne stad.



DETALJREGULERING FOR 37/222 M.FL. , EGGESBØ PLANOMTALE

PROSJEKTNR. 1429

DATO 14.04.2015

REV. 29.04.2015

Innhald		
<u>1. Forord</u>	s.03	
<u>2. Bakgrunn</u>	s.03	
2.1 Lokalisering og planstatus	s.03	
2.2 Mål med planarbeidet	s.03	
<u>3. Planprosess og medverknad</u>	s.03	
3.1 Varsel om oppstart av planarbeid	s.03	
3.2 Vidare saksgang og framdriftsplan	s.03	
<u>4. Gjeldande planar og arealbruk</u>	s.04	
4.1 Relevante nasjonale retningslinjer	s.04	
4.2 Relevante regionale planar	s.04	
4.3 Kommuneplan arealdel for Herøy	s.04	
4.4 Kommuneplan samfunnsdel for Herøy	s.04	
4.5 Gjeldande reguleringsplan	s.05	
4.6 Tilgrensande planar	s.06	
4.7 Planar under arbeid som er av relevans	s.06	
4.8 Arealsituasjon i dag	s.07	
<u>5. Omtale av planframlegg</u>	s.09	
5.1 Nøkkeldata	s.09	
5.2 Planprinsipp	s.09	
5.3 ROS-vurdering	s.11	
5.4 Tilkomst, vegsystem, mjuke trafikantar	s.11	
5.5 Parkering og varelevering	s.11	
5.6 Tilkomst for rørslehemma	s.12	
5.7 Arealutnytting	s.12	
5.8 Byggjeavstand, høgde	s.12	
5.9 Arkitektur	s.12	
5.10 Konsekvensar for kommunen	s.12	
5.11 Eksisterande leidningsnett i området	s.12	
5.12 KU-vurdering	s.12	
<u>6. Konsekvensar av planforslaget</u>		s.13
6.1 Overordna planar		s.13
6.2 Gjeldande planar		s.13
6.3 Tilgrensande planar		s.13
6.4 Parkering		s.13
6.5 Trafikksystem og køyremønster		s.13
6.6 Detaljhandel		s.13
6.7 Varelevering		s.13
6.8 Mjuke trafikantar		s.14
6.9 Tilgjenge for rørslehemma		s.14
6.10 Barn og unge		s.14
6.11 Natur og miljø		s.14

1. Forord

På oppdrag frå Barstadklær as v/Egil Giørtz er det utarbeidd eit forslag til detaljregulering for heile 37/222 og delar av 37/384 på Eggesbø i Herøy kommune.

Oppdragsansvarleg i Plot arkitekter as har vore Grete Valen Blindheim, og kontaktperson har vore Mathilde Herdahl. Kontaktperson i kommunen har vore Aleksander Zahl Tarberg og Berit Sandvik Skeide.

Ålesund, 14.04.2015



Mathilde Herdahl
Sivilarkitekt

2. Bakgrunn

2.1 Lokalisering og planstatus

Planområdet er om lag 5,2 dekar stort og ligg på Eggesbø i Herøy kommune.

Planområdet er i dag delvis regulert til forretning/kontor samt trafikkareal/parkering i reguleringsplan for Kvitshaugsmyra frå 2000.

2.2 Mål med planarbeidet

Utgangspunktet for planarbeidet er å legge til rette for utviding av eksisterande KIWI-butikk.

Målet med reguleringsarbeidet er derfor å få utvida regulert byggeareal inn på regulert parkeringsareal, samt å legge til rette for opparbeiding av fortau langs Eggesbøvegen i samsvar med den nyleg vedtekne planen på nabotomta.



Kartet viser lokalisering av planområdet på Eggesbø i Herøy kommune.

3. Planprosess og medverknad

3.1 Varsel om oppstart av planarbeid

Oppstart av planarbeidet blei kunngjort i Vestlandsnytt 21.10.2014, og på www.plot-arkitekter.no, og det blei sendt brev til naboar og aktuelle høyringsinstansar. Inkomne merknader er vurdert i eige skriv.

3.2 Vidare saksgang og framdriftsplan

For planarbeidet er det lagt til grunn ei forventa framdrift slik det kjem fram av tabellen under.

Fasar i planarbeidet.	Samarbeid og medverknad.	Utarbeiding og behandling.	Framdrift.
Oppstartsak (planutvalet).	Aktuelle partar og kommuneadm.	Herøy kommune.	September 2014
Varsel om oppstart.	Aktuelle partar og kommuneadm.	Plot arkitekter as.	21.10.2014
Arbeid med avklaringar, planforslag.	Aktuelle partar og kommuneadm.	Plot arkitekter as.	November - april 2015
Politisk behandling planforslag.		Herøy kommune.	April 2015
Offentleg ettersyn (6 veker).	Kunngjering og varslig av partar.	Herøy kommune.	April - mai 2015
Behandling merknader, justeringar.	Evt. avklaringar aktuelle partar.	Herøy kommune og Plot arkitekter as.	Mai - juni 2015
Politisk behandling av planen.		Herøy kommune.	Juni 2015
Godkjenning av planen.		Herøy kommune.	Juni 2015

4. Gjeldande planar og arealbruk

4.1 Relevante nasjonale retningslinjer

Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (RPB), §3, fastset reglar for etablering av kjøpesentre. Her kjem det fram at kjøpesentre skal etablerast i samsvar med godkjente fylkesdelplanar. Planområdet vert omfatta av “Fylkesdelplan for senterstruktur 2004-2008”.

4.2 Relevante regionale retningslinjer

“Fylkesdelplan for senterstruktur 2004-2008” gir retningslinjer for lokalisering av kjøpesentre og detaljhandel. Her kjem det fram at kjøpesentre og andre større nyetableringar og utvidingar innan detaljhandel/service skal lokaliserast innanfor sentrumsareal avgrensa i kommuneplanen.

4.3 Kommuneplan samfunnsdel for Herøy


I samfunnsdelen til kommuneplan for Herøy kommune vert satsingsområda til kommunen beskreve. Det vert lagt vekt på at ein ikkje kan sjå på sentrumsutvikling og samfunnsutvikling som to delte satsingsområde, og dei skriv mellom anna at:

“Kommunen ynskjer at detaljhandel primært skal etablerast i Fosnavåg, men på grunn av mangel på tilgjengelege areal og funksjonelle bygg ser ein det som ei stor utfordring når daglegvarekjedene vert stadig meir arealkrevjande og Fosnavåg ikkje kan tilby slike område”.

Vidare står det at ein må sjå på kva fysiske omgjevander som danner sentrum og ta avgjersler lokalt ut frå desse tilhøva.

4.3 Kommuneplan arealdel for Herøy


I arealdelen til kommuneplanen er området innanfor areal der tidlegare regulering skal gjelde, i dette tilfellet altså reguleringsplan for “Kvithaugsmyra” Eggesbønes frå 2000.




Utsnitt av kommuneplanen med raud markering av planområdet.

4.5 Gjeldande reguleringsplan

Reguleringsplan for "Kvitthaug Smyra" Eggesbønes frå 2000 er gjeldande plan i området. I denne planen er arealet sett av til forretning/kontor og parkering. Det vart gjort ei endring av planen i 2012 ("Reguleringsendring 27/384 m.fl. (Herøysenteret)"). Sjå illustrasjon under.



"Reguleringsendring 27/384 m.fl. (Herøysenteret)" markert med svart. Planområdet i raudt.



Reguleringsplan for "Kvitthaug Smyra" Eggesbønes frå 2000.

4.6 Tilgrensande planar

A: Myklebustvatnet vest

B: Detaljreguleringsendring for gnr. 37 bnr. 380 m.fl. -Myklebustvatnet vest

C: Eggesbønes alders- og sjukeheimsområde

D: Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr. 38/2

E: Bebyggelsesplan Kvitshaugsmyra

F: Reguleringsendring 37/384 m.fl. (Herøysenteret)




Tilgrensande planar. Planområdet er markert med raudt.

4.7 Planar som er av relevans

Plan for FV654 og Eggesbøjorda (nabotomta) er av relevans for arbeidet med denne planen. Fortau langs Eggesbøvegen skal tilretteleggast i planen, som ei vidareføring av tankegangen i planen for Eggesbøjorda og planen for FV654. Planen for FV654 kjem til å legge til rette for opparbeiding av rundkjøring der Eggesbøvegen møter FV654.



Planområdet og FV654 er markert med raudt.



Nyleg vedtekne plan for Eggesbøjorda markert med svart omramming.

4.8 Arealstatus i dag

I gjeldande reguleringsplan er 1000 m² av planområdet sett av til forretning/kontor og om lag 4200 m² til parkering- og vegformål.

I den eksisterande bygninga som står i planområdet er det i dag KIWI-butikk i 1. etasje, og bustadar i 2. og 3. etasje. Elles samsvarar eksisterande situasjon med både føremål og arealdisposisjon i “Reguleringsplan for Kvithaugsmyra”. Den delen av planen som ligg i Eggesbøvegen er i dag veg- og grøfteareal.

Planområdet grensar til Herøysenteret i nordaust. Herøysenteret tilhøyrer også “Reguleringsplan for Kvithaugsmyra”. Ein liten del av planen vart endra i 2012 for å leggje til rette for ei om lag 400 m² stor utviding av Coop-butikken i Herøysenteret. Herøysenteret har i dag ei grunnflate på 2034 m², og vil få ei grunnflate på 2400 m² dersom utvidinga vert gjennomført.


I aust ligg Eggesbø alders- og sjukeheim, samt 3 bustadar langs Eggesbøvegen. Bustaden nærmast krysset mot FV654 vert fjerna i forbindelse med bygging av rundkjøring på FV654.

I søraust ligg i dag ein bustad og ei fellesgarasje. Elles er der ei stor opa grasmark. Ny reguleringsplan (“Reguleringsplan for Eggesbøjord”) vart vedtatt i kommunestyret 26.03.15. Siktemålet med denne planen er å leggje til rette for vidare bustadbygging på Eggesbønes og utvikling av forretnings-/kontor og offentlege tenester som del av sentrumsutviklinga. Det er i denne planen lagt opp til eit 19,1 daa stort område med blanda føremål forretning/kontor/offentlege bygg/leilegheiter, med ei grense for detaljhandel på til saman 3000 m².

Sørvest for planområdet ligg eit bustadfelt. Mellom planområdet og bustadfeltet er det eit ope område med ein del lav vegetasjon i form av gras, busker og små lauvtre.



Området sørvest for planområdet.



Flyfoto som viser Myklebust og Eggesbø. Planområdet er markert med raudt.



Planområdet, med parkeringsplass og eksisterende varelevering til KIWI sett frå sør.




Planområdet, med inngangsparti til KIWI og tilkomst for bilar sett frå nord.

5. Omtale av planframlegg

5.1 Nøkkeldata

Areala er delt i følgjande område:

Bustad/forretning (BOF): 0,773 daa
Forretning/kontor (FK): 0,454 daa
Parkering (P): 2,926 daa
Fortau (o_F1): 0,205 daa
Kjøreveg (o_KV og f_KV): 0,350 daa
Komb. infrastruktur (KST): 0,477 daa



5.2 Planprinsipp

Bebyggelse og anlegg.

Bustad/forretning.

Reguleringsframlegget inneheld ei tilpassing til eksisterande situasjon, som er bustad og forretning i dette området. Maksimum tillaten BYA er sett til 100% for BOF-området.

Maksimum tillaten byggehøgde er sett til 13 meter.

Forretning/kontor.

Det er i reguleringsframlegget lagt til rette for at KIWI skal kunne utvide bygningsmassen med om lag 200 m² mot søraust. Tilbygget til KIWI vil i hovudsak bli brukt til lager, medan heile den eksisterande butikkflata vert salsareal. Det er lagt opp til kontor i 2. og 3. etasje. Maksimum tillaten BYA er sett til 100% for FK-området.

Maksimum tillaten byggehøgde er sett til 13 meter.

5.2 Planprinsipp

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

Parkering.

Det er lagt til grunn at ein skal tilfredsstill Herøy kommune si parkeringsvedtekt når det gjeld tal på parkeringsplassar i området.

Det er sett av 44 P-plassar til BOF området, og 27 P-plassar til FK området. Omlag 9 % av desse plassane ligg på fellesareal utanfor planområdet.

Innanfor sjølve planområdet er det sett av 3 plassar til rørslehemma. Tek ein med arealet søraust for planområdet, er det totalt sett av 8 plassar for rørslehemma, jf. illustrasjon på neste side. Parkeringsplassane har kort veg til inngangane på bygget.

Køyreveg.

Eksisterande Eggesbøvegen inngår i planen, og er regulert til kommunal veg. I tillegg er der ei avkjørsle i planen som er regulert til kjøreveg.

Fortau.

Langs Eggesbøvegen er det lagt til rette for eit forau som koblar seg på fortauet i den nyleg vedtekne planen for Eggesbøjorda.

Kombinert infrastruktur.


Området som er sett av til kombinert infrastruktur i planen er tenkt nytta til varelevering.

Annan veggrunn.

Området som er sett av for å ta opp høgdeskilnaden mellom fortau og parkering. Dette området er ein meter breitt og det er tenkt satt opp ein mur her.



Illustrasjon som viser eksisterande situasjon i planområdet, og omkrinliggande område.



Illustrasjon som viser planlagt situasjon i planområdet, og omkringliggande område.

Parkering for rørslehemma markert med mørkegrå, nytt opparbeida område med parkering utanfor planen i raudt. Tilbygget til KIWI i oransje.

5.3 ROS-vurdering

I vurderinga av risiko og sårbarheit er sjekklista utarbeidd av Møre og Romsdal fylke nytta.

Naturgitte forhold og byggegrunn.

Det er ikkje kjent naturgitte forhold som inneber nokon særleg risiko.

Omgivnader.

Det er ikkje kjent forhold i omgivnadene som inneber nokon særleg risiko.

Verksemdsrisiko.

Planen omfattar ikkje verksemdar med farlege anlegg, og det ligg heller ingen i nærleiken.

Brann-/ulykkesberedskap.

Det er ikkje kjent særlege forhold i området knytt til brann- og ulykkesberedskap.

Infrastruktur.

Det er ikkje kjent særskilt risiko knytt til bruk av transportnettet i området. Det er ikkje transport av farleg gods i området.

Kraftforsyning.

Det er ikkje kjent særskilt risiko knytt til kraftforsyninga i området. Tiltaket vil ikkje edre forsyningstryggleiken i området.

Vassforsyning.

Det er ikkje kjent særskilt risiko knytt til vassforsyning i området. Tiltaket vil ikkje endre forsyningstryggleiken i området.

Sårbare objekt

Planområdet omfattar ikkje drikkevatt, særskilte brannobjekt, omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar eller andre sårbare objekt.

Forureina grunn.

Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor planområdet.

Ulovleg verksemd.

Tiltaket er i seg sjølv ikkje eit sabotasje- eller terrormål. Det er ikkje kjent potensielle sabotasje- eller terrormål i nærleiken.

5.4 Tilkomst, vegsystem, mjuke trafikantar

Tilkomst til overordna vegsystem vil vere som noverande situasjon, frå fylkesvegen (Myklebustvegen) via Eggesbøvegen. I tillegg tek planen omsyn til planlagt vegarm i reguleringsplan for Eggesbøjorda mot planområdet, som også blir ein tilkomst for mellom anna varelevering. Planområdet får altså tilkomst.

Eksisterande køyremønster i planområdet vert supplert med tilkomsten i sør frå tilgrensande reguleringsplan for Eggesbøjorda.

Planforslaget legg opp til eit fortau langs Eggesbøvegen, som er ei vidareføring av prinsippa i tilgrensande planar. Det er tatt med i føresegnene eit rek-kjefølgekrav om at fortau skal opparbeidast i samband med utbygging av KIWI, i tillegg til at tilkomst i sør må etablerast før varelevering kan skje derfrå.

5.5 Parkering og varelevering

Planforslaget erstattar parkeringsplassar som vert fjerna i forbindelse med utviding av KIWI. I tillegg legg det opp til nye parkeringsplassar som er i tråd med utvidinga av KIWI-butikken, jf. parkeringsvedtektene til Herøy kommune. Varelevering kjem til å skje i søraustenden av KIWI-butikken. Det er lagt opp til at varelevering skal skje frå tilkomsten i sør.

5.6 Tilkomst for rørslehemma

Innanfor sjølve planområdet er det sett av 3,5 P-plassar til rørslehemma. Tek ein med arealet søraust for planområdet, er det totalt sett av 8 plassar for rørslehemma, jf. illustrasjon på side 10. Parkeringsplassane har kort veg til inngangane på bygget. Området er flatt og det er trinnfrie tilkomstar til butikken.

5.7 Arealutnytting

Utnyttingsgraden er definert som BYA, og i denne planen er graden BYA i reguleringsformålet forretning/bustad og forretning/kontor sett til 100%.

5.8 Byggegrense/høgde

Byggegrensa i BOF og FK-området ligg i formålsgrensa. Maksimal byggehøgde er sett til 13 meter.

5.9 Arkitektur

Nye konstruksjonar bør ta omsyn til eksisterande volum og arkitektoniske uttrykk.

5.11 Konsekvensar for kommunen

Kommunen eig den delen av planen som omfattar Eggesbøvegen, og kjem til å ta over det området som er sett av til fortau i planen.

5.12 Eksisterande leidningsnett i området

Det er fleire kablar, både høg- og lavspent, over reguleringsområdet. Kablane kjem ikkje i konflikt med den planlagde utbygginga og treng difor ikkje flyttast.

5.13 KU-vurdering

Etter vurdering gjort av kommunen på oppstartmøte vil ikkje planen utløyse konsekvensutgreiing i høve til PBL § 4-2. Planen er utarbeidd etter Miljøvern-departementet sin rettleiar T-490.

Utvidinga av arealet til detaljhandel er slik vi vurderar det i samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel. Eggesbønes er eit supplement til Fosnavåg sentrum der det er arealknappheit.

6. Konsekvensar av planforslaget

6.1 Overordna planar

Planen er ei modernisering av ein 15 år gamal reguleringsplan. Endringa legg til rette for å drive konkurransedyktig daglegvarehandel i så nær tilknytning til Fosnavåg sentrum som mogleg. Sidan Fosnavåg sentrum har begrensa med areal, er Eggesbønes naturleg å ta i bruk til plasskrevjande handel. KIWI er ein allereie etablert butikk på Eggesbønes og har behov for å utvide for å halde seg konkurransedyktig.

Ei utviding av KIWI på Eggesbønes er i tråd med Herøy kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen der dei skriv at på grunn av mangel på tilgjengelege areal og funksjonelle bygg ser kommunen på det som ei utfordring å gje plass til daglegvarekjeder i Fosnavåg sentrum.

Møre og Romsdal fylkeskommune skriv i sin merknad til oppstart av planen at detaljreguleringa for 37/222 kjem til å utløyse krav om konsekvensutgreiing, medan Fylkesmannen har varsla motsegn til planen. Dei meiner planen kjem til å vere i strid med den nasjonale arealpolitikken nedfelt i "Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesenter". Begge desse instansane har trekt sine motsegner til den nyleg vedtekne planen for Eggesbøjorda som aleine har 3000 m2 detaljhandel. Sett i lys av dette, meiner vi den planlagde utvidinga må kunne godkjennast. Den inneber ikkje ei auke i talet på forretningar, berre ei tilpasning til konkurransesituasjonen for ein etablert butikk. Vidare meiner vi at med bakgrunn i godkjenninga av detaljplanen for Eggesbøjorda, vil det bli sett på som forskjellsbehandling dersom det kjem motsegner til planen for 37/222.

6.2 Gjeldande planar

I gjeldande reguleringsplan er området sett av til forretning/kontor og parkering. Det nye forslaget inneber ei utviding av byggearealet med 200 m2, og tilsvarande reduksjon av parkeringsareal. Det er i dag ikkje kontor over forretningslokala, men bustadar. Når det gjeld reguleringsformål tilpassarplanen seg altså den faktiske situasjonen i området. Dei etablerte bustadane blir regulert til bustadformål.

6.3 Tilgrensande planar

Det er sett av areal til fortau i planen, som er ei vidareføring av tankegangen i planen for Eggesbøjorda og planen for FV654. Elles har ikkje planforslaget særskilte verknadar på andre planar, i.o.m at det er ei tilpassing til den faktiske situasjonen i området.

6.4 Parkering

Planen følgjer parkeringsvedtektene til Herøy kommune når det gjeld tal på parkeringsplassar til BOF- og FK-områda. Sjå illustrasjon på side 10, som viser korleis det vert ei betre utnytting etter opparbeiding av nytt P-areal. Dette er i tråd med utvidinga av KIWI-butikken i høve til å dekke p-behovet.

6.5 Trafikksystem og køyremønster

Planen får to avkøyrslar i motsetning til ein i dag. Den nyleg vedtekne planen for Eggesbøjorda legg opp til ei avkøyrslar mot denne planen. Dette gir ein enklare og ryddigare trafikksituasjon.

6.6 Detaljhandel

Planen er ei modernisering av ein eldre plan, for å gjere det mogleg å drive detaljhandel ihht. KIWI sine konseptkrav. Dei nye konseptkrava inneber mellom anna auka salsareal, på grunn av auka sortiment. Auka sortiment er nødvendig for å tilfredsstille forbrukarane sine krav og vere konkurransedyktig.

6.7 Varelevering

Det er lagt opp til at varelevering skal skje frå sør, frå den regulerte vegaromma i nyleg vedtekne plan for Eggesbøjorda. Det er tatt med i føresegnene til planen for Eggesbøjorda at denne vegaromma (f_V3) skal opparbeidast før det vert gitt mellombels bruksløyve for nye tiltak i F/K/T1, F/K/T2 og F/K/T3.

6.8 Mjuke trafikantar

Det er sett av eit område til fortau langs Eggesbøvegen, noko som kjem til å betre situasjonen for mjuke trafikantar.

6.9 Tilgjenge for rørslehemma

Det er i området lagt til rette for 8 HC plassar, jf. illustrasjon. 5 av desse er allereie etablert. Ein av dei uetablerte er med i reguleringsendringa for Herøysenteret, medan den andre vert lagt til rette for ved inngangen til KIWI i denne planen (jf. illustrasjon). Dette er i samsvar med intensjonen om at 5 % av totalt tal på parkeringsplassar bør vere tilpassa handikappa. Parkeringsplassen ligg på nivå med første etg i forretningsbygget. Tilgjenge for rørslehemma vil derfor vere greit å få til i samsvar med krava i TEK og tilhøyrande Norsk Standard.

6.10 Barn og unge

Barn og unges interesser innanfor planområdet er primært vurdert å gjelde gangsamband. Det er lagt inn eit fortau langs Eggesbøvegen i planforslaget, noko som kjem til å betre situasjonen for barn og unge.

Kravet til opparbeiding av leikeplass er knytt til etablering a nye bustader. Denne planen legg ikkje til rette for nye bustader.

6.11 Natur og miljø

Naturmangfaldlova krev at prinsippa i §§ 8-12 skal leggest til grunn ved utøving av offentlig myndigheit, herunder planarbeid. Dette omfattar mellom anna krav til kunnskapsgrunnlag, føre- var prinsippet, dekning av kostnader og driftsmetodar/teknikkar.

- Vedtak som gjeld naturmangfaldet skal basere seg på vitskapeleg kunnskapsgrunnlag. Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saks karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Jfr §8.
- Føre-var-prinsippet, jfr § 9. Ved manglande kunnskap om verknader på naturmiljøet skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet.
- Påverknad på eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet kan bli utsett for. Jfr §10.
- Kostnadane ved forringing av miljøet skal berast av tiltakshavar, jfr. § 11.
- Det skal nyttast miljøforsvarlege driftsmetodar og teknikkar, jfr. § 12.

Det er i denne saka ikkje kjend verneinteresser innanfor naturmangfaldet. Det er derfor vurdert at den planlagde utbygginga ikkje vil føre til belastning eller skade på naturmiljøet. Kunnskapsgrunnlaget (jfr. §8) er henta frå direktoratet for naturforvaltning sin naturbase.



DETALJREGULERING FOR 37/222 M.FL. , EGGESBØ MERKNADER

PROSJEKTNR. 1429

DATO 14.04.2015

REV.

1. Varsel om oppstart av planarbeid

Oppstart av planarbeidet blei kunngjort i Vestlandsnytt 21.10.2014, og på www.plot-arkitekter.no, og det blei sendt brev til naboar og aktuelle høyringsinstansar.

Etter varsel om oppstart har det kome inn 6 merknader.

2. Vurdering av merknader

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (21.11.2014).

RPB for kjøpesenter og Fylkesdelplan for senterstruktur.

Fylkesmannen varslar at dei vil vurdere å reise motsegn til ein reguleringsplan som legg opp til utviding av areal for detaljhandel. Dei viser til at samla forretingsareal for Myklebust/Eggesbønes allereie overstig 3000 m² som er grensa for detaljhandel i område utanfor sentrum i byar og tettstadar. Dei skriv at utvidinga av forretningsareal i denne planen må sjåast i samheng med den nyleg vedtenke planen for Eggesbøjorda som aleine har 3000 m² detaljhandel.

Vurdering.

Etter brev frå Herøy kommune trekte Fylkesmannen motsegna dei hadde reist mot planen for Eggesbøjorda. Sett i lys av dette, meiner vi den planlagde utvidinga på 37/222 må kunne godkjennast. Den inneber ikkje ei auke i talet på forretningar, berre ei tilpasning til konkurransesituasjonen for ein etablert butikk.

Ei utviding av KIWI på Eggesbønes er i tråd med Herøy kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen der dei skriv at på grunn av mangel på tilgjengelege areal og funksjonelle bygg ser kommunen på det som ei utfordring å gje plass til daglegvarekjeder i Fosnavåg sentrum. Det vert då naturleg å ta i bruk Eggesbø som eit avlastningsområde for plasskrevjande handel.

Møre og Romsdal fylkeskommune (18.11.2014).

Planfagleg.

Fylkeskommunen gjer merksam på at strid med RPB for kjøpesenter utløyser krav om konsekvensutgreiingar. Dei meiner at detaljreguleringa for 37/222 må sjåast i samheng med den nyleg vedteke planen for Eggesbøjorda, som aleine inneheld 3000 m² detaljhandel. Sidan den vart vedteken først meiner Fylkeskommuna at planen for 37/222 kjem til å utløyse motstriden i området.

Dei skriv også at storleiken på utvidinga av detaljhandel i planen for 37/222 er relevant for fylkeskommuna si fråsegn.

Vurdering.

Etter vurdering gjort av kommunen på oppstartmøte vil ikkje planen utløyse konsekvensutgreiing i høve til PBL § 4-2. Planen er utarbeidd etter Miljøverndepartementet sin rettleiar T-490. Utvidinga av arealet til detaljhandel er slik vi vurderar det i samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel. Eggesbønes er eit supplement til Fosnavåg sentrum der det er arealknappheit. Vi viser elles til svar til merknaden frå Fylkesmannen.

Statens vegvesen (11.11.2014).

Tilgrensande planar.

Vegvesenet føreset at reguleringa av 37/222 vert sett i samheng med og tilpassa reguleringa av kryssløysinga mellom fylkesvegen og Eggesbøvegen m.m.

Vurdering.

Det er lagt til rette for fortau langs Eggesbøvegen i planen, som ei vidareføring av tankegangen i planen for Eggesbøjorda og planen for FV654.

Mørenett (28.10.2014).

Eksisterande leidningsnett i området.

Mørenett skriv at dei har fleire kablar, både høg- og lavspent, over reguleringsområdet. Dersom kablane kjem i konflikt med den planlagde utbygginga og må flyttast, så er det utbyggjar som må koste dette.

Vurdering.

Kablane kjem ikkje i konflikt med den planlagde utbygginga og treng difor ikkje flyttast.

Søre Sunnmøre landbrukskontor (20.11.2014) og NVE (24.10.2014).

Desse har ingen kommentarar til oppstartvarselet.

Berit Sandvik Skeide

Fra: Norleif Nordal <Norleif.Nordal@Morenett.no>
Sendt: 28. oktober 2014 10:03
Til: Mathilde Herdahl
Emne: Oppstart av detaljregulering for 37/222 med fleire på Eggebø
Vedlegg: 20141028095531866.pdf

Vi viser til tilsendte oppstartsbrev og vi har følgjande kommentar:

Mørenett AS har fleire kablar, både høg- og lavspent, over reguleringsområdet. Dersom kablane kjem i konflikt med den planlagde utbygging og må flyttast, så er det utbyggjar som må koste dette. Kablane viser på vedlagde kart.

Vennleg helsing

Norleif Nordal
Ingeniør Plan
Mørenett AS

+47 913 49 904
norleif.nordal@morenett.no

Denne meldinga er berre meint for mottakaren, og kan innehalde fortrulege opplysningar eller annan privat informasjon.

Viss du får denne meldinga ved ein feil, ver vennleg å varsle avsendar og slett originalen.



Statens vegvesen

14/1485
cm

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/1485	Saksbeh. H27
14 NOV. 2014	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Plot Arkitekter as
Storledbakken 5
6003 ÅLESUND

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2014/129635-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
11.11.2014


Herøy kommune - Detaljregulering for gnr. 37 bnr. 222 m.fl. på Eggesbø - Varsel om oppstart - Uttale


Viser til skriv av 17.10.2014 frå Plot Arkitekter AS med varsel om oppstart av reguleringsarbeid på gnr. 37 bnr. 222 m.fl. i Herøy.

Vi føreset at varsla regulering vert sett i samanheng med og tilpassa reguleringa av kryssløysinga mellom fylkesvegen og Eggesbøvegen m.m. Det med sikte på å få på plass ei heilskapleg regulering for området med trafikktrygge og funksjonelle løysingar.

Utover dette har vi i denne omgang ikkje særlege innspel og merknader til varsla planarbeid. Nærare detaljer vert å kome attende til når framlegg til reguleringsplan/-løysing ligg føre.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing


Gitte Beiermann
kst. seksjonsleiar


Hallvard Sæverud

Kopi: Herøy kommune
Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Plot Arkitekter AS
Storledbakken 5
6003 ÅLESUND

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	17.10.2014	66204/2014/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	18.11.2014

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan gbnr 37/222 m. fl. Eggesbø - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

I nyleg vedteken kommuneplan er området innafor areal der tidlegare regulering skal gjelde. Denne reguleringa er frå 2000 og fastslår forretningsføremål, men avgrensa til 3000 kvm og slik sett i samsvar med Rikspolitiske bestemmingar (RPB) om kjøpesenter og gjeldande fylkesdelplan for senterstruktur. Føresegnene galdt ved vedtak heile reguleringsplan "Kvitshaugsmyra", men delar av denne er endra i etterkant.

Det er uansett, i lys av RPB, nødvendig å sjå endringsframlegget i samanheng med reguleringsforslag for tilgrensande Eggesbøjorda, som no er til offentleg ettersyn. Også i denne planen er det teke til orde for detaljhandel, utan at det er klart korleis dei to planane samla fell ut i forhold til arealavgrensinga. Vi vil måtte sjå til dette i samband med begge høyringsprosessane. Vår frist for å gi fråsegn til kommunen om Eggesbøjorda er 8.12.14.

Når dette er sagt, vil vi også frå fylkeskommunen si side måtte ta omsyn til at her alle-reie finst lokalisert to ulike detaljhandelsverksemdar, som innanfor rimelege rammer har rett til fortsett eksistens. Dette betyr at storleiken på utvidinga vil vere relevant for vår fråsegn.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at strid med RPB utløyser krav om konsekvens-utgreiningar. Gitt at Eggesbøjorda først kom i prosess og sikkert blir vedteken først, vil det eventuelt vere den andre (gbnr 37/222) som utløyser motstriden i området.

Vi har ikkje merknader utover dette.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

(./.)

Kopi:
Herøy kommune
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Plot Arkitekter AS
Sorledbakken 5
6003 ÅLESUND

Reg.nr. 2014/1485	Saksb. AZT
24 NOV. 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Herøy kommune Detaljregulering - reguleringsplan gnr37 bnr222 m.fl på Eggesbø Fråsegn ved varsel om oppstart av planarbeid

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

RPB for kjøpesenter og Fylkesdelplan for senterstruktur

Varselet gjeld m.a utviding av eksisterande Kiwi-butikk. Utviding av areal for detaljhandel har vore tema i fleire saker tidlegare i dette området. Vi vil vise til ei sak som var på høyring i 2012 som omfatta utviding av Herøysenteret og spesielt utviding av Coop-butikken med 400 m². I brev av 18.01.2012 går det fram at Fylkesmannen hadde motsegn til denne søknaden. Dette vart sett i samanheng med forretningsareal avsett i bebyggelsesplan for Kvithaugsmyra. Samla forretningsareal for Myklebust/Eggesbønes overstig allereie 3000 m² som er grensa for detaljhandel i område utanfor sentrum i byar og tettstadar. Det også ei anna regulerings sak for Eggesbøjorda på høyring. Alt må sjåast på som eitt område.

Herøy kommune har nyleg vedteke ny kommuneplan. I føresegnene § 2.2 Fosnavåg sentrum går det m.a fram følgjande:

«Detaljhandel bør avgrensast innanfor ei avgrensing på 500 meter frå Thon Hotel Fosnavåg til Sunnmørsfisk». Vidare at: «Eggesbønes, Myklebust og Mjølstadneset skal vere avlastningsområde for sentrum for arealkrevjande varer». Vi tolkar dette slik at eksisterande detaljhandel kan fortsette innanfor dei rammene ein har, men at det ikkje skal vere ei utviding av detaljhandelen i desse områda. Det skal skje i Fosnavåg. Dette er i tråd med den nasjonale arealpolitikken nedfelt i «Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesenter» og gjeldande Fylkesdelplan for senterstruktur (ny plan på høyring no).

KONKLUSJON

Fylkesmannen varslar med dette at vi vil vurdere å reise **motsegn** til ein reguleringsplan som legg opp til utviding av areal for detaljhandel.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Herøy kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2014/1715
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
95/15	Formannskapet	19.05.2015

DETALJREGULERINGSPLAN INDRE MOLTUMYR GNR. 60 BNR. 32 M.FL - OPPSTART AV PLANARBEID

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område ved «indre Moltumyr» på Moltustranda.

Særutskrift:
Per Mulvik AS
Jan og Kristin Truelsen

Vedlegg:

01 – Søknad om oppstart av planarbeid 14.05.2015.

02 – Referat frå oppstartsmøte

03 – Kartutsnitt med forslag til planavgrensing

04 - Kartusnitt kommuneplan

05 - Alternative vegløyningar

Saksopplysningar:

Per Mulvik AS søker, på vegne av forslagstillar Jan og Kristin Truelsen, om å få starte opp med utarbeiding av forslag til detaljreguleringsplan for eit areal på Indre Moltumyr gnr. 60 bnr. 32.

Planområdet ligg i området B27 i kommuneplanen sin arealdel og ser vist som bustadareal.

Hovudformålet med planarbeidet er småhusbebyggelse med tilhøyrande anlegg som parkering, garasje og bod. Det er planlagt at etablert leikeplass skal inngå i planforslaget og tilkomst til tomtene frå Monsplassen via Nygjerdevegen.

Plankonsulent skisserer at det vil kunne vere aktuelt med 15-20 nye bueiningar, der ynskje er å kunne tilby rimelege bustader, godt eigna for unge i etableringsfasen og eldre som ønskjer enkel og lettstelte bustader framfor større einestader.

I samband med oppstart av planarbeid ynskjer forslagsstillar å drøfte 3 ulike vegløyningar til bustadområdet.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket er ei detaljregulering i medhald av PBL § 12-3. Hovudformålet er tilrettelegging for fleire bustader i området.

Ein ser det som viktig at dei tre ulike vegalternativa blir eit tema i høyringsprosessen ved varsel om oppstart av planarbeid og at val av tilkomstløyning blir innarbeidd i planforslag til offentleg ettersyn. Når det gjeld framtidig bustadtypar ser ein det som viktig at planforslaget legg vekt på universell utforming, slik at det kan førast opp bueiningar i området som kan nyttast av flest moglege.

Rådmannen viser elles til at det skisserte planformålet er i samsvar med arealbruken i kommuneplanen og rår på dette grunnlag til at det vert gjeve løyve til oppstart av detaljreguleringsarbeid i medhald av PBL § 12-8.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 16.04.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

VOLDA 14.04.2015

Tlf.direkte 70 07 49 99

Tlf.sentral 70 07 49 90

Mobil 48 95 67 84

E-post heidi@mulvik.no

Org.nr. 941 987 516 MVA

Herøy kommune

Dykkar ref.:

Vår ref.: Heidi Istad

Søknad om oppstart av privat detaljregulering for Indre Moltumyr gbnr.: 60/32 m.fl.

På vegne av forslagsstillar, Jan og Kristin Hide Truelsen, søker vi i medhald av pbl. §12-3, om å få starte arbeid med utarbeiding av forslag til detaljregulering for eit areal på Indre Moltumyr på eigedomen gbnr.: 60/32 m.fl.

Planområdet ligg i området B27 i kommuneplanen sin arealdel og er sett av til bustadføremål. Planarbeidet vil vere i samsvar med overordna plan og det vil følgeleg ikkje vere behov for konsekvensutgreiing. Det vil bli gjennomført ei enkel ROS-analyse basert på Fylkesmannen si sjekklister. Avgrensinga av planområdet er foreslått som vist under, og omfattar heilt eller delvis gbnr.: 60/32, 60/458, 60/143, 60/206, 60/220, 60/38 og 60/276.



C:\Users\heidi.PM\AppData\Local\Microsoft\Windows\Temporary Internet Files\Content.MSO\8EC965D6.tmp

Rådg. ing. Per Mulvik AS

Holmen 7, 6100 Volda

Tlf: 70 07 49 90 • Web: www.mulvik.no • firmapost@mulvik.no

Organisasjonsnr: 941 987 516 MVA • Bank: 3991.05.52205

PROSJEKTERING ■
BYGGELEDELSE ■
OPPMÅLING ■
TAKSERING ■



Hovudføre mål med planarbeidet er å legge til rette for oppføring av frittliggande og/eller konsentrerte småhus med tilhøyrande anlegg som parkering, garasje og bod. Kvartalsleik er planlagt på gbnr.: 60/220 og det vil i tillegg bli sett av nødvendig areal til nærleikeplass innanfor planområdet. Som i eit kommunalt planforslag frå 2013, er det planlagt tilkomst frå Monsplassen via Nygjerdevegen. Prosjektet er under utvikling og talet på bueiningar er usikkert, men truleg vil det kunne vere aktuelt med 15-20 bueiningar innanfor planområdet.

I dag er det tilkomst til planområdet direkte frå Fv10 og frå Monsplassen via Nygjerdevegen. Hovudtilkomsten til planområdet vil vere frå Monsplassen, slik også det kommunale planforlaget legg opp til. I følgje den kommunale vegnorma kan tilkomstvegar for inntil 50 bueiningar ha maksimal stigning på 10%. Private felles tilkomstvegar kan ha maksimal stigning på 12.5%. Eksisterande avkøyrslene frå Monsplassen er brattare enn dette. Ut i frå dagens situasjon med dei eksisterande avkøyrslene til eigedomane gbnr.: 60/206 og 60/276 vert det vanskeleg å opparbeide den kommunale avkøyrsla frå Monsplassen på ein slik måte at den fullt ut tilfredsstillar den kommunale norma sine krav til maksimal stigning. Det er vurdert 3 variantar som viser korleis tilkomst frå Monsplassen kan løysast.

Alternativ A er basert på dagens situasjon, noko som gir lite terrenginngrep og eksisterande avkøyrslar kan bevarast slik dei er i dag. Som lengdeprofilen viser, vil dette gi 14% stigning (som i dag) på strekninga opp mot Monsplassen. Dette er ikkje i samsvar med den kommunale vegnorma, der det er sett krav om maks stigning på 10% for slike vegar.


Alternativ B har som vist i lengdeprofilen stigning på 12,5%. Basert på same linjeføring som alternativ A vil dette medføre at vegen vert heva med om lag 1 m ved avkøyrslene for gbnr.: 60/206 og 60/276. Dette gjer at avkøyrslene til dei to eigedomane ikkje kan brukast slik som i dag. Vegfyllinga vil også kome inn på gbnr.: 60/276. Denne avkøyrslene må dermed flyttast til nordenden av tomta. For 60/206 må terrenget framfor garasjen hevast for at avkøyrslene skal vere brukbar. Dette betyr også at garasjen mest sannsynleg må rivast og byggast opp igjen med endra plassering for å få ein brukbar situasjon. Alternativ B vil påføre naboane merkable ulemper og vil vere ei meir kostbar løysing og med klart større inngrep, i forhold til dagens situasjon og Alternativ A. Tiltakshavar ønskjer ikkje å påføre naboane så store ulemper og ønskjer derfor ikkje denne løysinga.

Alternativ C er utarbeidd med formål å finne ei vegløyning som reduserer inngripen i gbnr.: 60/276. Stigning vil bli på 14%, den same som for alternativ A. Fordelen med dette alternativet er at ein unngår å berøre gbnr.: 60/276. Derimot vil det vere behov for oppfylling av terreng på gbnr.: 60/32, noko som vil kunne gi eit visuelt sett mindre tiltalende løysing, og forslagsstillar ønskjer derfor ikkje å gå vidare med dette alternativet.

Hovudformålet med utbyggingsprosjektet er å kunne tilby «rimelege» bustader, godt egna for unge i etableringsfasen, og eldre som ønskjer enkle og lettstelte bustader framfor større einestader. Det er mangel på slike bustader i denne delen av kommunen. For å kunne nå målsettinga om rimelege bustader er det viktig å unngå infrastrukturløysingar som medfører auka utbyggingskostnader. Forslagsstillar ber derfor om at kommunen kan akseptere at tilkomstvegen kan opparbeidast som vist i alternativ A. Bustadområdet på Moltumyra ligg i eit bratt terreng med eit samlevegnett, som på fleire strekningar er vesentleg brattare enn krava i den kommunale norma til slike vegar. Samlevegen opp til utbyggingsområdet (Nygjerdevegen) har også truleg stigning på over 12,5%. Det verkar derfor urimeleg å krevje maksimal stigning på 12,5% for ei kort strekning på ca. 50 m, når vegane inntil området er brattare. Med tanke på at det truleg vert berre om lag 10 -15 av dei nye bueiningane som får tilkomst frå Monsplassen, meiner ein at det må kunne akseptarast stigning på 14% jf. alternativ A. Konsekvensen av å ikkje godta tilkomstveg på 14% kan vere at området ikkje vert bygd ut.

Det er ønskeleg å komme i gang med planarbeidet så snart som muleg, og med bakgrunn i utgreinga over, ber ein om at kommunen handsamer søknad om oppstart av detaljregulering for Indre Moltumyr gbnr.: 60/32 m.fl. på ein rask og positiv måte. Vi deltar gjerne på synfaring i området.

For Per Mulvik AS

A handwritten signature in black ink that reads "Heidi Istad".

Heidi Istad
Planleggar

Vedlegg:

- Forslag planavgrensing
- Oversiktskart
- Ortofoto
- Plansituasjon reguleringsplan
- Plansituasjon kommuneplan
- Vegalternativ A, B, C

Kopi:

- Jan og Kristin Hide Truelsen

REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

Etter ny plan- og bygningslov (plandelen av 27. juni 2008 nr. 71) er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privatreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at kommunen på førehand har fått eit oversiktskart som viser aktuelt område og informasjon om målet med reguleringsplanen (intensjonar, formål og omfang). Det er eit vilkår at forslagsstiller har sikra fagkyndig deltaking i oppstartsmøte.

Kommunen sine vurderingar er faglege, generelle og av foreløpig karakter. Naboprotestar, uttalar frå offentlege etatar og politiske vedtak m.v. kan bringe fram nye moment eller føre til krav/behov for endringar i planarbeidet. Oppstartsmøte skal avklare aktuelle tema og spørsmål, men ikkje avgjerde viktige punkt som skal gjerast greie for i vidare planprosess fram til endeleg vedtak.

Dette skjemaet skal difor fyllast ut så langt det let seg gjere og leverast til kommunen minst ei veke før oppstartsmøtet. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet..

Sak: 2014 / 1715	Gnr. 60	Bnr. 32
Møtestad: HERØY RÅDHUS	Møtedato: 17.12.2014	
Deltakarar:		
Frå forslagsstillar	Frå kommunen	
Heidi Istad (Molvik)	Aleksander Zahl Tarberg	
Kristin Hilde Truelsen	Jarl Martin Møller	
Jan Truelsen	Fred Arnesen	
	Andre:	

1. Planføresetnader
Plantype
<input type="checkbox"/> Områderegulering
<input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering
<input type="checkbox"/> Endring av reguleringsplan
Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)
Kommuneplanen sin arealdel..... Bustadformål med plankrav.....
Kommunedelplan.....
Reguleringsplan.....
Bebyggelsesplan.....
Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....
Er eigedomsgrenser i området av tilfredstillande kvalitet?
<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei (Dersom nei, skal det gjennomførast oppmåling/kvalitetssikring før oppstart av plan)

Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:

Planen vil erstatte delar av følgjande planar:

Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)

Tiltakshavar kjem med framlegg til avgrensing av planområdet. Kommunen kjem med innspel til framlegget. Ev. forslag til justert avgrensing, blir tilsendt etter oppstartsmøtet. *Må tilpassast grense til planregion for vegplan, leireplass og bustadfelt. Sja skiss.*

Mål for planarbeidet:

Forslagsstillar skildrar mål med planarbeidet og kjem med framlegg til formål

Bustadformid 2. omgangsplan

Namn på planen:

Forslagsstillar sitt forslag til namn: *Indre Moltanyn*

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

Planforslaget er i samsvar med overordna plan.

Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.

Merknad:

Pågåande planarbeid

Det pågår ikkje anna planarbeid i området

Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad:

Planprogram

Utløyser planen krav om planprogram ?(jf. § 4-1 i planlova) ?

Merknad: *Nei*

Konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad: *Nei*

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad:

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

Kommunale vedtekter/forskrift

- parkeringsvedtekt
- forskrift om gebyrregulativ

Merknad:

** k-pln som gjeld
2 plasser pr bueing.*

<input checked="" type="checkbox"/> Kommunale retningslinjer <ul style="list-style-type: none"> - kommuneplanen sine retningslinjer - krav til leikeplassar <input type="checkbox"/> Bestemmelsar i arealdel av k-plan	vinner RPR barn og ung k-plan arealdel.
--	---

3. Viktige vurderingar	
<p>3.1 Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning m.m.)</p> <p>3.2. Strandsona til sjø og vassdrag</p> <p>3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar</p> <p>3.4 Miljøvern faglege vurderingar</p> <p>3.5 Kulturlandskap og kulturminne</p> <p>3.6 Samfunnsikkerhet og beredskap (ROS)</p> <p>3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser</p> <p>3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafiksikkerheit, støy</p> <p>3.9 Kommunaltekniske anlegg</p> <p>3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen</p> <p>3.11 Enkel trafikkanalyse (køyrevegar og sykkelvegar), dagens situasjon.</p> <p><input type="checkbox"/> Anna: Byggegrense mot Infrastruktur</p>	<p>Spesielle forhold – tilleggsopplysningar:</p> <p>35 % BMA inkl p. arealdel. Stigge for Melvik</p> <p>Innige relevant</p> <p>Innige relevant</p> <p>Innige relevant kan komme fram om registrering.</p> <p>Må vere med</p> <p>Ta med livbepuss i reguleringsplan</p> <p>Opprett dialog med G/206 med sikte på samarbeide.</p> <p>Årøpstandig og hovedstans for VA. Årøp nei inn på hovednett. Planerte.</p> <p>Offentleg veg. Må utføres etter reguleringsplan.</p> <p>• Belte for infrastruktur</p> <p>• Kvalitetssikring av vassleding sin lokalisering. Tilbakemelding</p>

4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:	
Forslagsstillar skal følge kommunen sine krav til utarbeiding av reguleringsplan	Merknad:

Sjå Herøy kommune sine krav til utarbeiding av privat reguleringsplan med vedlegg	
5. Kommunalteknisk anlegg	
<p>Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget</p> <p><input type="checkbox"/> Tiltaket utløyser krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale</p>	<p>Merknad:</p> <p>Brannhennar furer i planarbeid.</p> <p>Må avklarast i plan.</p>

6. Kommunen sine råd og vurderingar	
Er planforslaget i samsvar med overordna plan?	JA.
Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng?	JA. MÅ VERE TEMA I PLAN
Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan?	JA.
Skal forslaget leggjast fram for formannskapet?	JA. MÅ SENDE OSS BREV
Vidare saksgang:	FÅR BREV FRÅ KONSULENT OG LEGG FRAM SAK FOR F-SKAP
Anna:	KOMMUNEN KYEM MED SEINARE TILBAKEMELDINGAR PA LEDNINGAR
7. Stadfesting	
<p>Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.</p> <p>Endringar som må gjerast i planen etter offentlig ettersyn må gjerast av konsulent.</p>	

Stad, dato... FOSNAVÅG 17/12-14

Representantar frå kommunen:..... Alvhaugen Takt Topp 

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar..... Harald Tuleen Jan Tuleen
Heidi Støl
 4

Vedlegg: Oversikt over plandokument og plandata

Materiell	Filtype	Til fastsetting av planprogram/ varsel om oppstart	Til offentlig ettersyn	Til 2. gangs offentlig ettersyn	Kommentarer
Utfylt referat frå oppstartsmøte	pdf				Innsendast minst ei veke før oppstartsmøte
Planprogram	pdf	x	-	-	
Planprogram	word	x	-	-	
Planomtalem/vedlegg	pdf	x	x	x	
Planomtalem/vedlegg	word	-	x	x	
Planomtalem/vedlegg	papir	x	x	x	
ROS-analyse	pdf	x	x	x	
ROS-analyse	word	-	x	x	
ROS-analyse	papir	x	x	x	
Avis-annonser	pdf	x	x	x	
Avis-annonser	word	-	x	x	
Avis-annonser	papir	x	x	x	
Plankart	SOSI	-	-	x	Ei fil pr. vertikalnivå i planen, etter gjeldande SOSI-standard. Skal sendast inn etter offentlig ettersyn når planen er klar til slutthandsaming
Plankart	papir x3	-	x	x	I fargar
Plankart	pdf	-	x	x	Målestokkriktig.
Plankart	dwg	-	(x)	(x)	Dersom slike filer er tilgjengelige.
Teiknforklaring	pdf	-	x	x	Teiknforklaring til plankart
SOSI-kontroll	txt	-	x	x	Ei fil for kvar SOSI-fil.
Føresegner	pdf	-	x	x	
Føresegner	word	-	x	x	
Føresegner	papir	-	x	x	
Varslingsbrev	pdf	-	x	x	
Varslingsbrev	word	-	x	x	
Varslingsbrev	papir	-	x	x	
Innkomne merknader	pdf	-	x	x	
Innkomne merknader	papir	-	x	x	
-illustrasjonsplan	pdf	-	x	x	Målestokkriktig.
- 3-D modell	vrml	-	x	x	Alt. kml/kmz/x3d/3ds
Gebyrgrunnlag	pdf	-	x		

••• = Forslag til planområde

Makebyte: Vegareal med lekeplass
→ Tilleggsreal til bustad


Leikeplass
offentleg


Offentleg undergrunns

Offentleg undergrunns

Trase kan nykkest til leikfakelukka

Grænse mot reguler Fylkesveg (Skal ikkje redast)





- Dokumentasjon
- Arbeidsteikning
- Anbudsteikning
- Søknadsteikning
- Planframlegg
- Skisse

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Prosjektnavn:
**Detaljregulering for
 Bustadområde på Moltu**

Oppdragsgivar:
Jan og Kristin Hide Truelsen



Per Mulvik AS
 Holmen 7
 6100 Volda

Heimeside: www.mulvik.no
 Org.nr: 941 987 516
 Sentral: 70 07 49 90

Direkte: 70 07 49 99
 Mob: 48 95 67 84
 E-post: firmapost@mulvik.no

Tittel:
**Forslag plangrense
 Søknad om oppstart av
 planarbeid**

Ansv: RIB
 Teikna av: HI
 Dato: 22.12.2014
 Kontr.av:
 Dato:


Prosjektnr.: 2178	Teikn.nr.: 101	Målestokk: 1:1000	Rev:
-----------------------------	--------------------------	-----------------------------	------



Planstatus kommuneplan

1:5000

22.12.2014



© Kartverket






Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonkart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

kommuneflate

Kommuneplan/Kommunedelplan PBL 2008

-  Faresone grense
-  Faresone - Ras- og skredfare
-  Angitthensynsone - Hensyn landskap
-  Båndlegging etter lov om kulturminner - nåværende
-  Videreføring av reguleringsplan
-  Bestemmelsegrense
-  Boligbebyggelse - nåværende
-  Boligbebyggelse - fremtidig
-  Fritidsbebyggelse - fremtidig
-  Forretning - nåværende
-  Forretninger- fremtidig
-  Tjenesteyting - nåværende
-  Fritids- og turistformål - fremtidig
-  Andre typer bebyggelse - nåværende
-  Andre typer bebyggelse - fremtidig
-  Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift - nåværende
-  LNFR-areal, Spredt bolig-, fritids- og næringsbebyggelse - nåværende
-  Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strømlinjer
-  Småbåthavn - nåværende
-  Småbåthavn - fremtidig
-  Akvakultur - nåværende
-  Akvakultur - fremtidig
-  Friluftsområde - nåværende
-  Kombinerte formål sjø og vassdrag - nåværende

Felles for kommuneplan PBL 1985 og 2008



-  Planens begrensning
-  Grense for arealformål
-  Hovedveg - nåværende
-  Hovedveg - fremtidig
-  Samleveg - fremtidig
-  Samleveg - nåværende
-  Adkomstveg - nåværende
-  Gang-/sykkelveg - nåværende
-  Gang-/sykkelveg - fremtidig
- Abc** Kommune(del)plan - påskrift



Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma		Firma: Per Mulvik AS Postadresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 516	Sentrål: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 Mob: 95 18 48 75 E-post: jan@mulvik.no
Prosjektnavn: Detaljregulering bustadområde Moltu			
Oppdragsgivar: Jan og Kristin Hide Truelsen Myklebustvegen 39 6092 Fosnavåg			
Prosjekterande:  www.mulvik.no			
Tittel: Vegplan Alternativ A		Teikna av: JMO Dato: 13.01.15 Kontr.av: Dato: Erstatter teikn.:	
Teikningstype: SKISSE			
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2178	923	1:500	

Valgt standardklasse: A1.
 Avvik i høve dim.grunnlag (krav):
 - Lengde til snuplass (50m)
 - Stigning snuplass (5%)
 - Minste horisontalradius (20m)
 - Minste vertikalradius høgbrekk (350m)
 - Maksimal stigning (10%)
 - Maks stigning i kryss (7%)

Teiknforklaring II

	Kørebane
	Vegskulder
	Grøft/snøopplag
	Teiggrense
	Regulert senterlinje
	Måle-/avstandslinje

HOH.

80

70

60

50

40


30

20

10


0

0 10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 110 120 130 140 150 160 170 180 190



PROFIL NR.	0.00				37.34	53.58																																							
HOR. KURV.					R=10.00																																								
BREDDEUTV.																																													
TVERRFALL (1%=2mm) — H.kj.b.k. --- V.kj.b.k					3.0%				1.3%	3.0%	1.3%										3.0%																								
PROFIL H.	31.41	31.42	30.42	30.46	29.14	29.06	27.70	27.66	26.31	26.38	26.21	25.74	26.03	25.71	25.96	25.82	26.16	25.93	26.20	26.04	26.23	26.15	26.37	26.26	26.95	26.37	26.82	26.51	26.84	26.66	27.18	26.81	27.60	26.96	28.36	27.11	28.58	27.26	28.64	27.42	28.66	27.50			
TERRENG H.	31.41	31.42	30.42	30.46	29.14	29.06	27.70	27.66	26.31	26.38	26.21	25.74	26.03	25.71	25.96	25.82	26.16	25.93	26.20	26.04	26.23	26.15	26.37	26.26	26.95	26.37	26.82	26.51	26.84	26.66	27.18	26.81	27.60	26.96	28.36	27.11	28.58	27.26	28.64	27.42	28.66	27.50			
OVERBYGN.T																																													

Revisjon		Revisjonstekst		Sign.	Rev.dat
Firma		Per Mulvik AS		Sentral: 70 07 49 90	
		Postadresse: Holmen 7		Direkte: 70 07 49 94	
		Besøksadresse: Holmen 7		Mob: 95 18 48 75	
		Postnr./stad: 6100 Volda		E-post: jan@mulvik.no	
		Org.nr.: 941 987 516			
Prosjektnavn: Detaljregulering bustadområde Moltu					
Oppdragsgivar: Jan og Kristin Hide Truelsen Myklebustvegen 39 6092 Fosnavåg					
Prosjekterande:  www.mulvik.no					
Tittel: Lengdeprofil veg1		Teikna av: JMO			
		Dato: 12.01.15			
		Kontr.av:			
		Dato:			
		Erstatter teikn.:			
Teikningstype: SKISSE					
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.		
2178	201	1:1000, 1:500			




Teiknforklaring II

- Køyrebane
- Vegskulder
- Grøft/snøopplag
- Teiggrensse
- Regulert senterlinje
- Måle-/avstandslinje

A	Stigning + utflating	JMO	09.02.15	
Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato	
Firma		Firma: Per Mulvik AS	Sentral: 70 07 49 90	
		Postadresse: Holmen 7	Direkte: 70 07 49 94	
		Besøksadresse: Holmen 7	Mob: jan@mulvik.no	
		Postnr./stad: 6100 Volda	E-post: jan@mulvik.no	
		Org.nr.: 941 987 516		
Prosjektnavn: Detaljregulering bustadområde Moltu				
Oppdragsgivar: Jan og Kristin Hide Truelsen				
Myklebustvegen 39				
6092 Fosnavåg				
Prosjekterande: www.mulvik.no				
Tittel: Grunnavstanging gbr.60/276		Teikna av: JMO		
		Dato: 03.02.15		
		Kontr.av: Dato: Erstattar teikn.:		
Alternativ B				
Teikningstype: SKISSE				
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.	
2178	922	1:500	A	

HOH.

80
70
60
50
40
30
20
10
0



0 10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 110 120 130 140 150 160 170 180 190


PROFIL NR.	0.00	34.70	55.00	74.26	194.45																																								
HOR. KURV.		R=12.50																																											
BREDDEUTV.																																													
TVERRFALL (1%=2mm)	3.0%																																												
H.kj.b.k																																													
V.kj.b.k																																													
PROFIL H.	31.41	31.42	30.98	29.92	27.70	28.67	26.35	27.48	26.18	26.83	26.03	26.72	26.02	26.67	26.17	26.62	26.21	26.57	26.23	26.52	26.40	26.47	27.07	26.42	26.74	26.51	26.85	26.66	27.20	26.81	27.66	26.96	28.47	27.11	28.59	27.26	28.64	27.41	28.66	27.48					
TERRENG H.																																													
OVERBYGN.T																																													

A		Stigning + utføring		JMO	09.02.15
Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato		
Firma	Firma: Per Mulvik AS Postadresse: Holmen 7 Besøksadresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 516	Sentralt: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 Mob: E-post: jan@mulvik.no			
Prosjektnavn:	Detaljregulering bustadområde Moltu				
Oppdragsgivar:	Jan og Kristin Hide Truelsen Myklebustvegen 39 6092 Fosnavåg				
Prosjekterande:	 www.mulvik.no				
Tittel:	Lengdeprofil veg1				Teikna av: JMO
					Dato: 03.02.15
					Kontr.av:
					Dato:
					Erstatter teikn.:
Alternativ B					
Teikningstype: SKISSE					
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:			Rev.
2178	201	1:1000, 1:500			A

VEIPROFIL

P 55.000


25.0



VEIPROFIL

P 50.000


25.0



VEIPROFIL

P 45.000


25.0




VEIPROFIL

P 40.000

25.0






Revisjon	Signering + utføring	JMO	09.02.15	Rev. dato
A				
Firma				
Firma: Per Mulyik AS		Sentral: 70 07 49 90		
Postadresse: Holmen 7		Direkte: 70 07 49 94		
Postboksadresse: Holmen 7		Mob: 941 887 516		
Postnummer: 6092 Fosnavåg		E-post: jan@mulyik.no		
Org.nr.: 941 887 516				
Prosjektnavn: Detaljregulering bustadområde Moltu				
Oppdragsnavn: Jan og Kristin Hide Truelsen				
Myklebustvegen 39				
6092 Fosnavåg				
Prosjektleder:  mulyik				
www.mulyik.no				
Titel: Tverrprofilar veg1				
Telkn. av: JMO				
Dato: 03.02.15				
Kont. av:				
Dato:				
Erstat. tekn.:				
Tilkningsnr.:				
Prosjektnr.:	Telkn.nr.:	Målestokk:	Rev.:	
2178	301	1:100	A	




Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma	Firma: Per Mulvik AS Postadresse: Holmen 7 Besøksadresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 516	Sentral: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 Mob: 95 18 48 75 E-post: jan@mulvik.no	
Prosjektnavn: Detaljregulering bustadområde Moltu			
Oppdragsgivar: Jan og Kristin Hide Truelsen Myklebustvegen 39 6092 Fosnavåg			
Prosjekterande:  www.mulvik.no			
Tittel: Vegplan		Teikna av: JMO Dato: 15.01.15	
Alternativ C		Konr.av: Dato: Erstatter teikn.:	
Teikningstype: SKISSE			
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2178	923	1:500	

Valgt standardklasse: A1.
Avvik i høve dim.grunnlag (krav):
- Lengde til snuplass (50m)
- Stigning snuplass (5%)
- Minste horisontalradius (20m)
- Minste vertikalradius høgbrekk (350m)
- Maksimal stigning (10%)
- Maks stigning i kryss (7%)

Teiknforklaring II

	Køyrebane
	Vegskulder
	Grøft/snøopplag
	Teiggrense
	Regulert senterlinje
	Måle-/avstandslinje

HOH.



PROFIL NR.	0.00	40.11	63.64	74.81	88.52																																																	
HOR. KURV.		R=12.25																																																				
BREDDEUTV.																																																						
TVERRFALL (1%=2mm)																																																						
PROFIL H.	31.42	31.42	30.46	29.06	27.66	26.28	25.63	25.70	25.80	25.90	26.00	26.10	26.21	26.31	26.41	26.56	26.71	26.87	27.02	27.17	27.32	27.47	27.50																															
TERRENG H.	31.41	30.43	29.16	27.72	26.26	25.91	25.19	25.42	26.09	26.19	26.22	26.26	26.26	26.31	27.12	26.75	26.90	27.03	27.73	28.57	28.62	28.65	28.66																															
OVERBYGN.T																																																						

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma	Firma: Per Mulvik AS Postadresse: Holmen 7 Besøksadresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 516	Sentral: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 Mob: 95 18 48 75 E-post: jan@mulvik.no	
Prosjektnavn:	Detaljregulering bustadområde Moltu		
Oppdragsgivar:	Jan og Kristin Hide Truelsen Myklebustvegen 39 6092 Fosnavåg		
Prosjekterande:	 www.mulvik.no		
Tittel:	Lengdeprofil veg1		Teikna av: JMO
	Alternativ C		Dato: 15.01.15
			Kontr.av:
			Dato:
			Erstatta teikn.:
Teikningstype:	SKISSE		
Prosjektnr.:	2178	Teikn.nr.:	201
Målestokk:	1:1000, 1:500		Rev.:



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2015/151
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
96/15	Formannskapet	19.05.2015
	Kommunestyret	28.05.2015

INDRE MOLTUMYR BUSTADFELT - AVTALE OM MAKEBYTE FOR OFFENTLEG TILKOMSTVEG

Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret godkjenner avtalar med eigarane av gnr 60, bnr 143, 206 og 276 om makebyte av areal for offentleg tilkomstveg til bustadområde indre Moltumyr, slik desse ligg føre og vist på vedlagt kartutsnitt.
2. Ordførar får fullmakt til å signere avtalane på vegne av kommunen og til å rekvirere oppmåling og gjennomføre eigedomsoverdraging.

Særutskrift:

Peter Frøystad
Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

[Avtale med gnr 60 bnr 206 og 143 m/kartvedlegg](#)
[Førebels planskisse for utvikling av området](#)

Saksopplysningar:

Saka gjeld makebyte av areal mellom Herøy kommune og grunneigar Peter Frøystad, gnr 60 bnr 206 og 143.

Bakgrunn for saka er at det er under planlegging (privat reguleringsplan) for eit avgrensa område med hovudtyngde på at gnr 60 bnr 32 skal utviklast til bustadområde med konsentrerte bustadtomter, jfr vedlagt planskisse.

Grunneigarane av gnr 60 bnr 143 og 206 eig noko av det som er tenkt skal vere areal/korridor for tilkomstveg for det nye bustadfeltet. Arealet grip inn i det som i dag vert nytta til veg eigd av Herøy kommune og som i framtidig reguleringsplan vil vere ein del av regulert vegformål. Arealet som kommunen får er tenkt tillagt eksisterande parsell der vegen ligg i dag.

Som alternativ til innløysing av areal er det forhandla fram ei løysing med grunneigarane der desse får lagt til meir tomteareal til sine bustadtomter, mot at kommunen får overta areal til vegformål. Avtalane er basert på eit prinsipp om at det ikkje skal ytast vederlag, men byte av areal.

Sidan intensjonen med avtalen er å sikre det offentlege areal for framtidige tilkomstmoglegheiter for eit framtidig bustadområde, er det i forslag til avtal lagt til grunn at kommunen dekkjer alle kostnadane med oppmåling, tinglysing og eigedomsoverdraging.

Vurdering og konklusjon

Det er viktig for utviklinga i området «indre Moltumyr bustadfelt» og framtidige tomter der, at desse er sikra areal som gjer det mogleg å føre fram ein tilkomstveg. Grunneigarane har gjennom forhandlingane akseptert tilbodet frå kommunen om makebyte som ei aktuell løysing.

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner avtalen slik den ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen


Fosnavåg, 16.04.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

AVTALE
om
makebyte
mellom
Herøy kommune
og Peter Frøystad

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2015/151	Saksbeh. ART
28 JAN. 2015	
Ark. kode P 611	
Ark. kode S	
J.nr.	Dok.nr. 1
Kassasjon	

1. Herøy kommune avstår følgjande areal til Peter Frøystad:
Eit areal på omlag **84 m²** frå del av gnr 60 bnr 220. Arealet er vist med avgrensing på vedlagt kartutsnitt. Arealet skal innlemmast med del av gnr 60 bnr 143, som tilleggsareal til bustad, til eit nytt bruksnummer. Endeleg storleik vert fastsatt ved oppmålingsforretning.
2. Peter Frøystad avstår følgjande areal til Herøy kommune:
Eit areal på omlag **84 m²** frå del av gnr 60 bnr 206. Arealet er vist med avgrensing på vedlagt kartutsnitt. Arealet skal innlemmast med del av gnr 60 bnr 220, som tilleggsareal til vegformål, til eit nytt bruksnummer. Endeleg storleik vert fastsatt ved oppmålingsforretning.
3. Det skal ikkje ytast noko vederlag for byte av areal som vist i punkt 1 og 2 ovanfor.
4. Herøy kommune skal dekkje alle utlegg til det offentlege knytt til frådelling, oppmåling og overskøyting av dei respektive areala.
5. Partane signerer avtalen, men avtalen er ikkje gyldig før den er politisk handsama og godkjent av Herøy kommunestyre.
6. Så snart avtalen er godkjent av Herøy kommunestyre og lovleg stadfesta, skal partane søkje om frådelling for sine respektive areal og rekvirere oppmålingsforretning etter plan- og bygningslova.

Så snart oppmålingsforretning er gjennomført skal partane overskøyte dei respektive areal til kvarandre, fri for pengehefte og eventuelle andre hefter, som hindrar utnytting av eigedomane. Det skal etablerast nye bruksnummer i høve avtalen. Skøyter skal sendast til tinglysing.
7. Avtalen fell bort dersom ikkje søknad om frådelling vert godkjent
8. Avtalen er utferdiga og signert i to eksemplar med eitt eksemplar til kvar av partane.

Stad/dato

Fosnaving 28/1-15
Peter Frøystad



Peter Frøystad
Pers.nr: 01066845539

Stad/dato

Herøy kommune
Org.nr: 964978840

Vedlegg:


1- Kartutsnitt med areal som avtalen omfattar, datert **28.01.2015**

 = Areal frå Frøystad til Herøy kommune
 = Areal frå Herøy kommune til Frøystad.



1:500

28.01.2015



© Kartverket

Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

Vegsituasjon

-  Veg
-  Annet vegareal
-  Avgrensning mot annet vegareal
-  Avgrensning mot avkjørsel
-  Vegdekkekant

Annen samferdsel

-  Sti





Bygninger

-  Bygningsdelelinje
-  Grunnmur
-  Taksprang Bunn
-  Bygning - Boligbygg
-  Bygning - Andre bygg
-  Annen bygning
-  Takoverbygg
-  Takoverbygg kant
-  Trapp inntil bygg, kant
-  Veranda
-  Bygningslinje
-  Taksprang
-  Mønelinje

Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkelt saker)

-  Godkj. Nybygg
-  Godkj. Tilbygg
-  Omriss Tiltak

DEK Kvalitet

-  Gårds- og bruksnummer
-  Sikker grense - koordinatfesta
-  Usikker grense - ikke koordinatfesta
-  Fiktiv grense - ikke koordinatfesta



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2014/1389
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
97/15	Formannskapet	19.05.2015
	Kommunestyret	28.05.2015

DETALJREGULERINGSPLAN FOR MYKLEBUSTVATNET VEST II - SLUTTHANDSAMING

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsendring for Myklebustvatnet Vest II, med planomtale inkludert vedlegg av 22.01.2015 og tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 24.04.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

Utviklingsavdelinga, her

Vedlegg:

1. Plankart 22.01.2015
2. Føresegner 24.04.2015
3. Planomtale 22.01.2015
4. Innspel til planomtalen

Uprenta vedlegg:

- Vedlegg til planomtalen
- F-sak 44/15 vedtak om offentlig ettersyn

Saksopplysningar:

På vegne av tiltakshavar Herøy eigedom AS, har konsulentfirma AG Plan & Arkitektur AS utarbeidd planforslag med detaljregulering for eigedom gnr 37 bnr 380 mfl. i Herøy kommune. Planforslaget medfører ei reguleringsendring av deler av godkjent plan Reguleringsplan Myklebustvatnet vest PlanID: 200701» OG «Reguleringsendring Myklebustvatnet vest PlanID: 201209». Rådmannen viser til at kommunen sitt vedtak om reguleringsendring frå 2012 blei påklaga, handsama og avgjort av Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 05.09.2013. Kommunestyret sitt vedtak blei opprettheldt, for bygning med totalt 2 etasjer på gnr 37 bnr 381, der 2.etg skal romme leilegheiter.

Herøy kommune har i DS-sak 394/14 gitt løyve til oppføring av 1 etasje (med 7 nye leilegheiter) over eksisterande kontor på gnr. 37 bnr. 381. Det er gitt løyve til tiltaket i samsvar med gjeldande reguleringsplan og med føresetnad om at også rekkjefølgjekrava som ligg i den godkjente reguleringsplanen blir oppfylt. Det er registrert at byggjearbeidet med nye leilegheiter er starta og ein føreset desse vert ferdigstilt parallelt med dette planarbeidet.

Føremålet med denne reguleringsendringa er å flytte leikeplassen i gjeldande reguleringsplan til gnr. 37 bnr. 78 og endre den regulerte leikeplassen til parkering/garasjeanlegg for bustader/leilegheiter innan området. Tiltakshavar finn at leikeplassen er ugunstig plassert i gjeldande plan og har kjøpt eigedomen gnr. 37 bnr. 78 med sikte på å flytte leikeplassen til denne tomte. Ei flytting av leikeplass til bnr 78 vil medføre at huset på eigedomen må rivast.

Samla areal for planframlegget er på 3.1 daa. Tiltaket er av ein slik karakter at det ikkje er naudsynt med planprogram eller konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova §§ 4-1 og 4-2. Rådmannen viser til F-sak 44/15 for ei nærare skildring av innhaldet i planforslaget.

Planforslaget har vore ute til offentlig ettersyn i seks veker og det har kome 5 innspel til planarbeidet.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon og vurdering av dei innspela som har kome til offentlig ettersyn og avgrensa høyring. For meir detaljert informasjon og presentasjon av dei mest sentrale elementa i planforslaget, blir det vist til skildringar i planomtalen.

Innspel til offentlig ettersyn

Statens Vegvesen Region Midt har i brev av 07.04.2015 sagt at dei ikkje har merknader til planforslaget.

1. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 15.04.2015:

Viser til interessene til barn- og unge og er nøgd med at leikeplassen er flytta bort frå støysona frå hovudvegen med den nye plasseringa.

Fylkesmannen viser til deira konkrete krav i høve leikeplassar i reguleringsplanar og har set nokre minimumskrav som skal gjelde for nærleikeplassar. Det eine kravet er at det skal settast rekkefølgekrav i føresegnene slik at leikeplassane er ferdig opparbeidd før bustadane/leilegheitene kan takast i bruk. Dette er gjort i § 12 a og b. Vidare skal ein slik nærleikeplass opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.

Dersom ein tek ei ekstra formulering i §12 i føresegnene med funksjonskrav som vist over, kan reguleringsplanen eigengodkjennast.

Vurdering av innspel:

Innspelet frå Fylkesmannen er tatt til følgje og formulering om opparbeiding med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat er teke inn i føresegna § 12.

2. Møre og Romsdal fylkeskommune,

Viser til at det tidlegare har vore fremma forslag om dispensasjon for å bygge på leikeplass i gjeldande regulering. For å sikre nytt leikeareal i planrettsleg forstand rådde vi sterkt til reguleringsendring. Dette er no etterkomme med løysingar som vi finn forsvarlege. Planen kan for vår del eigengodkjennast.

Vurdering av innspel:

Innspelet vert teke til vitande.

3. Bebruarane i Svingen v/Ole J. Hugnes, 20.04.2015:

Det blir hevda frå naboane at dei opplevere ny plagsom støy frå teknisk rom etter påbygg 2 etasje, frå eit modifisert ventilasjonsanlegg med vesentlig viftestøy midt på bygget mot veg 5. Naboane hevdar at dette er så støyande at det er plagsomt å nytte uteareala, og at dette vil også gjelde for gnr. 37 bnr. 78. Naboane vonar vifte er ei mellombels løysing i byggeperioden og at utbyggjar vert pålagt eit ansvar for støydempende tiltak, jfr. støy ute 50-54 dB på stille side.

Det blir vist til at bnr. 92 har vore utleigd til kontorverksemd og seinare bustad/leigetakar. Vidare viser naboane til at dei har fått inntrykk av at huset skal rivast. Naboane spør om det er søkt om at huset på bnr. 92 skal rivast eller om dette berre er lause rykter? Bebruarane i Svingen har ikkje fått med seg at huset skal rivast. Dei ber om at kommunen opplyser dei om dette.

Naboane i Svingen viser til veg 5 og at det i byggeperioden har vore avstengt mellom 37/381 og 37/92 og at det meste av trafikken har vore direkte frå FV654 via ny foreslått parkeringsplass utan omvegen via veg 5. Naboane ber om at denne avkøyrsløysinga vert regulert inn i den nye planen.

Vurdering av innspel:

Ein er ikkje kjend med at det er etablert særskilt støyande verksemd i området som krev særskilte støytiltak.

Herøy kommune har bede utbyggjar av leilegheit over lensmannskontoret om ein kommentar i høve påstått støy frå vifteanlegg. Utbyggjar opplyser om at det ikkje er gjort eindringar eller installert meir ventilasjon enn det som var opphavleg i bygget. Den einaste endringa er at utkast som gjekk overt taket til 1. etg (no gulv for leilegheitene) er flytta til vegg mot veg 5. Flytting av utkast er ca 2 meter og utført av fagfolk. Utbyggjar viser til at dei har konstatert at det er luftlyd frå utkastet, noko som det heilt klart har vore tidlegare. Det blir opplyst at bygget og ventilasjonsanlegget er vel ca 15 år gammalt.

Det følgjer av planforslaget ei støyfagleg utgreiing som skal leggjast til grunn for utbygging i området. Evt støy frå byggjearbeid må påreknast ved etablering av nye leilegheiter på gnr. 37 bnr 381. Dette er likevel ikkje noko som vedkjem denne reguleringsendringa, då ein i denne saka skal ta stilling til bruken av areala. Dersom naboane i svingen opplever særskilte støyplager som følgje av sine omgjevnader, ber ein om at det blir teke kontakt med kommuneoverlegen for evt vidare sakshandsaming.

Det ligg ikkje føre moment i dette planforslaget som seier at bustadhuset på bnr. 92 skal rivast. Vidare spørsmål om framtidige planar for denne eigedomen, utover reguleringsplan, må takast opp med grunneigar. For eigedom gnr. 37 bnr. 78 seier reguleringsplanen at bustadhuset på den eigedomen skal rivast til fordel for etablering av leikeplass. Det er ikkje lagt opp til noko endring av køyremønsteret i dette planforslaget, noko som mellom anna betyr at o_V5 skal vere tilkomstveg for eigedomane.

4. Elizabeth Larsen, 26.04.2015:

Viser til at det er betryggande at Fylkeskommunen, sitat fra Vestlandsnytt 21/4-15 ; - «Føreset at leikeplassen blir opparbeidd før leilighetene blir tekne i bruk og at den blir innreidd etter minimumskrava». Larsen har ikkje noko i mot endring av område for leikeplassen. Ettersom bnr. 78 er noko mindre enn det opphavleg planlagde leikeområdet, meiner ho dette kan løysast ved at utbyggjar Ingolf Fylling erstattar dette med å skilje ut nokre m2 frå sin nykjøpte eigedom gnr. 37 bnr. 238 som grensar inn til leikeplassen på bnr. 78 i nord.

Vedkomande trafikk: Larsen viser til at det i den siste tida er det registrert mindre trafikk i gata både av store og små bilar - noko som opplevast som sær positivt. Ein vesentleg del av innkøyring og parkering til forretningsbygget foregår nå over eigedomane til Ingolf Fylling - sør og øst for bnr. 92. Ingolf Fylling ønskes velkomen som nabo på eigedom bnr 238.

Vurdering av innspel:

Det reelle arealet avsett til leik blir det same på bnr. 78 som i opphavleg reguleringsplan – 0.4 daa. Rådmannen viser til vurderingane som her er gjort i planomtalen.

Det er ikkje lagt opp til noko endring av køyremønsteret i dette planforslaget, noko som mellom anna betyr at o_V5 skal vere tilkomstveg for eigedomane.

Endring i planforslaget etter offentleg ettersyn

Rådmannen viser til at den einaste endringa som er gjort i planforslaget etter offentleg ettersyn er knytt til innspelet frå Fylkesmannen. Det er tatt inn formulering om opparbeiding med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat i føresegna § 12 (ny tekst markert med raud farge)

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen viser til at ein allereie ved oppstart av planarbeid var positive til intensjonen med reguleringsendringa, som inneberer at det nye leikeområdet vert flytta lenger vekk frå støysona til den trafikkbelasta fylkesveg 654 på Myklebust. Ny plassering av leikeplassen vil gi eit areal for barn- og unge som ligg meir skjerma og mindre utsett for støy og trafikk.

Det er i reguleringsendringa gjort ei fagleg god vurdering av flytting av leikeplassen i høve rikspolitiske retningslinje (RPR) for barn- og unge som er nedfelt i temarundskriv T-2-08. Det er sett av eitt areal til leikeplass/opphaldsareal innanfor planområdet som har like stort bruksareal som for arealet som ligg inne i gjeldande plan. Brukskvaliteten er også tilsvarende eller betre. Nye berekningar viser at den nye leikeplassen ikkje er utsett for støy over grenseverdiane i T-1442. Det er også gjennomført ei revidert sol/skugge-analyse som viser at soltilhøva vil vere tilfredstillande, då leikeplassen har minst 50 % solareal i utvalte dagar i mars, juni og september. Den nye leikeplassen vert ikkje utsett for forureining, støy, trafikkfare eller anna helsefare. Leikeplassen skal sikrast med gjerde og grind mot bilvegen.

Arealet som leikeplassen skal plasserast på er flatt og vil kunne nyttast til ulike typar aktivitetar og for ulike aldersgrupper gjennom året.

Rådmannen er samd i innspelet frå fylkesmannen. Det bør vere krav til at leikeplassen er opparbeidd i ein slik stand at det er mogleg for barn- og unge å utøve fysisk leik. Utstyr som sandkasse, benk og leikeapparat gir moglegheiter for variert leik for barn i fleire aldersgrupper, og er med på å auke kvaliteten på dette arealet.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Rådmannen viser til planomtale og tilhøyrande ROS-analyse. Ein kan ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. Direktoratet for naturforvaltning sine databaser. Planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Rådmannen rår til at planforslaget vert godkjent slik det no ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Nei

Konsekvensar for beredskap:

Nei

Konsekvensar for drift:

Nei

Konsekvensar for økonomi:

Nei

Fosnavåg, 28.04.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



TEIKNFORKLARING

PBL § 12-5 REGULERINGSFØREMÅL OG 11-8 OMSYNSSONER

1 BYGNINGAR OG ANLEGG

(PBL § 12-5 nr. 1)

E ENERGIANLEGG

LP LEIKEPlass

B/K BUSTAD/KONTOR

2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(PBL § 12-5 nr. 2)

SKV KØYREVEG

SPH PARKERINGSANLEGG

3 SIKRINGSSONE

(PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

FRISIKT (H140)

4 FARESONE

(PBL § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

HØGSPENNINGSANLEGG (H370)


5 INFRASTRUKTURSONE

(PBL § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

REKKJEFØLGJEKRAV GRØNTSTRUKTUR (H450)

LINJESYMBOL

- Plangrense
- Føremålsgrense
- Grense for sikringssone
- Grense for fareområde
- Grense for infrastruktursone
- Eidomsgrænse som opphevast
- Byggjegrænse
- Bygg som inngår i planen
- Bygg som utgår av planen
- Regulert senterlinje
- Regulert køyrebane kant
- Frisikttlinje
- Måle- og avstandslinje



EIGARFORM:

- o_V5 = Offentleg føremål
- f_V5 = Felles føremål
- V5 = Privat føremål

GEODETISK DATUM EUREF89 UTM-sone 32	HØGDEREFERANSE NN1954	EKVIDISTANSE 1 m	KARTGRUNNLAG Grunnkart Herøy kommune	
REVISJONAR:			DATO	SIGN
SAKSHANDSAMING:			DATO	SIGN
Planutval				
Offentleg ettersyn				
Kommunestyref, eigen godkjenning				
 HERØY kommune				
REGULERINGSENDRING (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR "MYKLEBUST VEST II" I HERØY KOMMUNE				
Forlagstillar: Herøy Eigeendom AS			Tegn: EAH Ktr.: KG	Dato: 22.1.2015 Målestokk: 1:1000 (A3)
Utarbeidd av: AG Plan og Arkitektur AS Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no			Nasjonal arealplan-ID: 1515201409 Teikningsnummer: 2213-100	Revisjon:

"REGULERINGSENDRING (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR MYKLEBUSTVATNET VEST II"

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
1515201409	XXX	xx.xx.2015	Herøy kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

I nord: Grensar til gnr. 37 bnr. 48 og 238

I aust: Grensar til gnr. 37 bnr. 24, 67, 92, 159, 180, 309 og 347

I sør: Grensar til fylkesveg 654

I vest: Grensar til gnr. 37 bnr. 24, 79, 346 og 380

§§ 1-3 GENERELT

§ 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale lover og kommunale vedtekter og føresegner. Kommunen kan vedta mindre endringar / justeringar i plan innanfor rammene av plan- og bygningslova (PBL).

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12-5, nr. 1)

- Energianlegg, E
- Leikeplass, LP
- Bustad/Kontor, B/K

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg, V
- Parkeringsanlegg, SPH (her i også parkeringsplass på grunnen)

Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

Faresone (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

- Høgspenningsanlegg (H370)

Infrastruktursone (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)

- Rekkjefølgjekrav grøntstruktur (H450)

§ 5 - FELLESFØRESEGNER

- a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei regulert byggegrensene. Tillate bebygd areal (BYA) vert definert i samsvar med NS 3940: 2007. BYA gjev tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Gesims- og mønehøgde vert målt ut frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget, jf. rettleiar "T-1459 Grad av utnytting"

- b. Innanfor byggeområde kan det oppførast andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.
- c. Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn for utforming av bygningar og anlegg innanfor planområdet.

§ 6 – AREALBRUK

Dersom garasje eller innvendig parkeringsplass ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m² pr. bilplass (gjeld også parkeringsplass på grunnen i området SPH).

Eksisterande transformatoriosk inngår i reguleringsplanen (merka E).

I område merka LP skal det leggjast til rette for leikeplass/felles opphaldsareal.

I område B/K skal det byggjast bustad og kontor.

- b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks BYA for B/K området er 40 %.
Maks BYA for SPH området er 90 %.
- c. Leikeplassarealet LP skal sikrast mot køyreveg med gjerde i høgd 1 meter. Som inngang til leikeplassen skal nyttast grind eller sluse. Frå veg skal gjerde førast opp minst 5 m inn på leikeplass. Gjerde kan setjast i føremålsgrense.

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god estetisk utforming, som er tilpassa bygget sin funksjon og omgjevnadene. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i pbl. eller på tilgrensande areal som utbyggar disponerer – her SPH området.

2. Bygningar:

- a. Del av eksisterande transformatorstasjon inngår i reguleringsplanen, merka E. Det er vist omsynssone i breidd 5,0 m frå bygning. Parkeringsplass kan etablerast inntil 1 meter frå denne bygning. Dette etter nærare avklaring med netteigar. Garasje/carport kan etablerast innan vist byggjegrænse.
- b. B/K er kombinert bebyggelse og anleggsformål for bustad og kontor. I område merka B/K skal bygningar ikkje ha større gesims- og mønehøgde enn 11 meter. Delar av 1. etasje skal nyttast til parkering.
Ved handsaming av byggjemelding skal kommunen sjå til at bygget får ei god estetisk utforming som er tilpassa bygget sin funksjon og omgjevnadene.
For å oppnå tilfredsstillande støynivå innomhus er det krav om at stovene (opphaldsromma mot fylkesveg 654) har vindu og balkongdører $R_w + C_{tr} = 31$ dB. Det er forutsett nytta balansert ventilasjon. For øvrige rom er det tilstrekkeleg med standard vindu.
For å oppnå tilfredsstillande støynivå på balkong (privat uteplass) er det krav om 1,9 m høg skjerm for å oppnå $L_{den} = 55$ dB på balkongane. Skjermen kan vere i glas 0,8 m frå vanleg brystning. Det må ordnast med avrenning av vatn. Skjermen må vere tett.

- c. Innan område SPH kan førast opp garasje-/carportanlegg. Tilkomst skal vere over området B/K. Bygningar skal ikkje ha gesimshøgde større enn 3,0 m og mønehøgde ikkje over 4,0 m. Mot nord kan bygning med større grunnflate enn 50 m² førast opp i føremålsgrrensa der byggegrense ikkje er vist.

§ 8 – SAMFERDSELSANLEGG/TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)

Køyreveg (V):

Køyrevegen merka V5 gjeld del av offentleg (kommunal) veg Svingen. Innanfor dette arealet skal det leggjast til rette for køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar). I vegareal kan det også leggjast VA-leidningar, el-, fiber- og telekablur. I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

Parkeringsanlegg (SPH, her i også parkeringsplass på grunnen):

Området merka SPH skal brukast til parkeringsanlegg (her garasje-/carportanlegg) og parkeringsplassar på grunnen. Område SPH gjeld areal for området B/K og tilgrensande bustad.

§ 9 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

- a. Leikeplassen merka “LP” er felles for område B/K planen. Leikeplassen skal ved utbygging setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald, jf. TEK10 kap. 8 og tilhøyrande rettleiing. Leikearealet skal utformast som rekreasjons- og leikeområde.
- b. Ikkje utbygd del av tomt skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmaende skjeringar og fyllingar.
- c. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- d. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået med unnatak av regulert støyskjerm. Ved avkøyrsløse gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.

§ 10 – SIKRINGSSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

Frisikt (H140):

Frisiktsone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. Det skal ikkje plantast vegetasjon som kan hindre sikta i desse sonene.

§ 11 – FARESONE (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

Høgspenningsanlegg (H370):

Med omsyn til ev stråling frå høgspent i trafostasjon er det i planen vist omsynssone, kode H370, med breidd 5,0 m frå føremålsgrrensa. Innanfor denne sona skal det ikkje førast opp bygningar med rom for opphald.

§ 12 – INFRASTRUKTURSONE (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)

Rekkjefølgjekrav infrastruktur (H430):

Rekkjefølgjekrav grøntstruktur (H450):

Som omsynssone, kode H450, er det vist område med krav om rekkjefølgje vedrørande leikeplass LP, jf. føresegnene § 12 b.

§ 12 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 nr. 10)

-
- a. Leikeplass/opphaldsareal skal opparbeidast og ferdigstillast før leilegheitene eller kontorlokala innanfor planområdet kan takast i bruk, jf. B/K areal. Leikeplassen skal då vere ferdig planert på ein slik måte at arealet er eigna for leik og opphald.
 - b. Leikeplass/opphaldsareal skal opparbeidast og ferdigstillast før leilegheitene innanfor planområdet kan takast i bruk, jf. B/K arealet. Leikeplassen skal då vere ferdig planert på ein slik måte at arealet er eigna for leik og opphald. Gjerde langs offentleg veg (o_V5) og tilbake i lengd 5 meter langs tomtegrense skal vere ferdigstilt samstundes, jf §6 pkt c.
 - c. **Nærleikeplass skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.**

*Føresegner revidert 24.04.2015


Herøy kommune, xx/xx/2015

ordførar

Herøy kommune
Formannskapet

Pb. 274
6099 Fosnavåg

PLANOMTALE FOR REGULERINGSENDRING MYKLEBUSTVATNET VEST II HERØY KOMMUNE



Planområde

AG Plan og Arkitektur AS

Oppdraget sitt namn: Reguleringsendring Myklebustvatnet Vest II

Dokumentet sitt namn: Planomtale

Saks nr: 2213

Oppdragsgjevar: Herøy Eigedom AS
Oppdragsgjevar sin representant: Ingolf Fylling/Sindre Thorseth

AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar: Kåre Gjengedal, siv.ing./planleggar
Medarbeidar: Eldar Hansen, GIS-ingeniør

Revidert						
	22.1.2015	16		kg	kg	
	Dato	Tal sider rapport		Utarbeida	Kontrollert	Godkjent

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

Oppdragsnr.	Dokumentnr.	Filnamn
2213	2213-02	P:\2213-Myklebust-Vest\Prosjektmappe\Plandata_tekstdokument\Planomtale\2213-Planomtal.doc

Innhold

Innhold	3
1 Samandrag	4
2. Nøkkelopplysningar.....	5
3. Bakgrunn for planarbeidet	6
3.1 Bakgrunn og saksgang	6
3.2 Føremål med planarbeidet.....	6
3.3 Forvarsling	6
3.4 Vurdering av innspel.....	6
3.5 Planstatus	8
3.6 Drøfting med særskilde grupper, jf. PBL § 5-1.....	9
4. Omtale av planområdet	10
4.1 Lokalisering	10
4.2 Avgrensing av planområdet	10
4.3 Storleik	11
4.4 Området i dag	11
5 Omtale av planframlegget.....	12
5.1 Nøkkeldata	12
5.2 Planprinsipp	12
5.3 Vurdering av risiko og sårbarheit	13
5.4 Tilkomst til overordna vegsystem	13
5.5 Naturmangfaldlova	13
5.6 Universell utforming, tilrettelegging for rørsle- og orienteringshemma	14
5.7 Born og unge	14
5.8 Krav om rekkjefølgje.....	14
5.9 Medverknad	15
5.10 Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen	15
5.11 Konsekvensutgreiing	15
5.12 Utbyggingsavtale	15
5.13 Føresegnene	15
5.14 Plankart (2213-100).....	15

Vedlegg A:

- A1: Vurdering av innspela/merknadene
- A2: Innkomne skriv

Vedlegg B:

- B1: Støyrapport (Sweco AS)
- B2: Sol-/skuggeanalyse
- B3: ROS-analyse
- B4: Vurderingar i hht Naturmangfaldslova

Vedlegg C:

- Utsendte dokument i samband med forvarsling

1 Samandrag

Planområdet ligg like ved Fylkesveg 654 på Myklebust i Herøy kommune. Gjeldande reguleringsplan (reguleringsplan for Myklebustvatnet vest, planID 200701) vart godkjent i Kommunestyret 5.9.2013.

Føremålet med reguleringsendringa er å flytte leikeplassen i gjeldande reguleringsplan til gnr. 37 bnr. 78 og endre den regulerte leikeplassen til parkering/garasjeanlegg for bustader/leilegheiter innan området.

Det vart halde oppstartsmøte med Herøy kommune 3.9.2014. Kommunen gav uttrykk for at dei er i utgangspunktet var positive til reguleringsendringa då det nye leikeområdet vart oppfatta som av like god kvalitet som det som allereie var regulert.

Tiltaket er av ein slik karakter at det ikkje er naudsynt med planprogram eller konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova §§ 4-1 og 4-2. Planarbeidet vart varsla med annonse i lokalavisa og informasjon på internett (Herøy kommune og AG Plan .. si heimeside), med frist for å kome med innspel sett til 21.10.2014. Det kom inn 7 innspel til planarbeidet.

Mange innspel tekne omsyn til, anten heilt eller delvis. Det er frå naboar/grunneigarar reist ein del spørsmål/ sett fram kritiske meininger knytt til etablering av leikeplass på eksisterande bustadtomt ved å rive huset. Det er vidare vist «mykje trafikk i området». Sweco AS har gjennomført støyvurdering i høve til planlagt leikeplass. Det er ikkje nødvendig med støytiltak, jf vedlegg B1.

Planframlegget omfattar slike areal i daa:

Område	Storleik, daa	Utnytting, BYA	Tal tomter, Ev. kommentar
Energianlegg	3 m ²		Gjeld E
Leikeplass	0,4		Gjeld f_LP
Bustad/kontor	1,9	40 %	Gjeld B/K
Køyreveg	0,3		Gjeld o_V5
Parkeringsanlegg	0,6	90 %	Gjeld SPH

Samla areal planframlegg	3,1 daa
--------------------------	---------

Tiltakshavar er Herøy Eigedom AS. Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal (KG) som fagansvarleg. Eldar Hansen (EH) har assistert KG i arbeidet. Det regulerte området er i privat eige.

2. Nøkkelopplysningar

Kommunedel:	Myklebust, delplan Bergsøy
Stad/adresse:	6092 Fosnavåg
Gnr./bnr:	37/24, 37/48, 37/67, 37/78, 37/92, 37/159, 37/160, 37/180, 37/346 og 37/381
Forslagstillar:	Herøy Eigedom AS
Eksisterande planstatus:	I gjeldande reguleringsplanar: frittliggjande småhus, bustad/kontor, leikeplass, energianlegg og køyreveg
Planområdet sitt areal i daa:	ca. 3,1 daa
Viktigaste fremma reguleringsformål:	Frittliggjande einebustad, kontor, kontor/bustad, leikeplass/opphaldsareal
Aktuelle problemstillingar:	Leikeplass, parkering, støy
Kunngjering, dato (avis):	9.9.2014 (Vestlandsnytt)
Varslingsdato berørte partar (brev):	5.9.2014
Høyringsperiode:	9.9.2014 – 21.10.2014
Medverknad utover varslings (j/n):	N
Krav om konsekvensutgreiing (j/n):	N

3. Bakgrunn for planarbeidet

3.1 Bakgrunn og saksgang

Tiltakshavar finn at leikeplassen er ugunstig plassert i gjeldande plan og har kjøpt eigedomen gnr. 37 bnr. 78 med sikte på å nytte denne til leikeplass. I drøfting med kommunen vurderer kommunen førebels at dei funksjonelle kvalitetane for ny løysing på leikeplass er likestilt med no regulert løysing sjølv om «ny leikeplass» på reguleringskartet er noko mindre i areal. Dette fordi no regulert areal inneheld trafokiosk med nødvendige avgrensingar, at arealet må bearbeidast meir grunna helling/skråning og at det trengst omfattande støytiltak for skjerming av leikearealet, jf avstanden til FV654 og tidlegare støyrapport. Etter tiltakshavar sitt syn er tomta 37/78 også ei betre løysing for leikefunksjonen i området. (Huset på eigedomen 37/78 er i heller dårleg stand og er føresett rive som del av opparbeiding av leikeplass).

Det er ei målsetting å få til betre parkerings- og garasjeanlegg for bygningsmassa som Herøy Eigedom AS eig i området. Med flytting av leikeplassen vil parkering og garasjeanlegg på noverande f_LP - område kunne gje ei god løysing for arealbruken i B/K-området og tilgrensande bustadtomt (37/92).

Saksgang:

Det vart halde oppstartsmøte med Herøy kommune 3.9.2014. Kommunen gav uttrykk for at dei i utgangspunktet var positive til ei reguleringsendring som tenkt. Kommunen godkjende avgrensing av planområdet. (Plangrensa for SPH-området er litt justert).

Tiltaket er av ein slik karakter at det ikkje er nødvendig med planprogram eller konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova §§ 4-1 og 4-2.

3.2 Føremål med planarbeidet

Føremålet med denne reguleringsendringa er å flytte gjeldande regulert leikeplass til gnr. 37 bnr. 78. I tillegg endre gjeldande leikeplass til parkering/garasjeanlegg.

Planendringa vert fremja som ein detaljplan iht. plan- og bygningslova §12-3.

3.3 Forvarsling

Planarbeidet vart forvarsla i samsvar med plan- og bygningslova med annonse i Vestlandsnytt 9.9.2014 med frist for merknad 21.10.2014 samt skriv til grunneigarar, naboar og offentlege kommunale og statlege mynde.

Det kom inn til saman 7 innspel/merknader.

3.4 Vurdering av innspel

Følgjande merknader/innspel kom inn som følgje av forvarsling/annonsering:

Følgjande merknader/innspel er komne inn som følgje av annonsering 9.9.2014:

- | | |
|--|-----------------|
| 1) Elizabeth Larsen | dat. 22.09.2014 |
| 2) Statens vegvesen | dat. 24.09.2014 |
| 3) Noregs vassdrags- og energidirektorat | dat. 30.09.2014 |
| 4) Søre Sunnmøre Landbrukskontor | dat. 07.10.2014 |
| 5) Ole Johan Hungnes, mfl | dat. 19.10.2014 |
| 6) Møre og Romsdal fylkeskommune | dat. 21.10.2014 |
| 7) Fylkesmannen i Møre og Romsdal | dat. 21.10.2014 |

Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:

- Det vert reist spørsmål ved plangrensa – den avvik frå førre plan.
- Riving av bustad på bnr. 37/78 – er det søkt om riving?
- Kva inneheld ei ROS-analyse?
- Påtenkt nytt leikeareal er mindre eigna enn som i gjeldande plan
- Nytt leikeareal synest som ei gunstig løysing. Må sjekke ut at soltilhøva er tilfredstillande
Må vurdere den nye leikeplassen ut frå RPR for barn- og unge når det gjeld fysiske tilhøve (pkt 5).
- Ønskjer at all tungtrafikk og spesielt trafikken til bnr. 381 vert flytta til sør/vestleg side mot drosjesentralen


Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:

- Plangrensa er valt ut frå ei praktisk grense i høve reguleringa sitt føremål. Planen gjeld endring av leikeplassområdet. Leikeplassane og mellomliggande areal er teke med. Grensa var allereie godkjent av kommunen ved forvarslinga.
- Riving av bustaden på 37/78 er ei sak for seg som ikkje vedkjem sjølv regulerings-saka. Tiltakshavar vurderer bustaden på eigedomen til å vere i slik stand at det ikkje er tenleg å renovere huset med sikte på å heve standarden til dagens nivå/tenlege bruksstandard.
- Ei ROS-analyse er vurdering av aktuelle risikofaktorar knytt til arealbruken. Vi nyttar her (og i andre saker) ei momentliste som er utarbeidd av fylkesmannen. I denne saka har vi vidare også eiga støyvurdering knytt til leikeplassen. Viser til vedlegg.
- Det er ulikt syn på kor eigna den noverande og den nye leikplassen er til føremålet. I merknad frå fleire grunneigarar i område vert det noverande arealet vurdert som best. Både tiltakshavar og vi vurderer den nye plassen til å vere best. Slikt syn har også kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen ytra – på vilkår av diverse dokumentasjon. Vår vurdering viser at den nye leikeplassen er godt eigna til føremålet. Støy, sol tilhøve, arealet si eignaheit i hht RPR for born og unge er vurdert.

Sjå elles nærmare vurdering av innspela og dei enkelte innspela, vedlegg A1 og A2.

3.5 Planstatus

Planområdet er i dag regulert:



Planområdet er i dag regulert til bygningar – frittliggjande småhus (FS6) og køyreveg (V5) i reguleringsplanen "Myklebustvatnet vest" (eigengodkjent 25.1.2007).

I gjeldande reguleringsendring for Myklebustvatnet vest (eigengodkjent 23.2.2012) består planområdet av bustad/kontor (B/K), leikeplass (LP) og energianlegg (E).

Sør for fylkesveg 654 er det to planar:

- Reguleringsplan for "Eggesbønes alders- og sjukeheimsområde", eigengodkjent 21.11.1986.
- Bebyggelsesplan for "Kvithaugsmyra", eigengodkjent 25.4.2000.



Biletet overfor viser gjeldende reguleringsplaner. Raud stipla strek er plangrensa for denne plansaka.

3.6 Drøfting med særskilde grupper, jf. PBL § 5-1

Det har ikkje vist seg å vere naudsynt med møte for særskilde grupper i denne saka, jf. innkomne skriv.

4. Omtale av planområdet


4.1 Lokalisering

Planområdet ligg like ved fylkesveg 654 på Myklebust i Herøy kommune.



4.2 Avgrensning av planområdet

Planområdet gjeld eigedomane 37/24, 37/48, 37/67, 37/78, 37/92, 37/159, 37/160, 37/180, 37/346 og 37/381. Den nye leikeklassen omfattar berre eigedomen 37/78.




Eigedommane innanfor planområdet er i privat eige med unntak av den kommunale vegen Svingen. Tilkomst til området er frå fylkesveg 654.

Plangrensa er valt ut frå ei praktisk avgrensing i høve arealsamanhengen i området. Areal som skal endrast må ligge innanfor ei (1) plangrense og vere avgrensa på oversiktleg vis. Plangrensa følgjer gnr. 37 bnr. 78, del av veg V5, område B/K og leikeplassen f_LP. Arealbruken til K- og B/K-område er i gjeldande reguleringsendring er føresett uendra.

4.3 Storleik

Planområdet omfattar om lag 3,1 daa.

4.4 Området i dag



På gnr. 37 bnr. 380 like vest for planområdet er det taxisentral. Bygget på gnr. 37, bnr. 381 husar i dag Lensmannskontor og IT-verksemd, leilegheiter i 2. etasjer er under bygging.

Gnr. 37 bnr. 78 er ei bustadhus som tiltakshavar Herøy Eigedom AS har kjøpt.

På sørsida av gnr. 37, bnr. 381, er det eit stort asfaltert areal, som vert nytta til parkering.

5 Omtale av planframlegget

5.1 Nøkkeldata

Areala i planframlegget er delt i følgjande føremål:

Område	Storleik, daa	Arealbruk	Utnytting, BYA	Tal tomter, Ev. kommentar
Energianlegg	3 m ²			Gjeld E
Leikeplass	0,4			Gjeld f_LP
Bustad/kontor	1,9		40 %	Gjeld B/K
Køyreveg	0,3			Gjeld o_V5
Parkeringsanlegg	0,6		90 %	

Samla areal planframlegg	3,1 daa
--------------------------	---------

Viser elles til føresegnene.

5.2 Planprinsipp

Innleiing:

Føremålet med reguleringsendringa er å flytte leikeplassen i gjeldande reguleringsplan (reguleringsendring Myklebustvatnet vest) til gnr. 37 bnr. 78 og endre den regulerte leikeplassen til parkering/garasjeanlegg for parkeringsdekninga til bygget på område B/K og tilgrensande bustad.

Arealbruk:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12-5, nr. 1)

Energianlegg (E):

Arealet er ikkje endra i høve gjeldande plan.

Leikeplass (LP):

Noverande leikeplass vert erstatta av ny. I vedlegg A1 er det gjort ei vurdering av den nye leikeplassen i høve dei rikspolitiske retningslinjene **for born og unge** (som nedfelt i **T-2-08**).

Det er sett av eitt areal til leikeplass/opphaldsareal innanfor planområdet som har like stort bruksareal som for arealet som ligg inne i gjeldande plan. Brukskvaliteten er også tilsvarande eller betre.

Nye berekningar viser at den nye leikeplassen ikkje er utsett for støy over grenseverdiane i T-1442.

Vi har revidert sol-/skuggeanalysen og teikna utsol/skuggeforholdet for 21.3, 21.6 og 21.9. For alle dagar kl. 12 og kl 18, viser til vedlegg B2.

Berekningane, jf vedlegg, viser:

Dato	kl	% skugge på leikearealet
21.3	12	25
	18	50
21.6	12	0
	18	15
21.9	12	25
	18	50

Så langt vi kan sjå vil soltilhøva vere tilfredstillande då leikeplassen minst har 50 % solareal dei viste dagane (om sommaren vesentleg meir).

Bustad/Kontor (B/K):

Formålet er ikkje endra i høve gjeldande reguleringsplan.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)Køyreveg (V):

Ligg som i gjeldande plan. Veg o_V5 gjeld del av offentlig (kommunal) veg Svingen. Del av frisktline er tatt inn i henhold til gjeldande plan, nordvest i planområdet.

Parkeringsplass (SPH):

Arealet som i gjeldande plan er leik- og opphaldsareal. I tillegg er arealet mellom eksisterande bustadhus og tidlegare leikeplass teke med. Dette fordi tiltakshvar ønskjer å bygge garasje/carport her inntil bustadhuset. Parkeringsplass/parkeringsanlegg (her i også garasje-/carportanlegg) skal gje betre parkeringsdekning for utbygginga på B/K-området og gje plass til framtidig garasje-/carportanlegg for leilegheitene og tilgrensande bustad. I føresegnene er sett opp utnyttingsgrad BYA 90%. Parkeringsplass skal reknast som 20 m². Med garasje-/carportanlegg vert utnyttinga vesentleg mindre, men 90 % er sett som grense om arealet berre vert nytta for parkering på grunnen.

Del av eksisterande transformatorstasjon inngår i reguleringsplanen, merka E. Det er vist omsynssone i breidd 5,0 m frå bygning som tidlegare. Parkeringsplass kan etablerast inntil 1 meter frå denne bygning. Garasje/carport kan etablerast innan vist byggjegrænse. Sona kjem i berøring med areal avsett til parkeringsplass SPH. Møre Nett AS meiner dette er akseptabelt, då dette er eit trafikkareal/bygg der brukarane berre vil opphalde seg i korte periodar.

Faresone (PBL § 11.8 a.3, jf. § 12-6)Høgspenningsanlegg (H370):

Ikkje endra i høve gjeldande plan.

Infrastruktursone (PBL § 12-7, nr. 12)

Ikkje endra i høve gjeldande plan.

5.3 Vurdering av risiko og sårbarheit

Støy:

Sweco AS har vurdert støysituasjonen på nytt i høve til omplassering av leikeplassen og byggjetiltaket som er i gang på området B/K. Rapporten (RIAKU Herøy, 37/381 – vedlegg B1) viser at det ikkje er nødvendig med støytiltak i hht krava i T-1442.

Andre forhold:

Så langt vi kan sjå av offentlege databasar er det ikkje forhold knytt til risiko og sårbarheit eller andre samfunnsmessige konsekvensar som talar i mot fremja arealbruk.

Vedlagt følgjer ei generell ROS-vurdering, jf. skjema i vedlegg B3.

5.4 Tilkomst til overordna vegsystem

Tilkomst til området blir som i dag, frå fylkesveg 654.

5.5 Naturmangfaldlova

Vi her teke med vurdering i høve Naturmangfaldslova sjølv om endringa av arealbruken her berre gjeld om disponering av utbygd bustadtomt til leikeplass, dette i hht lova sitt formelle krav. Viser til vedlegg B4.

Vurdering:Kunnskap (§8):

Vi oppfatar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldslova i denne saka.

Førevar prinsippet (§9):

Sjekkliste har ikkje avdekkja noko spesielle registreringar av naturmangfald. Ut ifrå dette vil planframlegget ikkje gi vesentleg verknad for naturmiljøet.

Samla belastning (§10):

Sett i samanheng med at sjekkliste ikkje har avdekkja noko spesielle registreringar, vert verknaden av planframlegget ikkje regna som vesentleg for naturmiljøet.

Overvaking (§11):

Så langt vi kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert per i dag.

Alternativ lokalisering (§12):

Viser til at området i gjeldande plan er regulert og utbygd. Der er ikkje alternativ anna enn som vist. Ikkje utbygde areal er del av «verneområde».

Konklusjonen er at den samla belastninga av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

5.6 Universell utforming, tilrettelegging for rørsle- og orienteringshemma

Det vert vist til PBL §§ 1-1 og 29-3, jf. også TEK10. I føresegnene heiter det at : «Prinsippa om universell utforming skal leggast til grunn for utforming av bygningar og anlegg innanfor planområdet».

Leikeplassen er tilnærma flat og vil kunne lagast til i hht dei formingskrava som gjer seg gjeldande.

Område for «Parkeringsanlegg/-plass ligg på nivå med første etasje i kontorbygg. Universelt tilgjenge vil difor vere greitt å få til i samsvar med krava i TEK.

Viser elles til godkjent byggesak vedkomande utbygging av leilegheiter på område B/K.

5.7 Born og unge

Reguleringsplanen no gjeld flytting av leikeplassen til nytt område. Det nye området ligg inntil tilkomstvegen til området på ei noverande bustadtomt. Byte av areal til leikeføremål er vurdert i hht funksjonskrava sett i rettleiar T-02-08. Vi viser til kommentar til FM sitt innspel i vedlegg A1.

Vurdering av den nye leikeplassen (og den «gamle» leikeplassen) i høve rettleiar punkt 5 sine bokstavgpunkt:

Ad a.:

Den nye leikeplassen er ikkje utsett for forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare. Leikeplassen vert sikra med gjerde (og grind eller sluse) mot bilveg.

Ad b.:

Arealet er like stort som plassen i gjeldande plan. Plassen er flat og vil kunne nyttast til ulike typar aktivitetar – for ulike aldersgrupper i alle årstider.

Ad d.:

Det nye arealet erstattar fullt ut arealet som er sett av i gjeldande reguleringsplan. Arealet er like stort, er betre m.o.t. støy (treng ikkje støyskjerming) og er ikkje nytta av born i dag, dvs omdisponerer ikkje friluftsansareal eller tilsvarande.

Det vert vist til sol/skuggeanalysen i vedlegg B2.

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens regulerte situasjon.

5.8 Krav om rekkjefølgje

Krav om rekkjefølgje er i samsvar med gjeldande plan, men tilpassa endra arealbruk og endra plangrense. Det er teke med krav om gjerde langs køyreveg. I føresegnene heiter det:

- a. Leikeplass/opphaldsareal skal opparbeidast og ferdigstillast før leilegheitene eller kontortokala innanfor planområdet kan takast i bruk, jf. B/K areal. Leikeplassen skal då vere ferdig planert på ein slik måte at arealet er eigna for leik og opphald.
- b. Leikeplass/opphaldsareal skal opparbeidast og ferdigstillast før leilegheitene innanfor planområdet kan takast i bruk, jf. B/K arealet. Leikeplassen skal då vere ferdig planert på ein slik måte at arealet er eigna for leik og opphald. Gjerde langs offentleg veg (o_V5) og tilbake i lengd 5 meter langs tomtegrense skal vere ferdigstillt samstundes, jf §6 pkt c.

5.9 Medverknad

Det er gjennomført varsling av planarbeidet i samsvar med reglane i PBL. I tidleg fase av planarbeidet var førebelse skisser drøfta med administrasjonen.

Det er ikkje halde eige møte med særskilde grupper, jf innspel under forvarslinga. Planframlegget er utforma med bakgrunn i dei samla merknadene og tiltakshavar sine ønskje om tilrettelegging og utbygging av området.

5.10 Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen

Då Herøy kommune ikkje eig areal innanfor planområdet og planen heller ikkje har med offentlege byggeareal, vil planen ikkje medføre juridiske og/eller økonomiske konsekvensar for kommunen. Einaste offentlege areal, er området for eksisterande kommunal veg Svingen.

5.11 Konsekvensutgreiing

Planarbeidet kjem ikkje inn under bestemmingane i "Forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova". Viser elles til omtalen av "Vurdering av risiko og sårbarheit" over, jf. pkt. 5.3.

5.12 Utbyggingsavtale

Det er ikkje teke med krav om utbyggingsavtale. Vi viser her til retningslinjene for bruk av utbyggingsavtalar i Herøy kommune. Etter det vi kjenner til vil ikkje tiltaket kome inn under regelverket til kommunen.

5.13 Føresegnene

Som grunnlag for føresegnene er gjeldande føresegner nytta. Berre endringar som følgje av flyttinga av leikeplassen og anna avgrensing av planområdet er endra.


5.14 Plankart (2213-100)

Planen er utarbeidd på bakgrunn av grunnkart levert av Herøy kommune.

Programvare brukt til framstilling av digitale data er AutoCAD MAP 3D 2015 saman med Novapoint 18.40 (basis, arealplan, veg utvida og virtual map) levert av Vianova Systems.

Planen er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøverndepartementet sin rettleiar "forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister". Jf. også plan og kart etter ny plan- og bygningslov dat. 1. 7.2009.

Utsnitt frå plankart (nedfotografert): neste side


Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar

Fagansvarleg areal-,
infrastruktur- og samferdselsanlegg





UTV

Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr	Saksnr: ADT
- 8 APR. 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
... ..	Dok.nr
... ..	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2011/093558-014

Dykkar referanse:
2014/1389

Vår dato:
07.04.2015

Fv 654 - Herøy kommune - Detaljreguleringsplan for Myklebustvatnet vest II - Offentleg ettersyn - Uttale

Viser til brev av 5.3.2015 frå Herøy kommune.

Saka gjeld offentleg ettersyn av framlegg til omregulering innanfor reg.planen Myklebust vest II.

Staten vegvesen har ingen merknad.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

for *Gitte Biermann*
Lisbeth Smørholm
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
2014/1389	ACT
17 APR. 2015	
Ark kode P:	
Ark kode S:	
F. nr.	Dek. nr.
Kassasjon:	

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan Myklebustvatnet vest II
Fråsegn ved offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

Barn og unge

Vi er nøgd med at leikeplassen er flytta bort frå støysona frå hovudvegen med den nye plasseringa.

Fylkesmannen har konkretisert våre krav i høve leikeplassar i reguleringsplanar og har set nokre minimumskrav som skal gjelde for nærleikeplassar. Det eine kravet er at det skal settast rekkefølgjekrav i føresegnene slik at leikeplassane er ferdig opparbeidd før bustadane/leilegheitene kan takast i bruk. Dette er gjort i § 12 a og b. Vidare skal ein slik nærleikeplass opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.

Konklusjon

Dersom ein tek ei ekstra formulering i §12 i føresegnene med funksjonskrav som vist over, kan reguleringsplanen eigengodkjennast.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/1389	05.03.2015	15466/2015/DISPENSASJON/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	23.04.2015

Herøy kommune - Reguleringsplan - detaljregulering - leikeplass/uteområde gbnr 37/381 Myklebustvatnet vest - fråsegn ved offentlig ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Det har tidlegare vore fremma forslag om dispensasjon for å bygge på leikeplass i gjeldande regulering. For å sikre nytt leikeareal i planrettsleg forstand rådde vi sterkt til reguleringsendring. Dette er no etterkome med løysingar som vi finn forsvarlege. Planen kan for vår del eigengodkjennast.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Ass. fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Herøy Kommune
6099 Fosnavåg
PB 274

Ved.: Saksbehandlar
Epost: postmottak@heroy.kommune.no

Dykkar referanse
Gnr 37 Bnr 381
Sak 2014/1389

Dato
20.04.2015

Tilsvar

"Detaljreguleringsplan for Myklebustvatnet Vest II-Offentlig ettersyn" datert 5.3.2015.

Viser til motteke varsel offentlig ettersyn med svarfrist 27.04.2015.

Vi er takksame for at vi har fått tilsendt sakspapir for innspel.
I all hovedsak ynskjer vi å bidra til at dette prosjektet vert tilrettelagt for alle sitt beste her i Svingen.
Hovedpunkt er som følger: Ny plagsom støy frå teknisk rom, presisering-avvik ift 37/92. trafikk & parkering,

1. 37/381, Ny plagsom støy frå teknisk rom.

Vi registrer at det etter påbygg 2 etasje har kome eit modifisert ventilasjonsanlegg med vesentlig viftestøy midt på bygget mot Veg 5 og oss som likar å være ute i frisk luft.

Dette er så støyende at det er plagsomt å site ute i solveggen for oss som bur nærast. Dette vil og gjelde for 37/78 ny leikeplass.

Vi håper at dette er ei midlertidig løysning i byggeperioden og at utbygger pålegges et ansvar for støydempende tiltak. (Ref. vedlegg om støy ute. "...50-54dB stille side..") 50-54dB stemmer ikkje på nokon måte når denne vifta går.

2. Bnr 92

Etter at Ingolf Fylling kjøpte bnr 92 så ble dette huset en tid utleid til kontorvirksomhet, senere til beboelse/leietaker. Huset og hagen var satt i betydelig stand av tidligere eiere. Naboer her i Svingen fikk høre at Ingolf Fylling hadde planer om å rive dette huset og bruke grunnen til parkering. Som en ser så står huset der ennå - heldigvis.

Det etterspørres imidlertid om det noen gang ble sendt søknad om riving eller om dette bare var løse rykter ?

Kommentar i saksutgreiing " Ad. punkt 2: Huset på gnr. 37 bnr. 92 er i plan- framlegget føresett rive til fordel for etablering ny leikeplass. Søknad om riving av eksisterande bygg er ei sak for seg som."

Denne vurderinga resulterer i at vi ikkje får svar på spørsmåla våre !

Vi som bur i Svingen har ikkje fått med oss at dette huset skal rivast, kan de opplyse oss ?

I same kommentarer er det nevnt 9 stk bu-einingar i 37/381. Det skal vel være 7 stk ?

3. Veg 5 Svingen med småhusbebyggelse og trafikksikkerhet

Vi som bur i Svingen kjenner dette området svært godt. Vi registrerer at det i saksutgreiing frå utbygger og offentlige etater refereres til at veg 5 har ein teoretisk svært liten og uproblematisk mengde trafikk og er ufarleg ut frå normal ferdsel frå køyrande / gåande / leikande.

I bygge perioden har det vore avstengt mellom 37/381 og 37/92 og det meste av trafikk har vore direkte frå RV654 via ny foreslått parkeringsplass utan omvegen via veg 5.

Dvs om denne løysinga kan fortsette med innkjøring direkte frå RV654 via den nye parkeringsplassen kjenner vi som bur i Svingen at vi får eit tryggare liv langs veg 5.

Kan vi be teknisk etat om at dette vert regulert inn i den nye planen, vær så snill !

Vi ber om at dei folkevalde i Herøy tek våre merknader til følge.

Med helsing


Magnhild Nerland	Sign.
Mona Skinnes	Sign.
Elizabeth Larsen	Sign.
Ole Johan Hungnes	Sign.
Hilde J Brandal	Sign.

Kontaktperson :


Ole Johan Hungnes
Holbergsgate 44D
7015 Trondheim
Epost ole.hungnes@siemens.com

B. Utendørs støy

Utendørs støy i prognoseår 2035 i 2. etg (h=5.4 m vist med røde punkt) og på skjermet felles uteareal (h=1.5 m, markert med grønt).



Støy på privat uteareal, støy i prognoseår på balkong, 1.5 m over gulv, lokal skjerm 1.9 m vist i rød strek, Lden.



importer

Helsing

JARL MARTIN MØLLER
Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

www.heroy.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: postmottak

Sendt: 27. april 2015 08:48

Til: Arkiv

Kopi: Jarl Martin Møller

Emne: VS: Detaljreguleringsplan for Myklebustvatnet vest II-offentlig ettersyn. Frist 27.04.2015

Helsing

HERØY KOMMUNE

postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Elizabeth Larsen [<mailto:elizabethlarsen1@icloud.com>]

Sendt: 26. april 2015 21:51

Til: postmottak

Emne: Detaljreguleringsplan for Myklebustvatnet vest II-offentlig ettersyn. Frist 27.04.2015

Vedr. F-sak 161/14: Planforslag endring av innregulert lekeplass og flytting av denne fra gnr 37 bnr 92 til gnr 37 bnr 78. Det er betryggende at Fylkeskommunen, sitat fra Vestlandsnytt 21/4-15 ; - føresett at leikeplassen blir opparbeidd før leilighetene blir tekne i bruk og at den blir innreidd etter minimumskrava. Jeg har ikke noe i mot endring av område for lekeplassen. Ettersom bnr 78 er noe mindre enn det opprinnelig planlagte lekeområdet kan jo dette løses ved at utbygger Ingolf Fylling erstatter dette med å skille ut noen m2 fra sin nykjøpte eiendom gnr 37 bnr 238 som grenser inn til lekeplassen på bnr 78 i nord. Vedrørende trafikk: I den siste tiden er det registrert mindre trafikk i gata både av store og små biler - noe som oppleves som særst positivt. En vesentlig del av innkjøring og parkering til forretningsbygget foregår nå over eiendommene til Ingolf Fylling - sør og øst for bnr 92. Ingolf Fylling ønskes velkommen som nabo på eiendommen bnr 238.
Elizabeth Larsen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2012/52
		Arkiv:	Q12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
98/15	Formannskapet	19.05.2015
	Kommunestyret	28.05.2015

DETALJREGULERINGSPLAN FOR FV 654 INDRE HERØY KYRKJE - STOKKSUNDBRUA. SLUTTBEHANDLING.

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av PBL § 12-12, detaljreguleringsplan med tilhøyrande reguleringsføresegner for FV 654 Indre Herøy Kyrkje – Stokksundbrua, begge sist endra 27.03.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Opplysningsvesenets fond, Postboks 535 Sentrum, 0105 Oslo
NVE, Postboks 53, 6801 Førde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
Kåre Jensholm, Prestegardsvegen 1, 6070 Tjørvåg
Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

1. Planhefte Reguleringsplan Indre Herøy kyrkje - Stokksundbrua, sist revidert 27.03.2015, og innehaldande plankart, føresegner, planomtale, vurdering av innkomne merknader, plandetaljar og støyvurdering.
2. Kopi av innkomne merknader samt Statens Vegvesen sine vurderingar og kommentarar til merknadane.
3. Kopi av oversendingsbrev frå Statens Vegvesen, datert 07.04.2015.

Saksopplysningar:

BAKGRUNN:

Statens Vegvesen annonserte med brev av 29.08.2011 oppstart av arbeid med detaljregulering for FV 654 Indre Herøy Kyrkje - Stokksundbrua. Forutan strekninga som nemnt i teksten ovanfor, omfatta planområdet også ei mindre strekning av FV 10 i retning Sandvika. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 10.10.2011. Det vart i samband med dette også halde eit informasjonsmøte om planarbeidet på Herøy rådhus den 28.09.2011.

Arbeidet har vore utført i regi av Statens Vegvesen og i nært samarbeid med Herøy kommune. Eit planforslag med tilhøyrande føresegner og planomtale vart lagt fram for formannskapet i møte den 03.12.2014 (F-sak 228/14), der det vart gjort slikt vedtak:

Formannskapet vedtek, i medhald av PBL § 12-10, at forslag til detaljreguleringsplan med tilhøyrande reguleringsføresegner for FV 654 Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua vert utlagt til offentleg ettersyn i 6 veker. Samstundes skal planforslaget sendast aktuelle høyringsorgan til uttale.

Planforslaget var utlagt til offentleg ettersyn i perioden 08.12.2014 – 26.01.2015. Som del av høyringsprosessen vart det også halde eit ope møte på Herøy rådhus den 15.01.2015, der representantar for Statens Vegvesen og Herøy kommune deltok. I ettertid har det så vore gjennomført ein del justeringar i plankart, føresegner og planomtale med sikte på å førebu planen for sluttbehandling. Justert plan vart oversendt frå Statens Vegvesen med brev av 07.04.2015.

PLANEN OG PLANPROSESSEN TIL NO:

Formålet med planen har vore å legge til rette for ei betre og meir direkte lineføring for FV 654 frå Stokksund skule/Indre Herøy kyrkje og i retning Stokksundbrua (mot Fosnavåg). I tillegg til dette er det eit like viktig formål å betre forholda for gåande/sykklande på den same strekninga samt på deler av ny FV 10 i retning Sandvika. Når det gjeld sistnemnde så legg planen grunnlag for samanhengande og vidareført gang- og sykkelveg/fortau frå Stokksund skule til noverande kryss mellom FV 654 og FV 10. I dette inngår også planfri kryssing (undergang) av ny FV 654. Frå kommunen si side har ein også under arbeid ein reguleringsplan for vidareføring av nemnde gang-/sykkelvegsamband mot Sandvika.

Når det gjeld kollektivtransport legg planen til rette for busshaldeplassar på begge sider av den planfrie kryssinga av FV 654. Desse vil få lett og god tilkomst frå gang-

og sykkelvegnettet. I tillegg til dette vert busskorrespondanseplassen ved Stokksund skule utbetra og utvida og komplettert med ein større parkeringsplass til bruk for pendlarar eller i samband med privat bringing/henting av elevar.

Planen legg også til rette for 2 nye bustadområde, eitt nord for eksisterande FV 654 (no gang- og sykkelveg o_SGS2) for frittliggande bustader (BFS2) og eitt mellom dagens FV 654 og ny FV 10 for konsentrert busetnad (BKS1). Sistnemnde område vil i anleggsperioden kunne nyttast til rigg- og lagerområde. Indre Herøy kyrkje vil elles etter planen kunne få tillagt eit utvida uteareal mot sør.

Som del av plangrunnlaget har det vore gjennomført omfattande støyvurderingar og som ein konsekvens av dette er det i planen forutsett ei rekkje støydempingstiltak (voll/skjerm) retta både mot eksisterande og nye tiltak. Det er mellom anna lagt til rette for støyskjerming for Stokksund skule, prestebustaden, bustadhuset på gnr. 58 bnr. 6, det nye bustadområdet BKS1 og bustadhuset på gnr. 58 bnr. 7 (ved dagens Rafteneskryss). Alle deler av planområdet vil få redusert støy ved gjennomføring av den nye planen. Vegvesenet har imidlertid i tillegg til dette opna for å gjennomføre ytterlegare støyreducerande tiltak for ein del utpeika bygningar dersom dei etter avslutta anlegg ikkje tilfredsstiller gjeldande krav.

Det er vidare gjennomført undersøkingar og vurderingar i forhold Kulturminnelova og Naturmangfaldslova. Det er innanfor planområdet ikkje registrert automatisk freda kulturminne og det er også sannsynleggjort at tiltaket ikkje vil medføre alvorleg skade på økosystem, naturtyper, vegetasjon, spesielle dyre- og planteartar m.v.

I planomtalen har for øvrig Statens Vegvesen peika på følgjande målsetjingar for planforslaget og for ferdig vegprosjekt:

- Redusere talet på trafikkulykker og redusere skadeomfang på dei ulykkene som skjer.
- Betre framkomelegheita og redusere køyrety- og tidskostnader.
- Betra framkomelegheit og tryggleik for gang-/sykkeltrafikk.
- Legge minst mogleg beslag på verdfulle arealressursar.
- Skape færrest moglege konflikter i høve til dagens arealbruk, medrekna landbruk.
- Ta vare på menneske og bumiljø på ein miljøvenleg måte.
- Betre miljøforholda med spesiell vekt på trafikkstøy i bustadområde.
- Legge vekt på å redusere barriereeffektar som dagens veg skaper.
- God landskapstilpassing for og utforming av det nye veganlegget.

I samband med offentleg ettersyn/høyring kom det innspel/merknader til planarbeidet frå følgjande offentlege instansar, organisasjonar og privatpersonar:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Opplysningsvesenets fond
- NVE
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Kåre Jensholm

Nokre av dei ovannevnde hadde ikkje merknad til planforslaget i det heile medan andre merknader, der for øvrig ingen var av vesentleg karakter, har langt på veg

vorte teke omsyn til i det justerte planframlegget. Nærare vurderingar av merknadane går elles fram av planomtalen frå Statens Vegvesen og vert ikkje ytterlegare kommentert her.

Av lokale/interne kommunale høyringsorgan var følgjande på adresselista ved utsending av planforslaget:

- Barnerepresentanten
- Anleggs- og driftsavdelinga
- Eigedomsavdelinga
- Ungdomsrådet
- Eldrerådet
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Ingen av dei ovannemnde har kome med uttale til planen. Når det gjeld barn sine interesser er imidlertid desse etter Statens vegvesen sitt syn godt ivaretekne og ein viser her til utdrag frå kap. 5.14 i planomtalen:

For dette planområdet blir barn sine interesser tatt vare på ved å legge til rette for trygg ferdsel for mjuke trafikkantar langs FV 10 og FV 654 samt ein undergang under FV 654. I tillegg legg planen til rette for oppstramming av trafikkarealet framfor skulen for å betre trafikksikkerheita, blant anna med busslomme rett framfor skulen, slik at barna slepp å krysse veg eller trafikkareal mellom skulebuss og skulebygning.

Av andre forhold som berører interesseområda til dei organa som er lista opp ovanfor, kan nemnast at alle tiltak i planen, så langt dette er praktisk mogleg, er basert på universell utforming.

I etterkant av høyring/offentleg ettersyn er det gjennomført ein del justeringar av plan og føresegner med bakgrunn i møte mellom vegvesenet og kommunen, påfølgjande korrigeringsinnspel frå kommunen og merknader/innspel frå høyringsorgan og privatpersonar. Statens Vegvesen har i brevet av 07.04.2015 lista opp dei justeringane som er gjennomført:

- Det er utarbeidd plan for nivå 1 for undergangen. Dette er lagt inn som eit utsnitt på plankartet.
- Trappeløysing frå SGS_2 til kommunal veg nord for undergangen er innarbeidd.
- Rett nord for trappeløysinga er kommunal veg forlenga mot sør slik at dei kan nyttast for dei 2 avkøyrslene der.
- Kryss mellom dei 2 kommunale vegane nordvest for kyrkja har fått ei anna utforming slik at ein kan snu med lastebil der.
- Det som ved utlegging heitte B1, er no endra til FS2 og området er utvida både mot aust og sør, medan anna vegareal er redusert tilsvarande.
- Byggegrenser langs fylkesvegar følgjer no senterline med fast avstand.
- Areal som skal kunne nyttast til støyskjerming, er omtalt under aktuelt arealføremål.
- Planavgrensinga er noko redusert ved eigedom 58/50 slik at planen ikkje omfattar areal utanom den private avkøyrsla.
- Avkøyrslar frå privat veg er vist som anna trafikkareal, ikkje køyreveg.
- Køyreveg er nummerert frå o_SKV1 til o_SKV5.

- Busslomma ved skulen er stramma opp.
- Ved profil 3420 har avkøyrsla blitt endra til g/s-veg i samsvar med dagens bruk.
- Føresegner knytt til grunnverv er tatt inn.
- Alle føresegner som omtalar krav til rekkefølge er samla under kap. 8 i føresegnene.
- Føresegner til bustadområde er ikkje endra, men er organisert annleis med eit sett felles føresegner og føresegner knytt til dei spesifikke bustadområda.
- Det er ikkje gjort endringar i planomtalen, men oppsummering av merknader og våre kommentarar til merknadane er tatt inn.

Det er Statens Vegvesen si vurdering at dei gjennomførte endringane heilt eller delvis går på å imøtekome dei innkomne merknadane og at dei såleis ikkje gir grunnlag for nye arealkonflikter. Det er samstundes vegvesenet sitt syn at endringane ikkje er så store at det skulle tilseie at planen må ut på eit evt. nytt offentleg ettersyn.

Vurdering og konklusjon:

Sjølv om lista over gjennomførte justeringar er relativt lang, så er det i all hovudsak tale om plantekniske tilpasningar og opprettingar som korkje enkelvis eller i sum endrar hovudelementa i arealbruken. Dette var for øvrig forhold som også vart påpeika då planforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn. Ein er såleis samd med vegvesenet i at det ikkje er behov for noko ny høyring/nytt offentleg ettersyn.

Høyringsuttalar og innkomne merknader er grundig gjennomgått og vurdert av vegvesenet og følgjer som ein del av planomtalen. Frå kommunen si side har ein ikkje noko å merke til desse vurderingane og ser såleis ingen grunn til å knyte ytterlegare kommentarar til innspela/merknadane.

Planen legg grunnlag for ei svært viktig og etterlengte utbetring av hovudvegen Myrvåg – Fosnavåg samtidig som den inneber ei vesentleg oppgradering og sikring av gang- og sykkelvegssystemet i området. Med tilvising til dette og utgreinga ovanfor tilrår rådmannen at detaljreguleringsplan for FV 654 Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist endra 27.03.2015, vert godkjendt i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Konsekvensar for folkehelse:

Planen vil innebere ei betring både for trafikktryggleiken og bumiljøa i dei tilstøytande områda og vil såleis ha positiv effekt på folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Planen vil gi eit ryddigare og meir lettforståeleg trafikkbilete og vil med det ha positiv effekt på beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Planen legg opp til at ein del tidlegare fylkesvegstrekingar samt nye gang- og sykkelveggar/fortau vert overført til kommunal drift.

Konsekvensar for økonomi:

Med tilvising til påpeika driftskonsekvensar ovanfor vil prosjektet etter fullføring også ha økonomiske konsekvensar for kommunen.

Fosnavåg, 16.04.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten



Statens vegvesen



HERØY
kommune

REGULERINGSPLAN


Fv 654 Hp 02/03

Indre Herøy kirke - Stokksundbrua

Herøy kommune

Saksbehandling etter plan- og bygningslova

Melding om oppstart av planarbeid..... 29. august 2011
Offentlig ettersyn..... 8. desember 2014 - 26. januar 2015
Revidert etter innkomne merknader..... 27. mars 2015



Innhold

Planomtale

Føresegner

Oversiktskart..... B001

Reguleringsplan..... Blad 1/1

Plan og profil Fv 654..... C001-C002

Plan og profil Fv 10, G/S-veg D001-D002

Normalprofil Fv 654..... F001

Normalprofil Fv 10, G/S-veg F002

Konstruksjon undergang..... K100

Støy.....X001-X006

PLANOMTALE

Fv 654 Indre Herøy - Stokksundbrua

Herøy kommune

Innhald

1 Innleiing	2	6 Risiko, sårbarheit og sikkerheit ROS-analyse	12
2 Bakgrunn for planforslaget.....	2	7 Gjennomføring av plan	13
2.1 Planområdet	2	7.1 Framdrift og finansiering	13
2.2. Kvifor blir det utarbeidd forslag til reguleringsplan for fv. 654 Stokksund	3	7.2 Utbyggingsrekkefølge	13
2.3 Målsettingar for planforslaget og for ferdig vegprosjekt	3	7.3 Endring av gjeldande planar	13
2.4 Tiltaket sitt forhold til KU-forskrifta	3	7.4 Teknisk infrastruktur	13
2.5 Planstatus og rammevilkår	3	7.5 Oppfølgande undersøkingar	13
3 Skildring av planområdet, eksisterande forhold	4	7.6 Grunnerverv	13
3.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk	4	8 Samandrag av innspel	13
3.3 Trafikkforhold	4	8.1 Innspel ved varsel om oppstart.....	13
3.4 Landskapsbilde	4	8.2 Innspel ved offentleg ettersyn.....	14
3.5 Nærmiljø/friluftsliv	5		
3.6 Naturmangfald	5		
3.7 Kulturmiljø	5		
3.8 Naturressursar	5		
3.9 Grunnforhold.....	6		
4 Skildring av planforslaget	6		
4.1 Traséval og teknisk skildring.....	6		
4.5 Andre vurderte alternativ.....	8		
5 Verknader av planforslaget	9		
5.1 Framkomst.....	9		
5.2 Trafikksikkerheit	9		
5.3 Samfunnsmessige forhold	9		
5.4 Naboskap	9		
5.5 Byggegrenser	9		
5.6 Kollektivtrafikk.....	9		
5.7 Landskapsbilde	10		
5.8 Nærmiljø/friluftsliv	10		
5.9 Naturmangfald (nml §§ 8-12).....	10		
5.10 Kulturmiljø	10		
5.11 Naturressursar	10		
5.12 Støy	10		
5.13 Massehandtering.....	11		
5.14 Barn sine interesser.....	11		
5.15 Universell utforming.....	11		

1 Innleiing

Statens vegvesen Region midt har i samarbeid med Herøy kommune utarbeidd forslag til reguleringsplan for strekninga frå Stokksund skule til Stokksundbrua.

Reguleringsplanen skal vise tiltaket og bruk av dei areala som blir råka. Reguleringsplan er også i mange tilfelle nødvendig rettsgrunnlag for gjennomføring av tiltak og utbygging, blant anna ved eventuell ekspropriasjon av grunn.

Prosjektgruppa i Statens vegvesen har forutan ein prosjektleiar bestått av personar med følgjande fagansvar: Vegplanlegging, geoteknikk, ingeniørgeologi, trafikk, støy, utbygging, drift, konstruksjon og grunnnerv. Frå Herøy kommune har utviklingsavdelinga, primært ved planleggar Hallvard Rusten, bidratt frå administrasjonen.

Oppstart av planarbeidet blei annonsert i avisene Vestlandsnytt og Sunnmørsposten. Grunneigarar, organisasjonar og offentlege myndigheiter blei varsla i brev av 29.08.11. Informasjonsmøte i samband med oppstart av prosjektet blei halde på Herøy rådhus 28.09.11. Frist til å kome med innspel til oppstartsvarselet var 10. oktober 2011. Det kom inn 14 merknader, desse er oppsummerte i kapittel 8.

Reguleringsplanen er utarbeidd som ei detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-3. Den formelle planhandsaminga skjer i samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova. Statens vegvesen legg på vegne av Herøy kommune ut planforslaget til offentlig ettersyn. Avgjerda om dette er tatt i samråd med Herøy kommune. Planforslaget låg ute til offentlig ettersyn i perioden 08.12.14-26.01.15 og det vart i samband med dette halde ope møte 15.01.15. Planforslaget låg ute på følgjande stader:

- Herøy kommune, rådhuset
- Statens vegvesen Region midt, kontorstad Olsvika i Ålesund
- Internett: www.heroy.kommune.no eller www.vegvesen.no

Informasjon om planen er sendt til grunneigarar, organisasjonar og andre råka til uttale. Samtidig har planen vore til handsaming i offentlege instansar som har sine fagområde å ta vare på i området. Offentleg ettersyn vart også annonsert i Sunnmørsposten og Vestlandsnytt

Statens vegvesen har tatt imot og sakshandsama alle merknader til planforslaget i samarbeid med Herøy kommune. Planen får deretter ei formell handsaming og endeleg reguleringsvedtak i kommunestyret i Herøy.

Kommunen sitt vedtak kan klagast på.

Spørsmål kan rettast til:

Herøy kommune: Hallvard Rusten, tlf. 700 81 371, eller e-post hallvard.rusten@heroy.kommune.no

Statens vegvesen: Pernille Ibsen Lervåg, tlf. 02030, eller e-post: pernille.lervaag@vegvesen.no


2 Bakgrunn for planforslaget

2.1 Planområdet

Planområdet startar ved Stokksund skule. Frå skulen er det bygd gangveg langs fv. 654 sørover mot Tjørnvåg, men gjennom dei uoversiktlege svingane i motsett retning manglar gangveg fram til krysset med fylkesveg 10 og vidare langs fv 654 i retning Fosnavåg.



Figur 1: Planområdet: Stokksund i Herøy kommune på Sunnmøre.



Figur 2: Planområdet strekk seg frå Indre Herøy skule til Stokksundbrua.



Figur 3: Flyfoto av planområdet.

2.2. Kvifor blir det utarbeidd forslag til reguleringsplan for fv. 654 Stokksund

Den klart største delen av biltrafikken følgjer fv. 654 til/frå Herøybruene og Fosnavåg. Med dagens kryssløysing må denne trafikken utføre ein 180 grader sving i krysset med fv. 10. Løysinga betyr også at denne hovudtrafikken får ein unødvendig omveg på 350-400 meter.

Denne reguleringsplanen legg til rette for å etablere ei ny veglinje for fv. 654 samt ein ny gang- og sykkelveg gjennom Stokksund i Herøy kommune. Desse tiltaka skal gi betre flyt i trafikken, samt auke framkomst og trafiksikkerheit for mjuke trafikantar i området.

2.3 Målsettingar for planforslaget og for ferdig vegprosjekt

- Redusere talet på trafikkulykker og redusert alvorlegheitsgrad på dei ulykkene som skjer.
- Forbetra framkomst. Reduserte kjøretøy- og tidskostnader.
- Forbetra framkomst og sikkerheit for gang-/sykkeltrafikk.
- I minst mogleg grad legge beslag på verdifulle arealressursar.
- I minst mogleg grad skape konflikt i forhold til dagens arealbruk, medrekna landbruk.
- Ta vare på menneske og bumiljø på ein miljøvenleg måte.
- Forbetra miljøforhold, spesielt trafikkstøy i bustadar og på offentlege uteområde.
- Det skal leggest vekt på å redusere vegen sine barriereeffektar.
- Ny veg skal ha ei god landskapstilpassing og utforming.

2.4 Tiltaket sitt forhold til KU-forskrifta

Tiltaket er i samsvar med kommuneplanen (med unntak av det bustadområdet som kommunen ønsker regulert mellom eksisterande veglinje for fv 654 og ny veglinje for fv 10). Statens vegvesen har, i samråd med kommunen og Fylkesmannen, funne at reguleringsplanen, som blir omfatta av plan- og bygningslova § 3, ikkje fell inn under kriterium i § 4 i "Forskrift om konsekvensutredningar", då den ikkje medfører vesentlege samfunns- eller miljøkonsekvensar. Det er derfor ikkje utarbeidd planprogram. Ingen merknader ved oppstart påpeikar store konflikter etter dei punkta som er lista opp i § 4. Planen sine verknader vil likevel bli vurderte gjennom den ordinære reguleringsplanprosessen.

2.5 Planstatus og rammevilkår

2.5.1 Gjeldande planar



Figur 4: Utsnitt av gjeldande kommunedelplan (arealdelen) for Herøy kommune.

Hovudprinsippet for vegomlegginga er vist i gjeldande kommuneplan for Herøy (sjå raud linje i Figur 4). I kommuneplanen er området nord for veglinja vist som bustadområde og offentleg område lengst aust (kyrkje og skule). Det er ingen reguleringsplanar for dette. I nordvest grensar planen opp mot Stokksundbrua som låser utgangspunktet og retninga for vegtraséen i den enden.

2.5.2 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Følgjande dokument er aktuelle for denne planen:

- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging.
- Rundskriv T – 2/08: Om born og planlegging.
- T-1442 retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegginga.
- Nasjonale føringar for universell utforming.

3 Skildring av planområdet, eksisterande forhold

3.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Den nye veglinja vil gå som vist i kommuneplanen (sjå Figur 4) der tilstøytande område er avsette til LNF-formål. Områda aust og nord for veglinja er derimot nytta til ulike byggeformål, i sør til skule/idrettsanlegg og kyrkje, og lenger nord til bustadformål. Imellom ligg den tidlegare prestegarden i Stokksund som no er verna og i privat eige. Vestre del av planområdet inneheld ein del spreidd busetnad samt restar av landbruksområde/beitemark. Sistnemnde vert i dag nytta til sauebeite.

Stokksund skule er ein 1-10 skule med kring 150 elevar. Skulen har tilbod om SFO. Det er idrettsbygg med symjehall på skulen, og dette er eit svært mykje brukt aktivitetstilbod også utanom skuletida. Uteområdet er stort med tilgang på tre fotballbaner, to volleyballbaner og ei korgballbane.

3.3 Trafikkforhold

Frå krysset mellom fv. 10 og fv. 654 var ÅDT i 2013 på 3750 køyretøy pr døgn på fylkesvegen som går ut til Fosnavåg, mens ÅDT på fv. 654 som går frå same kryss i motsett retning (mot Stokksund skule) var på 3610 køyretøy/døgn. På begge strekningane av fv. 654 utgjorde tunge køyretøy 8 %. På fv. 10 var årsgjennsnittet (ÅDT) i 2013 på 1060 køyretøy/døgn, derav 7 % tunge køyretøy.

Den klart største delen av trafikken i området går altså på fv. 654 til/frå Herøybruene og Fosnavåg. Med dagens kryssløysing er det denne trafikken som må utføre ein 180 graders sving. Løysinga betyr også at denne hovudtrafikken får ein unødvendig omveg på 350-400 meter, der dei i tillegg blir tvinga til å bremse ned til tilnærma full stopp i krysset med fv. 10.

Det er fleire farlege og uoversiktlege avkøyrslar på fv. 654 i dette området. To avkøyrslar til bustadområdet i Stokksund ligg der kor fv. 654 har ein ca. 90 graders sving, og kor omkringliggende terreng gjer sikta svært dårleg.

Syklistar og gåande må bevege seg langs fylkesvegen på denne strekninga, eventuelt bruke gamlevegen aust for kyrkja på strekninga mellom den skarpe svingen og skulen. Bruk av tilkomstvegen medfører ein del lenger strekning for mjuke trafikantar.

Strekninga er skuleveg for barn som bur i Stokksund og i Sandvika. Skule- og kyrkjeområdet er i tillegg ein del brukt i samband med fritidsaktivitetar utanom skuletid.

Det har frå 2004 til 2012 vore 6 registrerte ulykker i området; to av dei knytt til krysset mellom fv. 10 og fv. 654, sjå Figur 5. Dei grønne sirklane symboliserer ulykker med «lettare skade», medan den gule symboliserer ei ulykke med «alvorleg» skadegrad.



Figur 5: Registrerte ulykker i planområdet.

3.4 Landskapsbilde

Området tilhøyrer landskapsregion «Kystbygdene på Vestlandet». Denne regionen har skiftande landskapskarakter og fleire ulike landskapstypar enn i til dømes fjordregionar. Strandflata si lave høgde og oppskorne struktur gir kysten eit småskalapreg, noko ein kan sjå av dei mange små landskapsromma. Den oppstykkja strandflata resulterer også i sjøflater med høgst ulik form.


I ytre regiondelar møter både skjær, holmar og øyar storhavet, og herifrå trengjer vind og bølger inn for å tære på fjell og stein.

I ly av den ytre holmekransen finn ein eit mylder av ulike vågar, sund og småfjordar, som til saman dannar ei indre lei med mange ferdselsmoglegheit, særleg for småbåtar. Fenomenet gjer regionen attraktiv i opplevingssamanheng, då det ofte er små avstandar mellom landskap med ulike visuelle inntrykk (Kjelde: Skog + landskap).

Rafteneset skjermar området mot havet i nordvest. Fjellformasjonane stig raskt sørvest for dagens veg. Fjellet si avgrensing er til dels i form av store, menneskeskapte skjeringar frå dagens veg.

Flatene innanfor planområdet har ulik karakter. Skulen grensar inn mot eit område som er prega av eit ope myrlandskap mot søraust. Kyrkja og prestegarden ligg i eit skogområde som skrånar svakt mot sjøen i aust. Lenger nord er eit relativt tett utbygd område med opne flater.

I området mellom Rafteneset og fv. 654 er det eit landskapsrom med beiteområde, som framstår som velstelt. Det er sjøkontakt både mot aust og vest frå dette området.



Figur 6 - Landskapsrom markert med grønt, retningar i landskapet markert med oransje og veggar i landskapet markert med brunt.

3.5 Nærmiljø/friluftsliv

Stokksund skule med tilstøytande idrettsanlegg (kunstgrasbane) er eit viktig samlingspunkt både for nærmiljøet og bygdene omkring.

Kyrkja i Stokksund er kyrkje for Indre Herøy sokn som dekkjer Moltustranda, Tjørnvåg og Myrvåg.

Det er ikkje knytt spesielle friluftslivinteresser til det aktuelle planområdet. Det bør likevel nemnast at området inngår i ein mykje nytta rundtur over Sandvikskaret (frå Sandvika til Tjørnvåg eller omvendt), og med retur til utgangspunktet via gang-/sykkelveggar og køyreveggar gjennom Stokksundområdet.

3.6 Naturmangfald

Planområdet blei synfart av biolog den 24.06.2013. I forkant av synfaringa blei det utført søk i databasen Naturbase til Miljødirektoratet. På synfaringa blei det fokusert på om det var verdifulle arter eller naturtypar i området, samt området sine landskapsøkologiske funksjonar.

Handbøker frå Statens vegvesen, Miljødirektoratet og Artsdatabanken ligg til grunn for skildringar og verddivurderingar.

Naturtypar og vegetasjon	Vegetasjonen i området består hovudsakleg av relativ høg bjørkeskog (mellom 2-5 meter). Noko selje finst saman med spreidde grantre. Vegetasjonen er temmeleg tett, busksjikta består av ein del vierkratt saman med mange høge urter. Denne naturtypen utgjer eit fint habitat for småfugl som spurv og songarar.
Verneområde	Planen rører ikkje ved nokon verneområde ifølgje Naturbase.
Naturtypar	Planen rører ikkje ved nokon naturtypar ifølgje Naturbase.
Artsregistreringar	Planen rører ikkje ved nokon artsregistreringar ifølgje Naturbase.
Raudlistearter	Ingen raudlistearter finst innanfor planområdet ifølgje Naturbase eller Artsdatabanken.
Svartelista arter	Ingen svartelista arter finst registrerte innanfor planområdet i Artsdatabanken.
Inngrepsfrie naturområde	Avstanden frå planområdet til det nærmaste inngrepsfrie naturområdet (INON) er stor. Planen har derfor ingen påverknad på slike.

Figur 7 – Skjematiske framstilling av naturmangfaldsvurderingar på prosjektet.

3.7 Kulturmiljø

3.7.1 Automatisk freda kulturminne


Det blei gjennomført arkeologiske registreringar i planområdet av kulturavdelinga hos Møre og Romsdal fylkeskommune våren 2013. Det blei ikkje gjort nokon funn.

3.7.2 Kulturminne frå nyare tid

I planområdet ligg eit kulturmiljø av nasjonal verdi. Raftenes, gnr. 58, bnr. 1, Herøy gamle prestegard inneheld ein freda hovudbygning, låve, hage og omkringliggende kulturlandskap. I tillegg ligg Indre Herøy Kyrkje vel 100 meter sør for tunet.

3.8 Naturressursar

Området består av snau mark, innmarksbeite samt skog med høg bonitet, sjå figuren under.



Figur 8 - Kartet viser registrerte naturtypar. Kilde: Skog + Landskap.

3.9 Grunnforhold

Det er utført prøvegraving og prøvetaking med traktorgravar, samt myrsondering med stikkstong. Det generelle inntrykket er at det under eit humushaldig vegetasjonsdekke/beitemark er fast sandig og grusig mineralisk jord (morene) over berg. Det er òg gjort ei rekke observasjonar av berg i dagen.

Der det er planlagt gangvegundergang viser prøvegravinga at det i området for kryssing er 1-1,5 meter til berg. Der den nye traséen for fv. 654 samt det nye krysset med fv. 10 er planlagt er det ein del myrområde, og det vil her bli behov for masseutskifting.

I byggefasen på alle prosjekt skal entreprenøren lage risikovurdering for kritiske arbeidsoperasjonar (sikker jobbanalyse). Dette skal inngå i byggherren sin SHA-plan. I dette prosjektet er det ein viss risiko knytt til utgraving av djupmyra mellom profil 4020 og 4080. Det er viktig at entreprenør har store nok maskinar for dette arbeidet, slik at ein heile tida kan arbeide frå fast grunn. Elles er det på strekninga vurdert å vere liten og ingen risiko for ras og skred inn på planområdet, eller utglidingar som følgje av svak undergrunn.

4 Skildring av planforslaget


4.1 Traséval og teknisk skildring

4.1.1 Fylkesveg 654

Fylkesveg 654 er i planforslaget lagt om slik at vegen frå skulen går rett fram mot Stokksundbrua. På denne måten unngår bilistane både dagens skarpe sving ved Stokksund, samt dagens kryss med fv. 10 der bilistane på fv. 654 blir tvungne til å bremse heilt ned. Ved å legge om fv. 654 i dette området sparer bilistane den unødvendige omvegen på 350-400 meter.

For å få ein veg som svingar minst mogleg, og samtidig kjem inn rett på brua, vil fv. 654 gå inn og opp i terrenget allereie frå området ved skulen. Vest for dagens krappe sving på fv. 654 vil den nye fv. 654 gå rett fram mot Stokksundbrua, der det er beitemark.

Standard på ny veg skal fastsettast ut frå prognoser for framtidig trafikkfordeling på vegnettet, og ut frå krava i handbok N100. 20 år fram i tid vil trafikken på fv. 654 truleg bli i overkant av 4000 køyretøy per døgn (ÅDT), som tilseier dimensjonering etter utbetningsstandard U-H4 for nasjonale hovudveggar og resten av hovudvegane, ÅDT 4000-6000. Det blir anbefalt at denne blir bygd med 10 meters breidde, men i kostbart og/eller sårbart terreng kan vegbreidda bli redusert til 8,5 meter. Vi har valt å dimensjonere fv. 654 med breidda 8,5 meter, da vi meiner at vegbreidde her må bli vurdert på bakgrunn av at dette er utbetring av ei kort vegstrekning, der det ikkje er aktuelt å utvide tilgrensande vegstrekning i nær framtid. Vegstrekninga må også tilpassast breidda på Stokksundbrua som er 7 meter mellom kantstein. Kvar køyrefil er 3,25 meter brei og vegskuldra er 1 meter, sjå Figur 9.



Figur 9: Tverrprofil U-H4, 8,5 m vegbreidde (mål i m).


På ein U-H4-vegtype skal talet på avkøyrslar avgrensast, og minste avstanden mellom kryss bør vere 500 meter. Kryss blir utforma som T-kryss eller rundkøyeringar.

Gang- og sykkelveggar kan krysse i plan på ein U-H4-vegtype, men planskilte kryss bør vurderast der kor gang- og sykkelvegen blir brukt som skuleveg.

4.1.2 Fylkesveg10

Fylkesveg 10 vil frå området med dagens kryss med fv. 654 i staden gå rett fram og komme inn på den nye fv. 654 i eit nytt T-kryss. Det vil i dette nye krysset bli bilistane på fv. 10 som har vikeplikt for trafikken på fv. 654, som er meir hensiktsmessig ut frå trafikktalet og veggeometri.

Fylkesveg 10 er planlagt med ein utbetningsstandard for «øvrige hovedveger» med ÅDT under 1500 kjt/t og fartsgrense 80 km/t (U-H01-veg i samsvar med handbok N100). Samla breidde på fv. 10 er 6,5 meter, med køyrefeltbreidde på 2,75 meter og vegskulder på 0,5 meter, sjå Figur 10.




Figur 10: Tverrprofil U-HØ1, 6,5 m vegbreidde (målt i m).

4.1.3 Gang- og sykkelveg


Det er planlagt gang- og sykkelveg parallelt med ny fv. 10 samt vidare frå krysset med fv. 654, gjennom undergang under fv. 10 til avkjørselen til bustadområdet i Stokksund. Frå denne avkjørselen og fram til skulen er det planlagt å bruke delar av eksisterande fv. 654 til fortau.

Gang- og sykkelvegen er dimensjonert etter krava i handbok N100 med 3 meters asfaltert flate med ei skulderbreidde på kvar side på 0,25 m. Sjå Figur 11.



Figur 11: Illustrasjon gang- og sykkelveg. 3 meter med asfalt og 0,25 meter med vegskulder på kvar side.

Der kor gang- og sykkelvegen ligg inntil ein fylkesveg, blir det planlagt ei 3 meter brei grøft mellom gang- og sykkelvegen og køyrebana, sjå Figur 12.



Figur 12: Grøft mellom gang- og sykkelveg og fylkesveg.

4.1.4 Fortau

Det er planlagt fortausløyising frå Indre Herøy Kyrkje til avkjørselen til bustadområdet i Stokksund. Dette er planlagt med 2,5 meters breidde og avvisande kantstein (13-15 cm). Årsaka til at det blir valt fortausløyising her er at ein ønsker å nytte eksisterande fylkesveg 654 til kombinert tilkomstveg til bustader, samt løysing for mjuke trafikantar.


4.1.5 Tilkomstveg til bustadområde nord for kyrkja

Bilistar som skal til bustadområdet nord for kyrkja har i dag ein tilkomstveg med avkjørsel tett på den krappe svingen på fv.654. Ny avkjørsel som er planlagt i ca. same område som der den ligg i dag, men vil knyte seg til

tilkomstvegen. Den nye avkjørsla vil få betre kurvatur enn dagens. Tilknyttinga til ny fv. 654 vil vere ved Stokksund skule, der sikta er betydeleg betre.

4.1.6 Busslommer

Det er planlagt to nye busslommer på kvar side av fv. 654 i samband med undergangen. Desse er planlagde med leskur og etter krava om universell utforming.



Figur 13: Skisse som viser busslomme med leskur.


4.1.7 Fotgjengarundergang under fv. 654

Det blir tilrådd å bygge standard undergang med vingemurar langs fylkesvegen. Breidde 4 m mellom veggjar.

Vi må ha lengre støttemurar på kvar side enn vist i Figur 14, då vi skal ha gangveg opp på nivå med fylkesvegen. Om muren skal vere i naturstein eller om sidemurar blir forlenga i betong, blir avklart i byggeplan.

Stigningsforhold på gangvegen skal vere maksimum 1:20 (5 %), unntak 1:22 (7 %) over korte strekningar, jf. kravet til universell utforming, handbok V129.

Over undergangen må vegen ha brystning i betong med rekkverk for å hindre at snø og liknande fell ned i undergangen. Rekkverk må byggast til sides for undergangen for å tilfredsstille krav i rekkverksnormal.



Figur 14: Prinsipp for undergang.

4.1.8 Løysingar ved skulen

Trafikkområdet mellom skulen og kyrkja er gjennom denne planen tenkt innstramma og oppgradert.



Figur 15: Utsnitt av reguleringsplanen ved Stokksund skule (det grå er vegareal/p-plass, det rosa er g/s-veg, det brune er kollektivhaldeplass, det mørke grøne er «anna trafikkareal» og det lysgrøne er LNF).

Gangvegen som kjem frå aust er tenkt vidareført mot vest med eit gangfelt over krysset som går ned mot skulen/Stokksund, og vidare forbi dei nye parkeringsplassane langs eksisterande fv. 654.

Gang- og sykkelvegen frå aust skal også vidareførast ned mot skulen til ei ny busslomme med leskur som er plassert inn mot skulen sitt areal. Denne busslomma skal brukast av skulebuss og lokalbuss, slik at passasjerane som skal til skulen ikkje treng å krysse noko trafikkareal. Det er plass til fleire bussar etter kvarandre i denne busslomma. Bussen må derfrå svinge rundt ei ny trafikkøy for å kome tilbake til fylkesvegen.

Mellom den fysiske trafikkøya og fylkesvegen legg denne planen til rette for etablering av parkeringsplassar for pendlarar/foreldre eller andre. Dagens parkeringsplass mellom kyrkja og skulen blir oppretthalden som i dag, men med innkøyring berre frå nord, sjå Figur 15.

4.1.9 Nytt bustadområde

Mellom ny fv. 654, ny fv. 10 og eksisterande fv. 654 foreslår planen eit mindre bustadareal. Ein avgrensa del av dette området er lagt ut til frittstående småhusbusetnad (BFS), medan det resterande er vist som konsentrert busetnad (BKS). Innanfor BFS1 er det i dag eitt eksisterande bustadhus. Planen går ut frå at bustadområdet skal ha tilkomst frå eksisterande fv. 654 (framtidig kommuneveg), og at området får støyskjerming mot dei nye hovudvegane (fv. 654 og fv. 10). Området kan ikkje byggast ut før ny veg er etablert.

Det er også lagt til rette for bustadbygging på eit mindre område nord for ny fv. 654. Dette området ligg i dag for nær vegen til at det kan nyttast til bustadar, men etter at vegen er flytta vil det ligge til rette for ei mindre utbygging.

4.1.10 Tilbakeføring/omklassifisering av vegar

Frå den nye undergangen og til eksisterande kryss med fv. 10, legg vi til grunn at vegen blir omklassifisert til kommunal veg og berre blir brukt som tilkomstveg til bustadhus.

På dagens vegbit mellom Stokksundbrua og krysset mellom fv. 654 og fv. 10 foreslår vi ein voll som skjermar mot støy og gir veganlegget betre landskapstilpassing. Denne skal revegeterast og arealet innanfor vollen kan tilbakeførast til LNF-område.

4.5 Andre vurderte alternativ

I oppstartsmeldinga for dette prosjektet skreiv Statens vegvesen at vi såg på eit forslag der eksisterande fv. 654, frå Stokksund skule til den krappe svingen, kanskje kunne brukast til gang- og sykkelveg utan biltrafikk, og kor vegen forbi prestegarden kunne bli opprusta til tilkomstveg for bustadområde og fiskerimottak. Mange av dei innspela vi fekk i samband med oppstartsvarselet, gjorde oss merksame på at dette ikkje var noko ønskeleg løysing, og dette har vi derfor gått vekk frå. Etter ønske frå kommunen er dagens fv. 654 vest for kyrkja/skulen no regulert til offentleg einfeltsveg med fortau, og ikkje som tofeltsveg med blanda trafikk.

Vidare har det vore vurdert om krysset mellom fv. 10 og fv. 654 skulle utformat som ei rundkøyning. På grunn av svært ulik trafikkmengde (ÅDT) på dei to fylkesvegane, og ønsket om å prioritere gjennomgangstrafikken på fv. 654, tilrår prosjektgruppa ikkje dette.

Det har også vore vurdert om gang- og sykkelvegen frå det som i dag er krysset med fv. 10 og fram til undergangen burde nytte eksisterande vegbit av fv. 654, som ved flytting av kryss kun kjem til å fungere som tilkomstveg til bustad. Kommunen hadde eit sterkt omgang- og sykkelveg langs heile fv. 10 vart lagt rundt det nye planlagde bustadfeltet, så difor er det denne løysinga som vert lagt fram.

5 Verknader av planforslaget

5.1 Framkomst

Krysset mellom fv. 654 og fv. 10 har i dag veldig krappe kurver, og nesten alle kjøretøya må bremse kraftig ned og gjerne også stoppe i krysset. I planforslaget er krysset flytta slik at hovudvegen (fv.654) er korta inn med ca. 400 meter, og geometrien er tilpassa høgare kjørefart. Dette gir redusert tidsbruk både for lette og tunge kjøretøya langs hovudvegen.

Planforslaget endrar også reguleringa av krysset slik at vegarma med minst trafikk får vikeplikt, medan den gjennomgåande trafikken på fv. 654 i stor grad kan køyre gjennom krysset utan å redusere farta.

Kapittel 5.3 viser kva samfunnet sparar av kjøretøy- og tidskostnader som fylgje av betring av vegstandard og redusert veglengde.

5.2 Trafikksikkerheit

Trafikksikkerheita vil betrast betydeleg for alle trafikantgrupper med den nye planen.

Fv. 654 blir retta ut og meir oversiktleg. Kryss blir utforma etter gjeldande vegnormalar, og sikta vil verte bra.

Talet på avkøyrslar til bustadområdet ved Stokksund blir redusert frå dagens tre, til ei for heile området.

Mjuka trafikantar vil få nye busslommer på begge sider av fv. 654 ved det nye krysset, samt ein undergang. Det blir bygd fortau langs eksisterande fv. 654, som blir felles tilkomstveg for nesten alle bustadane i Stokksund. I tillegg blir det planlagt gang- og sykkelveg langs ny fv.10. På denne måten blir det eit godt samanhengande tilbod for gåande og syklande gjennom heile planområdet.

Området ved skulen er også planlagt med tanke på trafikktrykkleiken. Det skal etablerast ny busshaldeplass rett framfor skulen, slik at skulebarn slepp å krysse vegen.

Trafikktryggingssesjonen i Statens vegvesen gjennomførte vinteren 2014 ein trafikktryggingssesjon av planen. Dette er definert som ein systematisk og uavhengig gransking av trafikktryggingssesjon i ein vegplan. Denne skal sørge for at nye veglegg vert bygd i samsvar med nullvisjonen, kunnskap om trafikksikker vegutforming og krav i vegnormalane og øvrig regelverk. Revisjonen skal luke ut uheldige løysingar, feil og manglar på dei ulike plannivåa, før anlegget blir bygd.

I vidare byggeplanlegging må det vere fokus på plassering av rekkverk i forhold til sikt i kryss og ved sikring av undergangen under fv. 654. Eit viktig moment som blei diskutert som ledd i trafikktryggingssesjonen var overgangen frå ny veglinje på fv. 654 til Stokksundbrua. Kjørebanebreidda er lik på ny veglinje og bru, men vegskuldra er smalare på brua, slik at trafikanten kan oppfatte brua som smalare. Vegvesenet tilrår uansett at den nye vegbiten vert planlagt og bygd i samsvar med handboka.

5.3 Samfunnsmessige forhold

Det er gjennomført nytte- og kostnadsutrekningar for prosjektet med programmet EFFEKT (versjon 6.53). Effekttrekningane viser kostnader for aktørane under:

- Trafikantar (trafikant- og transportbrukarnytte)
- Operatørar (bompengeselskap og kollektivselskap)
- Det offentlege (budsjettverknader for det offentlege)

- Samfunnet elles (ulykker, støy, luftforureining, skatteinntekter, restverdi)

Nytte og kostnader er utrekna for kvart år i ein periode på 40 år og diskontert til samanlikningsåret 2018. Netto nytte er summen av nytte i perioden 2018-2057, minus anleggskostnader og kostnader til drift og vedlikehald i same periode.

Tabellen under viser resultatata frå EFFEKT, og samfunnsøkonomisk er prosjektet lønnsamt. Samfunnet tener 1,71 kr for kvar krone som vert investert. Innkorting av vegen med ca. 400 m for gjennomgåande fylkesveg og høgare fart gir stor nytte i form av sparte kjøretøy og tidskostnader.

Prissette konsekvensar	Prosjektverknader	Kommentarar
Trafikant- og transportbrukarnytte	116 mill. kr	Spart reisetid og kjøretøykostnader mest pga. innkorting av fv. 654 med ca. 400 m.
Operatørnytte	0 mill. kr	Også bussruter får kortare kjøretid, men dette blir utlikna av reduksjon i overføringar.
Budsjettverknad	- 48 mill. kr	Investeringskostnader. Redusert veglengde gir reduserte vedlikehaldskostnader sjølv om det vert bygd gang- og sykkelveg.
Skattekostnad	- 10 mill. kr	Effektivitetstap knytt til skattefinansiering, 20 % av offentlege utgifter.
Ulykker	19 mill. kr	Betre vegstandard og kortare kjørelengde langs hovudvegen (fv. 654) gir reduksjon i talet på ulykker.
Støy og luftforureining	6 mill. kr,	Innkorting av vegen reduserer klimagassutslepp og støytiltak, og omlegging av fv. 654 gir betre støyforhold for nærliggande bustadar.
Netto nytte	83 mill. kr	Prissett nytte er større enn kostnadane.
Netto nytte pr. budsjettkrone	1,71	Samfunnet tener 1,71 kr for kvar krone som blir investert.

5.4 Naboskap

Naboane til dagens fv. 654 rett før dagens kryss med fv. 10 vil sleppe trafikken rett forbi husa sine. Vegen her vil berre bli nytta som tilkomstveg til bustader.

Eit bustadhus (på 58/6) vil få ny fv. 654 tettare på enn slik det er ved dagens løysing. Det planlagt å skjerme dette bustadhus mot støy med ein støyvoll med betongrekkverk opp på, sjå nærmare omtale i kapittelet om støy.

5.5 Byggegrenser

Byggegrensa langs fylkesvegane skal generelt følgje veglova § 29, dvs. 50 meter målt frå senterlinja, der ikkje anna er vist i plankartet. For bustadområdet BKS og BFS er byggegrensa 20 meter frå fv. 10, 30 meter frå fv. 654 og 10 meter frå kommunal veg. Byggegrense frå gang- og sykkelvegen, der den ikkje ligger langs veg, er 8 meter.

5.6 Kollektivtrafikk

Kollektivtrafikken til/frå Fosnavåg vil som resten av trafikken spare 350-400 meter ved omlegging av fv. 654. For kollektivtrafikk som skal til/frå fv. 10 vil strekninga i meter bli ca. som ved dagens situasjon, men vegane vil bli meir rette og oversiktlege innanfor planområdet, og krysset mellom dei to fylkesvegane vil bli utforma etter gjeldande standardar.

Det vil bli to nye busslommer i samband med krysset mellom dei to fylkesvegane, og desse vil bli utforma etter gjeldande standardar og med universell utforming

Korresponderande bussar vil som før nytte busshaldeplassen ved skulen, som blir planlagt oppstramma og forbetra gjennom denne planen.

5.7 Landskapsbilde

Det planlagde tiltaket vil gi nye inngrep og større skjeringar enn dagens veg. Mellom profil 3620 og 3930 kan ein ikkje unngå å få høge skjeringar med helling 10:1 mot vest. Mellom profil 3700 og 3900 vil ein også få fjellskjering mot aust. Denne foreslår vi å sprengje ned så langt at skjeringa får same skråningsvinkel som grøfta etter at fjellet er kledd med jord og tilsådd. Dette for å unngå at vegen går gjennom ei sjakt med bratte fjellskjeringar på begge sider.

Med tida vil vegetasjon vekse til og gjere skjeringane mindre dramatiske, tilsvarande dagens situasjon. Skjeringane skal i utgangspunktet revegeterast, med mål om å få markvegetasjon som er typisk for området tettare inn mot vegen. Under anleggsperioden må det vurderast om vegetasjonen eignar seg til revegetering, og om ein ønsker å dekke til skjeringane. Fjellskjeringa sin utsjånad vil avgjere dette. For å avgrense innsyn frå bustadar til vegen er eksisterande terreng mellom ny og eksisterande veg planlagt bevart mellom profil 3740 og 3860.

Landskapsrommet i le av Rafteneset vil bli delt i to. Som avbøtande tiltak vil vegfyllingane bli utførte med slake skråningar, slik at det framleis kan nyttast som landbruksareal nord for vegen.

Vegen sin barriereverknad blir redusert når det blir etablert undergang for gåande og syklande. I tillegg vil trafikken vest for ny fv. 654 bli vesentleg redusert, og området vil få eit heilt anna utviklingspotensiale og er difor regulert til bustadområde.

Det er planlagt vollar både langs begge fylkesvegane. På nokre strekningar har dei funksjon som støyskjerming, andre stadar for at vegen skal vere meir tilpassa landskapet og andre plassar for å gi ei visuell skjerming mellom veg og bustad/opphaldsområde. Vollane vil vere eit nytt landskapselement i området, men vil vere eit avbøtande tiltak for å gi betre landskapstilpassing og eit meir frodig veganlegg.

5.8 Nærmiljø/friluftsliv

For nærmiljøet er konsekvensane oftast knytt til støy, vibrasjonar, luftforureining, støv, samt barriereverknad og utryggleik i forhold til trafikken. Planforslaget vil truleg ikkje å ha negative konsekvensar i forhold til vibrasjonar og luftforureining. Støy er omtalt i punkt 5.12.

Planforslaget påverkar ikkje friluftsliv direkte, men den samanhengande gang- og sykkelvegen med undergang under fv. 654 kan vere med til å stimulere til gang- og sykkelaktivitet i området.

5.9 Naturmangfald (nml §§ 8-12)

Som det står i naturmangfaldlova skal vi ved utøving av offentleg myndigheit vurdere kva effekt tiltaket har på natur. Vurderingane er gjort av biolog i Vegvesenet sjå også avsnitt 3.6. Målet er å framskaffe og samanstillje tilstrekkeleg med kunnskap om naturmiljøet, slik det blir stilt krav om i naturmangfaldlova. Det er ikkje krav til konsekvensutgreiing for denne planen.

§ 8 Kunnskap om naturmangfald i området

Dei eksisterande registreringane er innhenta frå Naturbase (Miljødirektoratet), artskart (Artsdatabanken) og berggrunn (NGU). Vi vurderer kunnskapen om naturmangfaldet som god,

og naturmangfaldloven § 8 om kunnskapsgrunnlaget som oppfylt. Det er ikkje registrert naturtypar eller artar i området som er trua eller sårbare (CR, VU, EN). Tiltaket vil ikkje påverke utvalte naturtypar, prioriterte arter, utvalte kulturlandskap, verneområde, nærområde til verneområde eller marint verna område.

§ 9 Om føre-var-prinsippet

Vi vurderer kunnskapen om naturtypar, vegetasjon, pattedyr, vassmiljø og effektar av tiltaket i planområdet som god. Det er ikkje sannsynleg at tiltaket vil medføre alvorleg skade på økosystem, naturtypar, vegetasjon, flora, landskap og geologi. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje lagt stor vekt på vidare.

§ 10 Samla belastning på naturmangfaldet i planområdet

Planområdet er vurdert til å ha små naturfaglege verdiar. Det har også betydeleg menneskeleg påverknad frå busetnad og eksisterande veg. Området som blir råka er ikkje å rekne som eit betydeleg naturområde. Det blir derfor vurdert at den planlagde utbygginga ikkje vil påverke naturmiljøet særleg negativt, sjølv om noko areal vil bli nedbygd og ein del støy vil oppstå i anleggsperioden.

§ 11 Kostnadar ved miljøsvkking

Statens vegvesen har tatt kostnadane ved å framskaffe kunnskap om naturmangfald i området. Vidare vil det i tråd med Vegvesenet sine retningslinjer bli utarbeidd ytre miljøplan, samt rigg- og marksikringsplan, der førebyggjande eller avbøtande tiltak vil framgå. Kostnadar ved eventuelle avbøtande tiltak skal takast av tiltakshavar.

§ 12 Om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Paragrafen går ut på å unngå eller avgrense skadar på naturmangfaldet ved å ta utgangspunkt i driftsmetodar, teknikk og lokalisering, som ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir dei beste samfunnsmessige resultata. Innhaldet i § 12 omfattar også vurdering av lokalisering/traséval. I denne saka er ny gangveg og ny vegtrasé allereie valt på bakgrunn av kva som er mest hensiktsmessig med tanke på vegens funksjon samt trafiksikkerheit. Løysingane ser ikkje ut til å vere til ulempe for naturmiljøet i større grad. Miljøforsvarleg teknikk og drift gjeld også miljøomsyn i anleggsfasen, og moment som skal sikre dette blir ytterlegare spesifisert i Ytre Miljø-plan før byggefase.

5.10 Kulturmiljø

Avstanden frå prestegarden til den nye traséen for fv. 654 vil bli større enn slik dagens situasjon er, og dermed vil støy frå fylkesvegen bli noko mindre (sjå omtale av støy kap 5.12 + støysonkart). Lokaltrafikken forbi prestegarden vil også kanskje gå noko ned, når eksisterande fv. 654 blir omgjort til lokal tilkomstveg med fortausløyising for gåande og syklistar. Statens vegvesen vurderer det slik at den nye vegtraséen for fv. 654 er ei forbetring for dette kulturmiljøet.

5.11 Naturressursar

Den nye traséen for både fv. 10 og fv. 654 vil beslaglegge primært innmarksbeite (i det nye kryssområdet) samt litt skog i samband med ny veglinje for fv. 654 mellom skulen og det nye kryssområdet. Sjå figur 8.

5.12 Støy

Støyregelverk

Gjeldande retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging er T-1442/2012. Denne skal leggest til grunn ved arealplanlegging og handsaming av enkeltsaker etter plan- og bygningslova i kommunane og i statlege etatar.

Den gjeld ved planlegging av ny støyande verksemd, etablering av nye bustadar eller annan busetnad med støyfølsame bruksformål ved eksisterande eller planlagt støykjelde og ved utviding eller oppgradering av eksisterande verksemd når endringa er så vesentleg at det er krav om ny plan etter plan- og bygningslova.

I samsvar med T-1442/2012 skal støy bereknast, og det skal kartfestast ei inndeling i to støysoner: Raud sone nærast støykjelda (Lden over 65 dB), angir eit område som ikkje er eigna til støyfølsame bruksformål, og etablering av ny støyfølsam busetnad skal unngåast. Gul sone (Lden 55 - 65 dB) er ei vurderingssone, der støyfølsam busetnad kan oppførast dersom støyreducerande tiltak gir tilfredsstillande støyforhold. For øvrige område (kvit sone) vil det normalt ikkje vere nødvendig å ta omsyn til støy.

Berekingar og vurderingar

Planen er vurdert som eit tiltak for å betre trafikkavviklinga på fv. 654. Dei tilrådde grenseverdiane i T-1442/2012 for bustader og skuler er då Lden 55 dBA på uteplass og utanfor rom med støyfølsam bruk og Leq24h 30 dBA inne i soverom/opphaldsrom i bustad og i undervisningsrom/møterom i skuler. T-1442/2012 føreset at det også skal takast omsyn til kostnader. Dersom den tilrådde støygreasa utandørs ikkje vert innfridd med støyskjermingstiltak langs veg, skal lokale støytiltak (lokal skjerming av uteplass og/eller fasadetiltak) for å oppnå tilfredsstillande støyforhold vurderast.

Det er berekna gul og raud støysone i høgde 4 og 2 meter over bakken. Høgde 4 meter over terreng er eit krav i retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging. Berekningsnivået 4 meter over bakken vert ofte lite påverka av støyskjerming frå nærliggande terreng og også i mindre grad av eventuelle støyskjermende element langs dei aktuelle støykjeldene. Berekingar utført i 2 meter høgde er representative for støy på uteplassar på bakken og framfor 1. etasje. Berekna støysonekart er lagt ved planen, sjå støysonekart i vedlegg X001-X006. Dei 2 første støysonekart (X001-X002) viser støynivå for dagens veg (trafikkfall år 2040) i 2 m høgde over bakken, mens dei 4 neste viser støysoner for ny veg med støyvollar og støyskjermar langs veg, berekna i 2 meters høgde (vedlegg X003-X004) og 4 meter høgde over bakken (vedlegg X005-X006).

Som ein ser av støysonekarta vil støysituasjonen betre seg for alle bustader i planområdet, då fv. 654 vert lagt inn i terrenget og vekk frå bustadane. Langs ny fv. 10 (tidlegare ein del av fv. 654), vil også støysituasjonen betre seg vesentleg. Den raude støysona vil i dette område bli redusert kraftig som følge av redusert trafikk på strekninga, samt støyvoll mot det nye kryssområdet.

Som det går fram av vedlegg X002-X006 er det foreslått 5 støyvoller og 1 støyskjerm og tett betongrekkverk som vil fungere som skjerm over gang/sykkel undergangen. Ved skulen er det foreslått ein støyvoll frå profil 3350 og fram til parkeringsplassen ved skulen. På den første strekninga er skjermhøgda foreslått til 3 meter, mens den på strekninga nærmare skulen er foreslått til 2 m. Eksakt høgde kan justerast i byggeplan, og det kan også vurderast om det bør lagast ein tilkomst gjennom vollen ein stad (vollane på begge sider av tilkomsten bør i så fall overlappe noko for å minske støyinnfall).

Vidare er det regulert inn ein støyvoll mellom langs fv. 654 for å skjerm prestebustaden på 58/1, frå profil ca. 3710 til 3800, med høgde 2 m. Prestebustaden kommer da i grøn støysone. Støyvoll ved kyrkja kunne gitt betre støyforhold her, men dette er ikkje nærare vurdert etter som kommunen ikkje ønska en støyvoll der.

Ved eigedom 58/6 er det regulert inn ein 2 meter høg støyvoll frå profil 3960 til profil 4040. I kryssområdet langs fv. 10 og fv. 654 er det regulert inn støyvollar med høgde 1,5 m for å skjerm 58/1/12 og 58/1/13. Bustad 58/1/12 kommer da i grøn støy sone. Frå profil 3880 til profil 4040 langs fv.654 vil tett betongrekkverk (0,9 m høg) på begge sider av fylkesvegen fungere som støyskjerm. Ved eigedom 58/5 er det foreslått støyvoll med høgde 1,5 m. Ved eigedom 58/7 er det foreslått en 2,5 m høg støyskjerm.

Sjølv om støysituasjonen i planområdet vert vesentleg betre som følge av ny veg og støytiltaka langs vegen, ligg fleire bustader (58/6, 58/1/13, 58/5 og 58/7), skulen (58/31) og kyrkja (58/38) i gul støysone når støy bereknast 4 meter over terreng (vedlegg X005 og X006). For bustadane og skulen må lokale tiltak (lokal skjerming av uteplass

og/eller fasadetiltak) nærmare vurderast i samband med byggeplanlegging. I støysonekarta er desse bustadane vist med ein ekstra tjukk svart linje.

Lokale skjermar skal alltid plasserast tett ved aktuell uteplass, og har vanlegvis kort lengde (5-15 m), avgrensa høgde (1.0- 2.0 m) og beskyttar et lite areal (6-15 m²). Ein bør skjerm uteareal opp mot 15 m², og skjerming må tilpassast aktuell situasjon ved bustaden som: aktuell bruk og opparbeiding før tiltak, topografi, sol- og vindforhold samt eksponering mot naboer, veg etc.

Konkret utforming og utføring av dei lokale støytiltaka vert avklara i eit samarbeid med den aktuelle grunneigar.

5.13 Massehandtering

Tiltaket har eit masseoverskot på ca. 15.000 m³. Dette må køyras til et godkjent deponi. Vi forventar ikkje at lagring eller transportering av desse massane vekk frå planområdet vert oppfatta som problematisk. Det er sett av eit areal til anleggsbelte som kan nyttast til mellombels masselagring i anleggsperioden. Der vert behov for utgraving av djupmyra mellom profil 4020 og 4080.

5.14 Barn sine interesser

I rikspolitiske retningslinjer for «barn og planlegging» er det m.a. stilt krav til fysisk utforming. Planområdet må vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare.

For dette planområdet blir barn sine interesser tatt vare på ved å legge til rette for trygg ferdsel for mjuke trafikantar langs fv. 10 og fv. 654, samt ein undergang under fv. 654. I tillegg legg planen til rette for oppstramming av trafikkarealet framfor skulen for å betre trafikksikkerheita, blant anna med busslomme rett framfor skulen, slik at barna slepp å krysse veg eller trafikkareal mellom skulebuss og skulebygning.

5.15 Universell utforming

Gang- og sykkelveg, fortau, undergang samt busslommer blir planlagde etter prinsippa om universell utforming. Planforslaget er i tråd med Statens vegvesen si handbok 278, universell utforming av vegar og gater. Gang- og sykkelvegen innfrir krava til universell utforming med tanke på stigningsforhold.

6 Risiko, sårbarheit og sikkerheit ROS-analyse

Beredskapsseksjonen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal har utarbeidd sjekklista nedanfor for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga. Uakseptabel risiko er kommentert.

Emne	Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja	
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tar omsyn til auka nedbør som følgje av moglege klimaendringar?	X	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustadar/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?	X	
	g	Er faren for radon vurdert i området?	X	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?		
Omgivnader	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversvømming i lavareliggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser):	X	
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkeleg sløkkevassforsyning (mengde og trykk)? <i>Kommentar: Det lokale brannvernet har tankbil og nødvendig utstyr til ulykker innanfor planområdet.</i>		X
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykkingskøyretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjente ulykkespunkt på transportnett i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportåre inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området? <i>Kommentar: Tankbilvelt m.m. kan ein ikkje sjå bort frå, men planforslaget aukar etter SVV si vurdering trafiksikkerheita i området, slik at risikoen for dette bør minskast ved ny løysing.</i>	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenninglinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenningmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området? <i>Kommentar: Stokksund kyrkje er kanskje å rekne som eit brannobjekt, men planforslaget aukar etter SVV si vurdering ikkje brannrisikoen. Når fylkesvegen blir lagt i større avstand frå kyrkja, og dagens fylkesveg blir brukt til tilkomstveg, vil det kanskje gjere eit eventuelt sløkkearbeid enklare.</i>		X
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?		X

Emne	Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja	
	<i>Kommentar: Stokksund skule ligg i utkanten av planområdet. Tilkomsten til skulen vil ved gjennomføring av planen bli betre og meir sikker.</i>			
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: Opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: Fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som f.eks. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

7 Gjennomføring av plan

7.1 Framdrift og finansiering

Anleggsstart er avhengig av prioriteringar i fylkeskommunens langtidsplan. Prosjektet har pr dags dato (juni 2014) prioritet 5 på lista for mindre utbetringar i «Investeringsprogram fylkesvegar 2015 – 2023» som vart vedtatt av fylkestinget 17. juni 2014. Det er ikkje prioritert midlar til anleggstart til meir enn dei 4 første prosjekta på denne lista i perioden 2015 – 2023.

7.2 Utbyggingsrekkefølge

Det er ikkje aktuelt å bygge delar av veganlegget, da utretting av fv. 654, som er prosjektets hovud formål, utløyser dei andre føreslått tiltaka.

7.3 Endring av gjeldande planar

Det finst ingen eksisterande reguleringsplanar innanfor eller i tilknytning til planområdet.

7.4 Teknisk infrastruktur

Eksisterande leidningsnett skal kartleggast, og behovet for framtidig leidningsnett må avklarast med kabeletatane og kommunen.

Statens vegvesen har i planfasen hatt kontakt med Møre Nett (tidligere Tussa Nett) som har leidningar og kablar i området. En 66 kV-leidning kryssar området (hovudforsyninga til Ytre Herøy, som det ikkje er etablert reserveforsyning for), og det må tas omsyn til denne i samband med bygging. Ved eksisterande fv. 654 er det leidningar til lokal forsyning som bør leggast i bakken i samband med bygging.

7.5 Oppfølgjande undersøkingar

Det skal gjennomførast ei fullstendig kartlegging av framande uønskte arter i byggeplanfasen.

7.6 Grunnerverv

Vedtatt reguleringsplan dannar grunnlag for grunnerverv. Dersom frivillige avtalar med grunneigarar ikkje blir oppnådde, vil ein vedtatt plan vere grunnlag for ekspropriasjon av grunn og rettar. Normalt vil grunnervervet følgje formålsgrensa, slik at offentlege trafikkområde blir offentleg eigedom.

8 Samandrag av innspel

8.1 Innspel ved varsel om oppstart

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
Tussa Nett AS, 02.09.11	Tussa Nett AS gjer merksam på at dei har 22- og 66 kV-linje i området som vi må ta omsyn til, bl.a. hovudforsyninga til Ytre Herøy, som det ikkje er etablert reserveforsyning for.	Ok.
Stokksund grendalag v/Kåre Jensholm, 04.09.11	Seier at det ikkje er tatt med i planarbeidet ny G/S-veg frå Stokksundkrysset til Sandvika.	G/S-veg til Sandvika er ikkje en del av dette prosjektet.
Stokksund grendalag v/Kåre Jensholm, 03.11.11	<ul style="list-style-type: none"> • Ønsker nytt kryss ved skulen, og at eksisterande fv. 654 her blir gang-/sykkelveg og tilkomstveg til bebuarar og bedrifter i Stokksund. • Gamle fv. 654 ønskes ført under nye fv. 654 mellom Kåre Jensholm og Hans Jørgen Løvøy. • Eit lite fortau akkurat i undergangen og fartsgrense 30 km/t er ønskeleg. • Ønsker fartsgrense 30 km/t på alle småvegane i bygda generelt. • Ønsker at "Kirkholmkrysset" blir utbetra slik at det kan ta store lastebilar til fiskebruket. • Frå Jensholmkrysset til Kirkholmkrysset må kommunen ta ansvar for drift og vedlikehald av vegen. • Ønsker ikkje auka trafikk forbi prestetunet. Vegen mellom "presteløa" og kyrkja ønsker dei omgjort til kombinert G/S-veg og tilkomstveg. • Støyvollar bør vurderas. • Ønsker at det skal takast med i planen G/S-veg frå "Grytvikkrysset" til Sandvika. 	<p>Trafikkområdet ved skulen er oppstramma og utbetra via denne planen. Eksisterande fv. 654 er planlagt brukt som tilkomstveg med fortau.</p> <p>Det vert planlagt ein fotgjengarundergang under fv 654 som er dimensjonert for brøytemaskin (og mindre landbruksmaskin).</p> <p>Fartsgrenser vert ikkje fastsatt gjennom reguleringsplan.</p> <p>Avkøyrsla frå ny tilkomstveg (eksisterande vegtrasé for fv. 654) vil bli omlagt og utbetra. Denne er dimensjonert for lastebilar.</p> <p>Det er regulert inn støyvollar på plankartet og temaet støy er skildra i planomtalen.</p> <p>G/S-veg til Sandvika er ikkje med i dette planprosjektet.</p>

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 12.09.11	Ingen innspel.	OK.
Sandvika Vel v/Caroline Sivertstøl, 26.09.11	Ønsker at G/S-veg frå Indre Herøy skule til Sandvika skal takast med i planarbeidet.	G/S-veg til Sandvika er ikkje med i dette planprosjektet.
Fjord1 Buss AS v/Håkon Hagen, 30.09.11	Fjord 1 Buss sin erfaring tilseier behov for busslommer på fv. 654 på begge sider av krysset mot Moltu, samt ei busslomme på fv. 10 i kryssområdet. Ønsker vidare at busslomme ved Indre Herøy ungdomsskule bør ha same tilknytning og utforming som i dag.	Det blei halde eit arbeidsmøte mellom Fjord1 Buss, Fylkeskommunen og Statens vegvesen 28.11.12 der dette blei diskutert, og kor ein i fellesskap kom fram til ei god løysing for busshaldeplassar. Reguleringsforslaget som blir lagt fram bygger på dette.
Stokksund skule v/rektor Vidar Kalland, 30.09.11	Ønsker g/s-veg frå krysset i Grytevika til Sandvika.	G/s-veg til Sandvika er ikkje med i dette planprosjektet.
Beate og Ivar Ørstavik, Herøy gamle prestegard, 05.10.11	Ønsker at eksisterande parsell av fv. 654 blir nytta til tilkomstveg for busetnad og fiskemottak, vidare at gamlevegen frå kyrkja til prestegardsløa blir nedgradert til G/S-veg.	Det er tatt høgde for innspelet.
Søre Sunnmøre landbrukskontor, 06.10.11	Omsyn til jordvernet må vurderast i det vidare arbeidet. Ønsker at dyrka mark blir skåna så godt som mogleg, og at det blir lagt til rette for gode løysingar med tanke på at landbruksdrifta kan halde fram. Dei meiner at ei omdisponering av LNF arealet vil ha ein samfunnsfordel, og at tiltaket har ein positiv verdi for samfunnet.	OK.
Gry-Elisabeth Lillenes Kempton, nestleiar i Tjøråvåg Idrettslag, 09.10.11	Ønsker G/S-veg til Sandvika.	G/S-veg til Sandvika er ikkje med i dette planprosjektet.
Opplysningsvesenets Fond v/advokatfirmaet	Gjer oppmerksom på at areal til trafikkformål må ervervast, og at OVF har rett til å komme med merknader ved høyring av reguleringsplan.	Det stemmer, ja.

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
Harris, 10.10.11		
Sokneprest Knut Magne Dalsbø, 10.10.11	Foreslår at gamlevegen frå kyrkja forbi løa til prestegarden blir stengt for gjennomgangstrafikk, og at fv. 654 blir nytta til både tilkomstveg og G/S-veg.	Eksisterande fv 654 vil bli nytta til både tilkomstveg og g/s-veg i planforslaget som er lagt fram.
Møre og Romsdal fylkeskommune, 10.10.12	Det er ikkje kjente funn av automatiske freda kulturminne i planområdet, men meiner at området har potensiale for funn av ikkje kjente automatiske freda kulturminne. Det må påreknast at det blir stilt krav om arkeologiske registreringar. Dei vil komme tilbake med utsegn etter nærmare synfaring. Dei ønsker at kulturminne frå nyare tid i området i form av Herøy gamle prestegard som er eit kulturmiljø av nasjonal verdi og Indre Herøy kyrkje, skal vektleggast tungt i planlegginga. Dersom det ikkje blir lagt fram eit planforslag som tilstrekkeleg tar omsyn til desse nasjonale verdiane, vil dei vurdere forslag til motsegn til planforslaget.	Det blei utført arkeologiske registreringar våren 2013.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 12.10.11	Påpeikar at tiltaket er i samsvar med kommuneplanen og ikkje medfører vesentleg samfunns- eller miljøkonsekvensar, og at det derfor ikkje er krav om konsekvensutgreiing. Fylkesmannen er positiv til at det foreslåtte prosjektet blir gjennomført.	OK.

8.2 Innspel ved offentlig ettersyn

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
Fylkesmannen 26.01.15	Peikar på at planen legg til rette for løysing som betrar trafikktryggleiken og legg betre til rette for kollektivtrafikk. Planen medfører ikkje vesentlege konflikter med allmenne interesser.	Ok.
Opplysningsvesenets fond 26.01.15	Dei meiner planforslaget gir omfattande konsekvensar ved at store delar av foreslått vegareal blir liggande på deira grunn. Det er regulert støyvoll for å ivareta støyforholda i prestebustaden. I føresegnene er det berre opna for at det kan etablerast støyvoll. Dei ber om at dette forholdet vert sikra gjennom	Føresegner er retta opp slik at ein sikrar at støyvollar vert bygd. Formåls grensene er noko justert slik at anna vegareal er redusert og bustadareal har auka.

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
	<p>kart og føresegner</p> <p>Dei er positive til tilrettelegging for bustadareal. Når det gjeld B1 (no BKS2) så ber dei om at formåls grensene vert justert og utvida slik at det minimum følger g/s-vegen om syd og SKV2 mot aust så langt dette er mulig. Dette vil vere meir natuleg enn den som er lagt i eigedoms grensa og medfører unødvendig mykje areal til annan veggrunn. Dei ber også at vi vurderer å flytte g/s-veg slik at bustadarealet kan utvidast mot sør.</p> <p>Faresona legg beslag på byggbart areal, dei ber om at det vert vurdert tiltak som gjer større delar av området byggbart. Dei ber om at den eksisterande vegstubben på bustadområdet mellom Tjørnvågevegen og Prestegardsvegen vert fjerna i anleggsfasen.</p> <p>SKV2 skjer inn i prestebustadhagen. Dei ber om at anna veggrunn vert redusert til eit minimum.</p> <p>Dei gjer oss merksam på at grunn til trafikkføremål må ervervast.</p>	<p>Vi meiner det er god bruk av dagens vegkapital å nytte eksisterande veg til gang- og sykkelveg og ser det ikkje som rett ressursbruk å bruke samfunnet sine midlar på å bygge ny g/s-veg lenger sør for å få eit noko større bustadområde. Det vil heller ikkje vere vegprosjektet si oppgåve å fjerne høgspenteleidningar for å få større bustadområde.</p> <p>Kommunen krev at veg og g/s-veg skal vere adskilt og ha dei breiddene som er brukt i planforslaget. Omfanget av anna vegareal er redusert til å omfatte 1 meter utanfor skråningsutslag som er minimum for å ha plass til snøopplag.</p>
NVE 05.12.14	Ingen merknadar til planforslaget	OK.
Møre og Romsdal fylkeskommune 27.01.15	Ingen merknadar til planforslaget	Ok.
Søre Sunnmøre landbrukskontor 26.01.15	Dei viser til førre merknad og presiserer at det må leggest til rette for gode løysingar for landbruksdrifta i området. Forslaget kjem ikkje i konflikt med kjende trekkvegar for hjort slik dei er vist i kommunen sitt viltkart.	Sett bort frå det som er direkte tap av dyrka mark, så er det ikkje vurdert at tiltaket har negative konsekvensar for landbruket. Det har ikkje kome merknadar frå styresmakter eller bønder som tilseier at det er ulemper som ikkje er skildra i planomtalen.
Kåre Jensholm 23.01.15	<p>Han forutset at gamle fv. 10 vert kommunal og blir rusta opp og asfaltert.</p> <p>Kan undergang nyttast som tilkomst til gamalt kryss mellom fv 10 og fv. 654. Han ønsker ny veg sør for huset for å sleppe trafikk gjennom tunet for eventuelt framtidig tomter på hans eigedom.</p>	<p>Dette er ikkje eit forhold som vert regulert gjennom reguleringsplan, men kommunen er positiv til dette.</p> <p>Han kan ikkje nytte undergang til køyring, sjølv om den er dimensjonert for brøytebil. Køyring kan skape utrygge situasjonar for</p>

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
	<p>Han ønsker støyskjerm i staden for jordvoll, jf. pkt ovanfor, samt vedlikehaldsproblemattikk. Dei vil forbehalde seg retten til all overskotsstein frå prosjektet. Overskotsmasse kan planerast på både hans område og på prestegarden. Han vil også ha hand om skogen som vert rydda på eigdommen hans.</p> <p>Eksisterande fv. 654 vert i planen delt i gangveg og køyreveg nesten heile strekninga, men kvifor ikkje heilt fram til deira eigedom?</p>	<p>gåande og syklande.</p> <p>Vi vil ikkje motsette oss ein slik veg, men dette må avklarast ved ev. utbygging/regulering av nye tomter.</p> <p>Jordvoll vil ikkje vere i konflikt med ev. veg. Jordvoll er rimelegare å etablere og halde ved like og vert sett på som samfunnsnyttig bruk av overskotsmasser. Han vil eige innsida av vollen og kan der etablere den vegetasjon han ønsker. Vi ønsker å halde fast på løysinga med støyvoll.</p> <p>Forhold som omhandlar masser og skog vert ikkje avklart gjennom reguleringsplan og må vurderast i samband med byggeplan/ grunnforhandlingar.</p> <p>SKV5 er bygd så langt det er nødvendig for å erstatte dagens veg gjennom prestegardstunet. Det er heller ikkje ønskeleg med køyreveg på begge sider av BFS2. Deira eigedom får tilknytning via regulert trapp som er tatt inn etter at planen var på høyring.</p>

REGULERINGSFØRESEGNER TIL DETALJREGULERING FOR FV. 654 INDRE HERØY KYRKJE – STOKKSUNDBRUA I HERØY KOMMUNE

Planforslag datert: 21.10.14

Dato for siste revisjon av plankartet: 27.03.15

Dato for siste revisjon av føresegnene: 27.03.15

Dato for godkjenning:

§ 1 AVGRENSING OG FORMÅL

1.1 Planavgrensing

Reguleringsplanen omfattar reguleringsføresegner og reguleringskart i målestokk 1:1000. Regulert område er vist med reguleringsgrense på reguleringskartet. Reguleringsføresegnene gjeld for dei områda som ligg innafør plangrensene.

1.2 Planen sitt formål

Formålet med reguleringsplanen er å avklare plassering og utforming av kryss, gang- og sykkelveg, tilkomstveg, kryssingspunkt, busslommer, støyvollar og tilgrensande areal. Planen legg også til rette for utbygging av eit mindre antall nye bustadar.

1.3 Reguleringsføreremål

Området er regulert i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 12-5 til følgjande føremål:

§ 3: *Bygningar og anlegg* (pbl § 12-5, punkt 1)

- Bustad, frittliggande småhusbusetnad (BFS)
- Bustad, konsentrert småhusbusetnad (BKS)
- Undervisning (BU)
- Kyrkje/anna religionsutøving (BR)

§ 4: *Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur* (pbl § 12-5, punkt 2)

- Køyreveg, offentleg (SKV)
- Fortau, offentleg (SF)
- Gang- og sykkelveg, offentleg (SGS)
- Annan veggrunn – grøntareal, offentleg (SVG)
- Kollektivhaldeplass, offentleg (SKH)
- Parkeringsplassar, offentleg (SPA)

§ 6: *Landbruks-, natur og friluftsføreremål(-og reindrift) (LNFR)* (pbl § 12-5, punkt 5)

- Landbruksføreremål (L)

1.4 Omsynssoner (i hht pbl § 12-6)

- Høgspenningsanlegg (H370_)

1.5 Områdeføresegner (i samsvar med pbl § 12-7, punkt 1)

- Mellombels anleggs- og riggområde (91)

§ 2 FELLESFØRESEGNER

2.1 Generelt

Før anleggsstart skal det utarbeidast plan for avvikling av trafikk langs vegen i byggje- og anleggsperioden. Planen skal også avklare korleis nærmiljø og naturmiljø skal ivaretakast.

2.2 Støy – støyskjerming

Rettleiar for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2012) skal leggest til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. For bustadhusa er målet å tilfredsstillast eit støynivå på L_{den} 55 dB på éin plass utomhus og tilsvarande støynivå på skulen sitt opphaldsarealet ute. Dersom støynivået inne i opphaldsrom/ soverom i bustad eller undervisningsrom/møterom i skulen er over L_{eq24h} 30 dB, er målet å redusere støynivået under 30 dB i desse romma.

Støygrensene skal tilfredsstillast så langt det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg etter kostnad/nyttevurderingar.

Støyskjermer og støyvoller

Plassering av støyvoller og støyskjermer langs veg er vist på plankartet. Høgde på støyskjermer og vollar teikna inn er frå 0,9 til 3 meter. Litt justering kan verte aktuelt i byggeplan, dette gjeld også høgde og utføring av støytiltaka.

Fasadetiltak og lokale skjermer:

For bustader og skule som etter dei fastlagde tiltaka langs veg får eit støynivå over dei tilrådde støygrensene, skal lokale støytiltak (lokal skjerming av uteplass og/eller fasadetiltak) nærare utgreiast i byggeplan og eventuelle tiltak for å bringe støynivået under støygrensene tilbydast. Konkret utforming og utføring av dei lokale støytiltaka vert avklara i eit samarbeid med eigar.

2.3 Universell utforming

Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming/ tilgjengelighet for alle. Alle gangareal og areal for kollektivtrafikk skal utformast i samsvar med Statens vegvesen si handbok V129 «Veileder i universell utforming».

2.4 Byggjegrænse samt avkøyrslar til offentleg veg

Byggjegrænse langs veg følgjer av veglova § 29 andre ledd, der ikkje anna er vist på plankartet eller i tilgrensande planer. For bustadområda BKS1, BFS1 og BFS2 er byggjegrænse 20 meter frå fv. 10, 30 meter frå fv. 654 og 10 meter frå kommunal veg. Byggjegrænse frå gang- og sykkelvegen, der den ikkje ligg langs veg, er 8 meter.

Det kan ikkje etablerast kryss eller avkøyrslar som ikkje er vist på plankartet. Avkøyrslar frå fylkesvegane skal byggjast og driftast i samsvar med gjeldande vegnormal (N100) og forskrifter til § 43 i veglova.

2.5 Kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det råkar kulturminnet eller sikringssona på 5 meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka blir gjort kjent med denne føresegna. Funn skal straks meldast til Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. § 8, 2. ledd i lov om kulturminne.

2.6 Frisiktlinjer ved vegkryss

Innafor dei viste frisiktlinjene skal det ikkje vere sikthindrande gjenstandar eller vegetasjon som er høgare enn 0,5 meter over plannivå på tilstøytande veg. Statens vegvesen og kommunen kan krevje sikthindrande element fjerna.

2.7 Grunnerverv

Grunnerverv skal skje i samsvar med godkjent reguleringsplan. Mindre endringar innanfor område regulert til veg vil kunne skje som følge av uforutsigbare forhold som til dømes grunnforholda eller feil kartgrunnlag. Areal som ikkje blir nytta til vegføremål, kan nyttast som tilstøytane føremål eller gå tilbake til opphavsleg føremål.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

3.1 Fellesføresegner bustad

- Busetnad og anlegg skal plasserast innanfor viste byggegrenser i felta.
- Ved utrekning av tomteutnytting (BYA) skal rettleiar for ”grad av utnytting” til tekniske forskrifter leggest til grunn.
- Det skal ikkje gjevast byggeløyve for einskildhus før det ligg føre ein samla situasjonsplan/utomhusplan for kvart av områda BFS og BKS (jfr. §§ 3 og 4) som viser busetnaden, tilkomst, parkering samt terrenghandsaming.
- Kommunen skal ved handsaming av byggemeldingar sjå til at nybygg har arkitektoniske kvalitetar som speglar si eiga tid. Nybygg skal ha ei bevisst utforming i forhold til fargebruk og materialval. Det må ikkje nyttast utvendig kledning, faste bygningsselement eller taktekking som i material- og/eller fargebruk verkar dominerande eller skjemma på omgjevnaden.
- For kvart husvære skal det setjast av 2 parkeringsplassar og der ein av desse plassane skal vere i garasje/carport. Kommunen sine parkeringsvedtekter skal følgjast.
- Ved byggemeldinga skal plassering av garasje/carport visast sjølv om dette ikkje skal oppførast samtidig med bustaden.
- Frittstående garasjer skal ha maks. gesimshøgde på 2,7 meter og maks. takvinkel på 36 grader.

3.2 Bustad, frittliggande småhusbusetnad (BFS)

- I område for frittliggande småhusbusetnad kan det oppførast bustadhus med inntil 2 einingar i kvart hus. Maks. tillaten utnyttingsgrad (BYA) er 30%.
- Nye bustadhus innanfor området skal ha ei maks. gesimshøgde på 7 meter og ei maks. mønehøgde på 9 meter, målt i høve til gjennomsnittleg planert terreng rundt bygningen.
- I område BFS2 kan ein ikkje gjere inngrep som reduserer bereevna til gang- og sykkelvegen. Området kan fyllast opp inn mot anna vegareal.

3.3 Bustad, konsentrert småhusbusetnad (BKS)

- I område for konsentrert småhusbusetnad er maks. tillaten utnyttingsgrad (BYA) på 40 %.
- Bustadhus innanfor området skal ha ei maks. gesimshøgde på 8 meter og ei maks. mønehøgde på 9 meter, målt i høve til gjennomsnittleg planert terreng rundt bygninga.
- Eit felles leikeareal på minimum 500 m² skal inngå som ein del av BKS1. Utbygger skal dokumentere at ein tilfredstiller krava til innandørs- og utandørs støy.
- Det kan etablerast støyvollar innanfor arealet. Delar av vollen kan ligge utanfor BKS1 og inngå i o_SVG4

3.4 Undervisning

- Skuleområde (BU)
- Det skal etablerast støyvoll innanfor arealet. Delar av vollen kan ligge utanfor BU1 og inngå i o_SVG15

3.5 Kyrkje/anna religionsutøving

- Kyrkjeområde (BR)
- Etter at veganlegget er ferdigstilt vil arealet inngå i uteområdet kring Indre Herøy kyrkje

§ 4 SAMFERDSELNLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Køyreveg, offentleg (SKV)

- Areal merka SKV kan nyttast til køyreveg, vegskulder, kryssområde, oppstillingsfelt og rabattar.
- Vedlikehaldet skjer i samsvar med pkt. 9 i «Forskrift om almennelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg».
- Vegane skal opparbeidast med linjeføring og breidd som vist på plankartet.
- Vegane skal ha høgder og vertikalkurvatur som vist i C-teikningar vedlagt planen +/- 1 m.

4.2 Gang- og sykkelveg, offentleg (SGS)

- Gang- og sykkelveg skal opparbeidast med linjeføring og breidd som vist på plankartet.
- Gang- og sykkelveg skal ha høgder som vist på C-teikningar vedlagt reguleringsplanen +/- 1 m.
- Gang- og sykkelveg skal ha standard i samsvar med gjeldande vegnormal (N100).

4.3 Fortau, offentleg (SF)

- Fortau skal opparbeidast med linjeføring og breidd som vist på plankartet.

4.4 Annan veggrunn – grøntanlegg, offentleg (SVG)

- Grøfter, skråningar og planeringsareal ligg innafor dette formålet. Rekkverk, murar, støyvollar/-skjermar kan også plasserast innafor områda.
- Støyvoll skal etablerast innanfor områda SVG, som vist på plankartet
- Innafor områda kan det mellomagrast vekstmassar der det er føremålstenleg.
- Teknisk infrastruktur som rør, kablar og slukar kan plasserast innafor arealet.
- Nytt veganlegg skal utførast slik at det blir best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terreng, slik at sideområda får ei estetisk god utforming og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg. Det skal såast til/plantast til der dette er mogleg. Der eksisterande veg ikkje lenger skal nyttast til køyreveg og/eller gang- og sykkelveg/fortau, så skal den tilbakeførast til same terreng som omkringliggande areal har.

4.5 Kollektivhaldeplass, offentleg (SKH)

- Det skal vere kollektivhaldeplassar som vist på plankartet.
- Kollektivhaldeplassane skal ha standard i samsvar med gjeldande vegnormal (N100).
- Det kan setjast opp leskur i samband med kollektivhaldeplass som vist på plankartet.

4.6 Parkeringsplassar, offentleg (SPA)

- Området SPA er regulert som parkeringsplass for skule/kollektivknutepunkt.

§5 OMSYNSSONER

5.1 Faresoner: Høyspenningsanlegg (inkl høyspentledninger) H370_

- Området gjeld for høgspentleidninga. Det kan gjennomførast nødvendig flatehogst.

§ 6 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (LNFR)

6.1 Landbruksformål (L)

- Områda som er merka med «L» er sett av til landbruksformål.
- I områda gjeld jord- og skoglova sine føresegner.

§ 7 OMRÅDEFØRESEGNER

7.1 Mellombels anleggs- og riggområde (#):

- Mellombelse trafikkområde er areal som kan nyttast i samband med vegbygginga. Det kan byggjast mellombelse vegar for avvikling av trafikk i byggje- og anleggsfasen.
- Når områda blir tekne i bruk, skal dei sikrast på forsvarleg måte.
- I areala kan det mellombels lagrast massar frå veganlegget og etablerast brakkerigg og lagerområde for anleggsmaskiner og driftsutstyr med plassering til minst mogleg ulempe for omkringliggende område.
- Eksisterande botnvegetasjon og vekstmedium skal i nødvendig omfang tas av og mellomlagras til bruk i veganlegget.
- Nytt veganlegg skal utførast slik at det blir best mulig tilpassa eksisterande terreng og omgivningar. Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terreng, slik at sideområdene får en estetisk god utforming og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg.
- Etter avslutta anleggsperiode og seinast i løpet av sommaren etter ferdigstilling av veganlegget, skal alle råka område setjast i stand og revegetering skal vere sett i verk. Alle råka areal knytt til veganlegget skal setjast i stand og revegeterast med bruk av eksisterande vekstmassar som blir lagra i anleggsperioden. Mellombelse område skal tilbakeførast til det formålet som er vist på plankartet.

§ 8 REKKEFØLGEKRAV (PBL § 12-7 nr. 10)

8.1 Støy i anleggsfasen

- Før start av bygge- og anleggsarbeidet skal det vere vurdert og gjennomført tiltak for å redusere ulempene med støy frå anleggsarbeidet. Støygrenser og varslingsplikt som fastsett i Miljøverndepartementet sine retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging T-1442 vert gjort gjeldande.



8.2 Tiltak for støyskjerming

- For nye bustadar skal det dokumenterast at ein tilfredstiller krava til innandørs- og utandørs støy.
- Tiltak for støyskjerming skal ferdigstillast før det kan bli gitt bruksløyve for nye bygg.
- Støyskjermingstiltak for å skjerme mot auka støy frå nytt veganlegg (skjermar, voller og fasadetiltak) skal ferdigstillast samtidig med veganlegget.

8.3 Utbyggingsrekkefølge

- Før område BKS1 og/eller BFS2 kan byggast ut må ny fv. 654 vere bygd ut i samsvar med denne planen.



A	Revidert	beriti		2015-02-11	
Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev dato
Kartgrunnlag tatt ut 2013-01-16, EUREF89 UTM sone 32, NN1954					
				Tegningsdato	2014-10-21
Fv 654 Hp 02		Indre Herøy Kirke - Stokksundbrua		Bestiller	terjii
Oversiktskart				Produsert for	Region midt
				Produsert av	Region midt
				Prosjektnummer	403873
				Delprosjektnummer	15F0654R_001
				Saksnummer	
				PlanID	201286
Reguleringsplan				Målestokk	A1 1:5000
Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer /	revisjonsbokstav
anston					B001
					A

A	Revidert etter innkomne merknader	Beritt		2015-02-11
Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent
Kartgrunnlag: lott ut 2013-01-16, EUREF89 UTM sone 32, NN1954				
Fv 654 Hp 02		Indre Herøy Kirke - Stokksundbrua		
Plandel				
Reguleringsplan				
Utarbeidet av	anston	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv
Tegningsdato		2014-10-21		
Bestiller		terjli		
Produsert for		Region midt		
Produsert av		Region midt		
Prosjektnummer		403873		
Delprosjektnummer		15F0654R_001		
Saksnummer		201286		
PlanID		201286		
Målestokk		A1 1:1000		
Tegningsnummer / revisjonsbokstav		Blad 1/1 A		

TEIKNFORKLARING

1. Bygninger og anlegg

- BFS Bustader - frittliggende småhus
- BKS Bustader - konsentrert småhus
- BU Undervisning
- BR Kyrkje/anna religionsutøving

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV Køyerveg
- SF Fortau
- SGS Gang/sykkelveg
- SGG Gangareal
- SVG Annan veggrunn - grøntareal
- SKH Kollektivhaldeplass
- SPA Parkering

5. Landbruks-, natur og friluftslivsformål og reindrift

- L Landbruksformål

Område bestemmelser

- # Anlegg- og riggområde
- a.3) Faresoner
- Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenningskabler) H370


Linjetyper


- Grense for planen
- Formålsgrænse
- Grense for fareområde
- - - Regulert senterlinje
- - - Byggegrense
- - - Tunnel
- - - Friskitlinje
- - - Grense for bestemmelser

Symbol


-) Tunnelåpning
- ↔ Avkjørsle - både inn- og utkjøring
- Stenging av avkjørsle
- Vegstenging

Ekvidistanse: 1m
Målestokk: 1:1000 (A1-format)







PROFIL NR	3100	3150	3200	3250	3300	3350	3400	3450	3500	3550	3600	3650	3700	3750	3800	
HOR.KURV.					R=∞		A=155		R=500			A=135		R=∞		R=300
BREDDUUTV.																
TVERRFALL																
	H.kj.b.k.					3.0%	3.0%	3.0%	4.5%	5%	3.0%	3.0%	3.0%	3.0%	8.0%	8.0%
V.kj.b.k.																
PROFIL H.	16.13	16.14	16.15	16.16	16.17	16.18	16.19	16.20	16.21	16.22	16.23	16.24	16.25	16.26	16.27	16.28
TERRENG H.	16.13	16.14	16.15	16.16	16.17	16.18	16.19	16.20	16.21	16.22	16.23	16.24	16.25	16.26	16.27	16.28
OVERBYGN.T.																





TEIKNFORKLARING

	Anleggsbelte		Hensvisning til konstruksjonstegninger
	Rekkverk		Hensvisning til vegmodell
	Mur		Kjøreveg
	Gjerde		Gangveg
	Frisikt		Skrånninger
	Eksisterende eiendomsgrense		
	Nye koter i planeringsområde		

A	Revidert	beriti		2015-02-11
Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent
Kartgrunnlag tatt ut 2013-01-16, EUREF89 UTM sone 32, NN1954				
Stasjons vegvesen				
Fv 654 Hp 02				
Indre Herøy Kirke - Stokksundbrua				
Plan og profil				
Reguleringsplan				
Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer / revisjonsbokstav
anston				C001
Tegningsdato		2014-10-21		
Bestiller		Terfjli		
Produsert for		Region midt		
Produsert av		Region midt		
Prosjektnummer		403873		
Delprosjektnummer		15F0654R_001		
Saksnummer				
PlanID		201286		
Målestokk		A1 1:1000		






Normalprofil Fv 654

Jordskjæring og lav fylling


M=1:50



Overbygning Fv 654


Variabel undergrunn, grus, sand, morene T3

M=1:10



Undergrunn steinfylling, fjellskjæring, T1 > 1000mm


M=1:10



Normalprofil Fv 654

Fjellskjæring og høy fylling

M=1:50



① Grusbankett


② Berget bør være avdekket i minst 2,0 m bredde utenfor teoretisk skjæringskant. Andre bredder kan vurderes ved lave skjæringer (< 3 m) og ut fra løsmasseykkelser over berg og tilgjengelighet til skjæringstopp etter uttak av skjæring. Løsmasser bakenfor skjæringskanten skal utføres med stabil skråningshelning eller andre tiltak som hindrer erosjon og utrasing.

Revisjon	Revisjonen gjelder	Uterb	Kontr	Godkjent	Rev dato
	Kartgrunntegning tatt ut 2013-01-16, EUREF89 UTM sone 32, NN1954				
		Tegningsdato	2014-10-21		
		Bestiller	Terjli		
		Produsert for	Region midt		
		Produsert av	Region midt		
	Fv 654 Hp 02	Prosjektnummer	403873		
	Indre Herøy Kirke - Stokksundbrua	Delprosjektnummer	15F0654R_001		
	Normalprofil/overbygning	Saksnummer			
		PlanID	201286		
		Målestokk	A1	1:50, 1:10	
Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer /	revisjonsboksnavn
anston					F001

Normalprofil Fv10

Fylling, skjæring og rekkverk


M=1:50



Overbygning Fv 10


Variabel undergrunn,
grus, sand, morene T3

M=1:10



Undergrunn steinfylling, fjellskjæring,
T1 > 1000mm


M=1:10



Overbygning gang-/sykkelveg


Undergrunn steinfylling, fjellskjæring,
T1 > 1000mm

M=1:10



Undergrunn steinfylling, fjellskjæring,
T1 > 1000mm


M=1:10



Normalprofil gang-/sykkelveg




Fylling og skjæring

M=1:50




1 Grusbankett

Revisjon	Revisjonen gjelder	Uterb	Kontr	Godkjent	Rev. dato
	Kartgrunntegning tatt ut 2013-01-16, EUREF89 UTM sone 32, NN1954				
	Fv 654 Hp 02				
	Indre Herøy Kirke - Stokksundbrua				
	Normalprofil/overbygning				
		Tegningsdato	2014-10-21		
		Bestiller	Ferjli		
		Produsert for	Region midt		
		Produsert av	Region midt		
		Prosjektnummer	403873		
		Delprosjektnummer	15F0654R_001		
		Saksnummer			
		PlanID	201286		
		Målestokk	A1	150, 1:10	
Reguleringsplan					
Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer /	
anston				revisjonsbøksnavn	F002



ENTREPRISEKOSTNAD (EKS MVA)	kr 2 450 000
ENTREPRISEKOSTNAD (inkl. 25 % MVA)	kr 3 062 500

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato
Kartgrunnlag tatt ut 2013-01-16, EUREF89 UTM sone 32, NN1954					
 Statens vegvesen		Tegningsdato 2013-11-12			
Fv 654 Hp 02		Bestiller Ferli			
Indre Herøy Kirke - Stokksundbrua		Produsert for Region midt			
Oversikt		Produsert av Region midt			
Kulvert		Prosjektnummer 403873			
		Delprosjektnummer 15F0654R_001			
		Saksnummer			
		PlanID 201286			
Reguleringsplan		Målestokk A1 Som vist			
Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer /	revisjonsboksnavn
Igorpr					K100


Teiknforklaring


Trafikkmengde


	ÅDT (2040)	Tungebiler (%)	Fartsgrense (km/t)
Fv.654	4600 kjøretøy/døgn	8%	70-80km/t
Fv.10	1300 kjøretøy/døgn	7%	80km/t

Støysoner + 2 meter over terrengnivå

	L _{den} 65,0-
	L _{den} 55,0 - 65,0
	L _{den} - 55,0



Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev dato
	Kartgrunnlag tatt ut 2013-01-16				
 HERØY kommune		Tegningsdato 2014-10-10 Bestiller Ferli Produsert for Region midt Produsert av Region midt			
Busens vegvesen Fv654 Hp 02 Indre Herøy Kirke - Stokksundbrua Støysonkart / Dagenssituasjon 20 år fremover		Prosjektnummer 403873 Delprosjektnummer 15F0654R_001 Saksnummer PlanID Målestokk A1 1:1000 Tegningsnummer / revisjonsbøstev X001			
Reguleringsplan					
Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv		
anston					





Teiknforklaring

Trafikkmengde

	ÅDT (2040)	Tungebiler (%)	Fartsgrense (km/t)
Fv.654	4600 kjøretøy/døgn	8%	70-80km/t
Fv.10	1300 kjøretøy/døgn	7%	80km/t

Støysoner + 2 meter over terrengnivå

	L _{den} 65,0-
	L _{den} 55,0 - 65,0
	L _{den} - 55,0

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utb.	Kontr.	Godkjent	Rev. dato
	Kartgrunnlag tatt ut 2013-01-16				
 		Tegningsdato	2014-10-10		
Fv654 Hp 02		Bestiller	Ferjli		
Indre Herøy Kirke - Stokksundbrua		Produsert for	Region midt		
Støysonkart / Dagenssituasjon 20 år fremover		Produsert av	Region midt		
		Prosjektnummer	403873		
		Delprosjektnummer	15F0654R_001		
		Saksnummer			
		PlanID			
Reguleringsplan		Målestokk	A1	1:1000	
Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer /	revisjonsbokstav
anston					X002

Teiknforklaring

Trafikkmengde


	ÅDT (2040)	Tungebiler (%)	Fartsgrense (km/t)
Fv.654	4600 kjøretøy/døgn	8%	80km/t
Fv.10	1300 kjøretøy/døgn	7%	80km/t

Støysoner + 2 meter over terrengnivå


Bygningene som skal støyvurderes



	L _{den} 65,0-
	L _{den} 55,0 - 65,0
	L _{den} - 55,0



Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev dato
	Kartgrunntegning tatt ut 2013-01-16				
Statens vegvesen Fv654 Hp 02 Indre Herøy Kirke - Stokksundbrua Støysonkart / 20 år fremover etter åpning		HERØY kommune		Tegningsdato 2014-10-22 Bestiller Ferjli Produsert for Region midt Produsert av Region midt	
Reguleringsplan Utarbeidet av anston		Kontrollert av Godkjent av Konsulentarkiv		Prosjektnummer 403873 Delprosjektnummer 15F0654R_001 Saksnummer PlanID Målestokk A1 1:1000 Tegningsnummer / revisjonsbokstav X003	



Teiknforklaring

Trafikkmengde

	ÅDT (2040)	Tungebiler (%)	Fartsgrense (km/t)
Fv.654	4600 kjøretøy/døgn	8%	80km/t
Fv.10	1300 kjøretøy/døgn	7%	80km/t

Støysoner + 2 meter over terrengnivå


Bygningene som skal støyvurderes	□	L _{den} 65,0-
		L _{den} 55,0 - 65,0
		L _{den} - 55,0

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utb.	Kontr.	Godkjent	Rev. dato
Kartgrunnlag tatt ut 2013-01-16					
				Tegningsdato 2014-10-22	
Fv654 Hp 02		Indre Herøy Kirke - Stokksundbrua		Bestiller Ferli	
Støysonekart / 20 år fremover etter åpning				Produsert for Region midt	
				Produsert av Region midt	
				Prosjektnummer 403873	
				Delprosjektnummer 15F0654R_001	
				Saksnummer	
				PlanID	
Reguleringsplan		Målestokk A1		1:1000	
Utarbeidet av anst	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer / revisjonsbokstav X004	




Teiknforklaring


Trafikkmengde


	ÅDT (2040)	Tungebiler (%)	Fartsgrense (km/t)
Fv.654	4600 kjøretøy/døgn	8%	80km/t
Fv.10	1300 kjøretøy/døgn	7%	80km/t


Bygningene som skal støyvurderes 

Støysoner + 4 meter over terrengnivå

	L _{den} 65,0-
	L _{den} 55,0 - 65,0
	L _{den} - 55,0



Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev dato
	Kartgrunntegning tatt ut 2013-01-16				
 Herøy Kommune		Tegningsdato 2014-10-22 Bestiller Ferjli Produsert for Region midt Produsert av Region midt			
Fv654 Hp 02 Indre Herøy Kirke - Stokksundbrua Støysonekart / 20 år fremover etter åpning		Prosjektnummer 403873 Delprosjektnummer 15F0654R_001 Saksnummer PlanID Målestokk A1 1:1000 Tegningsnummer / revisjonsboksnavn X005			
Reguleringsplan					
Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv		
anston					



Teiknforklaring

Trafikkmengde

	ÅDT (2040)	Tungebiler (%)	Fartsgrense (km/t)
Fv.654	4600 kjøretøy/døgn	8%	80km/t
Fv.10	1300 kjøretøy/døgn	7%	80km/t

Bygningene som skal støyvurderes

Støysoner + 4 meter over terrengnivå

	L _{den} 65,0-
	L _{den} 55,0 - 65,0
	L _{den} - 55,0

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utb. Kontr.	Godkjent	Rev. dato
Kartgrunnlag tatt ut 2013-01-16				
Statens vegvesen		HERØY kommune		
Fv654 Hp 02		Tegningsdato	2014-10-22	
Indre Herøy Kirke - Stokksundbrua		Bestiller	Ferjli	
Støysonekart / 20 år fremover etter åpning		Produsert for	Region midt	
		Produsert av	Region midt	
		Prosjektnummer	403873	
		Delprosjektnummer	15F0654R_001	
		Saksnummer		
		PlanID		
Reguleringsplan		Målestokk	A1	1:1000
Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer / revisjonsboksnavn
anston				X006

Hallvard Rusten

Fra: Sundgot Siv Karen <siv.sundgot@vegvesen.no>
Sendt: 12. mars 2015 13:40
Til: Hallvard Rusten; Jarl Martin Møller
Emne: Indre Herøy

Vår oppsummering av merknadar og kommentarar.
Gi gjerne ei tilbakemelding om de ser feil og/eller manglar.
Mvh Siv

8.2 Innspel ved offentlig ettersyn

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
Fylkesmannen 26.01.15	Peikar på at planen legg til rette for løysing som betrar trafikktryggleiken og legg betre til rette for kollektivtrafikk. Planen medfører ikkje vesentlege konflikter med allmenne interesser.	Ok.
Opplysningsvesenets fond 26.01.15	Dei meiner planforslaget gir omfattande konsekvensar ved at store delar av foreslått vegareal blir liggande på deira grunn. Det er regulert støyvoll for å ivareta støyforholda i prestebustaden. I føresegnene er det berre opna for at det kan etablerast støyvoll. Dei ber om at dette forholdet vert sikra gjennom kart og føresegner Dei er positive til tilrettelegging for bustadareal. Når det gjeld B1 (no BKS2) så ber dei om at formåls grensene vert justert og utvida slik at det minimum følger g/s-vegen om syd og SKV2 mot aust så langt dette er mulig. Dette vil vere meir natuleg enn den som er lagt i eigedomsgrensa og medfører unødvendig mykje areal til annan veggrunn. Dei ber også at vi vurderer å flytte g/s-veg slik at bustadarealet kan utvidast mot sør. Faresona legg beslag på byggbart areal, dei ber om at det vert vurdert tiltak som gjer større delar av området byggbart.	Føresegner er retta opp slik at ein sikrar at støyvollar vert bygd. Formåls grensene er noko justert slik at anna vegareal er redusert og bustadareal har auka. Vi meiner det er god bruk av dagens vegkapital å nytte eksisterande veg til gang- og sykkelveg og ser det ikkje som rett ressursbruk å bruke samfunnet sine midlar på å bygge ny g/s-veg lenger sør for å få eit noko større bustadområde. Det vil heller ikkje vere vegprosjektet si oppgåve å fjerne høgspenteleidningar for å få større bustadområde.

	<p>Dei ber om at den eksisterande vegstubben på bustadområdet mellom Tjørnvågevegen og Prestegardsvegen vert fjerna i anleggsfasen.</p> <p>SKV2 skjer inn i prestebustadhagen.</p> <p>Dei ber om at anna veggrunn vert redusert til eit minimum.</p> <p>Dei gjer oss merksam på at grunn til trafikkføremål må ervervast.</p>	<p>Kommunen krev at veg og g/s-veg skal vere adskilt og ha dei breiddene som er brukt i planforslaget. Omfanget av anna vegareal er redusert til å omfatte 1 meter utanfor skråningsutslag som er minimum for å ha plass til snøopplag.</p>
NVE 05.12.14	Ingen merknadar til planforslaget	OK.
Møre og Romsdal fylkeskommune 27.01.15	Ingen merknadar til planforslaget	Ok.
Søre Sunnmøre landbrukskontor 26.01.15	<p>Dei viser til førre merknad og presiserer at det må leggest til rette for gode løysingar for landbruksdrifta i området.</p> <p>Forslaget kjem ikkje i konflikt med kjende trekkvegar for hjort slik dei er vist i kommunen sitt viltkart.</p>	<p>Sett bort frå det som er direkte tap av dyrka mark, så er det ikkje vurdert at tiltaket har negative konsekvensar for landbruket. Det har ikkje kome merknadar frå styresmakter eller bønder som tilseier at det er ulemper som ikkje er skildra i planomtalen.</p>
Kåre Jensholm 23.01.15	<p>Han forutset at gamle fv. 10 vert kommunal og blir rusta opp og asfaltert.</p> <p>Kan undergang nyttast som tilkomst til gammalt kryss mellom fv 10 og fv. 654.</p> <p>Han ønsker ny veg sør for huset for å sleppe trafikk gjennom tunet for eventuelt framtidig tomter på hans eigedom.</p> <p>Han ønsker støyskjerm i staden for jordvoll, jf. pkt ovanfor, samt vedlikehaldsproblematikk.</p> <p>Dei vil forbehalde seg retten til all overskotsstein frå prosjektet.</p> <p>Overskotsmasse kan planerast på både hans område og på</p>	<p>Dette er ikkje eit forhold som vert regulert gjennom reguleringsplan, men kommunen er positiv til dette.</p> <p>Han kan ikkje nytte undergang til køyring, sjølv om den er dimensjonert for brøytebil. Køyring kan skape utrygge situasjonar for gåande og syklande.</p> <p>Vi vil ikkje motsette oss ein slik veg, men dette må avklarast ved evt. utbygging/regulering av nye tomter.</p> <p>Jordvoll vil ikkje vere i konflikt med evt. veg. Jordvoll er</p>

prestegarden. Han vil også ha hand om skogen som vert rydda på eigedommen hans.

Eksisterande fv. 654 vert i planen delt i gangveg og køyreveg nesten heile strekninga, men kvifor ikkje heilt fram til deira eigedom?

rimelegare å etablere og halde ved like og vert sett på som samfunnsnyttig bruk av overskotsmasser. Han vil eige innsida av vollen og kan der etablere den vegetasjon han ønsker. Vi ønsker å halde fast på løysinga med støyvoll.

Forhold som omhandlar masser og skog vert ikkje avklart gjennom reguleringsplan og må vurderast i samband med byggeplan/ grunnforhandlingar.

SKV2 er bygd så langt det er nødvendig for å erstatte dagens veg gjennom prestegardstunet. Det er heller ikkje ønskeleg med køyreveg på begge sider av BKS2. Deira eigedom får tilknytning via regulert trapp som er tatt inn etter at planen var på høyring.



11.02.2015

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

2011/082742-049

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
26.01.2015
Dykkar dato
09.12.2014

Vår ref
2011/6026/JOEI/421.4
Dykkar ref

Statens vegvesen Region Midt
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Herøy kommune Fv654 - reguleringsplan Indre Herøy kyrkje - Stokksundbrua - Statens vegvesen Fråsegn ved offentlig ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

PLANFORSLAGET MED FØRESEGN

Planen er godt gjennomarbeidd og alle relevante tema er utgreidd.

Planforslaget vil medføre betra trafikktryggleik, der vi spesielt vil trekke fram
forbetringar ved Stokksund skule med ny busshaldeplass på begge sider av Fv 654 like
ved skulen, med ny undergang og gang- og sykkelveg langs den nye fylkesveg 10.

Planen vil ikkje medføre vesentlege konflikhtar med ålmenne interesser, og kan etter vår
vurdering eigengodkjennast.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Herøy kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon:
71 25 84 43

Telefax:
71 25 85 10

E-post:
postmottak@fmmr.no

Web:
www.fylkesmannen.no

Statens vegvesen
Region Midt Fylkeshuset
6404 MOLDE
Att: Pernille Ibsen Lervåg

Vår dato: 26.01.2015
Deres dato: 05.12.2014
Vår ref: 11/ 1812 - 8 / LMO
Deres ref: 2011/ 082742-036
Merk:
Gradering:

Herøy pg - Uttalelse til varsel om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Fv 654 Indre Herøy kirke og Indre Herøy skole - Stokksundbrua

Opplysningsvesenets fond, Ovf, viser til reguleringsplan for fv. 654 Indre Herøy Skule – Stokksundbrua. Forslaget som ligger ute til offentlig ettersyn får omfattende konsekvenser for Ovf ved at store deler av foreslått veiareal legges på fondets eiendom.

Det fremgår av saksfremstillingen at det er regulert støyvoll særskilt for å ivareta støyforholdene på presteboligen med gnr. 58 bnr. 1, slik at denne kommer i grønn støysone. I reguleringsbestemmelsene er det kun åpnet for at det «kan» etableres støyvoll innenfor områdene SVG. Dette forholdet bes sikret i både kart og bestemmelse.

Det er positivt at det tilrettelegges for noe utvikling av areal til bolig. Når det gjelder foreslått boligområde B1 ber Ovf om at formålsgrensene justeres og utvides slik at den minimum følger gang- og sykkelveien SGS2 mot syd og veien SKV2 mot øst så langt dette er mulig mot veiskulder/ skjæring. Dette vil gi en mer naturlig avgrensning enn den foreslåtte som er lagt i eiendomsgrensen og medfører unødvendig mye areal til «annen veggrunn - grøntareal». Med en slik relativt liten utvidelse av formålsgrensen vil det oppnås en bedre bredde på fremtidige tomter. Det bes vurdert hvorvidt gang- og sykkelveien SGS2 kan flyttes slik at boligarealet B1 kan utvides mot syd.

Arealet B1 avsatt til bolig er i utgangspunktet beskjedent i størrelse. Den foreslåtte faresonen for høyspenningsanlegg (H370) beslaglegger byggbart areal ytterligere. Samlet sett fremstår derfor det foreslåtte boligarealet på B1 som lite. Det er ønskelig at forslagsstiller vurderer tiltak som gjør større deler av arealet B1 bebyggelig.

Forslaget medfører at det vil bli stående igjen en liten eksisterende veistubb på B1 mellom Tjervågvegen og Prestgardsveien. Ovf ber om at det sikres at denne fjernes i anleggsfasen.

Den foreslåtte kjøreveien SKV2 beskjærer prestebolighagen. Det er foreslått et relativt bredt areal til «annen veggrunn - grøntareal» utenfor nødvendige skjæringer inn mot prestebolighagen. Ovf ber om at dette reduseres til et minimum, slik at ikke unødvendig hageareal omreguleres fra presteboligen.



Avslutningsvis gjøres det oppmerksom på at areal til trafikkformål må erverves.

Med vennlig hilsen
Opplysningsvesenets fond


Morten Ørke Larsen
seniorrådgiver

Statens vegvesen - Region midt
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Vår dato: 23.12.2014
Vår ref.: 201105102-5
Arkiv: 323
Dykkar dato: 05.12.2014
Dykkar ref.: 2011/082742-036

Sakshandsamar:
Terje Systad

Uttale til offentlig ettersyn - Reguleringsplan - Fv654 Indre Herøy Skule - Stokksundbrua - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 5.12.2014. Saka gjeld offentlig ettersyn av reguleringsplan for Fv654 på strekninga Indre Herøy Skule - Stokksundbrua. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for ny veglinje for Fv654 og ny gang og sykkelveg.

NVE har ingen merknad til planen.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Statens vegvesen Region Midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2011/082742-036	05.12.2014	80103/2014/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91	27.01.2015

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for fv 654 Indre Herøy kirke - Stokksundbrua - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader til planforslaget.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Kopi:
Herøy kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

Statens vegvesen
Region Midt
Fylkeshuset

6404 MOLDE

Telefon: 700 84 670
Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref: PI Lervåg

Vår ref: AKL

Dato: 26.01.2015

Merknad til offentlig ettersyn av reguleringsplan for fv.654 Indre Herøy Skule - Stokksundbrua

Vi viser til førre merknad til reguleringsarbeidet datert 06.01.2011, og presiserer at må leggest til rette for gode løysingar for landbruksdrifta i området.

Planen er og vurdert opp mot viltkartet for Herøy kommune. Den planlagde traseen kjem ikkje i konflikt med kjende trekkveggar for hjort.

Med helsing


Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

KÅRE JENSHOLM

PRESTEGARDSVEGEN 1

6070 TJØRVÅG

STATENS VEGVESEN REGION MIDT

FYLKESHUSET 6404 MOLDE

Merknader ang. regulering av veg Indre Herøy Kyrkje til Stokksundbrua.

Til opplysning så er vi den einaste private grunneigar som blir berørt av dette arbeidet. Vi er positiv til planen og synest Vegvesenet har gjort ein god jobb. Vi er også klar for å avgi grunn til prosjektet. Men ein del forutsetninger må på plass først :

1 : Gamle fylkesveg 10 mellom huset til Kirkholm og vårt hus er i dag ingenmannsland, ingen vedlikeholder, ingen brøyter etc. Men vegen blir brukt av alle og tilhører i dag prestegarden. Det forutsettes at denne blir kommunal og blir rustet opp og asfaltert.

2 : Framfor vårt hus er det tegnet undergang på ny fylkesveg 654 for gående. Går ut frå at denne blir så høg at brøytetraktor kjem gjennom. Kan denne brukes av oss til å kome oss på fylkesvegen gjennom det gamle Grytvikkrysset ? I motsatt fall må vi køyre til skulen for å kome oss på fylkesvegen. Det ser ut på planen som her i alle tilfelle er laget snuplass, denne må være så stor at bossbil kan bruke den. Og tek også for gitt at denne vegen blir knytt saman med gangvegen.

3 : Rett framfor huset vårt ser det ut til at ei sløyfe av fylkesvegen skal fjernast der undergangen kjem. Her må det lagast veg sør for huset vårt, parallellt med den nye fylkesvegen og knytast i hop med vår jordbruksveg som i dag kjem ut på vegen framfor Løvøy sitt hus. Dette for å slippe trafikk gjennom tunet for eventuelle framtidige tomter på vår eigedom.

4 : Rett spør for huset vårt fikk eg opplyst at det er tegnet inn jordvoll for støy. Vi vil her ha støyvern av tre / glas liknende den som er oppsatt på Garneskrysset framfor huset til blikkenslager Garnes. Vi ser for oss at jordvoll berre blir ei stor samling av høymoler etc. Denne må sjåast i samanheng med punkt 3.

5 : Vi vil forbeholde oss retten til all overskotsstein frå prosjektet. Vi har godkjendt moloprojekt på Jensholmen 1 km unna. Her bygges Sunnmøres største båthamn i regi av oss. Her blir 160 naust og over 500 båtplasser. Overskotsmasse av jord kan planerast på området både hos meg og prestegarden.

6 : Her er masse skog på eiendomen vår. Trea skal fellast og kappast i handterlige lengder og lagrast på anvist plass på vår eiendom. Veden tilhøyer oss.

7 : Vi ser at den noverande fylkesvegen frå skulen og mot oss ser ut til å bli delt i gangveg og køyreveg nesten til oss, siste biten berre gangveg. Vi spør korfor ? Kan ikkje vegen delast heilt til oss ?

Vi håper at desse punkta blir tatt hensyn til og ser fram til snarleg realisasjon.

Tjørvgå 23. Januar 2015



Kåre Jensholm



Statens vegvesen

postmottak@heroy.kommune.no

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Siv Karen Sundgot - 70175077

Vår referanse:
2011/082742-050

Dykkar referanse:

Vår dato:
07.04.2015

Fv. 654 Indre Herøy kyrkje-Stokksundbrua. Oversending av reguleringsplan for godkjenning.

Statens vegvesen oversender med dette reguleringsplan fv. 654 på strekninga Indre Herøy kyrkje til Stokksundbrua for endelig handsaming og vedtak hos kommunen.

Reguleringsplanen er utarbeidet som ein detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-3. Den formelle planhandsaminga har foregått i samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova. Endeleg vedtak hos kommunen skjer i samsvar med § 12-12 i plan- og bygningslova.

Det kom inn seks merknadar til reguleringsplanen då den var på offentleg ettersyn desember 2014 - januar 2015. Desse er oppsummert bakerst i planomtalen, samt at dei blir oversendt i si fulle form.

Endringane som er gjort i planen sidan offentleg ettersyn er følgande:

- Det er utarbeidd plan for nivå 1 for undergangen. Dette er lagt inn som eit utsnitt på plankartet.
- Trappeløysing frå SGS_2 til kommunal veg nord for undergangen er innarbeidd.
- Rett nord for trappeløysinga er kommunal veg forlenga mot sør slik at den kan nyttast for dei to avkøyrslene der.
- Kryss mellom dei to kommunale vegane nordvest for kyrkja har fått anna utforming slik at ein kan snu med lastebil der.
- Det som ved utlegging heitte B1 er no endra til FS2 og området er utvida både mot aust og sør, medan anna vegareal er redusert tilsvarende.
- Byggegrenser langs fylkesvegar følger no senterlinje med fast avstand.
- Areal som skal kunne nyttast til støyskjerming er omtalt under aktuelt arealføremål.
- Planavgrensinga er noko redusert ved eigedom 50/5 slik at planen ikkje omfattar areal utanom den private avkøyrsla.
- Avkøyrslar frå kommunal veg er vist som anna vegareal, ikkje køyreveg.
- Køyrevegar er nummerert frå o_SKV1-o_SKV5
- Busslomma ved skulen er stramma opp.
- Ved profil 3420 har avkøyrslar blitt endra til g/s-veg i samsvar med dagens bruk.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

- Føresegner knytt til grunnnerverv er tatt inn.
- Alle føresegner som omtalar krav til rekkefølge er samla under kpt 8 i føresegnene.
- Føresegner til bustadområde er ikkje endra men er organisert annleis med eit sett felles føresegner og føresegner knytt til dei spesifikke bustadområda.
- Det er ikkje gjort endringar i planomtalen, men oppsummering av merknadar og våre kommentarar til merknadane er tatt inn.

Endringane er i samsvar med innkomne merknadar og gir ikkje grunnlag for nye arealbrukskonflikter. Etter vår vurdering er ikkje endringane så store at planen må ut til nytt offentleg ettersyn.

Statens vegvesen Region midt
Med helsing



Siv Karen Sundgot
Planprosjektleder



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2014/1043
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
99/15	Formannskapet	19.05.2015
	Kommunestyret	28.05.2015

REGULERINGSENDRING FOR DELER AV TROLLDALEN - SLUTTHANDSAMING

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsendring for Trolldalen gnr 55 bnr 19 m.fl, med planomtale inkludert vedlegg av 09.03.2015 og tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 13.04.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her

Vedlegg:

1. Plankart, datert 09.03.2015
2. Føresegner, datert 13.04.2015
3. Planomtale med vedlegg, datert 09.03.2015
4. F-sak 160/14 vedtak om offentlig ettersyn
5. Innspel til offentlig ettersyn
6. Innspel til avgrensa høyring
7. Kartutsnitt av gjeldande reguleringsplan for området
8. Stadfesting på trekt motsegn, Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 15.04.2015.

Saksopplysningar:

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd forslag til reguleringsendring for eit avgrensa område i Trolldalen. Området er i dag regulert til forretning i gjeldande reguleringsplan. I det nytt forslag til arealbruk for denne eigedomen, er tomta tenkt omregulert for bygging av fleirmannsbustader.

Oppstart av planarbeid med omregulering blei kunngjort 26.06.2014, der grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentlig uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Det kom inn totalt 5 innspel frå både offentlig og private, der 3 av desse ikkje hadde merknader til planarbeidet.

Herøy kommune er grunneigar av eigedomen som er tenkt omregulert frå forretning til bustad. Tomta som er tenkt til fleirmannsbustader har ein storleik på 4.4 daa, og har byggegrensar mot senterlinje fylkesveg på 20 meter.

Planforslaget har vore til offentlig ettersyn 15.10.2014 – 08.12.2014. Det kom motsegn til planforslaget av omsyn til støy frå fylkesvegen og barn- og unge sine interesser. Til offentlig ettersyn kom det 4 innspel. For å avklare motsegnene som kom, blei Herøy kommune nøydd til å innhente ei ekstern støyfagleg utgreiing og endre planforslaget. Dei nemnde endringane har vore sendt på ei avgrensa høyring med frist den 08.04.2015. Til avgrensa høyring kom det i alt 5 innspel. Motsegna som kom ved offentlig ettersyn er no trekt som følgje av dei endringane som er blitt gjort i planforslaget.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon og vurdering av dei innspela som har kome til offentlig ettersyn og avgrensa høyring. For meir detaljert informasjon og presentasjon av dei mest sentrale elementa i planforslaget, blir det vist til skildringar i planomtalen.

Innspel til offentlig ettersyn

Følgjande instansar har ikkje merknader til planforslaget:

- Noregs vassdrags- og energidirektorat, 27.10.2014
- Landbrukskontoret, 28.11.2014

1. Statens Vegvesen Region Midt, 03.12.2014:

Føreset at avkøyrsla/tilkomst til arealet under omregulering vert knytt til eksisterande

kommunal bilveg, og med ei plassering slik at avkøyringspunktet/-løysinga ikkje vert til hinder og ulempe for trafikken i tilknytning til krysset/avkøyringa på fylkesvegen og på gang- og sykkelvegen langs fylkesvegen.

Støyvarselkarta, utarbeidde av Vegvesenet, varslar kvar helst det kan vere støykonflikt i høve til busetnad. Karta er basert på at det alltid skal gjerast meir nøyaktige støyutrekningar dersom det er aktuelt med etablering av støyømfintleg utbygging innanfor støysonene. I og med at det gjennom planframlegget ikkje ligg føre støyfagleg utgreiing, har ein ikkje konkret kunnskap/oversikt om kva støytiltak som er nødvendige å gjere i samband med oppføring av bustader på arealet. Gjennom ei støyfagleg utgreiing vil ein få nærare avklaring på om det eigentleg ligg til rette for og er særleg tilrådeleg med plassering av bustader i tråd med løysing det vert lagt opp til. Slik Vegvesenet forstår reguleringsframlegget skal eventuelle tiltak med etablering av t.d. støyskjerm/-voll plasserast på byggearealet innanfor byggegrensa mot fylkesvegen, dvs. ikkje på arealstripa mellom byggegrensa og gang- og sykkelvegen.

Det vert i reguleringsføresegnene sagt at støykrava skal vere innanfor krava i rettleiar T- 1442/12. Når det gjeld krava det vert vist til i nemnde rettleiar/retningslinje bør krava presiserast gjennom føresegna med ei slik formulering "*Grenseverdiane i tabell 3 i Klima og miljødepartementets retningslinje T-1442/2012 vert gjort gjeldande for planen*". (Jamfør Miljødirektoratet sin rettleiar M-128-2014, side 35 og 36.) Og elles bør rekkjefølgekravet i føresegna presiserast ved at det vert nedfelt at nødvendige støytiltak skal vere på plass før ferdigattest eller bruksløyve etter § 21-10 i plan og bygningslova kan gjevast til bustadbygg innanfor planområdet.

Statens Vegvesen rår til at det i det vidare planarbeidet, før slutthandsaminga, vert utarbeidd ei støyfagleg utgreiing i høve til kva støyskjermingstiltak området vil verte omfatta av ved ei omreguleringsløysing i tråd med framlegget som ligg føre.

Vurdering av innspel:

Rådmannen viser til at det etter offentleg ettersyn er innarbeidd tilkomst/avkøyrsløysing til tomta. Det er også innhenta ei ekstern støyutgreiing i høve vegtrafikk frå fylkesveg FV654, der moment frå denne er innarbeidd i planforslaget. Ekstern støyutgreiing og reviderte plandokument har vore oversendt Statens Vegvesen for uttale i samband med avgrensa høyring. Viser vidare til merknad og kommentar i samband med avgrensa høyring.

2. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 09.12.2014 (Motsegn):

Planen manglar støyfagleg utgreiing. Det er ut frå dette ikkje mogleg å gjere ei vurdering av aktuelle støytiltak og t.d. kvar det vil vere mest hensiktsmessig å plassere bustadane og ein nærleikeplass. Utforming av bustadane med t.d. fasadetiltak må også ta omsyn til kva ein slik støyrapport viser. Ettersom nær heile tomta ligg i gul støyson og noko raud, kan ikkje denne planen eigengodkjennast. I verste fall let det seg ikkje gjere å få til god nok støyskjerming slik at det kan byggast bustader på tomta.

Dersom støyrapporten viser at det mogleg å få til tilfredstillande støyskjerming skal dette visast på reguleringsplanen. Det er ikkje godt nok å utsette dette til byggeløyve. I føresegnene må det også settast krav til rekkefølge, slik at t.d. støyskjerm er på plass før bruksløyve for bustadane er gitt.

Fylkesmannen viser til deira innspel om at det må leggjast til rette for nærleikeplass. Slik leikeplass er ikkje vist i plankartet. I plandokumentet, der vår fråsegn er omtala, går det fram at det er set inn krav i føresegnene om opparbeiding av felles privat uteopphaldsareal som

skal vere møblert med sandkasse, dissestativ m.m. Vidare at denne skal vere opparbeidd før bruksløyve kan gjevast og at leikearealet skal vere skjerma for støy. Vi finn ikkje dette igjen i føresegna. Det manglar også kven som er ansvarleg for å utføre arbeidet og vedlikehalde leikeplassen.

Vurdering av innspel:

Rådmannen viser til at planforslaget er endra etter offentleg ettersyn i samsvar med Fylkesmannen sin merknad. Ein del av tomta KS har blitt sett av til leikeplass og fått eige arealformål. Det er også innhenta ei ekstern støyutgreiing i høve vegtrafikk frå fylkesveg FV654, der moment frå denne er innarbeidd i planforslaget. Ekstern støyutgreiing og reviderte plandokument har vore oversendt Fylkesmannen for uttale i samband med avgrensa høyring. Viser vidare til merknad og kommentar i samband med avgrensa høyring.

Endringar i plan etter offentleg ettersyn:

Med bakgrunn i innspela som kom til offentleg ettersyn, er det gjort følgjande endringar i planforslaget:

Plankart:

*Deler av bustadområdet KS 0.4 daa vert endra til offentleg leikeplass
Ny offentleg leikeplass får støyskjerm mot FV654
Symbol som markerer ny avkøyrsløp til tomte blir vist på plankartet.
Byggjegranser er endra for framtidig plassering av bygg på tomte KS1.*

Føresegner:

*Pkt 4.1.6 i føresegnene er endra i høve støykrav. Tekst markert med raudt. Det er teke inn eit nytt pkt 4.2 Leikeplass(LP) med føresegner knytta til arealformålet leikeplass.
Tekst markert med raudt.*

Planomtale:

*Det er innhenta ein ekstern fagrapport for utgreiing av vegtrafikkstøy frå fylkesveg 654. Moment frå den støyfaglege rapporten er innarbeidd i planomtalen.
Planomtalen er oppdatert i høve dei endringane som er gjort i føresegner og plankart.*

Innspel til avgrensa høyring

3. Anleggs- og driftsavdelinga,

Avdelinga gjer merksam på at hovudspillvassleidning frå Trolldalen bustadfelt kryssar området.

Vurdering av innspel:

Innspelet er teke til vitande. Med bakgrunn i tilgjengeleg VA-kart kan det sjå ut til at leidninga vil krysse KS- tomte mellom to innteikna byggjegranser, og at den soleis ikkje vil vere til hinder for utbygging i tråd med plan.

4. Barnerepresentanten i Herøy kommune,

Barnerepresentanten har inga innvending mot endringane i planen, og set pris på at det blir lagt opp til støyskjerming mot FV654 frå leikeplassen.

Vurdering av innspel:

Innspelet er teke til vitande.

5. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, dato

Fylkesmannen kan trekke motsegna dersom følgjande formuleringar blir teke inn i føresegnene: «Leikeareal skal vere opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk» og «Nærleikeplassen skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat».

Vurdering av innspel:

Innspelet frå Fylkesmannen vert teke til følgje i planarbeidet. Formuleringane er teke inn i føresegnene. Reviderte føresegner er oversendt fylkesmannen og dei har stadfesta at motsegna er trekt i e-post av 15.04.2015.

5. Møre og Romsdal fylkeskommune, dato

Viser til deira fråsegn av 5.12.14 der dei som vilkår for eigengodkjenning stilte krav om rekkjefølgjeføresegn for leikearealet. I revidert plan er leikeareal fastsett som eige, offentleg arealføremål. Det er framleis ikkje fastsett rekkjefølgjekrav. I § 4.2 bør føyast til ei formulering til dømes slik: " *Leikearealet skal vere opparbeidd innan første bustad er innflyttingsklar*". Dei vil tru dette er berre ei forgløyming og at det ikkje vil medføre vesentlege utfordringar for kommunen å innarbeide dette. Planen kan for deira del eigengodkjennast.

Vurdering av innspel:

Viser til vurdering av innspel frå Fylkesmannen over. Innspelet vert teke inn i føresegnene til planen.

7. Statens Vegvesen Region Midt, 13.04.2015:

Vegvesenet har merknader til den støyfaglege utgreiinga som har blitt gjennomført, plassering av bygningar, uteplassar og innandør lydnivå. Dei meiner det må takast inn i føresegna at det ved byggesøknad må dokumenterast at innandørs lydnivå i støyfølsome rom tilfredstiller krava i NS 8175. Vidare blir det peika på at det må vere føresegner som regulerer at det ved byggesøknad må dokumenterast at private og felles uteareal har lydnivå som tilfredstiller T-1442.

Vurdering av innspel:

Rådmannen viser til at ein ikkje kan ta inn føresegner som omhandlar Norsk standard i føresegnene, då denne ikkje er offentleg tilgjengeleg, jfr. tidlegare brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Når det gjeld uteplassar og støynivå, ligg det allereie i føresegnene pkt 4.1.5 at desse skal vere skjerma mot støy. Støynivået skal her vere innanfor krava i rettleiar T-1442/14. I pkt 4.1.6 er det teke inn ei føresegn om at det for nye bygningar skal gjerast tiltak for å sikre at minste utomhusareal (MUA) og bygning held grenseverdiane i retningslinje T-1442/14.

Når det gjeld ytterlegare støymålingar utover den støyfaglege utgreiinga som allereie er gjort i plan, finn rådmannen som eit urimeleg krav. Ein viser til at det er blitt gjennomført utgreingar kring støy og at planforslaget har blitt utforma på ein slik måte at ein har teke omsyn til dei støykjeldene som er i lokalisert i nærleiken. Det er også gjort avbøtande tiltak i høve støy gjennom føresegnene.

Forhold kring støy blir ivaretatt gjennom TEK10 som har følgjande bestemmelse:

«§ 13-9. Støy fra bygningstekniske installasjoner og utendørs lydilder

(1) Bygningstekniske installasjoner skal plasseres, prosjekteres og utføres slik at det sikres tilfredsstillende lydforhold i byggverk og brukerområde, i rom for varig opphold i annen bygning og på uteoppholdsareal avsatt for rekreasjon og lek.

(2) Byggverk skal, med hensyn på støy fra utendørs kilder, plasseres, prosjekteres, og utføres slik at det sikres tilfredsstillende lydforhold i byggverk og på uteoppholdsareal avsatt for rekreasjon og lek. Dette gjelder også støy fra strukturlydkilder.»

Rådmannen viser vidare til dei føresegnene som er utforma og som skal sikre at uteplassar og bygning har greseverdiar i samsvar med rettleiar T-1442.

Endringar i plan etter avgrensa høyring:

Føresegnene (markert med blått):

«Leikeareal skal vere opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk»

«Nærleikeplassen skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat».

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vurderer det slik at området som er regulert til forretningsformål i Trolldalen ikkje lenger er aktuell. Herøy kommune opplever i dag press på ledig bustadareal og etterspurnad etter nye bustadtomter. Herøy kommune er eigar av området som er vist som forretning. Med bakgrunn i vekst og etterspurnad etter bustadtomter, ser ein det som naturleg at tomta blir omregulert til bustadføre mål og lagt ut for sal.

Det har vore naudsynt å gjere endringar i planforslaget etter offentleg ettersyn som har vore sendt på ei avgrensa høyring. Det er mellom anna gjort nærare vurderingar kring støyforholda frå fylkesvegen og det er lagt inn ein leikeplass lengst nord på tomta. Tidlegare motsegn til planforslaget frå Fylkesmannen er trekt etter dei siste endringane i planen.

Planforslaget legg opp til at det kan førast opp nye fleirmannsbustader innanfor rammene i planen og rådmannen ser dette som ei styrking av bustadtilbodet i Trolldalen. Området ligg i kort avstand til skule- og idrettsområde og

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Rådmannen viser til planomtalen og tilhøyrande ROS-analyse. Ein kan ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. Direktoratet for naturforvaltning sine databaser. Planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Rådmannen meiner plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd. Arealbruken i plan legg opp til fortetting og rasjonell utnytting av bustadareala for denne delen av kommunen. Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget med omregulering frå forretning til bustadformål vere rett for denne tomta, og ein ser føre seg at kommunen kan selje og avhende den konsentrerte bustadtomta i marknaden etter omregulering og frådeling.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:


Positivt, då omregulering av tomt til bustaføremål vil medføre at kommunen kan selje og avhende arealet i marknaden. Eit evt sal av areal vil gi inntekter til kommunen.

Fosnavåg, 15.04.2014

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



TEIKNFORKLARING

Reguleringsplan-Bygninger og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)

- Bustader - konsentrert småhus
- Leikeplass

Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)

- Gang-/sykkelveg
- Annan veggrunn - tekniske anlegg

Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 §12-6)

- Sikringsone - Frisikt

Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008

- Sikringssonегrense
- Støysonegrense

Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008

- Regulerings- og utbyggingsplanområde
- Planen si avgrensning
- Formålgrense
- Byggjegrænse
- Regulert senterlinje
- Regulert støyskjerm
- Målelinje/avstandslinje
- Avkjørsel

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge


Eierform:

- o_ = Offentleg formål
- f_ = Felles privat formål

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Geovekst AS
 Dato for basiskart: April 2015
 Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
 Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1 meter
 Kartmålestokk 1:1000 (A3)
 0 10 20 30 40 m



Herøy kommune

DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3

Detaljreguleringsplan Trolldalen gnr 55 bnr 5 m.fl

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID:
201401
 Forslagstiller:
Herøy kommune
 Kartprodusent:
Utviklingsavdelinga

Revisjon av plankart		DATO	SIGN.
A			
B			
C			

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAK	DATO	SIGN.
Kommunestyrets vedtak:			
2. gongs behandling i Formannskapet			
Offentlig ettersynfra.....til.....			
1. gongs behandling i Formannskapet			
Kunngjering av oppstart planarbeidet			

PLANEN UTARBEIDET AV:	PLANNR.	TEGNR.	SAKSBEH.
Utviklingsavdelinga	201401	002	AZT



HERØY KOMMUNE – REGULERINGSFØRESEGNER

201401 - REGULERINGSENDRING FOR TROLLDALEN GNR 55 BNR 19 M.FL

Planident: Saksnummer: Eigengodkjent dato: Eigengodkjent av:
201401 2013/165 xx.xx.xxxx XXXXXXXXX

§ 1 - GENERELT

Område og plangrense:

Som vist innanfor plangrensa på tilhøyrande plankart.

1.1. Gyldigheitsområdet

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegna) fastsett.

1.2 - Andre lover og vedtekter:

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningsloven (PBL) og gjeldande vedtekter for Herøy kommune

1.3. Privatrettslige

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslige avtaler som er i strid med planen.

§ 2 – REGULERINGSFORMÅL

Areala innanfor plangrensa er regulert til følgjande formål:

Byggje- og anleggsformål (Pbl. § 12-5 nr. 1):

KS1	Bustader – konsentrert småhusbebyggelse
LP	Leikeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. § 12-5 nr. 2):

GV	Gangveg.
AV	Annan veggrunn, teknisk

Omsynssoner (Pbl § 12-6)

H 140-1	Frisikt.
H 210	Støy – raud sone iht T-1442/12
H 220	Støy – gul sone iht T-1442/12

§ 3 – FELLESFØRESEGNER

3.1 – Plassering, utnytting og høgde

REGULERINGSFØRESEGNER
REGULERINGSENDRING FOR TROLLDALEN GNR 55 BNR 19 M.FL
PLANID: 201401

Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggegrenser. Tillate bebygd areal (BYA) skal definerast etter teknisk forskrift (TEK). Gesims- og mønehøgde skal reknast etter gjeldande teknisk forskrift (TEK).

3.2 – Estetikk, form og utsjånad

Kommunen skal ved behandling av byggjesøknad, sjå til at bygningar får ei god form og materialbehandling og at bygningar i same område får ein heilskapleg og harmonisk utsjånad med omsyn til takvinkel, material og farge. Der ikkje anna er bestemt, kan kommunen fastsette like takvinklar og lik takutforming for bygningar i same formålsområde eller innanfor bestemte bygningsgrupper.

3.3 – Utomhusareal

Dei ikkje utbygde delane av tomta skal gjevast ei tiltalende utforming. Skjeringar og fyllingar skal behandlast og plantast med stadeigen vegetasjon. Ved opparbeiding av utomhusareal skal det leggast vekt på å gi materialar og installasjonar høg estetisk kvalitet. Parkeringsplassar skal ha fast dekke. Der det er aktuelt med bruk av murar, skal desse av omsyn til estetikk, først opp fortrinnsvis i naturstein.

3.4 – Mindre bygningar

Innanfor byggjeområda kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Frittstående bygg skal tilpassast bygningar og anlegg på staden med omsyn til form og farge. Slike innretningar skal godkjennas av kommunen.

3.5 - Kulturminne

Dersom en under arbeid kommer over noe som kan være automatisk freda kulturminne, plikter en å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune for avklaring, jf. kulturminnelova §8 andre ledd.

3.6 - Universell utforming:

Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming / tilgjengelegheit for alle.

3.7 – Dokumentasjon ved byggesøknad

Ved søknad om løyve til tiltak skal det følgje med situasjonsplan i målestokk som viser løysingar for:

- Plassering av nye bygningar i området (inkludert mindre frittliggjande bygg)
- VA- rammeplan for tomta
- Utforming av utomhusareal og materialbruk
- Opparbeiding av parkeringsplassar og organisering av parkeringsløysing
- Terrenghøgde for nye bygningar, tilkomstveg, parkering og uteareal
- Avkøyrsløysing og tilkomstforhold til tomta
- Sol- og skuggeforhold for utomhusareal

3.8 - Illustrasjonsmaterialet

Illustrasjonsmaterialet som følgjer planforslaget er ikkje bindande, men skal vere retningsgivande for vidare prosjektering og utbygging i planområdet.

3.9 - Vegareal

Dersom detaljprosjektering av vegar og fortau innanfor planområdet viser at det er naudsynt å legge deler av skjering og fylling utanfor formålsgrensa, kan desse leggast på tomtegrunn/tilstøytane areal.

§ 4 - BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 12-5 nr. 1)

4.1 – Bustad – konsentrert småhusbebyggelse (KS1)

4.1.1 Arealbruk

Innanfor området KS kan det etablerast bustadbygg med fleire bueiningar innanfor kvart bygg. Talet på bueiningar innanfor kvart bygg skal avgjerast i byggesaka.

4.1.2 Høgde og utnyttingsgrad

Bygningar i formålsområde KS skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6.5 meter, målt frå gjennomsnittlig ferdig planert terreng kring bygget.

Grad av utnytting er maks BYA%= 40%.

Nye bygningar skal ha ei utforming som speglar dagens arkitektur.

4.1.3 Byggjegranser og plassering

Byggjegranser for område KS er vist på plankartet og nye bygningar skal plasserast innanfor desse byggjegransene.

4.1.4 Parkering

For nye bueiningar skal det setjast av minst 1,5 parkeringsplass pr. bueining. 1 plass skal vere overbygd. Dersom samla tal på bueiningar overstig 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 per bueining.

Parkeringsplassar skal ha fast dekkje, belysning og vere fysisk oppmerka.

4.1.5 Uteopphaldsareal

Det kan etablerast private uteopphaldsareal i form av terrasser/balkongar til kvar av bueiningane. Krav til minste private uteopphald (MUA) pr. bueining skal ikkje vere under 10 m². Desse skal vere skjerma mot støy.

Generelt for uteopphaldsareal skal desse ha gode solforhold og vere skjerma mot forureining. Støynivå skal vere innanfor krava i rettleiar T-1442.

4.1.6 Støy

Støykartlegging som følgjer denne planen viser at ikkje utbygd bustadareal har støynivå i gulsone i hht T-1442/12. Ved oppføring av nye bygningar skal det gjerast tiltak for å sikre at minste utomhusareal (MUA) og bygning held **grenseverdiane i tabell 3 i klima og miljødepartementets retningslinje T-1442 vert gjort gjeldande for planen**. Det vert vist til rekkjefølgjekravet om støytiltak i § 7.

4.2 – Leikeplass (LP)

I området skal det opparbeidast leikeplass. Arealet skal vere offentleg. Det skal leggjast til rette for både leik og opphald. Det skal førast opp leikeutstyr, og leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast.

Leikeplass skal skjermast mot støy med skjerm i høgde på 2 meter over gjeldande terrengnivå. Støyskjerm skal plasserast slik den er vist på plankartet.

Ved byggesøknad skal støynivå og skjermingstiltak dokumenterast og visast på situasjonsplan.

§ 5 - SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 2)

5.1 - Gang- og sykkelveg (GV)

Gang- og sykkelveg er vist i plankartet slik den er fysisk opparbeidd i dag. Arealet er offentlig og ope for ålment ferdsel.

5.2 - Annan veggrunn – tekniske anlegg (AV)

Områda er anna veggrunn tekniske anlegg i planområdet. Arealet er grøfteareal mellom gangveg og køyreveg.

§ 6 - OMSYNSSONER (PBL § 12-6)

6.1 Frisiktsoner (PBL. § 11 – 8 a.1)

I frisiktsoner H140_1 og H140_2 skal det til ei kvar tid vere fri sikt i ei høgde over 0,5m over plan for tilstøytande vegar.

§ 7 – REKKEFØLGJEKRAV

7.1 Leikeplass

Leikeareal skal vere opparbeidd innan første bustad kan taksast i bruk.

Leikeplass opparbeidast og setjast i ein slik stand at det er mogleg for leik og opphald innanfor arealet.

Nærleikeklassen skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.

Leikeklassen skal vere skjerma mot støy.

*Reguleringsplan godkjend i Herøy kommunestyre, K-sak XX/14 (dd.mm.åååå).

Fosnavåg, _____


Ordførar



HERØY KOMMUNE

PLANOMTALE

«Reguleringsendring Trolldalen gnr 55 bnr 19 m.fl.»



Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, **Revidert mars 2015**

PLANID: 201401

Innhald

1. Samandrag	4
2. Nøkkelopplysningar	5
3. Bakgrunn	6
3.1. Bakgrunn	
3.2. Føremål med planen	
3.3. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold	
3.4. Vurdering i høve konsekvensutgreiing.....	
4. Planprosessen	6
4.1. Oppstartsmøte	
4.2. Forvarsling	
4.3. Medverknad.....	
4.4. Endringar etter offentleg ettersyn.....	
5. Planstatus og overordna rammer	7
5.1. Kommuneplan	
5.2. Gjeldande reguleringsplanar	
5.3. Temaplanar	
5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	
6. Skildring av planområdet	8
6.1. Lokalisering	
6.2. Dagens arealbruk	
6.3. Staden sin karakter	
6.4. Landskap	
6.5. Kulturminne og kulturmiljø	
6.6. Naturmangfald.....	
6.7. Trafikkforhold	
6.8. Teknisk infrastruktur	
6.9. Grunnforhold	
6.10. Støy	
6.11. Luftforureining	
6.12. Radon.....	
7. Skildring av planforslaget	11
7.1. Planlagt arealbruk	
7.2. Arealformål	
7.3. Gjennomgang av arealformål og løysingar	
7.4. Parkering.....	
7.5. Tilknytning til infrastruktur.....	
7.6. Universell utforming	
7.7. Kulturminne	
7.8 Estetikk i planområdet	
7.9. Born og unge sine interesser	
7.10. Renovasjon	
7.11. Risiko og sårbarheit, ROS	
8. Verknader av planforslaget	14
8.1 Plangrep.....	
8.2 Barn- og unge.....	
8.3 Universell utforming.....	
8.4 Naturmangfald og biologisk mangfald.....	
8.5 Støy.....	
8.6 Kulturminne.....	

8.7. Økonomiske konsekvensar for kommunen	
9. Innkome innspel	
9.1. Merknader	
10 Vedleggsliste	15

1. Samandrag

Målet med planarbeidet er ei endring av arealbruken frå forretning til bustadformål, for ei tomt i Trolldalen bustadfelt.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. pbl § 12-3.

Området er i gjeldande reguleringsplan avsett til forretning, der kringliggjande arealbruk er dominert av bustadformål.

Grunnen i planområdet er i kommunalt eige.

Planforslaget er tidlegare vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har ved oppstart av planarbeid og gjennomarbeid med utarbeiding av forslag til løysingar, konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at konsekvensanalyse og planprogram er naudsynt i denne saka. Ein viser elles til ROS-analysen som følgjer som ein del av denne planomtalen.

Tiltakshavar for prosjektet er Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga.

2. Nøkkelopplysningar

Bygd:	Tjørvåg
Stad/adresse:	6070 Tjørvåg
Gnr / bnr:	Gnr 24 bnr
Gjeldande planstatus:	1515197601 TROLLDALEN-STORNESET
Forslagstillar:	Herøy kommune
Grunneigar:	Offentleg, kommunalt og privat
Plankonsulent:	Utviklingsavdelinga
Eksisterande planstatus:	Kommuneplan, reguleringsplan
Planområde sitt areal (daa):	4.8 daa
Aktuelle problemstillingar:	Bustad, gangveg, leikeplass støy
Kunngjering, dato:	26.06.2014.
Varslingsdato berørte partar:	26.06.2014.
Medverknad utover varsling:	Møte med særskilde grupper
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei

3. Bakgrunn

3.1 Bakgrunn

Bakgrunnen for planarbeidet er at Herøy kommune ønskjer å legge til rette for meir bustadbygging i Trolldalen.

3.2 Føremål med planen

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljplan som skal gi grunnlag for seinare bygging av fleirmannsbustader. Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. pbl § 12-3.

3.3 Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold

Grunnen i planområdet er i kommunalt eige. Tiltakshavar og utførande plankonsulent er Herøy kommune.

3.4 Vurdering i høve konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka.

4. Planprosessen

4.1. Oppstartsmøte

Det er ikkje halde formelt oppstartsmøte sidan kommunen er tiltakshavar og står for planarbeidet. Ein har tidlegare drøfta planavgrensing og løysingar og medverknad.

4.2. Forvarsling

Det blei varsla oppstart av planarbeidet, ved annonse i avisa Vestlandsnytt og skriv til be 26.06.2014. Frist for å kome med innspel sett til 01.09.2014 (noko utvida grunna ferietid)

Det kom inn 5 innspel til planoppstart, viser elles til punkt 8 i planomtalen.

4.3. Medverknad

Eldrerådet, Ungdomsrådet, Barnerepresentant og Rådet for menneske får brev ved offentleg ettersyn. Det blir vurdert om det skal haldast eit medverknadsmøte.

5. Planstatus og rammer

5.1 Kommuneplan

Planområdet er i kommuneplanen sin arealdel (godkjend 2004) lagt ut til område der eksisterande reguleringsplan framleis skal gjelde.

5.2. Gjeldande reguleringsplanar

Den delen av planområdet som no er under regulering, er i gjeldande reguleringsplan avsett til forretning. Følgjande godkjende reguleringsplaner blir derfor delvis omregulert: 1515197601 TROLLEDALEN-STORNESET



Utsnitt av gjeldande reguleringsplan for området.

5.3. Temaplanar

Ingen kjende temaplanar.

5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

RPR for samordna areal- og transportplanlegging:

Utbygginga som er planlagt er i hovudsak i tråd med retningslinjene for å oppnå samordna areal og transportplanlegging. Retningslinjene går i hovudsak ut på å få ein mest mulig effektiv, trygg og miljøvennlig transport, slik at transportbehovet vert avgrensa.

RPR for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga:

Konkret er det spesielt pkt. 5 som går på krav til fysisk utforming som vil vere aktuell i denne plansaka.

"Følgjande skal visast spesiell merksemd:

a. Areal og trafikkanlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy og trafikkfare.

b. I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø. Det føreset blant anna at areala:

- *Er store nok og eigner seg for leik og opphald*
- *gir muligheter for ulike typar leik på ulike årstider*
- *kan brukast av ulike aldersgrupper, og gir høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne.*

6. Skildring av planområdet

6.1. Lokalisering

Planområdet ligg i Trolldalen i Herøy kommune, ein del ei bygd langs fylkesveg 654 mellom Fosnavåg og Ulsteinvik. Frå Trolldalen er det om lag 22.2 km til Fosnavåg sentrum, og om lag 0.7 km til Stokksund skule (barne- og ungdomsskule).

Planområdet omfattar areal avsett til forretning. Det er tatt med nødvendig areal for å justere plankart i høve utbygd gang- og sykkelveg i området, samt frisisone i vegkryss.



Eggesbønnes

Planområdet

Myrvåg

6.2. Dagens arealbruk

Arealet som er under regulering ligg langs fylkesveg 654 og er omkransa av tilkomstveg i aust og fylkesvegen i vest. Mellom tomt som er tiltenkt til bustadføremål og fylkesvegen går det i dag ein opparbeidd gangveg som er kopla til det planskilte

kryssingspunktet (undergangen) i Trolldalen. Vegetasjonen i området er prega av stadeigen lyngvegetasjon og det som dominerer i området.



Flyfoto over området

6.3 Staden sin karakter

Området ber i dag preg av å vere eit vel etablert bustadområde med innslag av både fleirmannsbustader og einebustader frå varierende tidsepokar. Ein finn pr i dag ikkje eit utprega arkitektonisk særpreg som kan karakterisere ein fellesnemnar for bustadane i området. Her er det innslag av bustader med stilartar frå ulike arkitektoniske tidsepokar.

6.4 Landskap

Landskapet i planområdet har ein karakter som gir ei avtrapping i terrenget frå nord til sør i planområdet.

6.5 Kulturminne og kulturmiljø

Så langt ein kjenner til er det ikkje registrerte SEFRAK-registreringar i det aktuelle planområdet. Det er heller ikkje kjende arkeologisk registreringar innanfor planområdet.

6.6 Naturmangfald

Ein har vurdert planområdet opp mot prinsippa i naturmangfaldslova og i høve Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase. Så langt ein kan sjå er ikkje planforslaget i konflikt med prioriterte artar, utvalte naturtypar eller områder med særskilt sårbare økosystem.

6.7 Trafikkforhold

Fylkesveg 654 går vest for planområdet i nord-sør retning. Mellom tomt tenkt til bustad går det i dag etablert gangveg til undergang. Aust og sør for tenkt bustadtomt går det kommunal køyreveg. Fartsgrense for FV654 i området er 60 km/t. FV654 har i dag trafikk tilsvarende ÅDT 3300 (tal frå 2009), jf nasjonal vegdatabank.

6.8 Teknisk infrastruktur

Det er i dag opparbeidd infrastruktur for veg, vatn og avløp i området. I nærleiken av tomta går det i dag både leidningar for avløp, overvatn, vassforsyning. Det er også etablert kummar og tilkoplingspunkt i området.



Utsnitt av VA-kart for området.

6.10 Grunnforhold og geologi

Berggrunnen i planområdet består av gneis, for det meste kvartsdiorittisk til granittisk, mange stader migmatittisk, augegneis.


Kvartærgeologiske kart viser at planområdet ligg innanfor eit området med tynt humusdekke som ligg rett på berggrunn, der mektigheit er vanlegvis 0.2 – 0.5 m, med moglegheit for at det lokalt kan vere variasjonar i denne tjukkelsen. Fjell ofte synleg i dagen i desse lausmassane.

6.11 Støy

Utgangspunktet for støyberekningar innhenta frå ekstern konsulent. Støykjelda i området er vegtrafikk frå fylkesveg 654.

Det er utført beregning av støysoner for området. Resultatet er vist i kartutsnitt under. Støysonene er beregnet i både 4 m og 1,5 m over terreng. Støysonene i 4 m's høgde tilsvarer støynivået i høgde med 2. etasje og 1,5 m tilsvarer støynivået i høgde med 1. etasje og på uteområder på bakkenivå.

Av kartutsnitt over går det fram at bygget ligg i gul støysone og det tilfredsstillir følgelig ikkje T-1442 og NS8175 utan støyskjermingstiltak.



Kart 2. Trafikkstøv. støysoner (ekvivalent lydnivå L_{den})

Kartutsnitt støysoner

6.12. Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for luftforureining.

6.13 Radon

Kart frå NGU viser at det ikkje er registrert førekomst av radon i det aktuelle planområde.

7. Skildring av planforslaget

7.1 Planlagt arealbruk

Målet med planforslaget er å endre gjeldande reguleringsplan for Trolldalen og legge til rette for fleire konsentrerte bustader i dette området.

7.2 Arealføremål

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustader – konsentrert småhusbebyggelse, KS1
- **Leikeplass, LP**

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Gangveg, G
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
-

Sikringszone (PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

7.3 Gjennomgang av arealformål og løysingar

Konsentrert småhusbebyggelse (FS):

Planforslaget legg til rette for eit område med konsentrert småhusbebyggelse (KS). I dette arealet inngår det i hovudsak areal som er avsett til forretning i gjeldande plan. Storleiken på arealet er 4.4 daa. Utnyttingsgrad for dette området er sett til maks %BYA = 40 %. I grunnlaget for utrekning av BYA skal parkeringsareal takast med.

Nye bygningar skal her plasserast innanfor byggjegransene 5.0 meter til regulert vegkant/gangvegkant og 20 meter til senterlinja til fylkesveg 654 som vist i plan. Endeleg plassering av nye bygg innanfor KS vert godkjent ved byggesaksbehandling etter PBL § 29-4.


Bygningar i formålsområde KS skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6.5 meter, målt frå gjennomsnittlig ferdig planert terreng kring bygget

Bygga ligg i gul støysone. Krava til støyskjerma uteplass blir oppfylt ved å lokalisere uteopphaldsareal vest for skissert bygningsplassering.

Leikeplass (LP)

I området skal det opparbeidast leikeplass. Arealet skal vere tilretteleggast for både leik og opphald. Det skal førast opp leikeutstyr, og leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Arealet skal vere felles privat for bustader innanfor KS-området.

Leikeplass skal skjermast mot støy med skjerm i høgde på 2 meter over gjeldande terrengnivå. Støyskjerm skal plasserast slik den er vist på plankart og kartutsnitt under.



Gang- og sykkelveg (GS)

Eksisterande gang-/sykkelveg er teke med i plan slik denne er opparbeidd. Dette for å sikre samsvar mellom plansituasjon og den faktiske situasjon (fysisk opparbeidde) for gang- og sykkelnett i området.

Annan veggrunn – tekniske anlegg:

I planforslaget inngår naudsynt areal til grøft mellom gangveg og fylkesveg.

Frisiktsone (H140):

Frisiktsone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

7.4. Parkering

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf. kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i PBL.

7.5. Tilknytning til infrastruktur

Det er i planframlegget ikkje sett av areal til trafoar, VA-anlegg og andre kommunaltekniske bygg. Men det er i føresegnene opna for at det innanfor byggeområda kan setjast opp mindre nødvendige bygningar til slikt føremål. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

7.6. Universell utforming

Det vert vist til PBL §§ 1-1 og 29-3, jf. også TEK10. Ein føreset at PBL og TEK10 vert lagt til grunn for gjennomføring av tiltak etter denne planen. Så langt det passar bør vidare formings- /funksjonskrava i TEK10 (Universell utforming) nyttast. Denne planen omfattar bustadtomt som kan byggjast ut med universell standard.

7.7 Estetikk i planområdet

Det er viktig at nye bygg får ei god terrengtilpassing ut frå omsynet til god arkitektonisk utforming, visuell kvalitet og sikkerheit. Det er teke med i føresegnene krav til estetikk og utsjånad for oppføring av nye bygningar. Nye bygningar skal ha ei utforming som speglar dagens arkitektur.

7.8 Born og unge sine interesser

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon.

Planen inneberer ei endring av arealbruken for eit område frå forretning til bustad. Det er sett av areal til leik i nærområdet og det er i planforslaget fokus på minste ute opphaldsareal (MUA) som skal tilretteleggast på ein slik måte at det skal kunne brukast av barn- og unge.

7.9 Renovasjon

Det er ikkje lagt til rette for felles oppsamlingspunkt (returpunkt) for avfall for bustadareala innanfor denne planen. Det blir lagt til grunn lokale krav og retningslinjer for handtering av avfall frå interkommunalt renovasjonsselskap.

7.10 Risiko og sårbarheit, ROS

Som del av planprosessen har vi ikkje føreteke målingar v/ bruk av sporingfilm. Radon er ikkje registrert som eit problem i Herøy tidlegare. Planen har nye område for bustadbygging – område KS. Det er ikkje teke inn i føresegnene krav til måling av radon. Ein viser her til krava i gjeldande teknisk forskrift (TEK 10).

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje forhold knytt til risiko eller sårbarhet som skulle tale i mot fremja arealbruk. Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering

8. Verknader av planforslaget

8.1 Plangrep

Løysinga inneber ei endring av tidlegare avsett tomt frå forretning til bustadformål (konsentrert – fleirmannsbustader). Dette gjeld utnytting av ei tomt som er omkransa av vegar, med ei utnyttingsgrad på $BYA\% = 40$. Nye bygg skal plasserast innanfor skisserte byggjegranser mot veg på 5.0 meter frå regulert vegkant.

8.2 Barn- og unge

Det er ikkje regulert inn leikeareal i planforslaget. Dette er føreset teke omsyn til i gjeldande plan – gjennom at det er avsett eit eige areal til leik. Det næraste opparbeidd leikeareal er skuleområdet i Stokksund. Avstand til opparbeidd leikeplass er på om lag 670 meter frå bustadområdet.

Innanfor KS-området er det føresegner som ivaretek barn- og unge sine interesser knytt til uteopphaldsareal. Ei utbygging med opparbeidde uteopphaldsareal som prioriterer barn- og unge sine interesser, blir vurdert til å ha positive verknader for barn og unge, gjennom betre tilrettelegging for denne interessegruppa.

8.3 Universell utforming

Reguleringsføresegnene set krav om at tiltaka skal gjennomførast etter prinsippa om universell utforming, noko som gjeld for alle dei skisserte tiltaka innanfor planområdet.

Slik ein vurderer det, vil planforslaget ha positive verknader i høve universell utforming.

8.4 Naturmangfald og biologisk mangfald

Ein har gjennomført undersøkingar i høve eksisterande kunnskap, i databasen til Direktoratet for naturforvaltning, samt at det også er gjennomført ROS- analyse. Så langt ein kan sjå, vil ikkje planforslaget medføre negative konsekvensar for naturmangfaldet eller kome i konflikt med sårbart biologisk mangfald i området.

8.5. Støy

Støyvurderinga som ligg tilgrunn er innehenta frå ekstern konsulent. Vurderingar frå støyutgreiinga er teke inn planforslaget.

8.6. Kulturminne

Ingen kulturminne registrert.

8.7 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen særskilte. Det regulerede området er hovudsakleg i offentleg (kommunalt) eige.

9. Innkome innspel

Sjå vedlegg for handsaming av innkomne merknader ved varsel om oppstart.

10. Vedlegg

1. Varsel om oppstart av planarbeid
2. Innspel til planarbeidet – varsel om oppstart
3. Behandling av innspel til planarbeidet
4. Sjekkliste ROS (FMMR)
5. **Støyutgreiing av 27.02.2015.**



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2014/1043
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
160/14	Formannskapet	14.10.2014

REGULERINGSENDRING FOR DELER AV TROLLDALEN - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2014

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag for reguleringsendring Trolldalen, datert 08.9.2014, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag for reguleringsendring Trolldalen, datert 08.9.2014, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Særutskrift:

- Offentlege uttaleinstansar
- Grunneigarar, tverrbuarar og naboar til planområdet

Vedlegg:

- 01 – Plankart, datert 08.09.2014
- 02 - Reguleringsføresegner, datert 08.09.2014
- 03 - Planomtale med vedlegg, datert 08.09.2014

Saksopplysningar:

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd forslag til reguleringsendring for eit avgrensa område i Trolldalen. Området er i dag regulert til forretning i gjeldande reguleringsplan. I det nytt forslag til arealbruk for denne eigedomen, er tomta tenkt omregulert for bygging av fleirmannsbustader.

Oppstart av planarbeid med omregulering blei kunngjort 26.06.2014, der grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentleg uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Det kom inn totalt 5 innspel frå både offentleg og private, der 3 av desse ikkje hadde merknader til planarbeidet.

Herøy kommune er grunneigar av eigedomen som er tenkt omregulert frå forretning til bustad. Tomta som er tenkt til fleirmannsbustader har ein storleik på 4.4 daa, og har byggjegranser mot senterlinje fylkesveg på 20 meter.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon av dei mest sentrale elementa i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen.

Vurdering og konklusjon:

Planforslaget

Bustad

Planforslaget legg til rette for KS-område (konsentrert småhusbebyggelse) på 4.4 daa. Grad av utnytting for tomta er sett til %BYA = 4.4 daa. Nye bygningar skal ha gesimshøgde på 6.5 meter. Byggjegrænse frå senterlinje fylkesveg blir sett til 20 meter, og byggjegrænse til kommunal veg 5 meter. Parkering skal opparbeidast på eigen grunn.

Det skal setjast av eit felles uteopphaldsareal på 200 m² innanfor området KS. Arealet skal vere tilrettelagt for både leik og opphald. Det skal førast opp leikeutstyr – og leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Uteopphaldsareal som vert nytta til leik skal skjermast mot støy. Ved byggesøknad skal støynivå og skjermingstiltak dokumenterast og visast på situasjonsplan. Støynivå skal vere innanfor krava i rettleiar T-1442/14.

Gang- og sykkelveg og anna vegggrunn:

Ferdig utbygd gangveg og tilhøyrande grøfteareal avviker noko frå opphavleg reguleringsplan. Ein har difor sett det som naudsynt å ta med desse areala i plan, for å få ein oppdatert plan som er i samsvar med det som er utbygd i Trolldalen.

Vurdering

Rådmannen vurderer det slik at området som er regulert til forretningsformål i Trolldalen ikkje lenger er aktuell. Herøy kommune opplever i dag press på ledig

bustadareal og etterspurnad etter nye bustadtomter. Herøy kommune er eigar av området som er vist som forretning. Med bakgrunn i vekst og etterspurnad etter bustadtomter, ser ein det som naturleg at tomta blir omregulert og lagt ut for sal.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Rådmannen viser til planomtale og tilhøyrande ROS-analyse.

Når det gjeld forholdet til støy frå vegtrafikk i området, viser rådmannen til at det er stilt krav om ytterlegare utgreiing og skjermingstiltak i reguleringsføresegnene. Dette inneberer at før tomta kan byggast ut, må det prosjekterast skjermingstiltak for nye bustadar og uteopphaldsareal.

Av omsyn til at reguleringsplanen skal ha ei viss form for fleksibilitet knytt til val av bustadtype på tomta, ser rådmannen det som mest naturleg at val av skjermingstiltak mot støy blir gjort når ein veit kva type bustadhus som skal først opp på tomta og korleis uteareala er tenkt planlagt. Dette er detaljar som rådmannen meiner må takast gjennom prosjektering og byggesak.

Rådmannen meiner plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd. Arealbruken i plan legg opp til fortetting og rasjonell utnytting av bustadareala for denne delen av kommunen. Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget med omregulering frå forretning til bustadformål vere rett for denne tomta.

Ein kan ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. Direktoratet for naturforvaltning sine databaser. Planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 16.09.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2014/1043
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

REGULERINGSENDRING FOR DELER AV TROLLDALEN - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag for reguleringsendring Trolldalen, datert 08.9.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Særutskrift:

- Offentlege uttaleinstansar
- Grunneigarar, tverrbuarar og naboar til planområdet

Vedlegg:

01 – Plankart, datert 08.09.2014

02 - Reguleringsføresegner, datert 08.09.2014

03 - Planomtale med vedlegg, datert 08.09.2014

Saksopplysningar:

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd forslag til reguleringsendring for eit avgrensa område i Trolldalen. Området er i dag regulert til forretning i gjeldande reguleringsplan. I det nytt forslag til arealbruk for denne egedomen, er tomte tenkt omregulert for bygging av fleirmannsbustader.

Oppstart av planarbeid med omregulering blei kunngjort 26.06.2014, der grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentleg uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Det kom inn totalt 5 innspel frå både offentleg og private, der 3 av desse ikkje hadde merknader til planarbeidet.

Herøy kommune er grunneigar av egedomen som er tenkt omregulert frå forretning til bustad. Tomte som er tenkt til fleirmannsbustader har ein storleik på 4.4 daa, og har byggjegranser mot senterlinje fylkesveg på 20 meter.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon av dei mest sentrale elementa i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen.

Vurdering og konklusjon:

Planforslaget

Bustad

Planforslaget legg til rette for KS-område (konsentrert småhusbebyggelse) på 4.4 daa. Grad av utnytting for tomte er sett til %BYA = 4.4 daa. Nye bygningar skal ha gesimshøgde på 6.5 meter. Byggjegrænse frå senterlinje fylkesveg blir sett til 20 meter, og byggjegrænse til kommunal veg 5 meter. Parkering skal opparbeidast på eigen grunn.

Det skal setjast av eit felles uteopphaldsareal på 200 m² innanfor området KS. Arealet skal vere tilrettelagt for både leik og opphald. Det skal førast opp leikeutstyr – og leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Uteopphaldsareal som vert nytta til leik skal skjermast mot støy. Ved byggesøknad skal støynivå og skjermingstiltak dokumenterast og visast på situasjonsplan. Støynivå skal vere innanfor krava i rettleiar T-1442/14.

Gang- og sykkelveg og anna vegggrunn:

Ferdig utbygd gangveg og tilhøyrande grøfteareal avviker noko frå opphavleg reguleringsplan. Ein har difor sett det som naudsynt å ta med desse areala i plan, for å

få ein oppdatert plan som er i samsvar med det som er utbygd i Trolldalen.

Vurdering

Rådmannen vurderer det slik at området som er regulert til forretningsformål i Trolldalen ikkje lenger er aktuell. Herøy kommune opplever i dag press på ledig bustadareal og etterspurnad etter nye bustadtomter. Herøy kommune er eigar av området som er vist som forretning. Med bakgrunn i vekst og etterspurnad etter bustadtomter, ser ein det som naturleg at tomta blir omregulert og lagt ut for sal.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Rådmannen viser til planomtale og tilhøyrande ROS-analyse.

Når det gjeld forholdet til støy frå vegtrafikk i området, viser rådmannen til at det er stilt krav om ytterlegare utgreiing og skjermingstiltak i reguleringsføresegnene. Dette inneberer at før tomta kan byggast ut, må det prosjekterast skjermingstiltak for nye bustadar og uteopphaldsareal.

Av omsyn til at reguleringsplanen skal ha ei viss form for fleksibilitet knytt til val av bustadtype på tomta, ser rådmannen det som mest naturleg at val av skjermingstiltak mot støy blir gjort når ein veit kva type bustadhus som skal førast opp på tomta og korleis uteareala er tenkt planlagt. Dette er detaljar som rådmannen meiner må takast gjennom prosjektering og byggesak.

Rådmannen meiner plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd. Arealbruken i plan legg opp til fortetting og rasjonell utnytting av bustadareala for denne delen av kommunen. Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget med omregulering frå forretning til bustadformål vere rett for denne tomta.

Ein kan ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. Direktoratet for naturforvaltning sine databaser. Planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 16.09.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 27.10.2014
Vår ref.: 201403587-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 15.10.2014
Dykkar ref.: 2014/1043

Sakshandsamar:
Terje Systad

Fråsegn til offentleg ettersyn - Reguleringsendring Trolldalen - GBnr 55/5 mfl - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 15.20.2014. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for Trolladalen. Planen legg opp til ei reguleringsendring frå butikk til bustad på den aktuelle tomte for planen.

NVE har ingen merknad til planen.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/1043

Arkivkode
L12

Dato
28.11.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL REGULERINGSENDRING I TROLLEDALEN

Ut frå våre ansvarsområder har vi ingen merknad til reguleringsendringa.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/1043	Saksbeh. AKT
- 3 DES. 2014	
Ark.kode P	L12
Ark.kode S	
J.nr.	Dok nr. 14
Kassasjon	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2014/080485-006

Dykkar referanse:
2014/1043

Vår dato:
01.12.2014

Fv 654 - Herøy kommune - Offentleg ettersyn - Reguleringsendring Trolldalen gnr 55 bnr 5 m.fl - Uttale

Viser til skriv av 15.10.2014 frå Herøy kommune.

Saka gjeld framlegg til omregulering av forretningsareal til bustadføremål innanfor i reguleringsplanen Trolldalen/Storeneset i Tjørvåg.

Statens vegvesen har slik merknad/kommentar til endringsframlegget:

1. Avkøyrsløst/tilkomst

Vi føreset at avkøyrsløst/tilkomst til arealet under omregulering vert knytt til eksisterande kommunal bilveg, og med ei plassering slik at avkøyrsløstpunktet/-løysinga ikkje vert til hinder og ulempe for trafikken i tilknytning til krysset/avkøyringa på fylkesvegen og på gang- og sykkelvegen langs fylkesvegen.

2. Støy

Støyvarselskarta det er vist til i planomtalen – kart utarbeidde av Vegvesenet – varslar kvar helst det kan vere støykonflikt i høve til busetnad. Karta er basert på at det alltid skal gjerast meir nøyaktige støyutrekningar dersom det er aktuelt med etablering av støyømfintleg utbygging innanfor støysonene.

I og med at det gjennom planframlegget ikkje ligg føre støyfagleg utgreiing, har ein ikkje konkret kunnskap/oversikt om kva støytiltak som er nødvendige å gjere i samband med oppføring av bustader på arealet. Gjennom ei støyfagleg utgreiing vil ein få nærare avklaring på om det eigentleg ligg til rette for og er særleg tilrådeleg med plassering av bustader i tråd med løysing det vert lagt opp til.

Slik vi forstår reguleringsframlegget skal eventuelle tiltak med etablering av t.d. støyskjerm/-voll plasserast på byggearealet innanfor byggegrensa mot fylkesvegen, dvs. ikkje på arealstripa mellom byggegrensa og gang- og sykkelvegen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap


9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Det vert i reguleringsføresegnene sagt at støykrava skal vere innanfor krava i rettleiar T-1442/12. Når det gjeld krava det vert vist til i nemnde rettleiar/retningslinje bør krava presiserast gjennom føresegna med ei slik formulering "Grenseverdiane i tabell 3 i Klima- og miljødepartementets retningslinje T-1442/2012 vert gjort gjeldande for planen". (Jamfør Miljødirektoratet sin rettleiar M-128-2014, side 35 og 36.)

Og elles bør rekkjefølgekravet i føresegna presiserast ved at det vert nedfelt at nødvendige støytiltak skal vere på plass før ferdigattest eller bruksløyve etter § 21-10 i plan og bygningslova kan gjevast til bustadbygg innanfor planområdet.

Vi rår til at det i det vidare planarbeidet, før slutthandsaminga, vert utarbeidd ei støyfagleg utgreiing i høve til kva støyskjermingstiltak området vil verte omfatta av ved ei omreguleringsløyving i tråd med framlegget som ligg føre.

Utover dette har vi ikkje særlege merknader/kommentar til planframlegget.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Gitte Beiermann
kst. seksjonsleiar


Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen



14/1043

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Reg nr	2014/1043
Saks nr	AT
- 9 DES. 2014	
Ark.kode P	L12
Ark.kode S	
J nr.	
Dok nr	15
Kassasjon	

Herøy kommune
Detaljregulering - endring reguleringsplan Trolldalen gnr55 bnr19 mfl
Fråsegn ved offentlig ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Støy

Planen manglar støyfagleg utgreiing. Det er ut frå dette ikkje mogleg å gjere ei vurdering av aktuelle støytiltak og t.d. kvar det vil vere mest hensiktsmessig å plassere bustadane og ein nærleikeplass. Utforming av bustadane med t.d. fasadetiltak må også ta omsyn til kva ein slik støyrapport viser. Etersom nær heile tomte ligg i gul støysone og noko raud, kan ikkje denne planen eigengodkjennast. I verste fall let det seg ikkje gjere å få til god nok støyskjerming slik at det kan byggast bustader på tomte.

Dersom støyrapporten viser at det mogleg å få til tilfredstillande støyskjerming skal dette visast på reguleringsplanen. Det er ikkje godt nok å utsette dette til byggeløyve. I føresegnene må det også settast krav til rekkefølge, slik at t.d. støyskjerm er på plass før bruksløyve for bustadane er gitt.

Barn og unge sine interesser

Vi viser til vårt innspel om at det må leggst til rette for nærleikeplass. Slik leikeplass er ikkje vist i plankartet. I plandokumentet, der vår fråsegn er omtala, går det fram at det er set inn krav i føresegnene om opparbeiding av felles privat uteopphaldsareal som skal vere møblert med sandkasse, dissestativ m.m. Vidare at denne skal vere opparbeidd for bruksløyve kan gjevast og at leikearealet skal vere skjerma for støy. Vi finn ikkje dette igjen i føresegna. Det manglar også kven som er ansvarleg for å utføre arbeidet og vedlikehalde leikeplassen.

Konklusjon

Fylkesmannen reiser motsegn til planen ut frå følgjande moment:

- Manglande støyvurdering
- Nærleikeplassen er ikkje fysisk plassert i planen
- Krav til utstyr på leikeplassen må stå i føresegnene, jf. T-02/08.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2014/1043

Arkivkode
L12

Dato
23.03.2015

REGULERINGSENDRING TROLLEDALEN - UTTALE

Viser til Dykkar skriv av 09.03.2015.

Anleggs- og driftsavdelinga vil gjere merksam på at hovudspillvassleidning frå Trolldalen bustadfelt kryssar området.

Ein har elles ikkje merknader til saka.

Med helsing

Jon Rune Våge

Fra: Camilla Storøy Hermansen [mailto:camilla.storoy.hermansen@heroy.kommune.no]

Sendt: 31. mars 2015 10:23

Til: postmottak

Emne: reguleringsendring Trolldalen

Barnerepresentanten har inga innvending mot endringane i planen. Eg set pris på at de legg opp til støyskjerming mot FV654 frå leikeplassen.

Mvh Camilla Storøy Hermansen, Barnerepresentant



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Herøy kommune Detaljregulering - endring reguleringsplan Trollaldalen Fråsegn til avgrensa høyring

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

Vi viser til vår motsegn av 04.11.2015. Kravet til støyvurdering og fysisk plassering av leikeplassen er no retta opp. I dette tilfelle er det i følgje føresegnene kommunen som er ansvarleg for opparbeiding av leikeplassen. Det er også set krav til støytiltak i høve bustadane og støyskjerming av leikeplassen.

Når det gjeld krav til utstyr på ein nærleikeplass og rekkefølgekrav i føresegnene, har vi no spesifisert og tydeleggjort krava til at leikeareal må vere sikra gjennom rekkefølge- og funksjonskrav i føresegnene i reguleringsplanar. Alle kommunane i fylket vil få dei same krava til dette frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan trekke motsegna dersom følgjande formuleringar blir teke inn i føresegnene:

- Leikeareal skal vere opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk.
- Nærleikeplassen skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/1043	09.03.2015	15874/2015/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	08.04.2015

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan, endring, Trolldalen gbnr 55/19 mfl - fråsegn ved offentleg ettersyn (andre gong)

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Vi viser til vår fråsegn 5.12.14 der vi som vilkår for eigengodkjenning stilte krav om rekkjefølgjeføresegn for leikearealet. I revidert plan er leikeareal fastsett som eige, offentleg arealføremål. Det er framleis ikkje fastsett rekkjefølgjekrav.

I § 4.2 bør føyast til ei formulering til dømes slik:

"Leikearealet skal vere opparbeidd innan første bustad er innflyttingsklar".

Vi vil tru dette er berre ei forgløyming og at det ikkje vil medføre vesentlege utfordringar for kommunen å innarbeide dette.

Planen kan for vår del eigengodkjennast.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2014/080485-010

Dykkar referanse:
2014/1043

Vår dato:
08.04.2015

Fv 654 - Herøy kommune - Reguleringsendring Trollaldalen - Avgrensa høyring - Uttale

Viser til skriv av 9.3.2015 frå Herøy kommune.
(Og e-post av 7.d.m. frå kommunen v/ A.Z.Tarberg der uttalefristen vart akseptert utsett til 13. d.m.)

Statens vegvesen har ein del merknader/kommentarar til vurderinga som er gjort i høve til støy. I den samanheng har overarkitekt Maren Meyer – støyansvarleg på seksjonen – utarbeidd uttale med slik ordlyd:

«Vi mener at plassering av bygninger så nær fylkesveg 654 er uheldig med tanke på forebygging av støyplager. Ved et utendørs støynivå lik Lden 60 dB vil i størrelsesorden 25 % av befolkningen føler seg meget plaget av støy fra vegtrafikken. Hele utbyggingsområdet ligger ihht. støyvarselskart for Herøy kommune (utarbeidet i 2013) i rød og gul støysone. Selv om gul sone er en vurderingssone, der det er mulig å sette opp hus, dersom man utfører nødvendige støytiltak, bør man prøve å unngå en slik utbygging, dersom det finnes andre muligheter.

Det er utarbeidet en støyrapport, som konkluderer med at det - ut over vanlig fasadeisolering og en kort støyskjerm nord for nordligste huset for å skjerme uteområdet - ikke er nødvendig med ytterlige støyskjermingstiltak. Vi har følgende merknader til støyrapporten:

- Støyrapporten bør inneholde et kart som viser støysoner for nåværende situasjon, dvs. uten planlagte hus. Vi lurer på hvorfor rød støysone akkurat forbi husene er smalere enn nord og sør for husene.
- Det er uoverensstemmelser mellom kart 2 som viser støysoner Lden 4 m over terreng og punktberegningene i kart 4 side 7. I kart 4 er det beregnet Lekv. Punktet ved fasaden til det nordligste huset er beregnet til 63,5 dBA. Støynivå beregnet som Lden er gjerne 3-4 dB høyere enn Lekv (Lden = Lekv + 3 dBA), dvs. at Lden for dette fasadepunktet er ca. 66,5 dBA. Det igjen vil bety at fasadepunktet ligger i rød sone, mens kart 2 viser at fasaden ligger i gul sone og delvis utenfor gul sone.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:


- På side 8 står det: «Med vanlig arealforhold mellom vindu og vegg ligger fasadeisolasjon til bygg som tilfredsstillende krav til varmeisolasjon i TEK på 35-36 dB og dette tilfredsstillende følger kravet med god margin». Her er det ikke angitt om dette er i forhold til Lden eller Lekv. Vi ser det ikke som opplagt at det oppnås så mye som 35-36 dB støyreduksjon i alle støyfølsomme rom i byggene. Vi mener derfor det i bestemmelsene til reguleringsplanen må legges inn et krav om ny støyutredning ifm. byggetillatelse som dokumenterer at støykravene innendørs (NS8175) er tilfredsstillende i alle støyfølsomme rom mot fylkesvegen og utendørs for private uteplasser og felles utearealer (T-1442).
- Ifht. T-1442 skal alle boenheter ha tilfredsstillende uteoppholdsareal med tilstrekkelig kvalitet og fravær av støy. Arealet må være egnet til formål, og således bør ha gunstig eksponering til sol, vind etc. Kart 1 viser at det bak husene er veldig lite tilrettelagt oppholdsareal, en stor del av området skal gå til parkering og tilkomstveger. Situasjonsplanen kart 1 er vanskelig å tolke, men det ser ut som om det i de to nordlige husene er planlagt 4 boenheter. Det bør etter vår vurdering ikke tillates balkonger mot fylkesvegen, disse vil ikke tilfredsstillende kvalitetskravene om private uteplasser. Alle boenheter bør ha private uteplasser i tillegg til evt. felles uteoppholdsareal. Viser til kap.3.4.4 i veileder til T-1442.»

Etter dette foreset Vegvesenet at det i reguleringsføresegnene vert innarbeidd følgjande:

- Ved byggesøknad om løyve til tiltak må det dokumentarast at innandørs lydnivå i støyfølsomme rom tilfredsstillar krava i NS 8175.
- Ved byggesøknad om løyve til tiltak må dokumenterast at private og felles uteareal har lydnivå som tilfredsstillar T-1442.


Særlege merknader utover dette har vi ikkje til planframlegget.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

for 
Lisbeth Smørholm
seksjonssjef


Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Grunneigarar, naboar, offentlege instansar, lag og organisasjonar

Saksnr
2014/1043

Arkiv
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / AZT

Dato
24.06.2014

VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

«REGULERINGSENDRING TROLLDALEN GNR. 55 BNR. 19 M.FL»



Herøy kommune

Utviklingsavdelinga


Juni 2014

Planarbeid

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.06.2008) vert det med dette varsla oppstart av offentleg planarbeid. Denne varslinga rettar seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Planområdet

Tiltaket gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område i Trolldalen (Tjørvåg) i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med svart stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag 4.8 daa. Plangrensa for området kan bli noko tilpassa i løpet av planprosessen som følgje arbeidet med utarbeiding av planforslag.




Utsnitt av planområdet med plangrense

Formål med planarbeidet

Herøy kommune ynskjer med dette planforslaget ei omregulering av den delen av eigedom gnr 55 bnr 19 som er avsett til forretning i gjeldande reguleringsplan for området i Trolldalen til nytt arealformål bustad. Det blir ikkje vurdert som lenger aktuelt å legge til rette for forretning i dette området og kommunen, som eigar av området, ser potensiale i at denne tomte kan nyttast til bustadformål.

I tillegg til endring av arealformål frå forretning til bustad, vil kommunen i samband med planarbeidet gjere naudsynte justeringar i tilgrensande areal, slik at tilgrensande gangveg mot aust vert teke inn i reguleringsplan slik den er utbygd.

Gjeldande planstatus for området



Utsnitt av dagens reguleringsplan for området

Området er omfatta av ein gjeldande reguleringsplan 1515197601 TROLLDALEN-STORNESET, vedteke av kommunestyret 27.03.2008 i K-sak 3/08. Det aktuelle området som er tenkt regulert er avsett til forretning og gangveg i gjeldande plan.

Planprogram og konsekvensutgreiing (KU)

Planområdet ligg innanfor grensa til ein gjeldande reguleringsplan frå 2008. Det aktuelle tiltaket med det formålet (bustad) som er tiltenkt er i samsvar med øvrig arealbruk i området.

Planarbeidet er også vurdert i forhold til forskrift for konsekvensutgreiing. Herøy kommune har konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Ein vurderer planarbeidet til ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn at det skal vere naudsynt med KU-vurderingar utover det som er tenkt i planomtalen.

Ein er ikkje kjend med at det er registrert automatisk freda kulturminner innanfor planområdet.

Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem innanfor planområdet.

Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen, vil ein gå gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Aktuelle arealformål og hovudprinsipp for planarbeidet

- Konsentrert småhusbebyggelse (KS)
- Gangveg (GV)

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoner.

Sentrale tema i planarbeidet vil vere:


Bustad – her ser ein føre seg ei regulering av tomta slik at det blir lagt til rette for ei tomt avsett til fleirmannsbustader (KS-areal). Det vil, i samband med denne tomta, lagt vekt på føresegner som skal sikre viktige moment som:

- MUA (minste uteopphaldsareal)
- Parkering
- Universell utforming og tilgjenge
- Byggjehøgde
- Utnyttingsgrad
- Avkøyrsløse / tilkomst
- Infrastruktur (veg, vatn og avløp)

Barn og unge – ein vil i det vidare planarbeidet legge vekt på at det i Trollidal-området i dag er regulert inn leikeplass på 1.2 daa.

Det vil i plan bli teke inn føresegner som skal sikre opparbeiding av uteopphaldsareal, som gjer at desse skal gi grunnlag for leik/opphald av barn- og unge. Det blir vidare lagt vekt på at bustadområdet har tilkomst til eit større og opparbeidd leik/aktivitetsområde ved Stokksund skule. Dette området kan nåast av barn- og unge på ein trafikksikker måte gjennom det ferdig opparbeidd fotgjengarundergangen ved FV654 i Trollidalen.

Støy frå vegtrafikk - data frå Statens Vegvesen sine vegtrafikk i området, viser at den tomta som tenkt endra frå forretning til bustadføremaal kjem innanfor ulike støysoner. Gangveg og ei mindre «stripe» av tomta kjem innanfor raud sone med støynivå L (dB) over 65, mens resterande deler av tomta kjem innanfor gul sone med støynivå L (dB) 55-60.



Kartutsnitt av Statens vegvesen sine støydata for fylkesveg 654 i området – støysoner

Støy vil vere eit sentralt tema i det vidare planarbeidet etter «Veileder til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012)»

I det vidare planarbeidet vil ein føresegnene stille krav til at etablering av nye bustader, etter PBL § 20-1, tilfredsstillar krava til akseptabelt støynivå i T-1442/2012.

Medverknad i planprosessen

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og andre som evt må ha interesse i planarbeidet vil i løpet av planprosessen få moglegheit til medverknad i planarbeidet.

Dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet, må sende desse innspela skriftleg til Herøy kommune innanfor dei fristane som blir opplyst ved kunngjering. Alle innspela som kjem innanfor fristen vil bli behandla av kommunen som ein del av planprosessen fram mot politisk behandling.

I løpet av planprosessen vil ein vurdere om det skal gjennomførast eit ope informasjons- og medverknadsmøte. Dersom dette blir aktuelt, vil eit slikt møte bli kunngjort med tidspunkt og agenda.

Vidare planprosess

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Utviklingsavdelinga (fagavdeling for planarbeid) i Herøy kommune. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3, og vil innehalde eit plankart, reguleringsføresegner og planomtale med vedlegg.

Plandokumenta vil bli tilgjengelege elektronisk i etterkant av Formannskapet sitt vedtak om utlegging til offentleg ettersyn (høyring). Dokumenta vil her kunne sjåast i papirformat ved Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus og ved Coop Marknad Tjørnvåg.

Dersom du har innspel til planarbeidet skal desse vere skriftlege og sendast til:

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

eller på e-post til: postmottak@heroy.kommune.no

Merk innspelet med tittelen; «**Reguleringsendring Trolldalen gnr 55 bnr 19 m.fl**»

Frist for innspel: **01.09.2014**

Spørsmål til planarbeidet skal rettast til:

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.

Tlf: 700 81 369

Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar

Tlf: 700 81 368

Vedlegg: Kart (A3-format) med plangrense i målestokk 1:1000



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr 2014/1043	Saksbeh AZT
19 AUG. 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
Fur	Dokument
Kassasjon	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2014/080485-002

Dykkar referanse:
2014/1043


Vår dato:
18.08.2014

Fv 654 - Herøy kommune - Varsel om oppstart av planarbeid - Reguleringsendring Trolldalen - Gnr. 55 bnr. 19 m.fl. - Uttale

Viser til varsel i brev av 24.6.2014 frå Herøy kommune om oppstart av reguleringsarbeid Trolldalen.

Statens vegvesen har ingen merknad til varsla planarbeid.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing


Gitte Beiermann
kst. seksjonsleiar


Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

N V E

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 22.08.2014
Vår ref.: 201403587-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 24.06.2014
Dykkar ref.: 2014/1043

Sakshandsamar:
Terje Systad

Innspel til oppstart av planarbeid - Reguleringsendring Trolldalen - GBnr 55/19 mfl - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 24.6.2014. Saka gjeld varsel om oppstart for arbeid med reguleringsendring for Trolldalen. Føremålet med reguleringsarbeidet er å omregulere området frå forretning til bustad

NVE har ingen innspel til planarbeidet

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Nausldalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/1043	24.06.2014	44306/2014/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	22.08.2014

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsendring, Trolldalen gbnr 55/19 m fl - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Oversendingsbrevet frå kommunen gjer godt greie for dei problemstillingane som må drøftast i planprosessen. Vi har ikkje merknader til at reguleringsarbeid vert igangsett, men ser at det kan vere særskilde utfordringar knytt til nærleiken til trafikkert veg som gjer det vanskeleg å innfri krav om gode uteareal.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Ass. fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/1043

Arkivkode
L12

Dato
25.08.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE - REGULERINGSENDRING TROLLEDALEN

Ut frå våre ansvarsområde har vi ingen merknad til reguleringsendringa.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg





Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2014/1043	Saksnr. A21
27 AUG. 2014	
Ark.kode P	L12
Ark.kode S	
J. nr.	Dok. nr. 6
Kassasjøn	

Herøy kommune
Reguleringsendring Trolldalen gnr55 bnr19 mfl
Fråsegn ved varsel om oppstart av planarbeid

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

GENERELT

Vi er einig i at planarbeidet ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing. Ut frå støytilhøva bør kommunen vurdere på eit tidleg stadium i planlegginga om området er eigna for bustadbygging.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Samfunnstryggleik

Vi minner om plan og bygningslova sin § 4-3 som slår fast at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og ev. endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Fylkesmannen si sjekklister for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for ROS-analyse i planar av denne storleiken. Sjekklister ligg under Fylkesmannen si heimeside på følgjande nettside: www.fmmr.no/sjekklister.

Barn og unge

Vi viser til det som går fram av varselet om dette temaet. Det blir vist til eit areal som er regulert til føremålet ein anna stad i Trolldal- området på 1.2 dekar. Det er ikkje godt nok å berre vise til andre område for å dekke behovet for leikeplassar for ulike aldersgrupper. Slike leikeplassar må vere opparbeid før ein kan rekne desse med i eit nytt areal som skal regulerast. Vi føreset at det blir gjort greie for kor dette ligg, status og med avstandar frå bustadane i området som no skal regulerast. Det blir vidare vist til eit leik/aktivitetsområde ved Stokksund skule. Begge dei nemde områda kan vere aktuelle område som kan nyttast av større barn. Slik vi oppfatar varselet vil det uansett vere behov for å legge til rette for nærleikeplass for dei aller minste barna med sandkasse, dissestativ m.v i denne reguleringsplanen.

Støy

At mesteparten av tomta ligg i gul støysone og noko i raud, gjer at ein må pårekne at det må byggast støyskjerm for å få ei forsvarleg utnytting av arealet. Vi gjer merksam på at vi vil stille strenge krav til at dette blir utgreidd på ein tilfredstillande måte og at utomhus areal skal ha tilfredstillande støynivå.

Anbefalte støygrenser i høve til departementet sine retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1521), skal leggjast til grunn ved utarbeiding og behandling av detaljreguleringsplanar og søknader om løyve til tiltak.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



HERØY KOMMUNE

MERKNADSSKJEMA –VURDERINGAR AV INNSPEL TIL VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

Plannamn	Reguleringsendring Trolldalen gnr 55 bnr 19 m.fl	Plankonsulent	Utviklingsavdelinga
PlanID.	201401	Dato	2014
Saksnummer.	2014/1043	Tal på innspel	5

Følgjande instansar har ingen merknader til varsel om planoppstart:

- Statens Vegvesen
- Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
- Søre Sunnmøre landbrukskontor

Avsendar og dato	Hovudpunkt i innspel	Kommunen si vurdering
1. Møre og Romsdal fylkeskommune 25.08.2014	Fylkeskommunen ser at det kan vere særskilde utfordringar knytt til nærleiken til trafikkert veg som gjer det vanskeleg å innfri krav om gode uteareal.	
2. Fylkesmannen i Møre og Romsdal 27.08.2014	<p>ROS-analyse Minner om plan og bygningslova sin § 4-3 som slår fast at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle ROS-forhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og ev. endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.</p> <p>Barn- og unge Det er ikkje godt nok å berre vise til andre område for å dekke behovet for leikeplassar for ulike aldersgrupper. Slike leikeplassar må vere opparbeid før ein kan rekne desse med i eit nytt areal som skal regulerast.</p>	<p><i>Fylkesmannen si eiga sjekklister for ROS-vurderingar er nytta i planarbeidet. Desse vurderingane følgjer vedlagt planomtalen.</i></p> <p><i>Det er i planomtalen vist til Stokksund skule som lokalisering av desse areala og det er nemnt avstand dit via trafikksikker undergong.</i></p>

	<p>Fylkesmannen føreset at det blir gjort greie for kor dette ligg, status og med avstandar frå bustadane i området som no skal regulerast. Det blir vidare vist til eit leik/aktivitetsområde ved Stokksund skule. Begge dei nemnde områda kan vere aktuelle område som kan nyttast av større barn. Fylkesmannen oppfattar behovet for at det blir lagt til rette for nærleikeplass for dei aller minste barna med sandkasse, dissestativ m.v i denne reguleringsplanen.</p> <p>Støy</p> <p>At mesteparten av tomte ligg i gul støysone og noko i raud, gjer at ein må pårekne at det må byggast støyskjerm for å få ei forsvarleg utnytting av arealet. Vi gjer merksam på at vi vil stille strenge krav til at dette blir utgreidd på ein tilfredstillande måte og at utomhus areal skal ha tilfredstillande støynivå. Anbefalte støygrenser i høve til departementet sine retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1521), skal leggjast til grunn ved utarbeiding og behandling av detaljreguleringsplanar og søknader om løyve til tiltak.</p>	<p><i>Det er sett inn krav i føresegnene om opparbeiding av felles privat uteopphaldsareal som skal vere møblert med sandkasse, dissestativ m.m.</i></p> <p><i>Leik for yngre born skal prioriterast. Uteområdet skal vere ferdig opparbeidd før bruksløyve kan gjevast.</i></p> <p><i>Uteopphaldsareal skal vere skjerma for støy.</i></p> <p><i>Det er teke inn føresegner i planforslaget som stiller krav til støyskjerming i samband med utbygging.</i></p>
--	---	--

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	d	Er området utsett for flaum/flaumskred?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	e	Er det registrert radon i grunnen?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	f	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	g	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	h	Anna (spesifiser)?		
Omgivnad	a	Regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	b	Naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	c	Vil drenering kunne føre til oversymjing i lågareliggande område?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar området spesielt farlege anlegg?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko for området?	<input checked="" type="checkbox"/>	
Brann-/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		<input checked="" type="checkbox"/>
	b	Har området gode tilkomstutrykkingskjøretøy?		<input checked="" type="checkbox"/>
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	<input checked="" type="checkbox"/>	
	c	Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: - til skole/barnehage? - til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	d	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	<input checked="" type="checkbox"/>	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenningslinjer?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenningsmaster?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: -elektrisitet? -teletenester? -vassforsyning? -renovasjon/spillvatn?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	b	Er det vassforsyning/drikkevatt i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	c	Er det spesielle brannobjekt i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	d	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	<input checked="" type="checkbox"/>	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	<input checked="" type="checkbox"/>	

Sjekklista er gjennomgått den 7/1-14 av sign: Aleksander Zahl Tarberg

STØYVURDERINGProsjekt: *Trolldalen boligfelt - Herøy Kommune*Vedrørende: *Støyvurdering*Utarbeidet av: *siv.ing. Gert Berg Knudsen*Dato: *27.02.2015*

På forespørsel Herøy kommune er det foretatt beregning av støyforhold for planlagte boliger i forbindelse med omregulering Trolldalen boligfelt i Herøy Kommune. Formålet er å vurdere støyutbredelsen på området i forhold til gjeldende forskrifter og retningslinjer og vise mulige tiltak for støyskjerming.

1. FORUTSETNINGER:

Beregningene er foretatt ut fra *Nordisk beregningsmetode for støy* med beregningsprogrammet NoMes 4.5 ut fra følgende grunnlag:

- Trafikktallene er basert på trafikktall fra Nasjonal Vegdatabank. Tallene er framdatert 10 år til 2025 etter prognose utført av kommunen.



VEGSTREKNING	ÅDT 2015	ÅDT 2025	Hastighet	Tunge kjøretøy
FV654 Tjøråvegen	3500	4266	60 km/h	10 %

- Digitalt kart er oversendt fra Herøy kommune.

Det forutsettes at ovennevnte grunnlag er korrekt. Beregningshøyde for støykotene er satt til 4 m over bakkenivå i henhold til *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012)*. Grenseverdiene for støysonene skal angis i måleenheten L_{den} . Nedre grense for de to støysonene blir da uttrykt som:

- **Rød sone:** Nedre grense: $L_{den} = 65 \text{ dBA}$ og $L_{5AF} = 80 \text{ dB}$
- **Gul sone:** Nedre grense: $L_{den} = 55 \text{ dBA}$ og $L_{5AF} = 70 \text{ dB}$

Måleenheter:

Ekvivalentnivå L_{den} : A-veid ekvivalent støynivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10/5 dB ekstra tillegg på natt/kveld. Verdien gjelder som et årsgjennomsnitt.

Maksimalnivå L_{5AF} : A-veid støynivå målt med tidskonstant "Fast" som overskrides i 5 % av hendelsene (bilpassasjer) i løpet av en nærmere angitt periode (natt: 23-07), dvs et statistisk maksimalnivå i forhold til antall hendelser.

Kartet under viser byggenes plassering på eiendommen..



Kart 1. Situasjonsplan

2. FORSKRIFTER OG RETNINGSLINJER:

Ifølge *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012)* gjelder følgende restriksjoner for **utendørs støy** angående arealbruk i gul og rød sone:

- **Gul sone:** Bygging av boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehager bør i utgangspunktet bare tillates, dersom man gjennom avbøtende tiltak som tilfredsstiller grenseverdiene tilsvarende nedre grense for gul sone ($L_{den} = 55$ dBA).
- **Rød sone:** I rød sone bør det ikke bygges boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehager. Det bør også vises varsomhet ved annen ny bebyggelse eller arealbruk med støyfølsomt bruksformål.

I tillegg til ovennevnte retningslinjer gjelder krav i Plan- og bygningsloven av 1997 for **innendørs støy** fra utendørs støykilder (i dette tilfelle trafikkstøy). Disse reglene er angitt i *Lydforhold i boliger NS8175:2008* kap. 5.5 for boliger:

Høyeste grenseverdier for lydtrykknivå fra utendørs lydtkilder						
Type bygg	Type brukerområde	Målestørrelse	Lydklasse			
			A	B	C	D
Boliger	I oppholds- og soverom	$L_{A,ekv,24h}$	20 dBA	25 dBA	30 dBA	35 dBA
	I soverom	$L_{A,max}$ (kl. 23-07)	35 dBA	40 dBA	45 dBA	50 dBA
	På uteareal	L_{den}	45 dBA	50 dBA	55 dBA	65 dBA

Tabell 1.

Minstekrav for oppfyllelse av PBL er lydklasse C. Det forventes at inntil 20 % av berørte personer kan bli forstyrret av lyd og støy, når kravet i klasse C er oppfylt. Innendørs er det følgelig krav til både *ekvivalent* og *maksimalt* lydnivå, mens det utendørs bare er krav til *ekvivalent* lydnivå. Kravet til maksimalt lydnivå innendørs gjelder mellom kl. 23:00 og 07:00 på steder med stor trafikk om natten og ikke enkelthendelser. I praksis defineres stor trafikk som 10 eller flere hendelser pr. natt.


Måleenheter:


Ekvivalentnivå $L_{A,ekv,24h}$: A-veid ekvivalent støyknivå målt over et døgn, 24 timer.

Maksimalnivå $L_{A,max}$: Høyeste øyeblikksverdi for det A-veide støyknivå målt med tidskonstant "Fast" målt i løpet av en hendelse.

3. BEREGNINGER:

Det er foretatt beregning av støysoner for området. Resultatet er vist i kart 2 og 3 under. Støysonene er beregnet i både 4 m og 1,5 m over terreng. Støysonene i 4 m's høyde tilsvarer støynivået i høyde med 2. etasje og 1,5 m tilsvarer støynivået i høyde med 1. etasje og på uteområder på bakkenivå.






Kart 3. Trafikkstøy, støysoner (ekvivalent lydnivå L_{den})

Av kartene fremgår at bygget ligger i gul støysone og det tilfredsstillende følger ikke T-1442 og NS8175 uten støyskjermende tiltak.

4. STØYDEMPENDE TILTAK:

Bygget ligger i gul støysone og det må følgelig vurderes om det må gjennomføres støydempende tiltak for å tilfredsstille kravene i NS8175 (tabell 1).


Utendørs: For å skjerme lekeplassen lengst nord på området må det monteres en støyskjerm som vist med blå strek på kartet under. Høyden av skjermen må være 2 m over terrenget.



Kart 4


Som det fremgår av kartet vil lekeplassen bli skjermet og det vil i tillegg bli rikelig med skjermet uteplass bak byggene. Kravet til skjermen uteplass vil følgelig bli oppfylt.

Innendørs: Kravet til innendørs *ekvivalent lydnivå* er $L_{A,ekv,24h} \leq 30$ dBA ifølge tabell 1. Lydnivåene utenfor fasadene er vist i kart 4. Med normale konstruksjoner i yttervegg og vinduer vil kravet til innendørs lydnivå bli tilfredsstilt uten spesielle støydempende tiltak.



Kart 4. Trafikkstøy, lydnivå ved fasaden (ekvivalent lydnivå, $L_{A,ekv,24h}$)

Tilsvarende beregninger er foretatt for **maksimalt lydnivå** $L_{A,max}$. Dette kravet gjelder bare i soverommene om natten. På kart 5 under er det vist lydnivået utenfor fasaden i 2. etasje. Grenseverdien for innendørs maksimalt lydnivå er ifølge tabell 1 $L_{A,max} = 45$ dBA. Det høyeste maksimale lydnivå blir utenfor 2. etasje på 75 dBA utenfor fasaden blir kravet til fasadeisolasjon¹⁾ $R_w + C_{tr} = (75 - 45) = 30$ dBA. Med vanlig arealforhold mellom vindu og vegg ligger fasadeisolasjonen til bygg som tilfredsstillende krav til varmeisolasjon i TEK på 35-36 dB og dette tilfredsstillende følger kravet med god margin.



Kart 5. Trafikkstøy, lydnivå ved fasaden i 2. etasje (maksimalt lydnivå, $L_{A,max}$)

¹⁾Fasadeisolasjon: $R_w + C_{tr} = \text{Lydnivå}_{\text{ute}} - \text{Lydnivå}_{\text{inne}}$, C_{tr} er en korreksjon for at trafikkstøy har en annen frekvenssammensetning enn vanlig støy. I en fasade er det ofte 3 ulike fasadeelementer (vegg, vindu og ventil) og fasadeisolasjonen er den totale lydisolasjonen av disse tre elementene

5. KONKLUSJON:

Det er foretatt beregning av støyforhold for planlagte boliger i forbindelse med omregulering av Trollaldalen boligfelt i Herøy Kommune. Beregningene viser at lydkrav i T-1442 og NS8175 vil bli oppfylt forutsatt at det bygges en støyskjerm som beskrevet i avsnitt 4.

Gert B. Knudsen

Gert Berg Knudsen

Hamar 27.02.2015

Aleksander Zahl Tarberg

Fra: Eikeland, Jon Ivar <fmmrjoei@fylkesmannen.no>
Sendt: 15. april 2015 11:34
Til: Aleksander Zahl Tarberg
Kopi: Jarl Martin Møller; Dimmen, Sveinung
Emne: SV: Reguleringsendring Trolldalen - ber om endeleg stadfesting på at motsegna er trekt

Hei.

Planen kan eigendokjennast med dei endringane du har lagt inn.

Jon Ivar Eikeland
Fagsjef

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset, 6404 Molde

Tlf.: 71 25 84 68

Mobil: 41664068

E-post: jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/mr

Fra: Aleksander Zahl Tarberg [<mailto:aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no>]
Sendt: 14. april 2015 08:49
Til: Eikeland, Jon Ivar
Kopi: Jarl Martin Møller; Dimmen, Sveinung
Emne: Reguleringsendring Trolldalen - ber om endeleg stadfesting på at motsegna er trekt

Hei Jon Ivar.

Vedlagt følgjer reviderte reguleringsføresegner av 13.04.2015, der Herøy kommune har teke inn formuleringar (tekst markert med **blå farge**) i samsvar med siste brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 09.04.2015.

Med bakgrunn i vedlagt endring i føresegnene, ber vi om ei stadfesting på at Fylkesmannen trekkjer motsegna til planforslaget for Trolldalen.

Helsing

ALEKSANDER ZAHL TARBERG

Planleggar

7008 1300/ 7008 1368

www.heroy.kommune.no



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2015/588
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
100/15	Formannskapet	19.05.2015
	Kommunestyret	28.05.2015

INNFARTSVEG FOSNAVÅG. GRUNNAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG EIGARAR AV GNR 37, BNR 506.

Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret godkjenner avtalen mellom Herøy kommune og eigarane av gnr 37, bnr 506 datert 22.04.2015.
2. Ordføraren får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen
3. Det vert løyvd 160.000 kroner ekskl. mva til prosjekt 51350 Vegarm frå Myklebust til Campus.
4. Kostnaden vert finansiert ved låneopptak.

Særutskrift:

- Martin Bostad
- Utviklingsavdelinga, her
- Anleggs- og driftsavdelinga, her

Vedlegg:

1 - Avtale mellom Herøy kommune og eigar av gnr 37, bnr 506 inkl kartvedlegg.

Saksopplysningar:

Det har gjennom tidlegare saker, mellom anna i K-sak 56/13 og 101/13, gjort vedtak om godkjenning av avtalar for grunnkjøp til ny innfartsveg til Fosnavåg.

I etterkant av arbeidet og i samband med bygging av vegarm frå Myklebust til Campus Fosnavåg, har det i prosjekteringsarbeid vist seg at det har vore naudsynt for Herøy kommune å sikre meir areal til støyvoll mot bustadområde.

Med bakgrunn i kommunen sitt arealbehov knytt til vegbygginga, har det vore ført forhandlingar med representant for eigarane av gnr 37 bnr 506 om makebyte med kommunen sitt areal bnr 165 og 166. Ein har i forhandlingane også kome fram til avbøtande tiltak for ulemper knytt til oppføring av støyvoll mot bnr 506.

Framforhandla avtaleforslag ligg no føre.

Vurdering og konklusjon:

Avtaleforslag som no ligg føre inneber eit makebyte på om lag 477 m² mellom gnr 37 bnr 506 (Martin Bostad m.fl) og Herøy kommune gnr 37 bnr 165 og 166. Endeleg arealstorleik vert bestemt ved oppmåling. Intensjonen er her at arealet som kommunen skal overta skal vere til støyvoll, og at arealet som Bostad skal overta skal inngå som tilleggsareal til bnr 506.

Vidare gir avtalen kommunen rett til å utføre naudsynt drift og vedlikehald av støyvoll og tekniske anlegg m.m og kommunal spillvassleidning som må ligg bak vollen.

Som ein kompensasjon for dei ulempene som måtte oppstå i høve eigedom bnr 506, er det i avtalen framforhandla eit punkt om at kommune tek på seg riving av løa på eigedomen inkl fjerning av bygningsmateriale som ikkje kan nyttast i fyllinga. Kommune skal fyller opp og planere arealet frå topp støyvoll til topp eksisterande lødemur, og vidare arrondere fylling mot eksisterande terreng til sidene av lødemuren. Vidare skal eit avgrensa areal rundt løa gjerast i stand til parkering.

Dei avbøtande tiltak som står i avtaleforslaget medfører at det må løyvast kr 160.000,- ekskl.mva, som er stipulert kostnad frå entreprenør. Det vil vere naturleg at kostnadane som avtalen om makebyte inneber med riving av løde og planering av areal vert lagt til prosjektet 51350 Vegarm frå Myklebust til Campus.

Rådmannen viser til at dei avbøtande tiltaka i avtalen står i eit rimeleg forhold til dei ulempene som blir i høve eigedom gnr 37 bnr 506, og rår til at avtalen vert godkjend slik den no ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Nei

Konsekvensar for beredskap:

Nei

Konsekvensar for drift:

Nei

Konsekvensar for økonomi:

Kostnader ved avbøtande tiltak må dekkjast av kommunen.

Fosnavåg, 29.04.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

AVTALE
om
makebyte
mellom
Herøy kommune
og eigarane av gnr 37 bnr 506

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
2015/588	24 APR. 2015
Side 1	Side 5
Tidspunkt	

1. Herøy kommune avstår følgjande areal til eigarane av gnr 37 bnr 506:
Eit samla areal på omlag **477 m²** frå av gnr 37 bnr 165 og 166. Arealet er vist med avgrensing på vedlagt kartutsnitt. Arealet skal innlemmast med del av gnr 37 bnr 506, som tilleggsareal til bustad, til eit nytt bruksnummer. Endeleg storleik vert fastsatt ved oppmålingsforretning.
2. Eigarane av gnr 37 bnr 506 avstår følgjande areal til Herøy kommune:
Eit areal på omlag **477 m²** frå del av gnr 37 bnr 506. Arealet er vist med avgrensing på vedlagt kartutsnitt. Arealet skal innlemmast med del av gnr 37 bnr 166, som tilleggsareal til vegformål, til eit nytt bruksnummer. Endeleg storleik vert fastsatt ved oppmålingsforretning.
3. Partane kan ta areala i bruk straks avtalen er signert av begge partar.
4. Avtalen omfattar også rett til å utføre naudsynt framtidig drift og vedlikehald av støyvoll og tekniske anlegg som m.a. drenering/slukar og kommunal del av spillvassleidningar som må ligge bak støyvollen, jfr. Kartutsnitt datert 26.03.2015.
5. Herøy kommune tek på seg å rive eksisterande løe på eignedomen, fjerne bygningsmateriale som ikkje kan nyttast i fyllinga, og fyller opp/planere arealet frå topp støyvoll til topp eksisterande lødemur. Fyllinga vert elles arrondert mot eksisterande terreng ut til sidene av lødemuren. Areal, som vist i vedlegg 2, skal fyllast opp med stein, planerast, leggst duk og rettast av med grusdekke på toppen, slik at det kan nyttast til hage, parkering og liknande. Planeringshøgda for dette arealet skal vere til topp eksisterande lødemur + 0,2 meter til veiduk og grusdekke. Kommunen ber alle kostnadene med tiltaket.
6. Dersom det under anleggsarbeidet vert gjort skade på jordbruksgrøfter, leidningar og liknande, så skal desse setjast i stand utan utgifter for grunneigaren.
7. Det skal ikkje ytast noko vederlag for byte av areal som vist i punkt 1 og 2 ovanfor.
8. Herøy kommune skal dekkje alle utlegg til det offentlege knytt til frådelling, oppmåling og overskøyting av dei respektive areala.
9. Partane signerer avtalen, men avtalen er ikkje gyldig før den er politisk handsama og godkjent av Herøy kommunestyre.
10. Så snart avtalen er godkjent av Herøy kommunestyre og lovleg stadfesta, skal partane søkje om frådelling for sine respektive areal og rekvirere oppmålingsforretning etter plan- og bygningslova.

Så snart oppmålingsforretning er gjennomført skal partane overskøyte dei respektive areal til kvarandre, fri for pengehefte og eventuelle andre hefter, som hindrar utnytting av

21.04.2015

eigedomane. Det skal etablerast nye bruksnummer i høve avtalen. Skøyter skal sendast til tinglysing.

11. Avtalen fell bort dersom ikkje søknad om frådeling vert godkjent

12. Avtalen er utskrive og signert i to eksemplar med eitt eksemplar til kvar av partane.

Stad/dato *Vigra 22.04.15*

Stad/dato


Martin Bostad

Herøy kommune
Org.nr: 964978840


Leif Henry Bostad


Jacob Lauritz Bostad

Vedlegg:

- 1- Kartutsnitt med areal for makebyte, datert 18.02.2015.
- 2- Kartutsnitt med areal for planering av areal, datert 15.04.2015.
- 3 -Kartutsnitt med trase for spillvassleidning, datert 26.03.2015.


21.04.2015



Herøy Intranett

Situasjonskart

Tittel:
Dato: 18.02.2015
Målestokk: 1:1000



© Kartverket

Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendom, skal bestilles skriftlig hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.




1:500

26.03.2015



10,11 botn rðv



© Kartverket



Servicetorget

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	WM	Arkivsaknr:	2015/464
		Arkiv:	X20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
101/15	Formannskapet	19.05.2015
	Kommunestyret	28.05.2015

RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE , HEILSKAPLEG ANALYSE 2015

Tilråding frå rådmannen:

1. ROS-analyse, heilskapleg analyse 2015, vert teken til vitande.
2. Ved revidering av beredskapsplanen vil kommunestyret at det skal lagast handlingplan knytt til:
 - a. stormflo, bølgepåverknad og vind
 - b. brann, eksplosjon, kjemikalieutslepp og anna akutt forureining
 - c. ulykker knytt til skipsfart
 - d. mangel på informasjon- og kommunikasjonsinstallasjonar
 - e. bortfall av infrastruktur

Vedtaket er gjort med heimel i sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2.

Særutskrift: Servicetorget

Vedlegg

- 1 Risiko- og sårbarhetsanalyse for Herøy kommune
- 2 Rapport etter tilsyn - Kommunal beredskapsplikt

Saksopplysningar:

Herøy kommune hadde tilsyn vedkomande beredskap i november 2014. Rapport frå tilsynet, datert 30.12.2014, viser 3 avvik (jf. Vedlegg):

1. Herøy kommune manglar heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse
2. Herøy kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald
3. Kommunen har ikkje eit system for dokumentasjon av at krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt er oppfylt.

Fylkesmannen har kome med desse kommentarane til avvik nr. 1 :

«Den heilskaplege risiko- og sårbarhetsanalysen er den viktigaste berebjelken i den kommunale beredskapsplikta. Kommunen har i ROS-analysen som er utarbeidd til kommuneplanen sin arealdel eit godt utgangspunkt for ein heilskapleg ROS-analyse»

Det er Sivilbeskyttelseslova §14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 som stiller krav om at kommunen skal ha ei overordna ROS-analyse. Krava kan oppsummerast slik:

- Kommunen plikter å kartlegge, systematisere og vurdere kva uønskt hending som kan skje i kommunen
- vurdere kor sannsynleg det er at hendinga kan inntreffe og korleis desse vil påverke kommunen
- Korleis ulike risiko- og sårbarhetsfaktorar påverkar kvarandre
- Vise særlege utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur
- Vise kommunen sine evner til å oppretthalde sin verksemd når ein vert utsatt for uønskt hending og evna til å ta opp att normal drift etter hendinga har skjedd
- Vise behovet ein har for befolkningsvarsling

Etter forskrift om kommunal beredskap § 2, 2. ledd, skal analysen forankrast i kommunestyre.

Med bakgrunn i at kommunen hadde utarbeida ROS-analyse i arbeidet med kommuneplanen, bad ein utviklingsavdelinga supplere denne med tanke på beredskap. Kriseleiinga har gått igjennom analysen (jf. Vedlegg) og meiner at krav til analysen er etter gjeldande lovverk og forskrift.

Herøy kommune skal vere ei trygg kommune å bu og opphalde seg i. Hendingar vil kunne skje også i framtida. Mykje av det som skjer vil kunne handterast av det ordinære hjelpeapparatet utan at det vert sett kriseleiing. Andre hendingar vil stille større krav til kommunen for at befolkninga skal vere i sikkerheit og trygge.

For at ein i slike situasjonar skal vere meir førebudd ser kriseleiinga det som viktig at det vert utarbeide handlingsplanar knytt til hendingar som kan skje i samband med:

- Det er stormflo, bølgepåverknad og vind
- Ved brann, eksplosjon, kjemikalieutslett og anna akutt forureining
- ulykker knytt til skipsfart
- mangel på informasjon- og kommunikasjonsinnstallasjonar
- Bortfall infrastruktur

Vurdering og konklusjon:

ROS-analysen skal etter gjeldande lovverk forankrast i kommunestyret . Planen støtter, med det ein kan sjå, dei krav som vert sett til innhald. Ein rår til at kommunestyret tek planen til vitande og stadfestar dei situasjonane/hendingane kriseleiinga har prioritert å lage handlingsplaner for.

Konsekvensar for folkehelse: trygge innbyggjarane

Konsekvensar for beredskap: grunnlag for revidering av beredskapsplanen

Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 08.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Wenche Moltu
Avd.leiar

RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE FOR HERØY KOMMUNE



HEILSKAPLEG ANALYSE 2015

Sist revidert 23.03.2015





Innhald:

Innleiing	4
1 NATURRISIKO	5
1.1 Snø- og jordras	5
1.2 Ustabil grunn	6
1.3 Flaum	6
1.4 Stormflo/Bølgjepåvirkning	7
1.5 Åknes/Tafjord	8
1.6 Vind	8
1.7 Skog- og lyngbrann	9
1.8 Radon	10
2 VERKSEMDSRISIKO	11
2.1 Fare for brann og eksplosjon	11
2.2 Kjemikalieutslepp og anna akutt forureining	11
2.3 Landtransport av farleg gods	11
2.4 Forureina grunn	12
2.5 Dambrot	13
2.6 Elektromagnetiske felt	14
2.7 Trafikkfare	15
2.8 Støy	16
2.9 Skipsfart	16
2.10 Terror	17
3 SÅRBARE OBJEKT	18
3.1 Natur	18
3.2 Kulturminne	19
3.3 Offentlege bygg	19
3.4 Informasjon/kommunikasjonsinstallasjonar	20
3.5 Trafikknutepunkt	20
3.6 El-forsyning	20
3.7 Vegar, bruer og tunnellar	21
3.8 Drikkevassforsyning	21
3.9 Avløpsinstallasjonar	22
4 BEREDSKAP OG KRISEHANDTERING	23
4.1 Beredskapsorganisasjon	23
4.2 Tap av kritisk infrastruktur	23
4.2.1 Konsekvensar/tiltak ved bortfall av straum	23
4.2.2 Konsekvensar/tiltak ved bortfall av telesamband	24
4.2.3 Konsekvensar/tiltak ved stengde vegar og bruer	24
4.2.4 Eiga ROS-analyse for brann	25
4.3 Befolkningsvarsling/Evakuering	26
KJELDER	27
Vedlegg A: Sjekkliste	28
Vedlegg B: Kart	30



Innleiing

Etter § 2 i **Forskrift om kommunal beredskapsplikt** skal kommunen gjennomføre ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, her under kartlegge, systematisere og vurdere sannsynlegheita for uønska hendingar som kan råke kommunen og klargjere korleis desse kan påverke kommunen.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn i kommunen i høve ovannemnde tema den 13.11.2014. I tilsynsrapporten, datert 30.12.2014, vert det i eitt av avvika peika på at kommunen manglar ein heilskapleg ROS-analyse. Fylkesmannen viser elles i ein utdjupande kommentar til nemnde avvik at ROS-analysen som er utarbeidd til kommuneplanen sin arealdel, er eit godt utgangspunkt for ein heilskapleg ROS-analyse.

ROS-analysen som Fylkesmannen viser til, vart utarbeidd i 2013 som ledd i arbeidet med rullering av kommuneplanen si arealdel. Kartlegginga som låg til grunn for denne, hadde fokus på liv og helse og var meint å skulle gi eit grovt oversiktsbilde over ulike risikofaktorar som må leggest til grunn ved arealplanlegging. Kartlegginga hadde elles som mål å gi eit best mogleg grunnlag for avgjerder når ein skal utforme den framtidige arealbruken i kommunen.

I 2013-analysen vart det henta informasjon om tilhøve som er kartfesta i ulike databasar og vidare vart ulike fagpersonar og fagmiljø nytta for å få fram lokal kunnskap om risikotilhøve. Kjeldene til dette er vist i teksten. For sårbare objekt innanfor natur, miljø og kultur vart det også nytta registreringar og kartinformasjon frå eksisterande databasar. Desse omfattar verneområde, biologisk mangfald, friluftsområde, kulturminne, verneverdige bygningar m.v. Nye temakart som vart utarbeidd i samband med ROS-analysen, er lagra digitalt i kommunen sin kartbase og gjort tilgjengelege for aktuelle brukarar etter behov.

Den no utarbeidde heilskaplege ROS-analysen byggjer på ROS-analysen av 2013. Analysen er imidlertid utvida til også å omfatte utfordringar knytta til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur, kommunen si evne til å oppretthalde verksemda når ein vert utsett for uønska hendingar og i denne samanheng også behovet for befolkningsvarsling og evt. evakuering.

Suppleringa av 2013-analysen er utført av utviklingsavdelinga i samarbeid med øvrige avdelingar i kommunen. Det må understrekast at det no utarbeidde dokumentet er å sjå på som ein førstegenerasjons heilskapleg ROS-analyse og at denne må oppdaterast etter behov og då med basis i ny kunnskap som kjem til og nye erfaringar som vert gjort på beredskapsområdet.

Herøy kommune
utviklingsavdelinga



1 NATURRISIKO

1.1 SNØ- OG JORDRAS

Basert på registreringar frå NGU sine skredkart (www.skrednett.no) kan det reint generelt seiast at Herøy er svært lite utsett for snø- og jordras. Det er registrert berre 12-15 hendingar av denne type og dette har i all hovudsak skjedd i område der det ikkje bur folk. Eit par vegstrekningar har imidlertid frå tid til anna hatt nokre tilfelle av mindre ras/steinsprang. Dette gjeld FV 20 Kvalsvikstranda og FV 18 mellom Runde og Goksøy.

Det har imidlertid også frå tid til anna vore meldt om enkelttilfelle av steinsprang i eller i nærleiken av bustader. NVE har registrert fleire område i kommunen med potensiell fare for jordskred/steinsprang. På ei prioriteringsliste for nærare kartlegging (faresonekart) er eit område på Remøya gitt prioritet 1 medan ei strekning på Kvalsund/Koparstad er ført opp med prioritet 2.

I prioriteringa av område med potensiell fare for skred vert dette inndelt i 4 klasser avhengig av kor mange personar som kan tenkast å verte berørt av skredet.

	Klasse 1	Klasse 2	Klasse 3	Klasse 4
Antal personar	>25	6-25	1-6	0-1

Klassifisering av skred.

Kommune	Antal område klasse 1	Antal område klasse 2	Antal område klasse 3	Antal område klasse 4
Herøy	7	15	15	3
Ulstein	6	9	11	3
Hareid	4	7	6	2

Oversikt over område med potensiell fare for skred i Herøy samt tilsvarende oversikt for kommunane Ulstein og Hareid.

Trass i den generelle oppsummeringa som vist til ovanfor, kan historiske data fortelje om 4 omkomne som følgje av ras og steinsprang i perioden 1770-1928, 1 som følgje av steinsprang/ras på Løset i 1770, 1 som følgje av sørperas på Leikong i 1897 og 2 omkomne som følgje av steinsprang/ras på strekninga Runde – Goksøyra tidleg på 1900-talet. I nyare tid er det imidlertid ikkje meldt om omkomne eller skadde i denne type ulykker.

Dei seinare års klimaendringar med raske temperatursvingingar kombinert med mykje nedbør og snøsmelting har imidlertid resultert i at flaumras med jord og stein,



snø og vatn har vorte meir vanleg og også at dette har skjedd i område som tidlegare ikkje vart vurdert som rasutsett. Dette kan sjølvstøtt også gjere seg meir gjeldande i Herøy i tida som kjem sjølv om avgrensa snømengder og små nedslagsfelt også her reduserar denne faren samanlikna med til dømes kommunar i indre fjordstrøk. I NVE sin *Delrapport jordskred og flomskred 2012* er for øvrig Møre og Romsdal eitt av dei fylka der det ikkje er forventa nokon auke i skredhyppigheita.

Gjennom planlegging av og tilrettelegging for nye utbyggingsområde må ein imidlertid uansett søkje å minimalisere risikoen sjølv om den er liten i utgangspunktet. Dette vil i hovudsak måtte skje i lokalt avgrensa område som vert vurdert å kunne vere utsett for denne type hendingar og då gjennom krav om naudsynt dokumentasjon før byggetiltak kan setjast i verk.

1.2 USTABIL GRUNN

Naturgjevne tilhøve gjer at det i Herøy kommune ikkje er registrert nemneverdige område med ustabil byggegrunn. Generelt er område med marine avsetjingar potensielle risikoområde grunna høgt leirinnhald. I Herøy finn ein marine avsetjingar i store deler av dei bebudde strandområda, med dette består i all hovudsak av sand og grus (NGU Kvartergeologisk kart Herøy). Det er ikkje kjende forekomstar av kvikkleire i Herøy.

Dei øvrige landområda består i stor grad av bart fjell og fjell med tynt dekke. Lokalt kan det vere betydelege innslag av til dels djup myr. Dette er imidlertid kjende forhold der massene uansett må utskiftast eller stabiliserast i tilknytning til evt. utbyggingar og det representerar såleis ikkje noko usikkert faremoment.

Hovudkonklusjonen er såleis at det i Herøy er få innslag av ustabil byggegrunn. Ein må likevel vise vise aktsemd der kvartærgeologiske registreringar syner marine avsetjingar og gjere naudsynte lokale vurderingar av grunntilhøva i samband med planlegging og utbygging av desse områda.

1.3 FLAUM

NVE har ikkje kartlagt særskilde flaumutsette vassdrag i Herøy og kommunen er heller ikkje med på noko prioriteringsliste for vidareført flaumsonekartlegging i Møre og Romsdal.

Reint generelt kan det vel seiast at vassdraga i Herøy er små grunna avgrensa nedslagsfelt/tilrenningsområde og kort avstand frå kjelde til sjø. Utfordringane er såleis i hovudsak av lokal karakter og går på vassinntrenging i kjellarar m.v. i avgrensa område. Sistnemnde kan imidlertid like gjerne vere ein følgje av utbyggingar som ofte samlar vatnet og gir raskare avrenning.



Seinare års klimaendringar med aukande og meir intens nedbør gjer imidlertid at ein kan få aukande utfordringar også på dette området. Mykje av dette kan forebyggast gjennom planlegging av framtidige utbyggingsområde. Ei god rettesnor vil her vere å unngå utbyggingar for tett opp til vassdrag og samtidig sikre at desse fortsatt kan renne ope og fritt. Elver og bekkedrag som ved aukande nedbørsmengde kan vere flaumutsette, bør berre unntaksvis leggest i lukka rørleidningar.

1.4 STORMFLO/BØLGJEPÅVIRKNING

Ved springflo og storm kan vind og bølger presse vatn inn mot land og føre til store skader på bygg og tekniske installasjonar i utsette område. Høgast observerte vasstand i nyare tid er på om lag 2,1 meter over middelasstand (NGO kote 0).

Dei mest utsette områda, i alle fall i omfang, har ein i deler av Fosnavåg sentrum der ein viss del av gatenivået med tilhøyrande bygningsplan ligg mellom 2,0 og 2,5 moh. Einskildbygningar og bygningsgrupper og anlegg andre stader i kommunen er imidlertid også utsett. Det mest vanlege problemet her vil vere vassinntrenging i kjellarar og skade på vegar, tekniske anlegg og anna infrastruktur.

Eit spesielt verfenomen, som tidvis oppstår og som kan gjere ekstra stor skade på sjønære bygningar og anlegg og som for øvrig også gir beredskapsmessige utfordringar, kan oppstå når ein har hatt samanhengande sterk sørleg vind over ein lengre periode. Havet «bygg seg då opp» og ved plutseleg dreining til nord- og nordvestleg vind kombinert med høg flo er nokre delar av kommunen særleg utsett. Ved 2 høve har ein slik versituasjon, som nemnt ovanfor, ført til betydeleg skade på Vågsplassen i Fosnavåg. Også hamnemoloar og nord- og nordvestvende område (eks. Goksøyra) har fått merka følgjene av dette.

I tilknytning til orkanen Dagmar i romjula 2011 førte ein liknande versituasjon til at sjøen braut innover fyllingane i Herøybrusambandet og i ein periode stengde vegsambandet mellom ytre og indre del av kommunen.

	Havstigning (cm) 2050	Stormflo (cm) Relativt NN 1954	Havstigning (cm) 2100	Stormflo (cm) Relativt NN 1954
Kommune	Min./maks.	Min./maks.	Min./maks.	Min./maks.
Herøy	14/36	207/229	52/107	249/304
Ålesund	14/36	212/234	51/106	254/309
Bergen	15/37	178/200	53/188	221/276
Trondheim	-1/21	246/268	22/77	274/329

Tabell over forventa havnivåstigning og stormflo for Herøy i 2050 og 2100 og samanlikna med 3 utvalde byar langs kysten. Utgangspunkt for samanlikninga er 2000 og tala er henta frå *Estimater av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner, DSB/Miljøverndep 2009*. NN1954 er normalnull målt i 1954 og repr. nullnivået (NGO kote 0) i dagens landkart.



Som følgje av klimaendringar er det forventet ei havnivåstigning i storleiksorden 0,70 meter fram til år 2100. Dette vil naturleg nok auke dei utfordringane ein her talar om. Framtidige problem kan neppe fullt ut løysast/forebyggast, men problemomfanget kan reduserast ved at det i plan- og utbyggingssamanheng vert stilt vilkår om minimumsnivå for bygningar, vegar, kaianlegg m.v. I tillegg til dette bør det også vurderast strengare konstruksjonskrav når det gjeld vegar/bruer og kaier.

Det vert i denne samanheng tilrådd at ny sentrumsbebyggelse inkl. kaier ikkje vert etablert lavare enn NGO kote 2,6 og at minimumsnivået for ny busetnad, vegar og bruer vert sett til NGO kote 3.



Tar høgde for framtidig havnivåstigning.

1.5 ÅKNES/TAFJORD

Flodbølgjeproblematikken knytta til evt. ras frå Åknes/Tafjord er eit sentralt og alvorleg tema for kommunane langs Storfjorden og det vil også kunne få konsekvensar for kommunar litt lenger ut mot kysten. For Herøy sitt vedkomande vil imidlertid ikkje konsekvensane av ei slik hending vere av eit slikt omfang at det gir grunnlag for særskilde tiltak.

1.6 VIND

Vind gjer frå tid til anna skade på bygningar, infrastruktur og vegetasjon i Herøy. I tillegg kan det ofte føre til følgjeproblem som til dømes bortfall av straum i lengre periodar, svikt i telekomunikasjon og liknande.



Alle bygg skal vere dimensjonerte for å kunne stå imot påreknaleg vindlast. Byggforsk har utarbeidd berekningsmetodar for dette. Metoden baserer seg på kjennskap til terreng og bygningar kring byggeområdet samt ei utrekna referansevindhastigheit. Referansevindhastigheit er definert som vindhastigheit over 10 minutt, 10 meter over eit flatt landskap med spreidde små bygg eller tre i vid omkrins. Det er utrekna referansehastigheiter for samtlege kommunar i landet og desse varierar frå 22 m/s til 31 m/s. For Herøy er denne referansehastigheita 31 m/s (Byggforsk – Byggdetaljblad 471.043).

Full storm er rekna frå 24,5-28,4 m/s medan vindhastigheiter over 32,6 m/s i ein samanhengande periode på minst 10 minutt er definert som orkan. Dei kraftigaste og mest kjende orkanane i nyare tid er vel nyttårsorkanen i 1992 og orkanen Dagmar i romjula 2011. For førstnemnde orkan vart det målt vindtyrke på 65 m/s. Under orkanen Dagmar hadde Svinøy målingar på over 40 m/s basert på definisjonen som nemnt ovanfor og med vindkast på opptil 50 m/s.

Det er ikkje mogleg å gardere seg heilt mot skader som følgje av sterk vind/orkan, men skadeomfanget kan reduserast gjennom fornuftig planlegging. I dette ligg mellom anna at ein unngår å legge til rette for busetnad på område som erfaringsvis er ekstra vindutsette og at til dømes straumliner vert lagt i kabel i staden for luftline på særleg verharde strekningar. På eit meir detaljert nivå er det sjølvstendig viktig at dei einaskilde bygningane vert oppført med ein standard som minst følgjer krava i gjeldande lover, forskrifter og retningsliner.



Stille før stormen?

1.7 SKOG- OG LYNGBRANN

Herøy har avgrensa areal, lite skog og ofte kort veg til sjø. I følgje statistikk frå brannvernet er det ikkje område i kommunen som er ekstraordinært utsett for



brannfare knytta til skog- eller lynnbrann. Dette var kanskje ei større utfordring tidlegare og skjedde ofte ved at det som starta med avsviing av tørrgras m.v. spreidde seg og kom ut av kontroll. Det har også tidvis vore ein del brannar og branntilløp som følgje av nyttårsrakettar. Med strengare regelverk her er imidlertid heller ikkje dette noko stort problem.

Slik brannvernet vurderar det er det ikkje noko byggeområde som er utsett for spesiell risiko grunna høg skog- og lynnbrannfare. Ein viser elles til generelle reglar om forbod mot bruk av open eld i naturen i perioden 15. april til 15. september og til at brannvernet har ein rimeleg god kontroll på bålbrekking m.v. også i dei øvrige delane av året.

1.8 RADON

Norge er eit av dei landa i verda som har dei høgaste radonkonsentrasjonane i inneluft. Dette er grunna i både geologiske tilhøve, klima og måten vi bygg husa våre på. Radonkonsentrasjonane varierer med berggrunn- og lausmassetilhøva. Radongass trengjer inn i hus gjennom utette punkt i grunnmuren og kan gi auka konsentrasjonar i innelufta. Grenseverdien for radoninnhald i inneluft er 200 Bq/m³. (Statens strålevern)

Det foreligg inga systematisk kartlegging av radonnivået i Herøy. Det har imidlertid ein periode no vore utsett måleutstyr i ein del bygningar fordelt omkring i kommunen. Alle målingane viser radonkonsentrasjonar langt under fastsett grenseverdi og ein kan såleis legge til grunn at dette problemet er fråverande eller i alle høve relativt lite. For øvrig viser ein til krava i TEK 10 når det gjeld spørsmål om tiltak/evt. målingar for nye bygg.



2 VERKSEMDRISIKO

2.1 FARE FOR BRANN OG EKSPLOSJON

Dette gjeld risiko knytta til bruk og lagring av eksplosivar, brannfarlege varer, gass, m.v. Det er pr. dato ikkje etablert ammunisjonslager i kommunen, men ulike entreprenørar har eigne godkjente lager for sprengstoff. Nokre industribedrifter brukar gass i produksjonen og har enten flaskelager eller tanklager, men ein er ikkje kjend med at dette skjer i særleg stort omfang.

Det er vidare 5 bensinstasjonar i kommunen, 1 i Fosnavåg, 2 på Myklebust/Eggesbønes, 1 i Tjørnvåg og 1 på Leikong. YX på Myklebust har dessutan LPG-anlegg medan stasjonen i Fosnavåg også leverer drivstoff til båtar.

Ein er ikkje kjend med at det i kommunen har skjedd ulykker knytta til drivstofflager eller andre eksplosivar i kommunen dei seinare år. Reint generelt gjeld imidlertid uansett kravet om auka aktsemd ved planlegging av endra arealbruk nær slik industri/næringsverksemd som her omtala.

2.2 KJEMIKALIEUTSLEPP OG ANNA AKUTT FORUREINING

Ei rekkje bedrifter i kommunen brukar og lagrar ammoniakk til bruk i produksjonen. Den klart største er Marine Harvest på Eggesbønes medan dei øvrige er lokalisert til Fosnavåg og Moltustranda. Marine Harvest nyttar i tillegg ei rekkje ulike kjemikalier i produksjonen som kan få uheldige konsekvensar ved feil bruk eller om det kjem på avvegar. Bedrifta har eige industrivern.

Inga bedrift i kommunen er pr. dato registrert omfatta av storulykkedeforskrifta. Ved planlegging av nye tiltak i nærleiken av verksemdar som brukar/lagrar ammoniakk, må det gjennomførast meir detaljerte risikovurderingar og evt. etablerast avbøtande tiltak dersom risikoen vert vurdert til å vere for høg. Tilsvarande gjeld for bruk av ulike kjemikalier der feil bruk eller stoff på avvegar kan få uheldige og/eller farlege konsekvensar.

2.3 LANDTRANSPORT AV FARLEG GODS

Transport av farleg gods representerer ein fare i trafikkbildet. Ulykker kan også få konsekvensar utover det trafikkmessige, til dømes ved forureining av drikkevasskjelder, spreiring av giftige gassar m.v.

Det er vanskeleg å ha nokon fullgod oversikt over kva som vert transportert på vegane i kommunen, men det er nærliggande å rekne med at hovudtyngda består av drivstofftransportar (bensin, diesel og fyringsprodukt) til bensinstasjonane i kommunen og forsyningar av ammoniakk til fryse- og kjøleindustrien.



Ei anna utfordring kan vere stykkgodsbilar med innslag av farlege stoff inn imellom alt det vanlege og der ein såleis ikkje vil ha tilstrekkeleg informasjon om kva ein handterer i tilfelle det må aksjonerast på ei ulykke.

I hovudsak vil naturleg nok transport av farleg gods vere knytta til hovudvegnettet i kommunen, dvs. FV 654 og FV 61. Usikkerheita på omfang av og type transport er kanskje størst når det gjeld FV 61 der gjennomgangstrafikken nord/sør går. Det er dei seinare ikkje registrert ulykker av noko omfang når det gjeld transport av farleg gods i kommunen.



Sats på sikker transport.

2.4 FORUREINA GRUNN

Det er eit mål for miljøvernstyresmaktene at spreining av miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller reduserast vesentleg. Med spreining meiner ein både avrenning til omkringliggande område og eksponering for menneske og dyr som oppheld seg på forureina grunn og planter som er lokalisert der.

Gamle fyllplassar og industritomter er særleg utsett for forureining frå ulike miljøgifter. Ved endra arealbruk må det visast særleg aktsemd der det er registrert eller er mistanke om forureina grunn.

I Fylkesmannen sin database om grunnforureining (www.miljostatus.no) er det i Herøy er det registrert 4 lokalitetar med forureina grunn, alle med status som mistanke om forureining. Dette gjeld følgjande lokalitetar:

- A/S Vestsink
- Eggesbøvalen
- Fosnavågmyra
- Voldnes Skipsverft



Vestsink er lokalisert på Gurskøya og her gjeld det forureining som følgje av arbeid med galvanisering m.v. Arealet er i kommuneplanen vist som industriområde.

Eggesbøvalen og Fosnavågmyra er tidlegare kommunale fyllplassar. På Eggesbøvalen er det i dag kommunal verkstad og brannstasjon, avfallsmottak og utandørs lagerområde. Arealet er i kommuneplanen vist som offentleg område. I Fosnavågmyra viser kommuneplanen friområde/park. Det er imidlertid under planlegging ny innfartsveg til Fosnavåg sentrum som vil gå over området.

For lokaliteten Voldnes Skipsverft innst i Fosnavåg hamn gjeld det forureining som følgje av den tidlegare skipsbyggingsaktiviteten i området. Skipsverftet er for lengst nedlagt og arealet vert i dag nytta som base for eit fiskebåtreiarlag. Arealet er i kommuneplanen vist som industriområde.

Forureiningane på desse lokalitetane er vurdert til ikkje å representere nokon stor fare slik dei ligg i dag. Ved arbeid på områda gjennom byggetiltak, endra arealbruk m.v. må det imidlertid gjerast undersøkingar som grunnlag for planlagde tiltak for å hindre evt. spreining/eksponering av miljøgifter.

Det pågår i desse dagar arbeid med ein reguleringsplan for Fosnavåg hamn med sikte på mellom anna å førebu ei utdjuing av det indre hamnebassenget. Dette tiltaket, som skjer i samarbeid mellom Kystverket og kommunen, vil omfatte fjerning og sikker deponering av mest mogleg av dei forureina botnsedimenta i hamna. I samband med kartlegginga av miljøstatusen innanfor Søre Sunnmøre vassområde (www.miljostatus.no) er miljøtilstanden i Fosnavåg hamn vurdert som moderat.

Tilsvarande vurderingar (moderat miljøtilstand) er gjort når det gjeld sjøområda frå Måløya/Eika til Djupvika og frå Myrvågneset til Røyra, avgrensa mot Notøya i vest. For det mellomliggende sjøområdet, frå Djupvika via Dragsund til Myrvågneset, er miljøtilstanden vurdert som svært dårleg.

Også tilstanden i Straumane, frå Mjølstadnesvegen til Leinevika, er vurdert som svært dårleg medan tilstanden i den sørlege delen mot Eggesbøvågen er vurdert som moderat.

For dei øvrige sjøområda i kommunen er miljøtilstanden vurdert til å vere god. Målsetjinga for arbeidet som vist til ovanfor er at alt vatn, på sjø og land, skal ha ein god miljøtilstand innan 2021.

2.5 DAMBROT

Dammar kan representere ein fare for liv og helse. Ut frå konsekvensane som kan følgje av eit dambrot, har NVE delt dammane inn i 4 klassar. Fleire ulike moment har betydning når det gjeld vurdering av konsekvensklasse. Dette går nærare fram av tabellen på neste side.



Konsekvens-klasse	Bustadeiningar	Infrastruktur, samfunnsfunksjonar	Miljø og eigedom
4	Over 150		
3	21-150	Skade på sterkt trafikkert veg, jernbane eller annan infrastruktur med spesielt stor betydning for liv og helse.	Stor skade på spesielt viktige miljøverdiar eller spesielt stor skade på framand eigedom.
2	1-20	Skade på middels trafikkert veg, jernbane eller annan infrastruktur med stor betydning for liv og helse.	Stor skade på viktige miljøverdiar eller stor skade på framand eigedom.
1	Midlertidig opphaldstad tilsv. < 1 permanent bustadeining	Skade på mindre trafikkert veg eller annan infrastruktur med fare for liv og helse.	Skade på miljøverdiar eller framand eigedom.

Dammar, der evt. dambrot er forutsett å medføre mindre konsekvensar og som såleis ikkje kjem inn under klassifiseringa ovanfor, vert plassert i klasse 0. Krav til sikkerheit er regulert gjennom damsikkerheitsforskrifta og, for dammar i klasse 0, også i Lov om vassdrag og grunnvatn.

I arkiva til NVE er det innmeldt/registrert 3 dammar i Herøy, alle tilhøyrande Herøy Vasslag. Svartevatn og Vikevatn er plassert i klasse 2 medan Igesundvatn er plassert i klasse 1. Det er i tillegg til dette fleire damanlegg som ikkje er meldt inn til NVE sitt register. Desse damanlegga vert for øvrig heller ikkje vurdert til å representere nokon stor risiko slik dei i dag ligg, men det er uansett dameigar si plikt å melde inn sine dammar til NVE sitt register, jfr. Forskrift om sikkerheit ved vassdragsanlegg.

Etter forespørsel understrekar NVE at kommunen ikkje må ta omsyn til dammane med tanke på kva arealet skal nyttast til. Dersom områda nedstraums vert utbygt kan dette medføre at konsekvensklassene på dammane vert høgare og ein vil kunne få strengare tekniske krav til dammane. Det er dameigar som må ta omsyn til konsekvensane av eit dambrot og ikkje dei som disponerar arealet nedstraums. Som konklusjon kan oppsummerast at det ikkje ligg føre spesielle restriksjonar på arealbruken innanfor flaumsonene knytta til dei ulike damanlegga i kommunen, men at etablering av nye tiltak bør vurderast opp mot risiko.

2.6 ELEKTROMAGNETISKE FELT

Elektromagnetiske felt og mogleg risiko knytt til desse har over lengre tid vore utgangspunkt for diskusjonar. Risikoen varierer avhengig av spenningsnivå og straumstyrke, avstand til objektet og eksponeringstid. Magnetfelt vert målt i mikrottesla (μT). Internasjonal forskning har vist at det er ein mogleg auka risiko for at



barn som veks opp i bustadar der magnetfeltet er over 0,4 mikrotlesla, utviklar leukemi (NVE/Statens Strålevern).

Det ligg ikkje føre nasjonale forskrifter som gir grenseverdiar for eksponering frå elektromagnetiske felt (Strålevernshefte nr. 22). Eit generelt krav er at all eksponering skal haldast så lav som mogleg (Strålevernforskrifta).

Dersom nyetableringar medfører magnetfeltnivå over 0,4 mikrotlesla for berørte bygg, skal forebyggjande tiltak utgreiast nærare (NVE og Statens Strålevern – Bebyggelse nær høyspentanlegg). Statens Strålevern har tilrådingar om generelle avstandskrav som må oppfølgjast dersom det elektromagnetiske feltet skal reduserast til under 0,4 mikrotlesla. For ei 132 kV-line er denne avstanden 35-40 meter, for ei 66 kV-line er avstanden 20-25 meter og for ei 22 kV-line 15-18 meter.

Herøy har ikkje 132 kV-liner innanfor sine grenser. Hovudlina frå Håheim (i Ulstein) til Elsebø sekundærstasjon samt lina over Leikongeidet frå Djupvik mot Sande og lina frå Tjørnvåg til Moltu sekundærstasjon er på 66 kV. Det øvrige interne hovudfordelingsnett i kommunen er på 22 kV. For ny busetnad og annan sårbar aktivitet nær kraftliner må det takast omsyn til mogleg strålingsfare ved at naudsynte tryggileiksavstandar vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.

2.7 TRAFIKKFARE

Trafikkmengde og talet på ulykker heng saman og trafikkbiletet er vidare i stor grad eit resultat av arealbruksmønsteret. På lang sikt er såleis arealplanlegging eit viktig verkemiddel for styring av trafikkstraumane og indirekte også med tanke på reduksjon av trafikkulykkene. Herøy vedtok sin første trafikktryggingssplan i 2002. Denne vart rullert i 2009 og no er arbeidet i gang med ei ny rullering av planen for perioden 2013-2016. Gjennom handlingsprogrammet i planen vert det lagt opp til ei rekkje tiltak med formål å redusere både talet på ulykker og skadeomfanget for dei einskilde ulykkene.

I følgje statistikk frå Statens Vegvesen er det i perioden 2004 – 2011 (8 år) registrert i alt 106 trafikkulykker i Herøy, noko som tilseier eit gjennomsnitt på 13 trafikkulykker pr. år. Over halvparten av ulykkene har funne stad på FV 654. Resten av ulykkene fordeler seg i hovudsak på FV 61, FV 10, FV 16 og FV 18 forutan at det også er registrert spreidde einskildulykker på det kommunale vegnettet og den resterande delen av fylkesvegnettet. I alt 156 personar er registrert som skadde eller drepne i dei ovannemnde ulykkene. Desse fordeler seg på 2 drepne, 15 hardt skadde og 139 lettare skadde.

Sett i ein trafikktryggingssamanheng vil målet for den overordna arealplanlegginga måtte vere å fremje ein arealbruk som reduserar den samla bruken av bil og som dessutan legg grunnlaget for ein rasjonell og effektiv kollektivtransport. Det må imidlertid leggast til at trafikktryggleiken også vil vere avhengig av at vegnettet vert drifta og vedlikehalde på ein tilfredsstillande måte.



2.8 STØY

Problemstillinga er i hovudsak knytta til vegtrafikkstøy langs hovudvegane i kommunen. I særleg grad gjeld dette FV 654 på Bergsøya, men også langs øvrige delar av FV 654, langs FV 61 og der dei andre fylkesvegane går gjennom tettstadar må ein vere merksam på utfordringane. Støysonekartet for Herøy byggjer på Statens Vegvesen sitt støysonekart for hovudvegnettet i fylket. Dette er for øvrig basert på trafikkprognoser for 2030 og er utført i samsvar med retningslinene i T-1442.

2.9 SKIPSFART

Ei rekkje viktige farleier går gjennom kommunen eller langs kysten av kommunen, noko som samla utgjør ein betydeleg skipstrafikk. Berre hurtigruta med sine daglege anløp på Herøyterminalen representerer det ein kallar regulær trafikk. Det alt vesentlege av den interne trafikken består av fiske- og offshorebåtar til/frå hamn eller med sikte på lossing/lasting. I tillegg kjem trafikken utanfor kysten.

Trafikken til sjøs inneber også i varierende omfang transport av farleg gods. Samla sett representerer dette sjølvsagt ein viss fare for uhell og ulykker, både direkte og meir indirekte i form av potensielle forureiningsproblem m.v.

Herøy kommune inngår i Sunnmøre IUA (Interkommunalt Utval mot Akutt forureining). Kommunen har gjennom dette samarbeidet, men også med basis i forureiningslova, førstelineansvaret for å aksjonere med sikte på å forhindre eller redusere følgjeskadene ved eit evt. skipsuhell. Ved større og meir omfattande uhell vil IUA eller evt. Kystverket (Staten) overta aksjonsansvaret. Eit viktig forebyggjande tiltak vil her vere sikre og godt merka farleier og kommunen må til ei kvar tid søkje å påverke Kystverket, som ansvarleg for sikring og merking, til naudsnt oppgradering av farleiene.



På veg inn på Fosnavåg hamn.



2.10 TERROR

Dei seinare tids hendingar har gjort det klart at terror og sabotasje i høgste grad også vil vere pårekneleg i Norge. Dette kan skje både gjennom direkte aksjonar og meir indirekte gjennom skade på viktige infrastrukturtiltak som i neste omgang får følgjer for folks liv og helse.

I følgje PST vil det viktigaste ein her kan gjere på lokalplanet, rett og slett vere å ta problemet på alvor og å registrere og om naudsynt varsle forhold der det er misstanke om grobotn for uakseptable aktivitetar.

Offentlege bygningar, teknisk infrastruktur og viktige bedrifter kan reint generelt klassifiserast som sårbare objekt. Det er såleis viktig å ha gode rutiner for sikring, drift og vedlikehald av slike objekt. Ved planlegging av nye tiltak i nærleiken av sårbare objekt bør det dessutan gjennomførast meir detaljerte risikovurderingar.

I Herøy er 3 hamner, Herøyterminalen, Mjølstadneset og Fosnavåg (Fosnavaag Pelagic AS), godkjende som ISPS-hamner (International Ship and Port facility Security). Dette inneber at det for anløp av skip med ISPS-sertifikat, dvs. skip som trafikkerar utanriks, skal gjennomførast visse tryggjingsrutiner. Ved vanleg innanriks trafikk/kystfart har statusen ingen konsekvensar.



3 SÅRBARE OBJEKT

3.1 NATUR

I Herøy kommune er det oppretta følgjande 5 naturreservat:

- Goksøyrrmyrane
- Myklebustvatnet
- Tjørvågosen
- Muleneset
- Svinøya

Samla areal for dei ovannemnde naturreservata er på om lag 2200 da. Når det gjeld andre kategoriar av verna naturområde har ein følgjande:

- Runde – dyrefredingsområde
- Stokksund/Blikkvågane – dyrefredingsområde
- Runde – dyrelivsfreding

Førstnemnde gjeld 2 avgrensa område på vest- og austsida av Runde. Stokksund/Blikkvågane er sjøområda mellom Tjørvåg/Stokksund og Dimna i Ulstein kommune. Eit nærare avgrensa areal i Ulstein kommune inngår i det same fredingsområdet. Både Runde og Stokksund/Blikkvågane er i kommuneplanen vist som bandlagde område i medhald av naturvernlova.

Runde (dyrelivsfreding) gjeld eit større sjøområde på om lag 92000 da vest, nord og aust for Runde. Området dekkjer også sjøområde i Ulstein kommune inkl. Grasøyane.

Ut over dette ligg det også føre omfattande registreringar av naturtyper, artar og viktige kulturlandskap. Når det gjeld artar så omfattar dette både leveområde, beiteområde, trekkvegar og yngle-/hekkeområde. Kommunen har gjennomført registrering av biologisk mangfald (Jordal/Grimstad - rapport 2001). Offentleg tilgjengelege registreringar ligg i ulike databasar på nett, som til dømes:

- www.naturbase.no
- www.gislink.no
- www.miljostatus.no

I tillegg ligg det føre registreringar av spesielt sårbare lokalitetar, særleg rovfugl som ikkje er gjort offentleg tilgjengelege.

Kommunen har 6 statleg sikra friluftsområde. Klubben/Toftestøa og eit område på sørsida av Notøya er bade plassar medan det på Runde og Leikongeidet gjeld det parkeringsplassar i tilknytning til friluftsområde, Dei 2 siste gjeld større område på Herøy (Herøy Gard) og Skorpa.



Viktige badeplassar, turstiar, m.v. er avmerka i *Turkart – Ytre Søre Sunnmøre*, eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Sande, Ulstein, Hareid og Herøy. Ein viser for øvrig også til Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Alle registreringane skal nyttast som grunnlag ved arealplanlegging i Herøy kommune. Eksisterande kartfesta registreringar vert nytta og det er difor ikkje utarbeidd egne temakart spesielt for ROS-analysen.

3.2 KULTURMINNE

I Herøy er det registrert om lag 180 automatisk freda kulturminne (Riksantikvaren – Askeladden). Dei mest kjende av desse er vel funna av Kvalsundskipa på Nerlandsøy, hellerissingane på Rødskar på Gurskøya og gravrøysene på Løsetstranda mot grensa til Sande kommune. Funna er elles spreidde over alle strandflatene i kommunen, men med ein klar hovudkonsentrasjon langs Straumane mellom Bergsøya og Leinøya.

Gjennom SEFRAK-registeret har kommunen oversikt over eldre bygningar med kulturhistorisk verdi. Kartfesta registrering er mellom anna tilgjengeleg i offentlege databasar (www.gislink.no). Registreringane skal nyttast som grunnlag ved all arealplanlegging i Herøy kommune. Eksisterande kartfesta registreringar vert nytta og det er difor ikkje utarbeidd egne temakart spesielt for ROS-analysen.

3.3 OFFENTLEGE BYGG

I Herøy kommune er det 9 barnehagar, 5 barneskular, 1 ungdomsskule, 1 kombinert barne- og ungdomsskule samt vidaregåande skule. Ut over dei offentlege skulane er det også ein privat barne- og ungdomsskule i Myrvåg. Kulturhus med idrettshall og badeland er etablert i tilknytning til idrettsområdet på Bergsøya.

Kommunen har 2 sjukeheimar, ein på Eggesbønes og ein i Myrvåg og det er også legekontor/helsestasjon på dei same 2 stadane. I tilknytning til begge sjukeheimane er det etablert omsorgsbustader og ein har for øvrig også ei rekkje andre omsorgsbustader til ulike målgrupper samt aktivitetssenter med lokalisering til Fosnavåg/Bergsøya.

I kommunen er det 3 kyrkjer, i Fosnavåg (Herøy kyrkje), i Stokksund (Indre Herøy kyrkje) og på Leikong (Leikanger kyrkje). Hovudbrannstasjonen ligg i Fosnavåg (Eggesbønes) medan bibrannstasjonen er lokalisert til Myrvåg. Rådhuset i Fosnavåg inneheld det alt vesentlege av kommuneadministrasjonen medan administrasjonen innan pleie og omsorg, bu og habilitering samt helse ligg i tilknytning til sjukeheimen/helsesenteret på Eggesbønes. Offentlege bygg er avmerka med eigen farge i kartmaterialet til ROS-analysen.



3.4 INFORMASJON/KOMMUNIKASJONSINSTALLASJONAR

Med unntak av nokre få avgrensa område er det stort sett god mobildekning (GSM) i heile kommunen. I følgje dekningskarta opererer leverandørane (Telenor og NetCom) med litt ulike dekningsgradar, men også dekninga for 3G (formidling av digitale data) er rimeleg god i dei bebygde delane av kommunen. Med tilvising til dei same dekningskarta er det imidlertid her visse problem i Goksøyra samt for eit avgrensa område i Torvik. 4G er enno ikkje på plass i Herøy.

Når det gjeld radio- og fjernsynssignal (dekningskart Norsk Televisjon, www.ntv.no) så er det god eller svært god dekning for store deler av kommunen. For ein del avgrensa område på Kvalsund, i Torvik, Tjørnvåg, Dragsund og på Leikong er det imidlertid, i følgje det same dekningskartet, meir usikker/variabel dekning. Av tryggleikssyn er ikkje sendarar kartfesta i ROS-analysen.

Alle dei ovannemnde tenestene vil kunne falle bort ved straumbrot. Det kan i denne samanheng nemnast at Herøy kommune disponerar 3 satelittelefonar som del av den kommunale beredskapen.

3.5 TRAFIKKNUTEPUNKT

Hurtigruta med sine daglege sør- og nordgåande anløp ved Herøyterminalen i Torvik står for den einaste regulære sjøgåande trafikken i kommunen. I tillegg har terminalen anløp av ein del lastefarty.

Som viktige knute-/samlingspunkt for sjøgåande ferdsel må elles nemnast dei mange fiskerihamnene i kommunen, der dei viktigaste er Fosnavåg, Eggesbønes/Mjølstadneset, Kvalsund, Kvalsvik, Leinevika, Remøy og Runde.

Når det gjeld kollektivtrafikken på landsida er Fosnavåg og Myrvåg dei mest sentrale trafikknutepunkta/busskorrespondanseplassane. I tillegg til dette er det mindre busskorrespondanseplassar på Nærøya/Buholmkrysset og ved Stokksund skule.

3.6 EL-FORSYNING

Hovudforsyninga til Herøy skjer gjennom høgspenning frå Tussa/Ørsta via Håheim/Ulstein. I tillegg til dette er det no etablert ei forsyningsline frå Tafjord over Hareid og Ulstein. Sistnemnde line går også via Håheim. Begge forsyningslinene er på 132 kV.

Hovudlinene internt i kommunen, frå Håheim til Elsebø sekundærstasjon og frå Djupvik over Leikongeidet mot Sande, er på 66 kV. Det er under førebuing ei ekstra forsyningsline (kabel) over Herøyfjorden frå Moltu til Eggesbønes. Det øvrige hovudforgreiningssnettet i kommunen er basert på 22 kV-liner.



3.7 VEGAR, BRUER OG TUNNELLAR

Hovudvegnettet i kommunen er i svært stor grad basert på brusamband utan alternative tilkomstmulegheiter. Stokksundbrua og Herøybrua (FV 654) representerar einaste sambandet mellom ytre og indre del av kommunen.

Tilsvarande er Remøybrua (FV 18) einaste samband frå Leinøya til Remøya og Rundebrua einaste samband frå Remøya til Runde. Frå Bergsøya/Fosnavåg til Nerlandsøy og Kvalsvik er Nerlandsøybrua (FV 20) einaste sambandet medan det for Buholmbrua (FV 654) mellom Leinøya og Bergsøya vil det vere omkøyringsmulegheit via FV 17 over Gjertneset.

Det er 3 tunnellar på vegnettet i kommunen, Aurvågtunnelen (FV 654), Sævikgtunnelen (FV 18) og Goksøyrtunnelen (FV 18). For den førstnemnde er det omkøyringsmulegheit via kommunal veg medan dette ikkje eksisterar for dei 2 øvrige tunnelane.

Eit sentralt vegsamband som må nemnast i tillegg til bruene og tunnelane, er innfarten til Fosnavåg sentrum over Skarabakken (FV 654), der det heller ikkje eksisterar alternative samband. Dette vil på noko sikt kunne sikrast med basis i den vedtekne reguleringsplanen for ny innfartsveg til Fosnavåg via tunnel.

3.8 DRIKKEVASSFORSYNING

Etter ein del samanslåingar dei seinare år er det no 6 vassverk i kommunen. Alle vassverka er private. Herøy Vasslag er det klart største og forsyner heile Bergsøya, Leinøya med unntak av Torvik/Bø/Sande og Remøya. Kjelde til vasslaget er Mørkevatnet via overføringsleidning over Herøyfjorden og med Vikevatnet som reserve-/naudkjelde.

Mørkevatnet er kjelde også for Moltustranda vassverk medan resten av Gurskøya, Tjørå, Myrvåg og Leikong, vert dekt av Stemmedal vasslag og med Stemmedalsvatnet som kjelde. Leidningsnettet til Stemmedal vasslag og Herøy vasslag er bunde saman med overføringsleidning frå Stokksund til Røya.

For Nerlandsøy vassverk, som forsyner Kvalsund, Teige og Koparstad, og Kvalsvikøy vassverk, som forsyner Kvalsvika, er vassforsyninga basert på grunnvatn via borebrønner i fjell. Runde vassverk er eit mindre vassverk basert på tilsig frå overflatevatn og som forsyner dei sentrale delane omkring hamna. Øvrige deler av kommunen har vassforsyning frå enkeltbrønner eller mindre fellesanlegg basert på grunnvatn.

Nedslagsfelta for Mørkekevatnet, Stemmedalsvatnet og Vikevatnet er avmerka i kommuneplanen og med særskilde restriksjonar for bruken av areala. Utbygginga av vassverka skjer for øvrig i samsvar med Hovudplan for vassforsyninga i Herøy.



3.9 AVLØPSINSTALLASJONAR

Det er i dag 15 kommunale kloakkutslepp i kommunen. Utsleppa går til sjøresipientar som mellom anna Herøyfjorden, Holmefjorden, Leinevika, Tjørnvåg, Dragsund og Leikong. Av dei ovannemnde utsleppa er 11 basert på felles slamavskiljarar og eitt har silanlegg (Fosnavåg). Kommunen har pr. i dag 3 utslepp som går ureinsa ut, men på eitt av desse (Eggesbønes) er ein i ferd med å bygge nytt silanlegg med forventa ferdigstilling i løpet av året. For eit anna av dei ureinsa utsleppa (Moltustranda) skal det etter planen etablerast slamavskiljar i løpet av 2014.

På leidningsnett er det til saman 26 avløppspumpestasjonar. Samla lengde avløpsleidningar er om lag 42 km. Dei siste 15 åra er det gjennomført utbygging og utskifting av leidningsnett i betydeleg omfang, men det står framleis att ein del av det gamle nettet av betongleidningar (kombileidningar). Desse må utskiftast og erstattast med løysingar basert på separatsystem.

Ut over dette er det i kommunen om lag 1550 private slamavskiljarar. Drift og utbygging av kommunale avløpsanlegg skjer i samsvar med kloakkrammeplanen. Nye byggetiltak må anten knytast til eksisterande kommunalt nett eller søkje om separat utsleppsløyve. Separate løyve vert vurdert ut frå gjeldande krav i forureiningsforskrifta. Kommunen har eigne søknadsskjema for utsleppsløyve og for tilkopling til kommunalt avløpssystem.



4 BEREDSKAP OG KRISEHANDTERING

4.1 BEREDSKAPSORGANISASJON

Den sentrale kriseleiinga i kommunen består av ordførar, rådmann, brannsjef og lensmann. Ut over dette har også kommunen ei eiga omsorgsberedskapsgruppe. I denne inngår ei kjernegruppe på 2 personar som, avhengig av kva utfordringar ein kan pårekne å møte, vert supplert med anna relevant fagpersonell.

4.2 TAP AV KRITISK INFRASTRUKTUR

4.2.1 Konsekvensar/tiltak ved bortfall av straum

Kommunen har i dag naudaggregat knytta til rådhuset, brannstasjonen/verkstaden, Herøy omsorgssenter og Myrvåg omsorgssenter. For Herøy omsorgssenter omfattar dette sjukeheimen (unntatt «gul» avdeling), helsesenteret og legesenteret. Legevaktsenteret i Myrvåg har ikkje aggregat.

For rådhuset har ein dekning for viktige funksjonar som kriseleiingssentral, serverdrift og tilnærma normal drift av servicetorget. Sistnemnde har ei viktig rolle som senter for informasjon og befolkningsvarsling. For øvrige funksjonar på rådhuset, her under løn/personal, økonomi og ulike tekniske tenester m.v., vil aktiviteten måtte stoppe opp eller avgrensast til eit absolutt minimum. Brannstasjon/verkstad samt Herøy og Myrvåg omsorgssenter vil kunne halde fram med tilnærma normal drift.

Nokre av omsorgsbustadane som er lokalisert andre stader i kommunen, har fellesrom med mulegheit for vedfyring. Her vil det imidlertid kunne verte ei ekstra utfordring med tanke på behovet for tilsynspersonell og ikkje minst gjeld dette også heimebuande med behov for tilsyn.

Ved bortfall av straum over noko tid vil drift av skular og barnehagar måtte stoppe opp. Kommunen rår heller ikkje over alternative lokale som vil kunne fungere i slike høve. Av ikkje-kommunale funksjonar som NAV vil ein få tilsvarende konsekvensar som dei som er nemnt for løn/personal og økonomi, noko som naturleg nok inneber problem for dei fleste driftsoppgåver tilknytta kontoret.

Det kommunale avløpsnett er basert på ei rekkje pumpestasjonar. For den største og viktigaste av desse, som er lokalisert i Eggesbøvalen og pumpar kloakken ut til renseanlegget i Vikeklubben, er det klargjort for tilkopling av aggregat. Nokre pumpestasjonar plassert i strandsona, er utstyrt med overløp til sjø medan nyare stasjonar «på landsida» har slamavskiljar som del av overløpssystemet. Eldre pumpestasjonar er ikkje utstyrt med slamavskiljar. Ved langvarig bortfall av straum vil det uansett måtte påreknast lokal forureining omkring dei aktuelle områda der nokre av pumpestasjonane er lokalisert.



Når det gjeld vassforsyning i ein krisesituasjon med langvarig bortfall av straum så er statusen den at alle vasslaga/-verka i kommunen har eller har tilgang på aggregat som sikrar leveranse av rensa vatn i ein viss periode. Einskilde høgareliggande område basert på pumpestasjonar på nettet vil imidlertid verte skadelidande. Av tilsvarande grunnar vil også etterfyllinga av nokre høgdebasseng stoppe opp. Det er vanskeleg å fastslå nøyaktig kor lenge ein vil kunne handtere dette som ein tilnærma «normalsituasjon» for brukarane.

4.2.2 Konsekvensar/tiltak ved bortfall av telesamband

Eit fungerande telesamband er grunnleggande i tilknytning til handtering av krisesituasjonar. Ved straumstans vil både fasttelefonnettet og mobilnettet fortsatt vere intakt ei tid under føresetnad av at sentralane/sendarane ikkje er skada og sett ut av drift. Kor lenge dette vil kunne fungere er avhengig av backuptida på batteridrifta for desse funksjonane og evt. om anlegga er tilknytta naudstraum. Mobiltelefonane vil imidlertid etter ei tid vere avhengig av lading, noko som naturleg nok inneber ei utfordring når straumtilgangen er avgrensa.

Frå april vil kommunen vere tilknytta det landsomfattande naudnettet. Dette er i utgangspunktet også avhengig av intakte sendarar, men til skilnad frå mobilnettet har ein her utstyr i nokre beredskapskøyrety som kan fungere som sendarar/forsterkarar og som inneber at samband og samhandling kan oppretthaldast innanfor nærare avgrensa område sjølv om det ordinære sendarnettet har falle ut.

Kommunen har vidare 3 satelittelefonar fordelt på kriseleiiing, brannvern og servicetorg. Desse gjer det mogleg å kontakte omverda dersom øvrig samband sviktar, men i eit såpass avgrensa antal er ikkje dette noko utstyr som eignar seg i samband med krisehandtering i ein større aksjon.

4.2.3 Konsekvensar/tiltak ved stengde vegar og bruer

Tilkomsten til store deler av kommunen er avhengig av veg- og brusamband utan alternative tilkomstmuligheter. Dette gir store utfordringar i ein krisesituasjon då slike situasjonar oftast oppstår som følge av ekstremvær og med påfølgjande behov for å stenge bruer og utsette vegstrekningar.

For dei delar av kommunen som vert råka på denne måten vil det såleis ikkje vere mogleg å nå med brannbil eller ambulanse i tilfelle slike behov skulle dukke opp. På det litt meir daglegdagse plan skaper det også utfordringar for omsorgstenestene som ein del heimebuande er avhengig av samt tilsyn med kommunale leigebruarar med særlege behov.

Innanfor avdelinga for Bu og habilitering har dei ein jamnt oppdatert oversikt over kvar dei ulike medarbeidarane bur nettopp med tanke på å kunne ha personell tilgjengeleg der behovet måtte dukke opp.



Avslutningsvis har også situasjonar som her nemnt, konsekvensar av mindre alvorleg grad ved at ein ikkje kjem seg på arbeid, til skule eller i barnehage og det hemmer sjølvstøtt også mulegheitene for å utøve den vanlege kommunale vedlikehaldsdrifta på bygningar og anlegg.

4.2.4 Eiga ROS-analyse for brann

Det vart i 2013 utarbeidd eiga ROS-analyse for brannvernet. Av denne går det fram at alle ytterpunkta i kommunen kan nåast innanfor ei innsatstid på 30 minutt. Med utgangspunkt i utrykning frå næraste brannstasjon (Fosnavåg eller Myrvåg) vil innsatstida vere vesentleg kortare.

ROS-analysen tok også føre seg tilgangen på sløkkevatn der konklusjonen var at denne i hovudsak var god, men at det finns deler av kommunen utan utbygde vassverk som ved stort vassbehov vil vere avhengig av tilførsel frå tankbil. Dette gjeld i hovusak Runde, Bø/Sande og indre del av Leikong (Jøsok/Voldnes). Kort samandrag av nemnde ROS-analyse går elles fram av det som følgjer:

Samandrag og konklusjon frå ROS-analyse for brannvernet

Risiko- og sårbarheitsanalysen for Herøy brannvern er meint å skulle gi eit bilete av risikosituasjonen på dei område som direkte eller indirekte kjem inn under brannvernet sitt ansvarsområde. Målet er å få dokumentert om dagens beredskap er tilfredsstillande for å kunne handtere dei ulike pårekna hendingane samt å avdekke område der risikoen som følgje av pårekna hendingar vert vurdert å vere for høg.

Ulike avdekka risikoforhold vil imidlertid også kunne nyttast som grunnlag for avgjerder som må takast på alle nivå i kommunen og forøvrig gi nyttige innspel til kommunen sitt planleggingsarbeid.

ROS-analysen omfattar ikkje store og omfattande hendingar som flystyrt, skipsbrannar og –havari i rom sjø, grunnstøyingar og liknande, det vil i prinsippet seie hendingar der andre organisasjonar (regionale og sentrale) er forutsett å ha beredskapsansvaret. Den omfattar heller ikkje direkte hendingar knytta til ras, flaum, ekstremver og liknande. Brannvernet vil imidlertid sjølvstøtt delta med delinnsats også her så langt dette er mogleg både direkte og i samband med følgjekonsekvensar av dei ulike hendingane.

Ein særskild aktuell følgjekonsekvens i samband med hendingar på sjø vil kunne vere akutt forureining. Her har kommunen i utgangspunktet førstelineansvaret, men ved større aksjonar vil Sunnmøre IUA eller evt. statleg beredskap kome inn som hovudansvarleg. Kommunen har vedteke ein kommunal delplan for denne akuttberedskapen som tilsluttar seg beredskapsplanen for Sunnmøre IUA og det vert lagt til grunn, med basis i øvingar og erfaring frå tidlegare aksjonar, at brannvernet her dekkjer sine ansvarsområde på ein tilfredsstillande måte.



I den konkrete risikokartlegginga som følgjer hovudrapporten, har ein gjort eit utval av objekt innanfor ulike kategoriar. Det er her lagt vekt på å velje objekt som er forventa å ha høgast risiko utifrå samla vurderingar basert på type objekt, innsattstider, tilgang på sløkkevatn, tilgang på eigna utstyr m.v. Tankegangen her er naturleg nok at dersom dei forutsett «vanskelegaste» objekta har akseptabel risiko, så vil ein også kunne handtere objekt med lavare risiko på ein tilfredsstillande måte.

Med tilvising til ovannemnde har ein i analysen konkludert med at ingen objekt vert vurdert å ha uakseptabel risiko. Fleire objekt hamnar imidlertid i ei kategori der risikoen i utgangspunktet kan seiast å vere akseptabel, men der det likevel bør vurderast iverksetjing av evt. avbøtande tiltak. Med tilvising til sistnemnde peikar ROS-analysen her på ein risikoreduserande tiltak som bør vurderast nærare.

4.3 BEFOLKNINGSVARSLING/EVAKUERING

I krisesituasjonar vil servicetorget verte stengt for normal drift. Det skal i slike tilfelle fungere som informasjonssenter og elles vere kontaktsentral for folk som søker informasjon pr. telefon utanfrå. Eit eige pressesenter vil, når situasjonen tilseier det, verte etablert i kommunestyresalen. Det er laga egne rutiner for handtering av presse/media.

Kommunen har vidare førebudd ei eiga beredskapsnettside. Ved eit enkelt «tastetrykk» vil den vanlege kommunale nettsida verte sett i det ein i denne samanheng omtalar som beredskapsmodus. Her vil det fortløpande verte formidla all naudsynt informasjon knytt til den aktuelle hendinga/krisesituasjonen. Same informasjon vil samstundes verte lagt ut på andre sosiale medier. Sjølv ved bortfall av straum vil ovannemnde informasjonskanal fungere så lenge mobiltenestene er i drift.

I kommunen sin kriseplan har ein eit oppsett på 10-12 ulike lokale som i ein gitt situasjon vil vere aktuelle for evakuering av personell. Lokala er fordelt over heile kommunen slik at dei ulike deler av befolkinga alltid vil ha tilkomstmuligheit til egne evakueringslokale sjølv i situasjonar som inneber stenging av einskilde vegar og bruer.



Kjelder:

Litteratur/kartdata:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt
Byggforsk - Byggdetaljblad 471.043 2003 Vind/vindlast
DSB - Samfunnssikkerhet i plan- og bygningsloven 2011
DSB/Statens Kartverk - GIS i samfunnssikkerhet og arealplanlegging 2006, vedl. rev. 2011
DSB – Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging 2011
DSB/Miljøverndep. – Estimerer av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner 2009
DSB – Kommuneundersøkelsen 2012, status for ROS-arbeidet i kommunene
2009-04-01 nr. 384: Forskrift om landtransport av farleg gods
Norges Geologiske Undersøkelser (NGU) - Skredkart www.skrednett.no
NGU - Kvantærgeologisk kart <http://geo.ngu.no/kart/losmasse>
NGU - Berggrunnskart <http://geo.ngu.no/kart/berggrunn>
NGU - Radonfare <http://www.ngu.no/no/hm/Geofarer/Radonfare>
Fylkesmannen i M & R – Database om grunnforureining, www.miljostatus.no
Fylkesmannen i M & R – Miljøstilstand i vassområde, www.miljostatus.no
Herøy kommune (Jordal/Grimstad) – kartlegging av biologisk mangfald 2001
Direktoratet for Naturforvaltning (DNF) – Områdeoversikt i naturbase, www.dirnat.no
NVE – Flaum- og skredfare i arealplanar
NVE – Rettleiar, vedlegg 2 til Flaum- og skredfare i arealplanar
NVE – Delrapport jordskred og flomskred 2011
NVE – Aktsemdskart for steinsprang
NVE - Forskrift om klassifisering av vassdragsanlegg/rettleiing til § 4.
Riksantikvaren - Kulturminne www.askeladden.no
Statens Strålevern - Forskrift for strålevern og bruk av stråling
Statens Strålevern - Kartlegging av radon i 114 kommune. StrålevernRapport 2001:6
Statens Strålevern - Strålevernshefte nr 22.
Statens Strålevern og NVE - Bebyggelse nær høyspentanlegg. Informasjonsbrosjyre 2008
Herøy kommune – Kommunedelplan for trafikktrygging 2009-2012 (Under revisjon)
Herøy kommune – Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011-2014
Turkart – Ytre Søre Sunnmøre 1998
ROS-analyse Herøy brannvern 2013
Telenor - Dekningskart mobil.
NetCom – Dekningskart mobil
Norsk Televisjon - Dekningskart radio/fjernsyn, www.ntv.no



Vedlegg A: Sjekkliste

Sjekkliste for kommunale areal- og reguleringsplanar

Viktig: Denne sjekklista er ikkje komplett, men kan vere eit hjelpemiddel i den kommunale planprosessen vedk. risiko- og sårbarheitsforhold ved utarbeiding av arealplanar. Også andre forhold enn dei som her er oppført, vil kunne ha betydning for planarbeidet og sjekklista må tilpassast lokale forhold.

Naturreisiko	Problemstillingar
Skred/ras/ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord, fjell) Flom i vassdrag Stormflo Vind/ekstremnedbør	Er faren for ras, flaum, stormflo, vind og bølger så stor at areala ikkje bør utbyggast? Bør det stillast krav om spesielle tiltak ved bygging, for eks. sikring av kjellarar mot vassinntrenging? Vert det planlagt utbygging i område der vegnettet er utsett for ras eller flaum m.v. slik at busetnaden står i fare for å verte isolert i periodar? Vil ras utgjere nokon fare for planlagde kraftliner, hovudvassleidningar eller annan infrastruktur?
Skog-/lyngbrann	Er det område med fare for omkringliggende busetnad?
Radon	Vert det planlagt utbygging i område der det har vore registrert høge verdier av radon i grunn/bygningar?
Verksemdrisiko	Problemstillingar
Verksemder med fare for brann elles eksplosjon	Ved planar om utbygging i nærleiken av slike anlegg må risiko vurderast: Er ny utbygging i området forsvarleg? Vil ny utbygging i nærleiken avgrense eksisterande anlegg sine mulegheiter for vidareutvikling? Ved etablering av ny verksemd med brannrisiko: Er det busetnad i nærleiken med spesiell stor fare for brannspreiing (f.eks. tett trehusbebyggelse)?
Verksemder med fare for kjemikalieutslepp eller anna akutt forureining	Er ny utbygging i nærleiken forsvarleg? Vil ny utbygging i nærleiken legge avgrensingar for eksisterande verksemd?
Transport av farleg gods	Vurdering av risiko i forhold til bygging nær veg, spesielt om det ligg føre tilleggsrisiko som skredfare eller høg hyppigheit av trafikkulykker. Spesiell vurdering i forhold til sårbare objekt som drikkevassforsyning eller helseinstitusjonar.
Avfallsområde, deponi, forureina grunn	Kan grunnen/sjøsediment vere forureina frå tidlegare bruk (f.eks. ved planlagt endra bruk av tidlegare industritomter)?
Dambrot	Dersom utbygging skjer i eit område som ligg innanfor ei dambrotssone, må NVE vurdere om dammen må forsterkast.
Elektromagnetiske felt	Vurdering av risiko ved planlagt lokalisering av bygg der menneske oppheld seg over lengre tid nær slike felt.
Trafikkfare	Er trafikktryggleiken vurdert? Vil nye utbyggingsområde gi auka trafikkbelastning på vegstrekingar som frå før har mange trafikkulykker?



Verksemdrisiko, framhald	Problemstillingar
Skipsfart	Vil farleier, straumforhold, vindeksponering m.v. kunne få innverknad i forhold til planar om sjønær utbygging? Vil utbygginga auke faren for utslepp av farleg last, oljesøl samt kollisjonar mellom skip og bygningar eller infrastruktur?
Spesiell fare for terror eller kriminalitet	Plassering av spesielt utsett verksemd i forhold til vanleg busetnad og spesielt sårbare objekt, f.eks. barnehagar.
Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegging	Problemstillingar
Utrykningstid brannvern Utrykningstid ambulanse	Er nye utbyggingsområde og lokalisering av institusjonar vurdert i forhold til krav om utrykningstid?
Vasstrykksoner, tilgang på sløkkevatn	Sløkkevasskapasitet må vurderast ved planar om ny utbygging.
Sårbare objekt	Vil planforslaget kunne gi auka risiko for:
Natur	Naturvernområde, andre viktige naturområde, rekreasjons- og friluftsområde.
Kulturminne	Objekt/område med stor kulturhistorisk verdi.
Helse- og omsorgsinstitusjonar	Sjukehus, sjukeheimar, omsorgsbustader, skular, barnehagar.
Viktige offentlege bygningar	Administrasjonsbygg, bygg med viktige tekniske funksjonar.
Trafikknutepunkt	Bussterminalar, hamner og hamneanlegg.
El-forsyning	Kraftverk, høgspenningsleidningar, trafoar, dammar m.v.
Tunnellar, bruer	Har ein alternative vegsamband?
Drikkevassforsyning	Vassverk, drikkevasskjelder, drikkevassinntak, nedbørsfelt, grunnvatn m.v.
Avløp	Leidningsnettverk, pumpestasjonar, renseanlegg, m.v.
Informasjons- og kommunikasjonsinstallasjonar	Fibernetttverk, radio/TV-installasjonar.



Vedlegg B: Kart

Til ROS-analysen er det laga 4 digitale kart. Informasjonen i karta er gruppert etter same inndeling som teksten i ROS-analysen, dvs. at følgjande temakart er laga:

- Naturreisiko
- Verksemdsrisiko
- Støyvarselkart
- Beredskapstiltak
- Sårbare objekt 1 og 2

Med unntak av temakart for Beredskapstiltak er alle karta produsert for heile kommunen. Årsaka til dette er at det ikkje ligg føre naudsynte grunnlagsdata for dei aktuelle beredskapstiltaka når det gjeld Gurskøy-delen av kommunen. Karta ligg føre i digital form. Storleik og detaljering gjer at karta ikkje er lagt ved tekstdelen som trykte kart. Karta er tilgjengelege i kommunen sine kartbasar med link:

[O:\APPLIKASJONAR\1515_ROS](#), og vil kunne trykkast opp i den målestokk og papirstorleik som høver i ein kvar plansituasjon.



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn
Kommunal beredskapsplikt

Herøy kommune

Tilsynsdate: 13.11.2014

Rapportdate: 30.12.2014

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	29.08.2014 (formøte) 13.11.2014 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Postboks 274, 6099 Fosnavåg
Kommunenummer:	1515
Kontaktperson i kommunen:	Wenche Moltu
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Atle Morsund Ronny Schjelderup (observatør frå Fylkesmannen i Finnmark)
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Ketil Matvik Foldal, fylkesberedskapssjef
Førebels tilsynsrapport sendt:	28.11.2014
Endeleg tilsynsrapport sendt:	30.12.2014
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	16.02.2015

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Herøy kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2014 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2014.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	ROS-analyse for Herøy kommune – Grovanalyse 2013	ikkje datert
2.	Plan for kriseleiinga i Herøy kommune	26.02.2014
3.	Planstrategi for Herøy kommune 2012 - 2016	13.12.2012
4.	Kommuneplan for Herøy kommune 2013 – 2025 – Samfunnsdel	02.10.2013
5.	ROS-analyse Herøy kommune Brannvernet 2013	ikkje datert
6.	Brannordning for Herøy kommune – Brannvernet 2014	27.03.2014
7.	Delplan for Herøy kommune – Beredskapsplan mot akutt forureining med vedlegg	25.01.2013
8.	Notat – Brann Myklebust – rapport frå ordføraren	29.10.2014
9.	Herøy kommune – Eigeomsavdelinga - Evalueringsrapport brann	26.09.2014
10.	Logg – Brann i Vatnevegen – Omsorgsteamet	02.10.2014
11.	Delegasjon frå kommunestyret til rådmannen	ikkje datert

1.5 Gjennomføring

Formøte med Herøy kommune vart gjennomført 29.08.2014. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 13.11.2014. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Arnulf Goksøy	Ordførar	X	X	X	X
Erlend Krumsvik	Rådmann	X	X	X	X
Wenche Moltu	Beredskapsmedarbeidar	X	X	X	X
Jon Rune Våge	Brannsjef	X	X	X	X
Torill Myklebust	Kommuneoverlege			X	X
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef	X	X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X
Ronny Schjelderup	Observatør		X	X	X

2 Hovudintrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viste at Herøy kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og kommunen og lokalsamfunnet har ved fleire høve vist god krisehandteringsevne og oppfølging hendingar.

På overordna nivå er kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap godt forankra i kommuneplanen og planstrategien. Kommunen har gode ROS-analysar for kommuneplanen sin arealdel og brannvesenet, men manglar heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Den overordna beredskapsplanen er føremålstenleg, men har eit generelt behov for revisjon og oppfyller ikkje krava om samordning, integrering og oversikt over anna beredskapsplanverk i kommunen. Planen for befolkningsvarsling framstår som noko gamaldags og er ikkje heilt i samsvar med verken behova for varsling og dei tekniske moglegheitene kommunen faktisk har.

Fylkesmannen har eit generelt eit inntrykk av at ikkje alt heng i hop i dokumenta, og i måten beredskapen i kommunen er organisert. Det er behov for faste møteplassar for kriseleiinga og beredskapsorganisasjonen elles. Potensial for eit styringsdokument som kan fungere som bindeledd mellom strategisk plannivå og beredskapsdokumentasjon, og som oversikt over korleis kommunen arbeider, og skal arbeide, med samfunnstryggleik og beredskap.

Kommunen har noko å gå på med omsyn til å få både beredskapsplanverket og beredskapsorganisasjonen til å henge betre i hop. Det er rom for å utvikle og bruke møteplassar som kan styrke samhandlinga, og det er potensial for å utarbeide eit styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte tre avvik. To forhold er kommenterte som merknader.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Herøy kommune manglar heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2.

Utdjupande kommentar:

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er den viktigaste berejvelken i den kommunale beredskapsplikta. Kommunen har i ROS-analysen som er utarbeidd til kommuneplanen sin arealdel eit godt utgangspunkt for ein heilskapleg ROS-analyse.

Avvik nr. 2

Herøy kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4, første ledd.

Utdjupande kommentar:

Planverket oppfyller ikkje kravet om samordning og integrering av øvrige beredskapsplanar i kommunen og hos andre relevante offentlege og private aktørar.

Avvik nr. 3

Kommunen har ikkje eit system for dokumentasjon av at krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt er oppfylte.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 9

Utdjupande kommentar:

Dei langt fleste forskriftskrava er oppfylte, og dette byggjer sjølvst på at det føreligg skriftleg dokumentasjon av ulike typar. Kommunen har likevel ikkje dokumentasjon på alle forskriftskrav er oppfylte – verken enkeltvis eller i ei samla framstilling.

Kravet i forskrift om kommunal beredskapsplikt må elles sjåast i samanheng med kommunelova § 23 nr. 2 som pålegg administrasjonssjefen eit generelt internkontrollansvar. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen vert driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at den er gjenstand for tilfredsstillande kontroll.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Når ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse ligg føre, bør kommunen gjennomføre ein revisjon av beredskapsplanverket, jf. også avvik nr. 2. Potensialet for forenkling er sannsynlegvis større enn behovet for nybrottsarbeid.

Kommunen bør særleg sjå på planen for befolkningsvarsling.

Kommunen bør i denne samanhengen vurdere om, og eventuelt korleis krisestøtteverktøyet CIM skal takast i bruk. Om planverket – plan for kriseleiing og delplanar bør samlast i CIM eller kvalitetssystem.

Merknad nr. 2

Kommunen bør vurdere å utarbeide eit styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Avvik 2 og 3 kan handterast gjennom eit slikt dokument. Det same gjeld andre konkrete forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:

- tydelegare rutinar for faste møte i kriseleiinga og beredskapsrådet.
- tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar
- tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Ketil Matvik Foldal, ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no, 71258483 / 41693480.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

NAV Herøy

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BERLYN	Arkivsaknr:	2013/1318
		Arkiv:	F31

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
102/15	Formannskapet	19.05.2015
	Kommunestyret	28.05.2015

BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2014-2016

Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra flyktningar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.
2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktningane, jmftr utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.
3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.
4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader

Særutskrift:

- Likestillings- og inkluderingsdepartementet
- Rådmannen si leiargruppe

Vedlegg:

- Brev frå Barne- og likestillings- og inkluderingsdepartementet

Saksopplysningar:

Herøy kommune vedtok i K-sak 153/09 å busette 10 flyktningar. Ut frå ressursituasjonen i kommunen og det store talet på arbeidsinnvandrarar blei det vurdert som det eit øvre tak for å kunne gje gode nok tenester. Krigshandlingane i Syria, og dei tragiske dødsfalla i Middelhavet har ført oss i ein ekstraordinær situasjon. Det er eit fleirtal på Stortinget for å ta i mot ekstra flyktningar frå Syria, og statsråd Solveig Horne har bedt kommunane vurdere om dette er realistisk. Avdelingane i Herøy kommune har alle vore positive til å kunne bidra i denne situasjonen. Saksframlegget vil synleggjere under kva føresetnadar avdelingane meiner ein kan ta i mot 10 ekstra flyktningar.

Anmodninga frå IMDi og departementet

IMDi rettar kvart år ein førespurnad til kommunane om å ta i mot flyktningar. Dei siste åra har det også kome ei ekstra anmodning frå lmdi, då det blir busett for få flyktningar i forhold til talet på flyktningar som sit på asylmottak og har fått opphaldsløyve. Anmodninga frå statsråden kjem i tillegg til anmodningane frå IMDi

Opphaveleg anmodning frå lmdi 2015	30
Vedtak Herøy kommune 2015	10
Justert anmodning 2015	38
Tillegg utover IMDi`s anmodning	10
Samlet anmodning 2015	48
Justert anmodning 2016	27
Vedtak Herøy kommune	10
Tillegg utover IMDi`s anmodning	13
Samlet 2016	40

Som tabellen viser har IMDi bedt Herøy kommune ta i mot totalt 38 flyktningar for 2015. No har departementet bedt oss ta i mot 10 ekstra. For 2016 har IMDi bedt oss ta i mot 27 flyktningar, og i tillegg har departementet bedt oss ta i mot 13 flyktningar. Herøy kommune har eit vedtak om å ta i mot 10 flyktningar i 2015 og 2016, totalt 20.

Samla sett er Herøy kommune bedt om å ta i mot 88 flyktningar i 2015 og 2016. Om Herøy kommune seier ja til å ta i mot 10 ekstra flyktningar i 2015 og 13 flyktningar i 2016, vil vi totalt ta i mot 43 flyktningar desse to åra, 45 færre enn det vi er spurde om. Avdelingane har med utgangspunkt i dei ressursane vi veit vi har og kunnskap

om kva som trengs, vurdert saka ut frå å ta i mot 10 ekstra flyktningar i 2015, totalt 20, og 10 ekstra flyktningar i 2016, totalt 20.

Bustad

Den viktigaste og mest krevjande føresetnaden for å busett flyktningar er at vi har nok ledige bustader. Uttale frå Eigedomsavdelinga viser at det kan bli ledige kommunale bustadar i løpet av sommaren. Dette gjeld til dels store leilegheiter med 3-5 soverom. Hittil i 2015 har NAV busett 3 flyktningar, og skal busette 6-7 til hausten. Det er viktig at vi også har ledige bustadar til dei 10 flyktningane vi allereie har vedtatt å ta i mot. Om det ikkje skulle bli ledigheit i dei kommunale bustadene, må Eigedomsavdelinga vende seg til private huseigarar for å leige seg inn der. Det er ein del meir krevjande enn å bruke kommunale bustadar, og det vil kunne bety at Eigedomsavdelinga treng noko ekstra ressursar.

Integreringstilskot

Kommunane får eit integreringstilskot for kvar flyktning, både vaksne og born, dei fem første åra dei bur i kommunen. Det er nokre forskjellar på tilskota i år 1, mens dei er lik for alle flyktningane år 2-5. I tillegg er det nokre eingongstilskot i år 1. Tilskotssatsane pr 2015 er slik:

År	Vaksne og born	Einslege vaksne	Barnehagetilskot	Eldretilskot
1	182 000	232 000	24 000	157 500
2	210 000			
3	152 000			
4	82 200			
5	70 000			

Ekstra busetting 2015 og 2016

Tabellen viser kor mykje Herøy kommune vil få overført i integreringstilskot ved å ta i mot 10 flyktningar i 2015 og 10 flyktningar i 2016.

År	2015	Tilskot	2016	Tilskot	Totalt
1-x	10 x 182 000	1 820 000			1 820 000
2-1	10 x 210 000	2 100 000	10 x 182 000	1 820 000	3 920 000
3-2	10 x 152 000	1 520 000	10 x 210 000	2 100 000	3 620 000
4-3	10 x 82 200	820 000	10 x 152 000	1 520 000	2 340 000
5-4	10 x 70 000	700 000	10 x 82 000	820 200	1 520 000
x-5			10 x 70 000	700 000	700 000

Behov for ekstra ressursar

Avdelingane har gjort ei kartlegging av kva ressursar dei treng ved mottak av 10 ekstra flyktingar i 2015 og 2016. Kartlegginga er omtrentleg, då vi ikkje veit kor mange barn og vaksne som kjem, eller kva behov dei har for tenester. Derfor må budsjettet justerast når dette er klart.

Barnehageavdelinga

Det er eit eige barnehagetilskot på kr 24 000. Dette er eit eingongstilskot år 1. Tilskotet er ikkje medrekna i budsjettet over, då vi ikkje veit kor mange born som kjem. I utgangspunktet skal dette tilskotet gå til barnehageavdelinga direkte. Om barnehagane treng meir ressursar til oppfølging, også utover det første året, skal det så langt det lar seg gjere dekkas av det ordinære tilskotet.

Skuleavdelinga – grunnskulen

Grunnskulen har allereie i dag liten kapasitet til ekstra norskundervisning til born av framandspråklege, enten det er born av flyktingar eller arbeidsinnvandrarar. Ekstra mottak av t.d 5 + 5 born vil krevje ei ressursauke på 50 % stilling i grunnskulen, som eit minimum i skuleåret 2015-2016 og 2016-2017.

Skuleavdelinga – Internasjonal skule

Nye flyktingar treng ofte litt meir og litt annleis undervisning enn dei som har vore her ei stund, eller dei som allereie snakke engelsk. Det er hensiktsmessig å starte opp ei nybegynnargruppe på 4 timar undervisning 4 dagar i veka, noko som utgjør ein 68 % lærarressurs.

Flyktingtenesta – Programarbeid

Kva enkelt flykting skal ha eit eige Introduksjonsprogram. Dette inneber kartlegging og oppfølging, samt planlegging av innhald utanom norskundervisning, og i skuleferiane. Med ekstra mottak av flyktingar må det vurderast om det skal settast av ressursar til stilling som Programrådgjevar, noko ein ikkje har i dag. Ei 50 % ressurs i gjeldande periode vil vere dekkande.

Flyktingtenesta – Introduksjonsløn

Om ei reknar med å busett 10 barn og 10 vaksne, vil det gje lønskostnadar på 10 x 176 740 pr år.

Flyktingtenesta - andre utgifter

I tillegg vil det kome andre laupande utgifter. Sjølv busettinga krev ein del ressursar til møblar, inventar og anna utstyr dei treng. Det må også påreknast ein del skysskostnadar frå bustad til skule/barnehage.

NAV – økonomisk stønad

Alle flyktingane får økonomisk stønad frå NAV. I første omgang får dei stønad til livsopphald, husleige og straum i månadene til dei begynner på Introduksjonsprogrammet og får Introduksjonsløn. Løna utgjør 2 x grunnbeløpet i Folketrygdlova, pr dato 2 x 88 370. Veldig få av flyktingane klarar seg på denne

løna og får supplerande stønad frå NAV. I tillegg dekkjer NAV utgifter til barnehage og SFO. Denne utgifta skal så langt det er råd refunderast frå Integreringstilskotet.

Utgifter til tolketeneste - felles for avdelingane:

Mange av avdelingane har store utgifter til tolketenester. Ekstra utgifter til tolk knytt til flyktingar bør så langt som råd dekkast av integreringstilskotet.

Stipulert budsjett:

Avdeling	Ressursbehov	Stilling	Kostnad år 1	Kostnad år 2	Kostnad år 3
Barnehage	Assistentar og tolk Barnehagetilskot 24 000 pr barn første år		30 000	150 000	150 000
Grunnskule	Norsklærer	68,8 %	350 000	350 000	350 000
Internasjonal skule	Norsklærer	50 %	350 000	350 000	350 000
Flyktingtenesta	Programrådgjevar	50 %		320 000	320 000
Barn-familie-helse	Tolk		50 000	50 000	50 000
Flyktingtenesta	Busetting		150 000	150 000	
NAV Sosial	Sosialhjelp			500 000	300 000
Intro-løn	Løn til deltakarar		5 x 176 740 = 883 700	10x 176 740 = 1 767 400	5 x 176 740= 883 700
Utgifter			1 813 700	3 637 400	2 403 700
Tilskot			1 820 000	3 920 000	3 620 000
Resultat			6 300	282 600	1 216 300

Det er viktig å understreke at budsjettet er justert etter tilskotet. Om barnehageavdelinga treng meir ressursar år 1 vil det ikkje vere midlar til det. NAV utbetalar mykje meir i sosialhjelp enn det som er lagt inn i budsjettet, og det er også usikkert om Barn-, familie- og helseavdelinga treng meir. Derfor har avdelingane sagt ja til å ta i mot 10 ekstra flyktingar i 2015 og 2016 under føresetnad at det ekstra integreringstilskotet i si heilheit går til arbeidet med flyktingane. Om ein ser på det ordinære flyktingbudsjettet, vil det vere kostnader der som ikkje er med her.

Til dømes gjeld det løn til flyktningkonsulent og miljøterapeut, husleige og andre kontorkostnader, samt leasing og drift av ein bil.

Vurdering og konklusjon:

Oppstillinga ovanfor byggjer på visse føresetnader om mottak og samansetjinga av 10 ekstra flyktningar i to år. Rådmannen legg til grunn at i den økonomiske situasjonen kommunen står oppe i, er det ikkje rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet. Tiltak og tenester må tilpassast denne føresetnaden.

Konsekvensar for folkehelse:

Positiv for flyktningane.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Føresetnad om at auka drift skal tilpassast og dekkast av integreringstilskotet.

Konsekvensar for økonomi:

Føresetnad om at auka drift skal tilpassast og dekkast av integreringstilskotet.

Fosnavåg, 11.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Berit Lyngstad
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Lyngstad



DET KONGELIGE BARNE-, LIKESTILLINGS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Alle landets ordførere

Deres ref

Vår ref

Dato

15/1387

23.04.2015

Bosetting av flyktninger med bakgrunn i dagens flyktningkrise

Jeg vil takke kommunene for den innsatsen dere gjør for å bosette flyktninger i hele landet. Fra 2011 til 2014 har bosettingen økt fra 5 486 personer til 7 784 personer, og i fjor økte antallet som ble bosatt med 19 prosent i forhold til 2013. Det er regjeringen og jeg svært fornøyd med. Utgangspunktet for mitt arbeid med bosetting var at antallet bosettingsklare i mottak økte i løpet av årene 2012 og 2013 med hele 3 474 personer.

Verden opplever nå en flyktningkatastrofe som vi ikke har sett siden 2. verdenskrig, og nabolandene til Syria har store problemer med å klare den dramatiske befolkningsøkningen. Norge bidrar allerede med betydelige midler i nærområdet og vil fortsette med det. De grunnleggende problemene må løses i nærområdet.

Norge har vedtatt å ta imot 1 500 kvoteflyktninger fra Syria i 2015. For å skaffe til veie et beslutningsgrunnlag om hvorvidt Norge skal ta i mot flere kvoteflyktninger, ønsker jeg å undersøke om kommunene har mulighet til å øke bosettingskapasiteten ytterligere i 2015 og 2016. Denne informasjonen vil være viktig når det skal fattes beslutning på nasjonalt nivå om hvordan Norge kan bidra.

Regjeringen har styrket kommunenes muligheter til å bosette det høye antallet flyktninger som allerede venter i norske mottak. Integreringstilskuddet for enslige voksne ble økt fra 666 800 kroner til 717 600 kroner i 2014 og ytterligere til 746 200 kroner i 2015, tilskuddet utbetales over fem år. Fra regjeringens side har vi samlet økt integreringstilskuddet med 300 millioner kroner siden vi tiltrådte. I tillegg mottar kommunene et eget tilskudd til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. Vi har også økt Husbankes tilskudd til utleieboliger i vår periode. Tilsagnsrammen er økt med til sammen 180 millioner kroner. Det betyr at det kan gis tilsagn til om lag 1 200 flere utleieboliger.

Som dere er kjent med var det i utgangen av mars i år 5 256 personer, hvorav 681 barn, som ventet på bosetting i asylmottak, og gjennomsnittlig ventetid er nå på 9,1 måneder. Jeg er opptatt av at disse raskt skal bli bosatt i en kommune. I tillegg skal vi i 2015 motta i overkant av 2 000 overføringsflyktninger i samarbeid med FNs høykommissær for flyktninger, der 1 500 kommer fra Syria.

Totalt i 2015 vil det derfor være behov for å bosette ca. 13 300 personer og kommunen har så langt sagt seg villige til å bosette 8116. IMDi vil nå gå ut med en lenge planlagt tilleggsanmodning om 2 500 ekstra bosettinger i 2015. Et vedtak om ytterligere uttak av overføringsflyktninger vil komme i tillegg. Med en bosetting i 2015 på 8 116 er det estimert at det i 2016 vil være behov for å bosette om lag 14 000 flyktninger, det vil da sitte om lag 7 580 bosettingsklare i mottak ved årsskiftet 2016/2017.

Dersom antallet kvoteflyktninger økes til totalt 10 000 fra Syria over to år, vil det innebære et behov for å bosette ytterligere 3 500 i 2015 og ytterligere 4 500 i 2016.

På denne bakgrunn ber jeg om tilbakemelding på hvor mange flyktninger din kommune eventuelt kan bosette i løpet av 2015 og 2016. Vedlagt følger en liste som viser hvor mange flyktninger det kan være aktuelt at din kommune mottar.

Jeg ber om at svaret sendes til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet innen 27. mai 2015 med kopi til Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. Dersom dere har behov for ytterligere informasjon eller veiledning, vil dere kunne få det ved å ta direkte kontakt med Integrerings- og mangfoldsdirektoratet.

Jeg ser fram til et fortsatt godt samarbeid, innenfor avtalen om frivillig bosetting mellom staten og KS, for å løse denne utfordringen til beste både for flyktningene og det norske samfunnet.

Vennlig hilsen



Solveig Høne

Vedlegg til tabell – Anmodning og vedtak 2016-2015 (vedtakstall 2015 og 2016 er ikke endelige)

I tabellen fremkommer anmodning og vedtak for kommunene for 2015 og 2016, herunder opprinnelig anmodning, justert opprinnelig anmodning og tillegg som man antar at hver kommune kan ta imot som følge av behov for økt bosetting grunnet flyktningkrisen i Syria og i Middelhavet.

Justerte anmodninger er basert på opprinnelig anmodning. Hver kommunes andel av opprinnelig anmodning fremkommer i kolonne D. De justerte anmodningene, både den opprinnelige og tilleggene er basert på denne andelen.¹ Forklaring på de ulike kolonner i regnearket:

- Kolonne B: Her presenteres den opprinnelige anmodningen fra IMDi for 2015.
- Kolonne C: Her presenteres vedtakene kommunene har gjort for bosetting av flyktninger til nå i 2015.
- Kolonne D: Viser andelen kommunene opprinnelige var anmodet om, som del av den totale opprinnelige anmodning (og er den prosentsetsen som videre brukes for fordeling av tilleggsanmodninger, som forklart ovenfor).
- Kolonne E: Her presenteres tilleggsanmodning fra IMDi. Anmodningen fremgår av det justerte totale behovet på 13 330 i celle F7, multiplisert med hver kommunes andel.
- Kolonne F: Her presenteres økning utover IMDis opprinnelige anmodning, et tillegg på 3 500 flyktninger. Dette er basert på behovet for å bosette ytterligere 3 500 flyktninger dersom kvoten for overføringsflyktninger økes til 5 000 syrere i 2015 og 2016 (noe som gir 3 500 flere enn de 1 500 syriske overføringsflyktningene som allerede er vedtatt).
- Kolonne G: Samlet anmodning for 2015. Dette er sum av justert anmodning og tilleggsanmodning.
- Kolonne H: Viser justert anmodning for 2016.
- Kolonne I: Viser vedtak for 2016 gjort av kommunene til nå. Her presiseres det at flere kommuner ikke har fattet vedtak enda.²
- Kolonne J: Viser økning utover IMDis anmodning i 2016, et tillegg på 4 500 flyktninger. Dette er basert på behovet for å bosette ytterligere 4 500 flyktninger dersom kvoten for overføringsflyktninger økes til 5 000 i 2015 og 2016 (noe som gir 4 500 flere syriske overføringsflyktningene i 2016 enn de 500 som allerede er vedtatt).
- Kolonne K: Presenterer samlet anmodning for 2016.

¹ I alle beregninger av anmodninger er det rundet opp til hver hele flyktning.

² En celle med verdi 0 innebærer at kommunene har fattet nei- vedtak, celle uten verdi innebærer at kommunen enda ikke har fattet vedtak.

Anmodning og vedtak 2015 og 2016 (merk at vedtakstillene for 2015 og 2016 ikke er endelige)

Inkludert er tillegg/anmodning og antall flyktninger hver kommune kan antas å bosette med dagens flyktningkrise, dersom vi skal bosette 5 000 syriske kvoteflyktninger i 2015 og 5 000 i 2016

	Opprinnelig anmodning		Andel	Tillegg 2015 - Økning utover IMDs planlagte			Tillegg 2016 - Økning utover IMDs planlagte			
	2015	Vedtatt for 2015		Justert anmodning 2015	anmodning	Samlet 2015	Justert anmodning 2016	Vedtatt for 2016	planlagte	Samlet 2016
Totalt	10804	8116		13330	3500	16830	9200	5190	4500	14000
Kommune										
0101 Halden	30	21	0,278 %	38	10	48	27	10	13	40
0104 Moss	40	30	0,370 %	50	13	63	36		17	53
0105 Sarpsborg	65	65	0,602 %	81	22	103	58	55	28	86
0106 Fredrikstad	90	105	0,833 %	112	30	142	80		38	118
0111 Hvaler	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
0118 Aremark	15	15	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0119 Marker	10	4	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0121 Ramskog	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
0122 Tregstad	10	5	0,093 %	13	4	17	9	4	5	14
0123 Spydeberg	15	15	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0124 Askim	25	10	0,231 %	31	9	40	22	10	11	33
0125 Eldsberg	26	11	0,241 %	33	9	42	23		11	34
0127 Skiptvet	10	5	0,093 %	13	4	17	9	5	5	14
0128 Rakkestad	15	6	0,139 %	19	5	24	14	6	7	21
0135 Råde	15	10	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0136 Rygge	20	10	0,185 %	25	7	32	18	10	9	27
0137 Våler (Østfold)	15	10	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0138 Hobøl	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
Østfold	436	332	4,036 %	538	142	680	384	110	182	566
0211 Vestby	18	20	0,167 %	23	6	29	16		8	24
0213 Ski	58	58	0,537 %	72	19	91	51	50	25	76
0214 Ås	18	15	0,167 %	23	6	29	16	15	8	24
0215 Frogg	18	18	0,167 %	23	6	29	16	15	8	24
0216 Nesodden	20		0,185 %	25	7	32	18		9	27
0217 Oppegård	40	40	0,370 %	50	13	63	36		17	53
0219 Baerum	155	155	1,435 %	192	51	243	137	130	65	202
0220 Asker	90	75	0,833 %	112	30	142	80	75	38	118
0221 Aurskog Høland	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
0226 Serum	15	15	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0227 Fet	15	10	0,139 %	19	5	24	14	5	7	21
0228 Rælingen	25	20	0,231 %	31	9	40	22	20	11	33
0229 Enebakk	15	7	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0230 Lørenskog	55	22	0,509 %	68	18	86	49		23	72
0231 Skedsmo	75	75	0,694 %	93	25	118	66	65	32	98
0233 Nittedal	20	30	0,185 %	25	7	32	18		9	27
0234 Gjerdrum	10	7	0,093 %	13	4	17	9	7	5	14
0235 Ullensaker	35	35	0,324 %	44	12	56	31	25	15	46
0236 Nes (Akershus)	30	15	0,278 %	38	10	48	27	15	13	40
0237 Eldsvoll	25	15	0,231 %	31	9	40	22		11	33
0238 Nannestad	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
0239 Hurdal	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
Akershus	777	672	7,192 %	959	252	1211	684	478	324	1008
0301 Oslo	520	520	4,813 %	642	169	811	458		217	675
Oslo	520	520	4,813 %	642	169	811	458		217	675
0402 Kongsvinger	40	25	0,370 %	50	13	63	36	25	17	53
0403 Hamar	60	40	0,555 %	75	20	95	53		25	78
0412 Ringsaker	55	30	0,509 %	68	18	86	49	30	23	72
0415 Laten	15	8	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0417 Stange	30	30	0,278 %	38	10	48	27	30	13	40
0418 Nord-Odal	10	2	0,093 %	13	4	17	9	2	5	14
0419 Ser-Odal	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
0420 Eldskog	10	5	0,093 %	13	4	17	9	5	5	14
0423 Grue	10	5	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0425 Åsnes	15	3	0,139 %	19	5	24	14	4	7	21
0426 Våler (Hedmark)	10	0	0,093 %	13	4	17	9	0	5	14
0427 Elverum	40	40	0,370 %	50	13	63	36	35	17	53
0428 Trysil	15	10	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0429 Åmot	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
0430 Stor-Elvdal	10	5	0,093 %	13	4	17	9	5	5	14
0432 Rendalen	10	7	0,093 %	13	4	17	9	5	5	14
0434 Engerdal	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
0436 Tolga	15	7	0,139 %	19	5	24	14	7	7	21
0437 Tynset	20	20	0,185 %	25	7	32	18		9	27
0438 Alvdal	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
0439 Folldal	10	6	0,093 %	13	4	17	9	6	5	14
0441 Os (Østerdalen)	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
Hedmark	430	276	3,980 %	531	140	671	379	188	180	559
0501 Lillehammer	55	45	0,509 %	68	18	86	49	45	23	72
0502 Gjøvik	55	55	0,509 %	68	18	86	49	55	23	72
0511 Dovre	10	5	0,093 %	13	4	17	9	5	5	14
0512 Lesja	10	5	0,093 %	13	4	17	9	5	5	14
0513 Skjåk	10	5	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0514 Lom	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
0515 Vågå	12	12	0,111 %	15	4	19	11	12	5	16
0516 Nord-Fron	20	15	0,185 %	25	7	32	18	15	9	27
0517 Sel	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
0519 Ser-Fron	10	5	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0520 Ringebru	10	15	0,093 %	13	4	17	9	15	5	14
0521 Øyer	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
0522 Gausdal	15	5	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0528 Østre Toten	25	20	0,231 %	31	9	40	22	20	11	33
0529 Vestre Toten	25	20	0,231 %	31	9	40	22		11	33
0532 Jevnaker	15	15	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0533 Lunner	35	24	0,324 %	44	12	56	31	24	15	46
0534 Gran	35	30	0,324 %	44	12	56	31	30	15	46
0536 Søndre Land	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0538 Nordre Land	15	15	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0540 Str-Aurdal	10	3	0,093 %	13	4	17	9	3	5	14
0541 Etnedal	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0542 Nord-Aurdal	15	10	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0543 Vestre Slidre	10	5	0,093 %	13	4	17	9	5	5	14
0544 Øystre Slidre	10	7	0,093 %	13	4	17	9	7	5	14
0545 Vang	10	3	0,093 %	13	4	17	9	3	5	14
Oppland	472	374	4,369 %	582	153	736	416	279	197	613

0602 Drammen	130	130	1,203 %	161	43	204	115		55	170
0604 Kongsberg	50	27	0,463 %	62	17	79	44	27	21	65
0605 Ringerike	45	45	0,417 %	56	15	71	40	45	19	59
0612 Hole	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
0615 Flå	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
0616 Nes (Buskerud)	10	4	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0617 Gol	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0618 Hemsedal	10	6	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0619 Ål	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
0620 Hol	10	5	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0621 Sigdal	10	5	0,093 %	13	4	17	9	0	5	14
0622 Krødsherød	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
0623 Modum	25	27	0,231 %	31	9	40	22		11	33
0624 Øvre Eiker	35	20	0,324 %	44	12	56	31		15	46
0625 Nedre Eiker	45	30	0,417 %	56	15	71	40	30	19	59
0626 Lier	45	30	0,417 %	56	15	71	40		19	59
0627 Røyken	40	20	0,370 %	50	13	63	36	20	17	53
0628 Hurum	20	20	0,185 %	25	7	32	18		9	27
0631 Flesberg	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0632 Rollag	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0633 Nore og Uvdal	10	6	0,093 %	13	4	17	9		5	14
Buskerud	560	435	5,183 %	691	182	873	493	152	334	727
0701 Horten	40	47	0,370 %	50	13	63	36		17	53
0702 Holmestrand	18	8	0,167 %	23	6	29	16	8	8	24
0704 Tønsberg	55	45	0,509 %	68	18	86	49	45	23	72
0706 Sandefjord	55	55	0,509 %	68	18	86	49		23	72
0709 Larvik	55	65	0,509 %	68	18	86	49	45	23	72
0711 Svevik	15	6	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0713 Sande (Vestfold)	15	15	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0714 Hof	15	5	0,139 %	19	5	24	14		7	21
0716 Re	25	15	0,231 %	31	9	40	22		11	33
0719 Andebu	15	5	0,139 %	19	5	24	14	5	7	21
0720 Stokke	25	20	0,231 %	31	9	40	22	20	11	33
0722 Nøtterøy	30	40	0,278 %	38	10	48	27	20	13	40
0723 Tjøme	15	5	0,139 %	19	5	24	14	5	7	21
0728 Lardal	15	5	0,139 %	19	5	24	14	5	7	21
Vestfold	393	336	3,638 %	485	128	613	346	153	164	510
0805 Porsgrunn	90	50	0,833 %	112	30	142	80	50	38	118
0806 Skien	120	68	1,111 %	149	39	188	106	68	50	156
0807 Notodden	45	45	0,417 %	56	15	71	40	45	19	59
0811 Siljan	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
0814 Bamble	50	40	0,463 %	62	17	79	44	40	21	65
0815 Kragerø	50	50	0,463 %	62	17	79	44	40	21	65
0817 Drangedal	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
0819 Nome	20	10	0,185 %	25	7	32	18	10	9	27
0821 Be (Telemark)	25	16	0,231 %	31	9	40	22	16	11	33
0822 Sauherad	20	20	0,185 %	25	7	32	18	20	9	27
0826 Tinn	20	10	0,185 %	25	7	32	18	10	9	27
0827 Hjartdal	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
0828 Seljord	10	8	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0829 Kviteseid	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0830 Nissedal	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
0831 Fyresdal	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
0833 Tokke	10	8	0,093 %	13	4	17	9	8	5	14
0834 Vinje	10	7	0,093 %	13	4	17	9	6	5	14
Telemark	535	387	4,952 %	661	174	835	471	368	223	694
0901 Risør	30	25	0,278 %	38	10	48	27	25	13	40
0904 Grimstad	45	45	0,417 %	56	15	71	40	45	19	59
0906 Arendal	105	105	0,972 %	130	35	165	93	95	44	137
0911 Gjerstad	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
0912 Vegårshei	13	13	0,120 %	17	5	22	12	12	6	18
0914 Tvedestrand	20	10	0,185 %	25	7	32	18	10	9	27
0919 Froland	15	5	0,139 %	19	5	24	14	5	7	21
0926 Lillesand	40	30	0,370 %	50	13	63	36	30	17	53
0928 Birkenes	20	16	0,185 %	25	7	32	18	12	9	27
0929 Åmli	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
0935 Iveland	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
0937 Evje og Hornnes	20	10	0,185 %	25	7	32	18	10	9	27
0938 Bygland	10	5	0,093 %	13	4	17	9		5	14
0940 Valle	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
0941 Bykle	10	5	0,093 %	13	4	17	9		5	14
Aust-Agder	378	314	3,499 %	467	123	590	333	269	158	491
1001 Kristiansand	180	180	1,666 %	223	59	282	159	180	75	234
1002 Mandal	40	50	0,370 %	50	13	63	36	40	17	53
1003 Farsund	45	35	0,417 %	56	15	71	40	35	19	59
1004 Flekkefjord	40	40	0,370 %	50	13	63	36	20	17	53
1014 Vennesla	45	45	0,417 %	56	15	71	40	40	19	59
1017 Songdalen	30	35	0,278 %	38	10	48	27	30	13	40
1018 Søgne	40	20	0,370 %	50	13	63	36		17	53
1021 Marnardal	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1026 Åseral	10	5	0,093 %	13	4	17	9		5	14
1027 Audnedal	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1029 Lindesnes	20	10	0,185 %	25	7	32	18	10	9	27
1032 Lyngdal	35	30	0,324 %	44	12	56	31	30	15	46
1034 Hægebostad	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1037 Kvinesdal	25	25	0,231 %	31	9	40	22	25	11	33
1046 Sirdal	10	5	0,093 %	13	4	17	9	5	5	14
Vest-Agder	550	500	5,091 %	679	179	858	464	435	230	714

1101 Elgersund	35	35	0,324 %	44	12	56	31	35	15	46
1102 Sandnes	70	70	0,648 %	87	23	110	62	70	30	92
1103 Stavanger	120	120	1,111 %	149	39	188	106	120	50	156
1106 Haugesund	60	65	0,555 %	75	20	95	53	60	25	78
1111 Sokndal	10	0	0,093 %	13	4	17	9		5	14
1112 Lund	20	0	0,185 %	25	7	32	18		9	27
1114 Bjerkreim	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1119 Hå	30	25	0,278 %	38	10	48	27	25	13	40
1120 Klepp	35	25	0,324 %	44	12	56	31	25	15	46
1121 Time	35	20	0,324 %	44	12	56	31		15	46
1122 Gjesdal	30	30	0,278 %	38	10	48	27	30	13	40
1124 Sola	35	30	0,324 %	44	12	56	31	30	15	46
1127 Randaberg	30	25	0,278 %	38	10	48	27	28	13	40
1129 Forsand	6	5	0,056 %	8	2	10	6	5	3	9
1130 Strand	30	15	0,278 %	38	10	48	27	15	13	40
1133 Hjelmeland	20	10	0,185 %	25	7	32	18		9	27
1134 Suldal	20	10	0,185 %	25	7	32	18	10	9	27
1135 Sauda	20	10	0,185 %	25	7	32	18	10	9	27
1141 Finnøy	10	8	0,093 %	13	4	17	9	6	5	14
1142 Rennesøy	20	10	0,185 %	25	7	32	18	10	9	27
1144 Kvitsøy	6	0	0,056 %	8	2	10	6		3	9
1145 Bokn	6	0	0,056 %	8	2	10	6		3	9
1146 Tysvær	30	20	0,278 %	38	10	48	27	20	13	40
1149 Karmøy	60	60	0,555 %	75	20	95	53		25	78
1151 Utsira	6		0,056 %	8	2	10	6		3	9
1160 Vindafjord	20	10	0,185 %	25	7	32	18	10	9	27
Rogaland	274	603	7,164 %	955	251	1206	681	509	323	1004
1201 Bergen	350	350	3,240 %	432	114	546	308	350	146	454
1211 Etne	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1216 Sveilo	15	11	0,139 %	19	5	24	14		7	21
1219 Barmlo	30	24	0,278 %	38	10	48	27	24	13	40
1221 Stord	35	20	0,324 %	44	12	56	31	20	15	46
1222 Fitjar	10	12	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1223 Tysnes	10	7	0,093 %	13	4	17	9	7	5	14
1224 Kvinnherad	25	10	0,231 %	31	9	40	22	10	11	33
1227 Jondal	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1228 Odda	20	10	0,185 %	25	7	32	18	10	9	27
1231 Ullensvang	20	15	0,185 %	25	7	32	18	15	9	27
1232 Eidfjord	10	0	0,093 %	13	4	17	9		5	14
1233 Ulvik	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1234 Granvin	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1235 Voss	30	30	0,278 %	38	10	48	27		13	40
1238 Kvam	20	15	0,185 %	25	7	32	18		9	27
1241 Fusa	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1242 Samnanger	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1243 Os (Hordaland)	20	15	0,185 %	25	7	32	18	15	9	27
1244 Austevoll	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1245 Sund	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1246 Fjell	40	20	0,370 %	50	13	63	36	20	17	53
1247 Askøy	40	25	0,370 %	50	13	63	36		17	53
1251 Vaksdal	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1252 Modalen	6	0	0,056 %	8	2	10	6	0	3	9
1253 Osterøy	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
1256 Meland	20	15	0,185 %	25	7	32	18	15	9	27
1259 Øygarden	20	15	0,185 %	25	7	32	18		9	27
1260 Radøy	15	6	0,139 %	19	5	24	14	6	7	21
1263 Lindås	20	20	0,185 %	25	7	32	18	20	9	27
1264 Austrheim	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1265 Fedje	6		0,056 %	8	2	10	6		3	9
1266 Masfjorden	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
Hordaland	697	695	8,307 %	1107	291	1396	789	587	374	1163
1401 Flora	35	45	0,324 %	44	12	56	31		15	46
1411 Gulen	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1412 Solund	6		0,056 %	8	2	10	6		3	9
1413 Hyllestad	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1416 Høyanger	15	0	0,139 %	19	5	24	14	0	7	21
1417 Vik	10	15	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1418 Balestrand	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1419 Leikanger	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1420 Sogndal	30	35	0,278 %	38	10	48	27	30	13	40
1421 Aurland	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1422 Lærdal	10	15	0,093 %	13	4	17	9	15	5	14
1424 Årdal	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1426 Luster	10	15	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1428 Askvoll	10	15	0,093 %	13	4	17	9	15	5	14
1429 Fjaler	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
1430 Gaular	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1431 Jølster	10	7	0,093 %	13	4	17	9	6	5	14
1432 Førde	35	20	0,324 %	44	12	56	31	20	15	46
1433 Naustdal	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1438 Bremanger	15	0	0,139 %	19	5	24	14		7	21
1439 Vågsøy	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1441 Selje	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
1443 Eid	30	30	0,278 %	38	10	48	27	30	13	40
1444 Hornindal	6	0	0,056 %	8	2	10	6		3	9
1445 Gloppen	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
1449 Stryn	20	25	0,185 %	25	7	32	18	25	9	27
Sogn og Fjordane	367	397	3,397 %	453	119	572	323	226	153	476

1502 Molde	60	60	0,555 %	75	20	95	53		25	78
1504 Ålesund	90	50	0,833 %	112	30	142	80		38	118
1505 Kristiansund	50		0,463 %	62	17	79	44		21	65
1511 Vanylven	15	11	0,139 %	19	5	24	14	7	7	21
1514 Sande (Møre og Romsdal)	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1515 Herøy (Møre og Romsdal)	30	10	0,278 %	38	10	48	27	10	13	40
1516 Ulstein	20	20	0,185 %	25	7	32	18	20	9	27
1517 Hareid	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1519 Volda	30	25	0,278 %	38	10	48	27	25	13	40
1520 Ørsta	30	15	0,278 %	38	10	48	27	15	13	40
1523 Ørskog	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1524 Norddal	10	5	0,093 %	13	4	17	9		5	14
1525 Stranda	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1526 Stordal	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1528 Sykkylven	20	10	0,185 %	25	7	32	18	14	9	27
1529 Skodje	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1531 Sula	25	12	0,231 %	31	9	40	22	12	11	33
1532 Giske	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1534 Haram	30	22	0,278 %	38	10	48	27		13	40
1535 Vestnes	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1539 Rauma	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1543 Nesset	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1545 Midsund	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1546 Sandøy	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1547 Aukra	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1548 Fræna	30		0,278 %	38	10	48	27		13	40
1551 Eide	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1554 Averøy	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1557 Gjemnes	15		0,139 %	19	5	24	14	0	7	21
1560 Tingvoll	10	8	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1563 Sunndal	25	25	0,231 %	31	9	40	22	25	11	33
1566 Sunndal	15	15	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1567 Rindal	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1571 Halså	10	5	0,093 %	13	4	17	9	5	5	14
1573 Smøla	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1576 Aure	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
Møre og Romsdal	725	373	6,710 %	895	235	1130	638	233	302	940
1601 Trondheim	300	300	2,777 %	371	98	469	264		125	289
1612 Herne	10	5	0,093 %	13	4	17	9	5	5	14
1613 Snillfjord	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1617 Hitra	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1620 Frøya	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1621 Ørland	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1622 Agdenes	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1624 Rissa	20	12	0,185 %	25	7	32	18	12	9	27
1627 Bjugn	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1630 Åfjord	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1632 Roan	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1633 Osen	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1634 Oppdal	20	20	0,185 %	25	7	32	18	16	9	27
1635 Rennebu	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
1636 Meldal	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1638 Orkdal	30	20	0,278 %	38	10	48	27		13	40
1640 Roros	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1644 Holtålen	10		0,093 %	13	4	17	9	0	5	14
1648 Midtre Gauldal	15	8	0,139 %	19	5	24	14		7	21
1653 Melhus	35	25	0,324 %	44	12	56	31		15	46
1657 Skaun	20	6	0,185 %	25	7	32	18	6	9	27
1662 Klæbu	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1663 Malvik	30	25	0,278 %	38	10	48	27		13	40
1664 Selbu	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1665 Tydal	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
Sør-Trøndelag	670	491	6,201 %	827	218	1045	590	99	280	870
1702 Steinkjer	45		0,417 %	56	15	71	40	35	19	59
1703 Namsos	40	40	0,370 %	50	13	63	36		17	53
1711 Meråker	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1714 Stjørdal	45		0,417 %	56	15	71	40		19	59
1717 Frosta	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1718 Leksvik	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1719 Levanger	45	45	0,417 %	56	15	71	40		19	59
1721 Verdal	35	30	0,324 %	44	12	56	31	30	15	46
1724 Verran	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1725 Nærdalseid	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1736 Snåsa	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1738 Lierne	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1739 Røyrvik	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1740 Namsskogan	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
1742 Grong	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1743 Heylandet	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1744 Overhalla	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
1748 Fosnes	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1749 Flatanger	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1750 Vikna	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1751 Nærøy	20	20	0,185 %	25	7	32	18		9	27
1755 Leka	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1756 Inderøy	20	13	0,185 %	25	7	32	18	14	9	27
Nord-Trøndelag	420	228	3,867 %	519	137	656	370	139	175	545

1804 Bode	90	90	0,833 %	112	30	142	80	90	38	118
1805 Narvik	45	40	0,417 %	56	15	71	40		19	59
1811 Bindal	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1812 Sømna	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1813 Brønnøy	30	20	0,278 %	38	10	48	27	20	13	40
1815 Vega	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1816 Vevelstad	10	7	0,093 %	13	4	17	9	7	5	14
1818 Herøy (Nordland)	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1820 Abstahaug	35	30	0,324 %	44	12	56	31	30	15	46
1822 Leirfjord	20	20	0,185 %	25	7	32	18	20	9	27
1824 Vefsn	30	30	0,278 %	38	10	48	27	30	13	40
1825 Grane	15	20	0,139 %	19	5	24	14		7	21
1826 Hattfjelldal	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1827 Dønna	10	15	0,093 %	13	4	17	9	15	5	14
1828 Nesna	20	20	0,185 %	25	7	32	18		9	27
1832 Hemnes	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1833 Rana	50	50	0,463 %	62	17	79	44	50	21	65
1834 Lurøy	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1835 Træna	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1836 Redøy	15	0	0,139 %	19	5	24	14		7	21
1837 Meløy	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
1838 Giljeskål	15	15	0,139 %	19	5	24	14		7	21
1839 Beiarn	10	5	0,093 %	13	4	17	9	5	5	14
1840 Saltdal	20	15	0,185 %	25	7	32	18	15	9	27
1841 Fauske	30	30	0,278 %	38	10	48	27	25	13	40
1845 Sørfold	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1848 Steigen	10	5	0,093 %	13	4	17	9		5	14
1849 Hamarøy	20	16	0,185 %	25	7	32	18	16	9	27
1850 Tysfjord	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1851 Lødingen	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1852 Tjeldsund	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1853 Evenes	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
1854 Ballangen	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1856 Rest	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1857 Værøy	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1859 Flakstad	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1860 Vestvågøy	40	30	0,370 %	50	13	63	36	30	17	53
1865 Vågan	40	60	0,370 %	50	13	63	36	50	17	53
1866 Hadsel	25	15	0,231 %	31	9	40	22		11	33
1867 Bø (Nordland)	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
1868 Øksnes	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1870 Sortland	35	25	0,324 %	44	12	56	31		15	46
1871 Andøy	30	30	0,278 %	38	10	48	27	30	13	40
1874 Moskenes	15	0	0,139 %	19	5	24	14	0	7	21
Nordland	925	653	6,562 %	1142	300	1442	814	498	286	1200
1902 Tromsø	125	125	1,157 %	155	41	196	110	125	53	163
1903 Harstad	70	60	0,648 %	87	23	110	62	60	30	92
1911 Kvæfjord	20		0,185 %	25	7	32	18		9	27
1913 Skånland	15	10	0,139 %	19	5	24	14	10	7	21
1917 Ibestad	15	5	0,139 %	19	5	24	14		7	21
1919 Gratangen	10	6	0,093 %	13	4	17	9	6	5	14
1920 Lavangen	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
1922 Bardu	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
1923 Salangen	20	20	0,185 %	25	7	32	18	20	9	27
1924 Målselv	20	10	0,185 %	25	7	32	18		9	27
1925 Sørreisa	20	17	0,185 %	25	7	32	18		9	27
1926 Dyroy	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
1927 Tranøy	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
1928 Torsken	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1929 Berg	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1931 Lenvik	45	40	0,417 %	56	15	71	40	40	19	59
1933 Balsfjord	20	20	0,185 %	25	7	32	18		9	27
1936 Karlsøy	10	0	0,093 %	13	4	17	9		5	14
1938 Lyngen	15	0	0,139 %	19	5	24	14		7	21
1939 Storfjord	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
1940 Kåfjord	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1941 Skjervøy	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
1942 Nordreisa	20	10	0,185 %	25	7	32	18	10	9	27
1943 Kvænangen	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
Troms	550	408	5,091 %	679	179	858	484	256	230	714
2002 Vadsø	20		0,185 %	25	7	32	18		9	27
2003 Vadsø	90	70	0,833 %	112	30	142	80	60	38	118
2004 Hammerfest	30	30	0,278 %	38	10	48	27	30	13	40
2011 Kautokeino	20	0	0,185 %	25	7	32	18	0	9	27
2012 Alta	40	35	0,370 %	50	13	63	36	35	17	53
2014 Loppa	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
2015 Hasvik	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
2017 Kvalsund	10		0,093 %	13	4	17	9		5	14
2018 Måsåy	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
2019 Nordkapp	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
2020 Porsanger	20		0,185 %	25	7	32	18		9	27
2021 Karasjok	20	0	0,185 %	25	7	32	18		9	27
2022 Lebesby	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
2023 Gamvik	15		0,139 %	19	5	24	14		7	21
2024 Berlevåg	15	0	0,139 %	19	5	24	14		7	21
2025 Deatnu-Tana	15	15	0,139 %	19	5	24	14	15	7	21
2027 Unjárgga-Nesseby	10	10	0,093 %	13	4	17	9	10	5	14
2028 Båtsfjord	10	10	0,093 %	13	4	17	9		5	14
2030 Ser-Varanger	40	30	0,370 %	50	13	63	36	30	17	53
Finmark	425	210	3,934 %	525	138	663	374	190	176	552

0 = nei-vedtak
tom celle = ingen registrering

Delegerte saker frå avdelingane

DS 6/15 Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad om endring 06.05.2015 00:00:00 PEN

THORSETH THAI-GODSAKER

Referatsaker

Referatsaker

Fra: Eileen Gjerde
Sendt: 8. mai 2015 13:41
Til: Arkiv
Emne: Årsrapport og -rekneskap 2014 for Stiftinga Sunnmøre Museum

Viser til avtale med Hilde om oversending av hhv.

3195/Årsrapport
3196/Årsrekneskap
for Stiftinga Sunnmøre Museum.

Skal leggjast fram som referatsak for NKI kom. og FSK.

Helsing Eileen

Fra: scanner@heroy.no [<mailto:scanner@heroy.no>]
Sendt: 8. mai 2015 13:38
Til: Eileen Gjerde
Emne: Vedlegg

ÅRSRAPPORT 2014

Stiftinga Sunnmøre Museum



Det var 12 museumseiningar innan Stiftinga Sunnmøre Museum (SSM) i 2014;

Sunnmøre Museum, Aalesunds Museum, Godøy Kystmuseum, Herøy Kystmuseum, Volda Bygdetun, Sivert Aarflot-Museet, Brudavolltunet, Norsk Møbelfaglig Senter, Sykkylven Naturhistoriske Museum, Ytste Skotet, Landbruksmuseet for Møre og Romsdal og Dalsfjord Fyrmuseum.

Samstundes har vi hatt kontakt med fleire ulike samlingar og institusjonar utanom SSM, og vi har også hatt aktivitetar i kommunar som ikkje har eigne museumsavdelingar.

Mange privatpersonar, organisasjonar, bedrifter og foreiningar vender seg også til SSM for råd og rettleiing.

Forvaltning

Gjennom samlingsplanane har avdelingane fått klare samlingsoppgåver, og kan gå frå ei passiv til ei meir målretta innsamling. SSM har som uttrykt målsetting å halde fokus på god forvaltning og registrering av gjenstandar, foto og bygningar i Primus.

Gode rutinar for dokumentasjon, magasinering og gjenstandsforvaltning er etablert.

Nokre døme: På Herøy gard vart fire av vindedørene på framsida av sjøbuda ferdige. Det var oppstart på restaureringa av det gamle eldhuset på Herøy gard. I samarbeid med huseigaren, Møre og Romsdal fylkeskommune, er det gjennomført ei betydeleg opprusting av hovudbygget på Landbruksmuseet på Gjermundnes. Bygningsmessig

vedlikehald er utført ved Aalesunds Museum på Østre Korsahaug. Mellom anna er det gjennomført pussing av kortvegg på Grimmergt. 7.

Sikring

Det er utarbeidd sikringsplan for alle avdelingar av SSM. Fellesmagasinet gjer at stadig fleire gjenstandar får tilfredsstillande lagring. Samstundes har vi framleis utfordringar knytt til bevaring av større gjenstandar. Difor har SSM i 2014 arbeidd med planar for oppføring av eit nytt magasinbygg i Borgundgavlen.

Vedlikehald

Bygningsmessig følgjer vi planen for vedlikehald av antikvariske bygningar. Det ligg framleis store utfordringar i handteringa av den historiske bygningsmassen. SSM deltek i utviklinga av bygningsmodulen i Primus. Denne vil gjere det enklare å administrere dokumentasjon, vern og vedlikehald av antikvariske bygningar ved museet, og gjere materialet lettare tilgjengeleg for publikum.

Som driftsorganisasjon arbeider vi med å få på plass eit godt samarbeid med museumseigarane om vedlikehald og sikring. Styret ved SSM har i 2014 avsett midlar til større vedlikehald i dei komande åra.

Forsikring

SSM ønskjer at musea skal drive forskning og styrke forskingsmiljøet. Dette er i tråd med at samlingsplanane legg opp til ein målretta og aktiv innsamlingspolitikk. Styrka forskning er òg avgjerande for formidling ved museet.

Forskningsprosjektet «Sunnmørssoga» har gått etter planen, og det resulterte hausten 2014 i ei bok med tittelen: Gull av gråstein. Næringsliv på Sunnmøre gjennom 250 år.» I dette prosjektet vart det trekt vekslar på kompetanse og kjelder ved SSM, t.d. innan båtbruk, byggeskikk og byutvikling på Sunnmøre. Prosjektet «Bunad og folke-draktmateriale» er avslutta.

Ferdsle langs kystleia og





kulturminna der, har stått sentralt i «Flåværlei»-prosjektet. Her dokumenterer vi korleis tryggare ferdsel langs kysten var viktig for å byggje nasjonen Noreg. Eit sentralt element i Flåværlei-prosjektet har vore innhenting av informasjonar om losane si verksemd på Søre Sunnmøre. SSM ønskjer å arbeide vidare med loshistoria, både regionalt og som ein del av Kystverkmusea sitt arbeid med dette temaet.

I samband med bygginga av ei ny utstilling om mellomalderbyen Borgund, arbeider vi for å skaffe ny kunnskap gjennom ulike arkeologiske prosjekt. Dette skjer mellom anna i samarbeid med Bergens Sjøfartsmuseum. Museet har gjennomført marin- arkeologiske undersøkingar av hamneområdet til Borgund.

Som i tidlegare år har museumstilsette brukt Årbok for Sunnmøre til publisering av historiefaglege artiklar. Jarle Sulebust har her ein artikkel om Borgund – byen i havlandet, medan Ivar G. Braaten har skrive om ålesundsforfattaren Reinert Torgeirson.

Formidling

Den Kulturelle Skulesekken har vore eit viktig tilbod også i 2014. Mellom anna har SSM gjennomført undervisningsopplegga «Broer», «Forhistoria på rull» og «Kubbe lagar museum». Gjennom DKS-arbeidet har vi også vidareutvikla samarbeidet med fylket, med vertskommunane og med kommunar som ikkje har eigne museumstilbod.

Generelt sett vert formidlinga ved SSM lagt opp etter

eksisterande formidlingsplanar. I desse planane legg vi vekt på å utvikle formidling som er aktivitetsbasert og som er relatert til kunnskapsløftet. Dette er ei ressurskrevjande undervisningsform, men er i tråd med vår arbeidsmetodikk; «å lære ved å gjere». Skuleformidlinga famnar vidt, frå barnehagar til høgskule. Eit stort formidlingsløft i 2014 var Flåværleiprojektet. Elevar frå kommunane Herøy, Ulstein og Sande fekk gjennom dette ei innføring i korleis farleia langs sunmørskysten batt folk saman i tidlegare tider.

I 2014 nytta 10.198 skuleelevar eitt eller fleire av dei organiserte skuletilboda til SSM. Av desse deltok 7.300 i tiltak knytt til Den Kulturelle Skulesekken. Det er elevar frå både vertskommunane for museumsavdelingane i SSM og frå andre kommunar som nyttar seg av skuletilbodet.

I tillegg har vi ei rekkje arrangement tilpassa ulike målgrupper. Mellom anna hadde avdelingane i SSM fellesarrangement knytt til «Kulturminnedagen 2014». Til saman hadde SSM 86 opne arrangement i 2014.

SSM har dei siste åra hatt ei god utvikling i talet på besøkande. I 2014 var det 87.914 besøkande, mot 79.479 året før.

Utstillingar

Den nye faste utstillinga, «Ver så godt, sitt!» vart opna ved Norsk Møbelfaglig Senter i 2014. Ved Landbruksmuseet på Gjermundnes vart ei tidlegare





etablert utstilling om landbruksskuleutdanninga oppjustert og modernisert. Arbeidet med den nye permanente utstillinga ved Sykkylven Naturhistoriske Museum, «Mosaikk», har gått for fullt. Det same gjeld for arbeidet med den nye mellomalderutstillinga om Borgundkaupangen. Seks temporære utstillingar vart dessutan sett opp ved ulike avdelingar innafor SSM.

Fornyng

Strategiar for ei aktiv samfunnsrolle.

SSM har som rettesnor: «Vi gjer kulturarven synleg». Gjennom arbeid med samlingsplanane har vi definert og avgrensa kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv. SSM arbeider for at den utveljinga knytt til tilvekst som vi gjer, skal gje eit dekkande og balansert bilde av det mangfaldet som utgjer regionalt samfunnsliv gjennom tidene. Dei tilsette innan SSM har brei kompetanse. Dei sit i ulike råd og organisasjonar, og bidreg aktivt i samband med faglege spørsmål. SSM er også høyringsinstans for Ålesund kommune i samband med byggesaker som gjeld verna hus i byen.

Nasjonale nettverk

SSM er tilknytt desse nasjonale museumsnettverka: Byggnettverket, Nettverk for magasin og samlingsforvaltning, Nettverk for fiskeri- og kystmuseum og Sjøfartsnettverket

I tillegg er det viktig for SSM å knytte gode relasjonar til andre museum. Dette m.a. gjennom deltaking i MIMR (Musea i Møre og Romsdal), der direktør ved SSM er styreleiar. Direktør vart i september 2014 også valt til styreleiar i Norges museumsforbund.

Digitalisering

Alle musea registrerer samlingane i registreringsprogrammet Primus. I tillegg er vi knytt opp mot den nasjonale gjenstandsbasen, Digitalt Museum. Museet er leverandør av natur- og kulturminnestoff til dei nettbaserte formidlingskanalane Digitalt Fortalt, Wikipedia og Lokalhistoriewiki. SSM arbeider med formidling gjennom sine heimesider, Facebook, Instagram og har fleire aktive bloggarar.

Grunnlovsjubileet 2014

SSM gjennomførte fleire forskings- og formidlingsprosjekt i samband med Grunnlovsjubileet. Nærings saga for Sunnmøre er omtala.

Eit delprosjekt i formidlingsopplegget «Kysten, båter, leia» er ei ny utstilling om framveksten av mellomalderbyen, Borgund. Dette skal bli ei aktivitetsbasert formidling som skal fortelje om korleis kystkulturen og kystøkonomien forma det samfunnet som voks fram ved den fiskerike Borgundfjorden i mellomalderen. Som ein del av denne satsinga vart det i 2014 etablert ein ny mel-

lomaldersfestival som trekte mange besøkande til museumsområdet.

Trygg ferdsel langs kystleia var avgjerande for å bygge den nye nasjonen. Dette vart formidla i prosjektet «Flåværleia». Gjennom dette formidlingsprosjektet nådde SSM også ut til born i kommunar som ikkje har eigne museumsavdelingar.

I 2014 presenterte vi, saman med andre museum i fylket, ein felles jubileumsblogg der vi mellom anna ville vise kva grunnlovsverket frå 1814 betyr for oss i dag. Museumsskriftet Gavlen si 2014-utgåve var heilt vigd til 1814-jubileet.

Immateriell kulturarv

SSM skal arbeide for å ta vare på både materielle og immaterielle minne som særpregar vår region. Gjennom samlingsplanene har vi lagt opp til meir systematisk arbeid med den immaterielle kulturarven. Dokumentasjonsprosjektet om bygging av ein sunnmørsbåt er døme på dette. Andre døme er aktivitetar knytt til matlaging, husflid og ymse handverk. Sunnmøre Museum, Borgundgavlen hadde populære matdagar for elevar frå lokale skular, der matskikkar frå steinalder fram til våre dagar vart formidla og presenterte.

Ved Brudavolltunet i Ørsta starta vi hausten 2014 med faste vevdagar kvar veke, for å bidra til vedlikehald av eit viktig kvinnehandverk. På Ytste Skotet heldt vi fram med å formidle kvardagslivet slik det vart levd på ein veglaus fjellgard i tidlegare tider. I 2014 vart 250 intervju, som er gjennomførte blant møbelfolk over heile landet, digitaliserte og lagt inn i SSM sin server. Med dette er unikt minnemateriale frå ein av landet sin siste

ferdigvareindustriar sikra og gjort tilgjengeleg for ålmenta. Av tilsvarande verdi er 70 digitaliserte intervju frå trikotasjeverksemda O.A. Devold.

Inkludering og mangfald

Det er viktig for museet å gje eit tilbod til ulike minoritetsmiljø. Sunnmøre Museum har vore nytta av sosialtenesta i Ålesund kommune i deira ferietilbod til barn og unge. På Sunnmøre Museum og ved Aalesunds Museum har ein fast avtale med vaksenopplæringa i kommunen. I tillegg stiller Sunnmøre Museum museumslokala til disposisjon for «Internasjonalt kor». SSM er og ein av aktivitetsleverandørane til «Opplevelseskortet». Dette tiltaket har som mål å gjere kulturtilbod tilgjengeleg for alle utan omsyn til sosioøkonomisk bakgrunn.

I 2014 utvida vi formidlingstilbodet for demente både når det gjeld talet på timar med aktivitetar og talet på deltakarar. Opplegget har vekt stor interesse og har vore presentert på fleire arenaer. SSM er og ein viktig part i NAV sitt arbeidstreningsprogram, i tillegg til at vi samarbeider med den lokale attføringsbedrifta, Brisk. Ved fleire av avdelingane har vi trekt nye grupper til museet gjennom fellesaktivitetar med skule og lokalsamfunn elles.

Stiftinga Sunnmøre Museum
Postboks 6607, Hatlane
6024 Ålesund

Tlf. 70 16 48 70

www.sunnmore.museum.no



Kultur

Postadresse: Stiftinga Sunnmøre Museum
Postboks 6607 Hatlane
6024 Ålesund

TLF: 70 17 40 00

Bankkonto: 3900 30 59 840
Foretaksregisteret NO 98 9377132 MVA

www.sunnmore.museum.no

Herøy kommune
Postboks 274
6090 Fosnavåg

Ref.


 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
reg nr	Saksbeh
28 APR. 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr	Dok nr
Kassasjon	

Årsrekneskap 2014 frå Stiftinga Sunnmøre Museum

Vedlagt følgjer årsrekneskap med notar, revisjonsmelding, styret si årsmelding og årsmøtereferat for rekneskapsåret 2014 for Stiftinga Sunnmøre Museum.

Ålesund, 23.04.2015

Med vennleg helsing
Stiftinga Sunnmøre Museum


Randi Muldal
Lønn- og personalmedarbeider



Stiftinga
Sunnmøre
Museum

RESULTATREKNESKAP

STIFTINGA SUNNMØRE MUSEUM

	Note	2014	2013
Driftsinntekter			
Eigeninntekt	1	4 394 026	4 095 428
Ordinære offentlege driftstilskot	1,2	24 144 706	23 394 000
Særskilte prosjekttilskot	10	1 642 958	1 379 005
Sum driftsinntekter		30 181 690	28 868 433
Driftskostnader			
Varekostnad	1	662 937	602 793
Løn- og personalkostnad	8	20 564 827	19 801 355
Avskrivning på varige driftsmidlar	3	206 276	409 470
Anna driftskostnad		8 969 000	7 862 171
Sum driftskostnader		30 403 040	28 675 789
Driftsresultat		-221 350	192 644
Finansposter			
Renteinntekt		237 380	190 848
Anna finanskostnad		2 608	8 188
Sum netto finansposter		234 772	182 660
Årsresultat		13 422	375 304
Disponering			
Overføringar anna eigenkapital	7	13 422	375 304
Sum disponert		13 422	375 304

BALANSE

STIFTINGA SUNNMØRE MUSEUM

	Note	31.12.2014	31.12.2013
EIGNELUTAR			
Varige anleggsmidler			
Bygg, anlegg, maskiner og inventar	1,3	2 514 350	2 523 147
Eigenkapitalandel KLP	3,8	476 162	
Sum varige anleggsmidler		2 990 512	2 523 147
Varer			
Varebeholdning museumsbutikk	1	89 635	105 476
Sum varer		89 635	105 476
Omløpsmidlar			
Kundefordringar		101 147	60 904
Fording offentlege driftstilskot		120 000	222 500
Fordringar anna	4	1 430 029	112 000
Forskot / interim	5	410 264	748 956
Bankinnskot og kontantar	6	7 616 319	6 357 881
Sum omløpsmidlar		9 677 759	7 502 241
SUM EIGNELUTAR		12 757 906	10 130 864

EIGENKAPITAL OG GJELD

	Note	31.12.2014	31.12.2013
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital		200 000	200 000
Anna eigenkapital	7	3 932 706	3 919 285
Sum eigenkapital		4 132 706	4 119 285
Gjeld			
Leverandørgjeld		1 861 287	943 978
Skuldig offentlege avgifter	5	1 342 027	843 252
Anna kortsiktig gjeld	10	5 421 886	4 224 349
Sum kortsiktig gjeld		8 625 200	6 011 579
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		12 757 906	10 130 864

Ålesund 24.februar 2015

Direktør
Ivar Gunnar BraatenStyreleiar
Ragna Dahl GrønnevetStyrenestleiar
Jørgen HolteStyremedlem
Kirsti IndreideStyremedlem
Ingvill WilleStyremedlem
Anne Dyb LiaaenStyremedlem
Bjørn NedreskodjeStyremedlem
Robert Voldnes

Stiftinga Sunnmøre Museum

NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2014

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak. Desse prisippa er brukt:

Salsinntekter resultatføres iht oppteningsprinsippet, når vara er levert eller tenesten er utført.

Driftstilskot vert bruttoført. Dette inneber at driftstilskota blir periodisert og inntektsført over heile driftsåret.

Tilskot til kjøp av samlingar og tilskot til kjøp av aktiverte eigedelar blir nettoført i balansen.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell innan eit år etter balansedato.

Varer blir verdsett til lågaste verdi av innkjøpsprisen etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi.

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande verdi etter frådrag for avsetjing til tap på fordring.

Varige driftsmidlar er i balansen vurdert til kostpris, og blir avskrevne over den økonomiske levetida.

Note 2 - Ordinære offentlege driftstilskot

	2014	2013
Kulturdepartementet	14 427 000	13 939 000
Samferdsledepartementet	1 133 333	1 075 000
Møre og Romsdal Fylke	5 141 000	4 991 000
Kommunane	3 443 373	3 389 000
Sum	24 144 706	23 394 000

Kommunale driftstilskot	2014	2013
Ålesund	1 401 000	1 360 000
Volda	596 373	579 000
Sykkylven	410 000	410 000
Herøy	257 000	250 000
Giske	250 000	250 000
Ørsta	250 000	250 000
Vestnes	132 000	125 000
Stordal	127 000	125 000
Ørskog	20 000	20 000
Skodje		15 000
Norddal		5 000
SUM	3 443 373	3 389 000

Stiftinga Sunnmøre Museum

Note 3 - Driftsmidler

	Bygg Anlegg	Antikv. Samlinger	Inventar Utstyr	SUM
Innkjøpskostnad 01.01	35 808 655	4 595 799	783 658	41 188 112
Årets tilgang	4 839 846		98 800	4 938 646
Årets avgang				
Akk.avskriv.pr 31.12.	4 371 091		459 783	4 830 874
Inv.tilskot ført til fradrag 01.01	30 429 180	3 611 187		34 040 367
Årets inv.tilskot ført til fradrag	4 741 166			4 741 166
Bokført verdi pr 31.12.	1 107 064	984 612	422 675	2 514 351
Årets avskrivning	48 296		157 979	206 275
Årets avskrivning i %	5		lineært	

Årets investeringstilskot ført til fradrag gjeld bankskøyte under bygging. Finansielle anleggsmidler er investering i egenkapitalandel i Kommunal Landspensjonkasse KLP. Sjå og note 8.

Note 4 - Fordringar

	2014	2013
Kundefordringar:	126 147	85 904
Avsetting til tap på kundefordringar	-25 000	-25 000
Sum Kundefordringar	101 147	60 904
Tilskot offentlege	120 000	222 500
Andre fordringar:		
Lønstilskot frå NAV til gode	36 000	112 000
Fordring Bankskøyta	560 534	
Merverdiavgift til gode	833 495	-
Sum andre fordringar	1 430 029	112 000
Sum Fordringar	1 651 176	395 404

Pr 31.12.2013 hadde SSM og mva til gode, men tilgodebeløpet vart då ikkje klassifisert som ei fordring, men som kortsiktig gjeld og reduserte då sum skuldige avgifter.

Note 5 - Forskot og Interim

	2014	2013
Forskotsbetalt kostnad	392 818	216 646
Forskotsbetalt forsikring	17 446	532 310
Sum forskot / Interim	410 264	748 956

Note 6 - Bankinnskot og bundne midlar

	2014	2013
Bankinnskot og kassebeholdning	7 616 319	6 357 881

Pr 31.12.2014 har SSM bundne midlar med kr 607 495,-. Av dette utgjer skuldig skattetrekk kr 589 042,-. Det ligg i tillegg foreløpige restriksjonar på kr 18 453,- som er relatert til prosjektet "Havfiskeflåtens Utvikling"

Stiftinga Sunnmøre Museum

Note 7 - Eigenkapital

	31.12.	01.01.
EIGENKAPITAL innskoten	200 000	200 000
disponert årsresultat	13 421	
Sum EIGENKAPITAL opptent	3 932 706	3 919 285
SUM EIGENKAPITAL	4 132 706	4 119 285

Note 8 - Tilsatte, godtgjørelser, pensjonsordning m.v.

Det er registrert følgende lønnskostnader for stiftinga dei siste to åra:

	2014	2013
Løn/ Honorar	15 460 561	15 363 941
Arbeidsgjevaravgift	2 512 850	2 442 517
Refusjonar frå NAV	-358 768	-613 926
Pensjonkostnader	2 456 841	2 254 626
Sosiale kostnader/Forsikringar	493 344	354 197
Sum lønnskostnader	20 564 828	19 801 355
Gjennomsnittleg tal på årsverk	33	36
Sjukefråvær	5,45	7,4

Ytingar til leiande personar:

Det er i 2014 utbetalt kr 703 546 i løn til direktør.
Direktør har og dekket bruk av mobiltelefon.

Tenestepensjon

Frå 01.01.2003 og fram til juli 2014 kjøpte SSM si tenestepensjonsordning i Storebrand Livsforsikring AS. Vilkår i ordninga tilsvarte rettighetene som offentlege tilsette har. 01.07.2014 overførte SSM heile si pensjonsordning til Kommunal Landspensjonskasse. Ordninga i KLP omfattar og avtalefesta pensjonsordning - AFP
66 personane er tilslutta pensjonsordninga til SSM.

Utbetalte pensjonstilfeller pr 31.12:

Art	2014	2013
Alderspensjon	7	7
Uførepensjon	1	2
AFP 62-65	0	1
AFP 65-67	1	0

Samla pensjonspremie 2014	2 711 827
til Storebrand Livsforsikring AS	1 363 992
til KLP	1 347 835
Premiefond i KLP pr 31.12.2014	2 335 696
Garantert rente, godskreven	28 894
Innbetalt eigenkapital til KLP	476 162

Stiftinga Sunnmøre Museum

Honorar for revisjon:

Det er i 2014 kostnadsført kr 67 362,- i revisjonshonorar.

Note 9 - Pantsettingar

Riksantikvaren har pant i fiskekuttaren " HELAND" som sikkerheit for overførte tilskot. Bokført verdi av båten utgjer etter frådrag for tilskot kr 585 578,-.

Note 10 - Anna Kortsiktig Gjeld

	2014	2013
Feriepengar skuldig	1 540 845	1 574 613
Påløpt kostnad	54 238	320 022
Tilskot bygging av Bankskøyte		699 632
Ingvald Skjeldrups Legat	41 652	
Tilskot eksterntfinansierte prosjekt	3 785 151	1 630 081
Sum	5 421 886	4 224 348

*

Stiftinga får og tilskot til spesifikke prosjekt frå eksterne organisasjonar, både private og offentlege. I oppstillinga er desse kalla «tilskot eksterntfinansierte prosjekt». Prosjekttilskota gis under føresetnad om at midlane berre blir nytta i sitt spesifikke prosjekt. Prosjekttilkota inntektførast i takt med kostnadsføring av påløpte projektkostnader. Innbetalte, men enno ikkje nytta projekttilskot står i balansen som kortsiktig gjeld .



Tel: +47 70 17 88 80
Faks: +47 70 17 88 88
www.bdo.no

Daaeskøgen næringsbygg
Langlandsveien 17
6010 Ålesund

Til styret i Stiftinga Sunnmøre Museum

Melding frå revisor

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Sunnmøre Museum, som viser eit overskot på kr 13 422. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, resultatrekneskap, for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga si interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Stiftinga Sunnmøre Museum per 31. desember 2014, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Fråsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Konklusjon om forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for øvrig.

Ålesund, 26. februar 2015

BDO AS



Erik Langlo-Johansen
Statsautorisert revisor

STIFTINGA SUNNMØRE MUSEUM
STYRET SI ÅRSMELDING 2014

Stiftinga Sunnmøre Museum (SSM) driv museumsverksemd og er regionmuseum for Sunnmøre. Museet har hovudsete i Borgundgavlen i Ålesund. Ved utgangen av 2014 omfatta regionmuseet 12 einingar.

SSM mottar driftstilskot frå det offentlege, men har òg egne inntekter. Museet utviser streng budsjettkontroll, og har eit driftsnivå som er tilpassa tilgjengelege midlar. I 2014 har styret hatt seks møte, og handsama til saman 48 saker. Styret har dessutan vore samla til eit to-dagars styreseminar.

Reglar og instruksar for internkontroll er vidareutvikla. Det er ikkje rapportert om skadar på arbeidsplassen. Sjukefråveret har vore 5,45% av total arbeidstid, ein nedgang på nærare to prosent frå 2013. I dette talet inngår éin langtidsjukemeldt, knytt til ikkje-arbeidsrelaterte tilhøve. SSM arbeider konsekvent for at det ikkje skal vere skilnad på personalet grunna kjønn. Av museet sine 42 tilsette, er 23 kvinner. Verksemda si drift forureinar ikkje det ytre miljø utover det som må sjåast som naturleg for den typen verksemd.

Styret prioriterer å ha fast tilsette ved dei ulike avdelingane. Stillingar som dekkjer felles fagfunksjonar for heile SSM, ser til at arbeidet ved dei ulike avdelingane skjer innafør dei strategiar og mål som styret vedtek, og at faglege føringar og prioriteringar frå det offentlege, blir ivareteke. Årsplanar for tilsette og avdelingar vert sett opp innafør rammene av dei overordna fagplanane ved SSM. Dette året vart formidlings- og marknadsplan revidert.

I samband med Nasjonaljubileet gjennomførte SSM fleire, større satsingar i 2014: Mellom anna vart den omfattande registreringa av kulturminne langs Flåværleia, vidareført. I forlenginga av dette arbeidet har nærare 500 elevar frå skular i Herøy, Sande og Ulstein vore med på praktisk retta undervisning. Gjennom Den Kulturelle Skulesekken har ytterlege 5643 elevar teke del i ulike undervisningsopplegg i regi av SSM. Formidlings- og aktivitetsprosjektet i Borgundgavlen knytt til yngre demente, er vidareført i 2014. Prosjektet er eit samarbeid med Ålesund kommune.

Ved Middelaldermuseet er vi i full gang med å sette opp eit tilbygg, og å etablere ny basisutstilling i eksisterande bygg. Tilbygget skal romme formidlingslokale, og vil stå klar til bruk i løpet av året. Naturhistorisk Museum har flytta til nye lokale i Sykkylven sentrum, og vil opne ny basisutstilling der i 2015. «Gull av gråstein», næringssooge for Sunnmøre, vart utgitt hausten 2014, som ein del av nasjonaljubileet. Boka er ført i pennen av Eldar Høidal.


Bygging av ein replika av ei s.k. Bankskøyte heldt fram i 2014. Bygginga vert finansiert av Stiftelsen Kjell Holm, medan SSM står som eigar av fartøyet. Etter planen skal Bankskøyta settast på sjøen hausten 2015.


SSM hadde 87 195 besøkjande i 2014. Dette er ei auke på om lag 7000 i forhold til året før.


I samsvar med Rekneskapslova § 3-3 vert det med dette stadfesta at føresetnadene for framleis drift er til stades og lagt til grunn ved framlegging av årsrekneskapan.


Rekneskapan for 2014, etter avskrivning, synes eit årsresultat på kr. 13 420. Styret kjenner ikkje til ekstraordinære tilhøve som har innverknad på museet sin rekneskap. Det har ikkje inntreffe tilhøve etter avslutning av rekneskapsåret som har innverknad på rekneskapan.


Borgundgavlen, 24. februar 2015.



Ragnhild Grønnevet
Styreleiar



Jørgen Holte
Nestleiar



Anne Dyb Liaaen


Robert Voldnes


Kirsti Indreide


Ingvill Wille


Bjørn Nedreskodje


Ivar Gunnar Braaten

Referat frå årsmøtet i Stiftinga Sunnmøre Museum

Tid: Tysdag 24. mars 2015.

Stad: Sunnmøre Museum, Borgundgavlen.

Før årsmøtet heldt konservator Line Iversen foredraget «Frå folkedrakt til motedrakt».

Servering i kafèen.

Styreleiar Ragna Dahl Grønnevet ønskte velkomen.

Sak:01/15. Godkjenning av innkalling. Registrering av møtedeltakarar.

Følgjande vart registrerte etter opprop:

Helge Håberg – Herøy kommune
Ragnar Bakken – Ørskog kommune
Anne-Lise Hessen Følsvik – Giske kommune
Anders Riise – Hareid kommune
Robert Warberg – Vanylven kommune
Svein Linge – Norddal kommune
Dan Helge Bjørneset – Volda kommune
Hermod Halse – Ørsta kommune
Randi Muldal – Stiftinga Sunnmøre Museum
Arve Yndestad – Stiftinga Sunnmøre Museum
Ingebrigt Holst-Dyrnes – Aalesunds Museum
Idar Valkvæ – Godøy Kystmuseum
Tor-Sindre Steinsvik – Herøy Kystmuseum
Otto-Magne Strømmegjerde – Norsk Møbelfaglig senter
Anne-Karin Watters – Sykkylven Naturhistorisk Museum
Lars Peder Barstad – Volda Bygdetun
Solveig Homlong – Storfjordens Venner
Kolbjørn Gaustad – Landbruksmuseet for Møre og Romsdal
Arve Berg – Sunnmøre Museumslag
Harald Kjølås – Sunnmøre Museumslag
Guri Bjørlo – Sunnmøre Museumslag

Sak 02/15: Val av ordførar.

Otto-Magne Strømmegjerde vart vald til ordførar for to år i 2013.

Sak 03/15: Val av referent og to til å skrive under protokollen.

Randi Muldal vart vald til referent.

Hermod Halse og Svein Linge vart valde til å skrive under protokollen.

Sak 04/15. Val av to til å telje stemmer ved val.

Idar Valkvæ og Anne Karin Watters vart valde til å telje stemmer ved val.

Sak 05/15: Administrasjonen sin årsrapport for 2014 v/ direktør.

Årsrapporten vart teken til vitande.

Sak 6/15. Styret si årsmelding 2014 v/styreleiar.

Styreleiar Ragna Dahl Grønnevet las opp styret si årsmelding 2014.

Styret si årsmelding vart teke til vitande.

Sak 7/15. Rekneskap for 2014 v/ økonomiansvarleg .

Økonomiansvarleg Christel Martinussen gjekk gjennom rekneskapen, og svarte på spørsmål undervegs.

Rekneskapen vart teken til vitande.

Sak 8/15. Val av leiar, nestleiar, styremedlemmer og varamedlemmer.

Leiar i valkomitèen, Arne Tunheim, la fram følgjande innstilling frå valkomitèen:

Følgjande styremedlemmer var på val:

Kirsti Indreeide
Jørgen Holte
Robert Voldnes

Valkomiteen si innstilling:

Lars Kaggerud
May-Helen Molvær Grimstad
Robert Voldnes (attval)

I tillegg til valkomiteen si innstilling, kom det eit benkeforslag frå tilsette sine representantar Arve Yndestad og Randi Muldal:
Forslag om attval av nestleiar Jørgen Holte.

Då Kirsti Indreeide ikkje ønskjer attval, blei det skriftelig val på tre av følgjande kandidatar, og resultatet vart:

Jørgen Holte	19 røyster
Lars Kaggerud	10 røyster
May-Helen Grimstad	15 røyster
Robert Voldnes	19 røyster

Vedtak:

Følgjande er valt som styremedlemmer:

Jørgen Holte
May-Helen Molvær Grimstad
Robert Voldnes

Valkomitèen si innstilling til styreleiar:
Ragna Dahl Grønnevet vart samrøystes valt.

Valkomitèen trakk si innstilling til nestleiar:
May-Helen Molvær Grimstad.

Benkeforslag til attval av Jørgen Holte. Forslaget vart samrøystes vedteke.

Valkomitèen si innstilling til varamedlemmer:

1. Monica Linge Marcelli attval
 2. Audhild Gregoriusdottir Rotevatn attval
 3. Marit Ulstein Farstad attval
- Forslag frå valkomiteen vart samrøystes vedteke.

Det nye styret for Stiftinga Sunnmøre Museum ser slik ut:

Styreleiar: Ragna Dahl Grønnevet, Ålesund

Nestleiar: Jørgen Holte, Volda

Styremedlem: Anne Dyb Liaaen, Ålesund

Styremedlem: Bjørn Nedreskodje, Skodje

Styremedlem: May-Helen Molvær Grimstad, Ålesund

Styremedlem: Robert Voldnes, Herøy

Styremedlem frå tilsette: Ingvill Wille, Ålesund

Varamedlemmer:

1. Monica Linge Marcelli, Ålesund
2. Audhild Gregoriusdottir Rotevatn, Volda
3. Marit Ulstein Farstad, Haram

Vararepr.frå tilsette: Kjetil Tandstad, Sykkylven

Sak nr. 9/15. Val av revisor.

Styret foreslår attval av BDO som revisor for SSM. Godtgjersle etter rekning.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sak nr 10/15. Godtgjersle til tillitsvalde.

Valkomiteen fremja følgjande forslag, justert i høve til prisutviklinga.

Styreleiar: kr 40 000 per år.
Nesteiar: kr 30 000 per år
Styremedlem kr 20 000 per år
Varamedl. Kr 400 per time + to timar ekstra for førebuingar.
Felles Reisegodtgjersle etter staten sine satsar.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Sak 11/15: Val av valkomité med leiar og to andre medlemmer.

Styret sitt forslag til valkomite:

Arne Tunheim, leiar
Henry Jøsokbakke
Linda Strand Kjerstad

Henry Jøsokbakke og Linda Kjerstad ønskjer ikkje attval.

Styret foreslo følgjande:

Kirsti Indreeide
Otto Magne Strømmegjerde.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Ny valkomité ser då slik ut:

Arne Tunheim, leiar
Kirsti Indreeide
Otto-Magne Strømmegjerde

Randi Muldal
Ref.


Hermod Halse


Svein Linge

R. folk

Ordf.

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Heg nr. 2015/99	Saksbeh.
28 APR. 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr.
Kassasjon	

M Ø T E B O K

F R Å

ORDINÆR GENERALFORSAMLING I TUSSA KRAFT AS

Tid: Fredag den 24.04.2015 frå kl. 10.00 – 11.45

Stad: Tussatun, Hovdebygda i Ørsta

Før opning av generalforsamlinga orienterte adm. direktør om konsernet si stilling.

Sak 1. Opning av generalforsamlinga ved styreleiar.

Leiar i styret, Gunnar Gjørtz, opna generalforsamlinga med å ønskje deltakarane velkomne.

Sak 2. Registrering av representantar.

3020 røyster var representerte med følgjande utsendingar:

Ørsta kommune:	Rune Hovde	røystegjevar	1056 røyster
Herøy kommune:	Arnulf Goksøyr	røystegjevar	513 røyster
Volda kommune:	Arild Iversen	røystegjevar	484 røyster
Kommunal Landspensjonskasse:	Gunnar Gjørtz	røystegjevar	454 røyster
Hareid kommune:	Dag Audun Eliassen	røystegjevar	201 røyster
Vanylven kommune:	Magne Løvoll	røystegjevar	197 røyster
Ulstein kommune:	Knut Erik Engh	røystegjevar	87 røyster
Sande kommune:	Dag Vaagen	røystegjevar	28 røyster

Frå styret møtte: Gunnar Gjørtz, Lars Erling Bjaastad Hovlid.

Frå valnemnda møtte: Henry Jøsokbakke.

Frå administrasjonen møtte: Elling Dybdal og Anne Berit Madsen

Sak 3. Val av møteleiar.

Etter framlegg frå generalforsamlinga vart det gjort slikt

VEDTAK: Som møteleiar vert vald Gunnar Gjørtz.

Samrøystes.

Sak 4. Godkjenning av innkalling og sakliste.

VEDTAK: Generalforsamlinga godkjenner innkalling og sakliste.

Samrøystes.

Sak 5. Val av to representantar til å skrive under protokollen saman med møteleiar.

Etter framlegg frå generalforsamlinga vart desse valde:

Arild Iversen, Volda kommune
Rune Hovde, Ørsta kommune

Samrøystes.

Sak 6. Årsmelding og rekneskap for 2014. Disponering av overskot.

Møteleiar viste til dei utsende saksdokumenta og gjekk gjennom årsmeldinga frå styret, side for side. Generalforsamlinga kommenterte og adm. direktør og styreleiar svarte på spørsmål frå representantane. Vidare vart rekneskapen gjennomgått.

Møteleiar refererte den framlagde tilrådinga frå styret og i samsvar med tilrådinga vart det gjort slikt

- VEDTAK: 1. Generalforsamlinga godkjenner den framlagde årsmeldinga frå styret.
2. Generalforsamlinga godkjenner den framlagde rekneskapen frå styret for Tussa Kraft AS og konsernet med notar og framlegg til disponering av overskot.
Rekneskapen for konsernet syner desse hovudtala (alle tal i mill. kr):

Rekneskapstal	2014
Driftsinntekter	787,7
Driftsresultat	77,6
Resultat før skatt	34,3
Resultat etter skatt	12,8
Utbyte	16,7

Samrøystes.

Sak 7. Val.

Leiar i valnemnda Henry Jøsokbakke orienterte og gjorde greie for valnemnda sitt framlegg til val på styremedlemer og varamedlemer som stod på val. Valnemnda hadde teke utgangspunkt i aksjonærsamansetjing og innkomne forslag frå aksjonærane, ved forslaget sitt på styremedlemer.

Møteleiar orienterte om tilrådinga til medlemer i valnemnda, der styret hadde føreslege attval. Valnemndsleiar orienterte om at han ønskte avløyning på neste ordinære generalforsamling.

I samsvar med tilrådinga frå valnemnda på val av styremedlemer, og frå styret for val av valnemnd, gjorde generalforsamlinga slikt

VEDTAK: 1. Val av fire styremedlemer med personleg vara, valde for to år

1. Inger Sandvik Sundnes m/personleg vara Knut Olav Standal
2. Hilde Marie Brungot m/personleg vara Dag Kåre Nærø
3. Sindre Rotevatn m/personleg vara Hege Karete Hamre
4. Gunnar Gjørtz m/personleg vara Kirsten Grutle

2. Valnemnd for 2016

Leiar: Henry Jøsokbakke

Medlem: Annika Brandal

Medlem: Ola Perry Saure

Samrøystes.

Sak 8. Fastsetjing av godtgjersle til selskapet sine tillitsvalde.

Valnemnda tilrådte ein auke i styrehonoraret på 2,5 %.

I samsvar med tilråding om godtgjering av styret og framlagt tilråding frå styret om godtgjering av valnemnda, gjorde generalforsamlinga slikt

VEDTAK: Generalforsamlinga fastset følgjande honorar for tillitsvalde gjeldande frå dags dato til neste ordinære generalforsamling.

Styrelleiar	136 500	kr pr. år
Styremedlemer	86 000	kr pr. år
Varamedlemer	6 200	kr pr. møte
Leiar i valnemnda	6 800	kr pr. møte
Medlemer valnemnda	5 100	kr pr. møte

Samrøystes.

Sak 9. Fastsetjing av godtgjersle til revisor for 2014.

Møteleiar refererte den framlagde tilrådinga frå styret og i samsvar med denne gjorde generalforsamlinga slikt

VEDTAK: Generalforsamlinga godkjenner kostnadsført revisjonshonorar til revisjonsfirmaet PriceWaterhouseCoopers for 2014 på 195 000 kr for Tussa Kraft og 970 000 kr for konsernet. I tillegg har det vorte kjøpt rådgjevingstenester frå same revisjonsfirma for 90 000 kr i Tussa Kraft og for 233 000 kr i konsernet.

Samrøystes.

Sak 10. Instruks for valnemnda. Revisjon

Møteleiar refererte den framlagde tilrådinga frå styret og i samsvar med denne gjorde generalforsamlinga slikt


VEDTAK: Generalforsamlinga godkjenner revidert instruks for valnemnda.
Samrøystes.


Sak 11. Innkome framlegg. Endring av §3 i Tussa Kraft sine vedtekter


Hareid kommune hadde sendt inn framlegg til endring av vedtektene sin §3. Framlegget kom inn for seint og saka vart ikkje realitetshandsama i generalforsamlinga. Det vart likevel orientert om bakgrunn for og moglege konsekvensar for ei eventuell endring. Saka var lagt fram til orientering.


Sak 12. Eventuelt

Ingen saker vart teke opp.

Skrivar: 
Elling Dybdal


Gunnar Gjørtz


Arild Iversen


Rune Hovde